

*Personnamn, ei kjelde til å spore historisk kontakt  
mellom Lærdal og Valdres?*

av

Halvor Gåsland





Figur 1: Kart over Lærdal, Filefjell og Vang i Valdres ([www.norgeskart.no](http://www.norgeskart.no), lasta ned 17.11.11)

”Et godt navn er det beste arvegods” – Publilius Syrus

## Forord

Eg har alltid vore interessert i namn. Alt i frå kvar namna har sitt opphav frå, til kva namna tyder, har lenge fasinert meg. Til dømes har eg alltid lært meg namna på nye elevgrupper, og andre grupper med menneskjer, veldig snøgt. Difor vart eg både opprømt og lettare sjokkert då eg etter kvart fann ut at det faktisk gjekk ann å studere namn på universitetsnivå. Det var ikkje lenger tvil om at eg skulle ta mastergrad i Nordisk, og i alle fall ikkje kva tema masteroppgåva skulle innehalde. Eg har ikkje angra på dette, og har snarare tvert om fått auga enda meir opp for personnamnfaget.

Like opplagt var det ikkje kva eg skulle skrive om, og forske på, innaføre namnefaget. Men sidan modernisering av personnamn er noko eg finn veldig interessant, saman med historiefaget, landa eg, med god hjelp av rettleiaren min, på å skrive om noko der eg kunne forske på bae deler: Nemleg om den historiske kontakten mellom Lærdal og Valdres ville verte reflektert attende i namnematerialet i Lærdal prestegjeld og Vang prestegjeld, både på personnamnivå, og når det gjaldt moderniseringsutviklinga av personnamna i bae prestegjelda.

Det har vore veldig interessant, lærerikt og ikkje minst kjekt å forske på, og skrive om, dette emnet. Likevel er det fleire som fortener takk for hjelp, støtte og oppmuntring gjennom denne skriveprosessen fram til ferdig masteroppgåve.

Fyrst og fremst vil eg takke rettleiaren min, Ole-Jørgen Johannessen, for god hjelp undervegs, og ikkje minst for å ha ytterlegare forsterka interessa mi til namnefaget gjennom undervisninga i faga *Personnamn* og *Stadnamn*.

Vidare vil eg takke medstudentar for gode (faglege) samtalar og godt miljø oppe i 4. etasjen på HF-bygget, særskilt Eline, Krister, Lydia og Thea for både faglege- og sosiale sprell.

Janne, Mari, og Silje-Marie, samt familien min, fortener òg takk for hjelp, avkopling (eg berre nemner vaffelligrettodate) og støtte undervegs mot den ferdige oppgåva.

Halvor Gåsland

Bergen 20.11.11

## Innholdsliste

1 Innleiing .....	9
1.1 Problemformuleringa .....	10
1.2 Kort geografisk og historisk presentasjon av Lærdal og Vang .....	11
1.3 Kort om den faghistoriske tradisjonen .....	13
2. Teorikapittel .....	13
2.1 Samanslåing av namn og namneformer.....	14
2.2 Gruppering av namn.....	16
2.3 Folketeljingane på 1800-talet som kjelde .....	19
2.4 Kva ligg det i at personnamna vert modernisert?.....	20
3. Kva hypotesar har eg til namnematerialet i Lærdal og Vang? .....	22
3.1 Det vil vere likskapar i namnematerialet mellom Lærdal og Vang.....	22
3.2 Dei nordiske namna vil stå sterkast i Vang, dei innlånte namna i Lærdal.....	23
3.3 Eg vil kunne spore ei modernisering av fornamna i båe prestegjelda .....	24
3.4 <i>Tomas</i> vil stå sterkare i både Lærdal og Vang, i høve til resten av landet .....	26
4. Folketeljinga av 1801 .....	27
4.1 Gruppering av namnematerialet i Lærdal.....	28
4.1.1 Mannsnamna .....	28
4.1.2 Kvinnenamna.....	31
4.2 Gruppering av namnematerialet innbyrdes i Lærdal .....	35
4.2.1 Mannsnamna .....	36
4.2.2 Kvinnenamna.....	39
4.3 Gruppering av namnematerialet i Vang .....	43
4.3.1 Mannsnamna .....	43
4.3.2 Kvinnenamna.....	46
5. Folketeljinga av 1865 .....	50
5.1 Gruppering av namnematerialet i Vang.....	51
5.1.1 Mannsnamna .....	51

5.1.2 Kvinnenamna.....	54
5.2 Gruppering av namnematerialet innbyrdes i Vang.....	57
5.2.1 Mannsnamna.....	57
5.2.2 Kvinnenamna.....	60
5.3 Gruppering av namnematerialet i Lærdal.....	63
5.3.1 Mannsnamna .....	63
5.3.2 Kvinnenamna.....	66
5.4 Gruppering av namnematerialet innbyrdes i Lærdal .....	70
5.4.1 Mannsnamna .....	71
5.4.2 Kvinnenamna.....	73
6. Folketeljinga av 1900.....	76
6.1 Gruppering av namnematerialet i Lærdal.....	77
6.1.1 Mannsnamna .....	78
6.1.2 Kvinnenamna.....	82
6.2 Gruppering av namnematerialet innbyrdes i Lærdal .....	86
6.2.1 Mannsnamna .....	86
6.2.2 Kvinnenamna.....	90
6.3 Gruppering av namnematerialet i Vang .....	95
6.3.1 Mannsnamna .....	95
6.4.1 Kvinnenamna.....	99
6.5 Gruppering av namnematerialet innbyrdes i Vang.....	103
6.5.1 Mannsnamna .....	103
6.5.1.1 Dei nordiske namna.....	104
6.5.2 Kvinnenamna.....	107
7. Korleis samsvarar hypotesane mine med resultatata frå studien?.....	112
7.1 Det vil vere likskapar i namnematerialet mellom Lærdal og Vang.....	112
7.1.1 Lite spreiiing over fjellet av dei karakteristiske namna for Lærdal og Valdres .....	113
7.1.2 Litt meir spreiiing av dei karakteristiske namna frå Sogn og Fjordane og Oppland .....	114

7.1.3 Mest spreiding over Filefjell av dei karakteristiske vestlands- og austlandsnamna .....	115
7.2 Dei nordiske namna vil stå sterkast i Vang, dei innlånte namna i Lærdal.....	117
7.2.1 Namnegruppene innad i Lærdal.....	120
7.2.2 Namnegruppene innad i Vang.....	122
7.3 Eg vil kunne spore ei modernisering av fornamna i båe prestegjeld.....	123
7.3.1 Er det lite moderniseringsrørsler å spore i Vang? .....	124
7.3.2 Er derimot personnamna i Lærdal på veg til å verte modernisert?.....	127
7.3.3 Er Hauge det mest moderne av kyrkjesokna i Lærdal? .....	131
7.4 <i>Tomas</i> vil stå sterkare i både Lærdal og Vang, i høve til resten av landet .....	132
8. Litteraturliste .....	135
9. Samandrag.....	137
9.1 Norsk samandrag.....	137
9.2 English summary .....	139
10. Vedlegg .....	141
10.1 Dobbeltnamna i Lærdal .....	141
10.1.1 Kvinnenamna.....	141
10.1.2 Mannsnamna .....	143
10.2 Dobbeltnamna i Vang.....	145
10.2.1 Kvinnenamna.....	145
10.2.2 Mannsnamna .....	146
10.3 Moveringsnamna.....	147
10.3.1 Lærdal.....	147
10.3.2 Vang.....	148
10.4 Fullstendige frekvenstabellar .....	148
10.4.1 Folketeljinga av 1801.....	148
10.4.2 Folketeljinga av 1865.....	156
10.4.3 Folketeljinga av 1900.....	166

## Bildetekstliste

Tabell 1: Oversyn over namnegruppene i Lærdal prestegjeld i 1801, menn.....	28
Tabell 2: Dei 20 mest frekvente mannsnamna i Lærdal prestegjeld i 1801 .....	29
Tabell 3: Oversyn over dei ulike namnegruppene i Lærdal prestegjeld i 1801, kvinner.....	32
Tabell 4: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Lærdal prestegjeld i 1801 .....	32
Tabell 5: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Lærdal prestegjeld i 1801, menn .....	36
Tabell 6: Dei 20 mest frekvente mannsnamna innad i Lærdal prestegjeld i 1801 .....	37
Tabell 7: Oversyn over namnegruppene innad i Lærdal prestegjeld i 1801, kvinner.....	40
Tabell 8: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna innad i Lærdal prestegjeld, 1801 .....	40
Tabell 9: Oversyn over namnegruppene i Vang prestegjeld i 1801, menn .....	43
Tabell 10: Dei 20 mest frekvente mannsnamna i Vang prestegjeld i 1801 .....	44
Tabell 11: Oversyn over namnegruppene i Vang prestegjeld i 1801, kvinner .....	46
Tabell 12: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Vang prestegjeld i 1801.....	47
Tabell 13: Oversyn over namnegruppene i Vang prestegjeld i 1865, menn .....	51
Tabell 14: Dei 20 mest frekvente mannsnamna i Vang prestegjeld i 1865 .....	52
Tabell 15: Oversyn over dei ulike namnegruppene i Vang prestegjeld i 1865, kvinner .....	54
Tabell 16: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Vang prestegjeld i 1865, kvinner .....	55
Tabell 17: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Vang prestegjeld i 1865, menn.....	58
Tabell 18: Dei 20 mest frekvente mannsnamna innad i Vang prestegjeld i 1865 .....	58
Tabell 19: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Vang prestegjeld, kvinner .....	61
Tabell 20: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna innad i Vang prestegjeld i 1865.....	61
Tabell 21: Oversyn over namnegruppene i Lærdal prestegjeld i 1865, menn.....	63
Tabell 22: Dei 20 mest frekvente mannsnamna i Lærdal prestegjeld i 1865 .....	64
Tabell 23: Oversyn over dei ulike namnegruppene i Lærdal prestegjeld i 1865, kvinner.....	67
Tabell 24: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Lærdal prestegjeld i 1865.....	68
Tabell 25: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Lærdal prestegjeld i 1865, menn .....	71
Tabell 26: Dei 20 mest frekvente mannsnamna innad i Lærdal prestegjeld i 1865 .....	72
Tabell 27: Oversyn over dei ulike namnegruppene i Lærdal prestegjeld i 1865, kvinner.....	74
Tabell 28: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Lærdal prestegjeld i 1865, kvinner.....	74
Tabell 29: Oversyn over dei ulike namnegruppene i Lærdal prestegjeld i 1900, menn.....	78
Tabell 30: Dei 20 mest frekvente mannsnamna i Lærdal prestegjeld i 1900 .....	79
Tabell 31: Oversyn over dei ulike namnegruppene i Lærdal prestegjeld i 1900, kvinner.....	82
Tabell 32: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Lærdal prestegjeld i 1900.....	83
Tabell 33: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Lærdal prestegjeld i 1900, menn.....	86
Tabell 34: Dei 20 mest frekvente mannsnamna innad i Lærdal prestegjeld i 1900 .....	87

Tabell 35: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Lærdal prestegjeld i 1900, kvinner.....	91
Tabell 36: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna innad i Lærdal prestegjeld, 1900 .....	91
Tabell 37: Oversyn over dei ulike namnegruppene i Vang prestegjeld i 1900, menn.....	95
Tabell 38: Dei 20 mest frekvente mannsnamna i Vang prestegjeld i 1900.....	96
Tabell 39: Oversyn over dei ulike namnegruppene i Vang prestegjeld i 1900, kvinner .....	99
Tabell 40: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Vang prestegjeld i 1900.....	100
Tabell 41: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Vang prestegjeld i 1900, menn.....	103
Tabell 42: Dei 20 mest frekvente mannsnamna innad i Vang prestegjeld i 1900 .....	104
Tabell 43: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Vang prestegjeld i 1900, kvinner .....	107
Tabell 44: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna innad i Vang prestegjeld i 1900.....	108
Tabell 45: Dobbeltnamn i Lærdal, kvinner .....	143
Tabell 46: Dobbeltnamn i Lærdal, menn.....	144
Tabell 47: Dobbeltnamn i Vang, kvinner .....	145
Tabell 48: Dobbeltnamn i Vang, menn .....	146
Tabell 49: Moveringsnamn i Lærdal .....	148
Tabell 50: Moveringsnamn i Vang.....	148
Tabell 51: Frekvenstabell over kvinnenamna i Lærdal, 1801.....	150
Tabell 52: Frekvenstabell over mannsnamna i Lærdal, 1801.....	153
Tabell 53: Frekvenstabell over kvinnenamna i Vang, 1801.....	154
Tabell 54: Frekvenstabell over mannsnamna i Vang, 1801.....	156
Tabell 55: Frekvenstabell over kvinnenamna i Lærdal, 1865.....	159
Tabell 56: Frekvenstabell over mannsnamna i Lærdal, 1865.....	162
Tabell 57: Frekvenstabell over mannsnamna i Vang, 1865.....	166
Tabell 58: Frekvenstabell over kvinnenamna i Lærdal, 1900.....	169
Tabell 59: Frekvenstabell over kvinnenamna i Vang, 1900.....	174
Tabell 60: Frekvenstabell over mannsnamna i Vang, 1900.....	176
Figur 1: Kart over Lærdal, Filefjell og Vang i Valdres .....	2
Figur 2: Oversyn over dei ulike namnegruppene i både Lærdal og Vang i 1801.....	117
Figur 3: Oversyn over dei ulike namnegruppene i både Lærdal og Vang i 1900.....	118
Figur 4: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Lærdal i 1801 .....	120
Figur 5: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Lærdal i 1900.....	121
Figur 6: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Vang i 1865.....	122
Figur 7: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Vang i 1900.....	123



## 1. Innleiing

Austlendingen har ord for å vere roleg, tenksam og tolerant, men litt sein i avtrekket. Vangsgjeldingen skal vere annleis enn andre austlendingar. Han er kvikk, brå, spontan og mindre tolerant. Forklaringa er då gjerne at han bur nær Vestlandet og har frå uminnelege tider hatt kontakt vestover gjennom handel og folkeblanding (...) På Lærdalsmarknaden møtte valdrisane hallingar, teler, sogningar, vossingar, hardingar, bergensarar og andre vestlendingar (Ese 1993: 32).

Slik står det skrive i jubileumsheftet til Statens vegvesen i Sogn og Fjordane – *Frå kongeveg til stamveg* – om vegen over Filefjell, som strekker seg frå Lærdal i vest til Valdres i aust, og som har vore ei veldig viktig ferdselsåre mellom Bergen og Oslo i mange hundre år.

Frå eldre tid har den viktigaste ferdselsvegen mellom Vestlandet og Austlandet gått over Lærdal. Hovudvegen frå Oslo, over Ringrike, Valdres, Filefjell, Lærdal, Gudvangen, Voss og til Bergen har fremja aktivitet, samkvem og handel og sett sitt preg på utviklinga i vår landsdel gjennom hundreåra (Ese 1993: 12).

Både desse sitata skildrar at det har vore stor og gjensidig kontakt mellom innbyggjarane på både sider av Filefjell, noko som har prega utviklinga i både Lærdal og Valdres gjennom historia. Det er tydeleg at ferdselsåra over Filefjell har ført til at særskilt Valdres, gjennom historia, ikkje har dei klare skiljegrensene og banda til sin respektive landsdel. Dette vert ytterlegare forsterka ved at Vang tidlegare hørde til Gulatingslagdømmet, og ikkje Eidsivatinget, som ville vore det mest naturlege. Samstundes sokna Valdres til Stavanger Bispedømme heilt fram til 1631 (Ese 1993: 32). Det var rett og slett enklare for Vangsgjeldingen å reise vestover til kysten, og ned til Bergen og Stavanger, enn austover fjella til Kristiania.

Det er denne historiske kontakten over Filefjell, mellom lærdølane i vest og valdrisane i aust, eg er interessert i å undersøkje i masterstudien min. I all hovudsak er det ut i frå eit personnamnaspekt eg vil studere om denne historiske kontakten vil verte reflektert. Me veit at det opp igjennom historia vart bytta alt i frå varer og tenester til kulturarv, tenkjemåtar, idear etc. over Filefjell, som fylgjer av kontakten og bandet mellom aust og vest. Kvifor ikkje òg namn, tenkjer eg då. Eg meiner at namn og namnetradisjon er ein del av kulturarven vår, på same måte som rosemaling og hardingfela, og at den sterke kontakten gjev grunnlag for at namne(tradisjonen) kan verte bytta og utveksla vel så mykje som andre deler av kulturarven.

## 1.1 Problemformuleringa

Problemformuleringa eg vil jobbe ut i frå i denne studien er: **Kan me med utgangspunkt i personnamna på 1800-talet, sjå spor etter den historiske kontakten over Filefjell mellom Lærdal og Valdres?**

For at studien skal verte oversiktleg, og ikkje alt for omfattande, trengs det nokre avgrensingar til problemstillinga.

Den fyrste avgrensinga er kjeldematerialet. Eg kjem til å nytte meg av dei tre folketeljningane av 1801, 1865 og 1900, slik at kjeldegrunnlaget for studien mest mogleg skal spenne seg jamt over heile 1800-talet. Både mannsnamna og kvinnenamna vil verte undersøkt og gjennomgått i studien. Meir om folketeljninga som kjelde under delkapittel 2.3 (s.19)

I studien av personnamna kjem eg ikkje til å skrive om kvart einskild namn. Det er i hovudsak dei 20 mest frekvente mannsnamna og kvinnenamna for kvart prestegjeld, i kvar folketeljning, eg nyttar for å undersøkje likskapar og ulikskapar i namnematerialet. I tillegg kjem eg til å skrive om dei mindre frekvente namna, som kan vere særleg relevant for spreinga av namn mellom Lærdal og Valdres, og for moderniseringsutviklinga av personnamna i det same området.

Dette leier meg inn på ei ny avgrensing i studien av om den historiske kontakten mellom Lærdal og Valdres vert spegla attende i namnematerialet. Det er i hovudsak to tilnærmingar eg vil nytte til denne studien, som i og for seg kan verte sett på som to uavhengige studiar. Den fyrste tilnærminga er, som nemnt, om eg kan spore likskapar og eventuelt ulikskapar i namneforrådet på kvar side av Filefjell, og i kva grad desse likskapane kan vere med på å stadfeste historisk kontakt ved spreing av personnamn. Til dømes om *Lasse*, som er eit typisk namn i Lærdal, vil vere å finne i Valdres, sjølv om namnet ikkje står sterkt i resten av austlandet. Eller motsett om *Boye*, som historisk har hatt tyngdepunktet sitt i Valdres, vil vere å finne i Lærdal. I så fall er dette døme på det eg vil kalle kontaktnamn, som har spreia seg frå Valdres og vestover til Lærdal, eller frå Lærdal og austover til Valdres.

Den andre tilnærminga går meir på ei overordna utviklingsline av namnematerialet gjennom 1800-talet, og korleis den kjem til syne i Lærdal og Valdres. Er det tett kontakt over Filefjell, ser eg føre meg at utviklinga av namnematerialet vil vere meir samsvarande enn om kontakten syner seg å ikkje vere så tett. Utviklinga av namneforrådet i Lærdal og Valdres vil i hovudsak verte studert ut i frå eit moderne utviklingsperspektiv. Eg kjem til å nytte Ane Landøy sine indikasjonar på modernisering av personnamna (meir om dette i delkapittel 2.4 s. 20), for å sjå om ei eventuell modernisering av namnematerialet i Lærdal og Valdres utviklar seg meir i samsvar med einannan, enn for resten av landet, eller om det er store ulikskapar i

moderniseringsutviklinga mellom prestegjelda. Om det syner seg at det er historisk tett kontakt med utgangspunkt i namna i Lærdal og Valdres, er det grunn til å tru at desse to områda vil ha ein samsvarande moderne personnamnutvikling, som kanskje er meir i tråd med moderniseringa av personnamna generelt på Vestlandet.

Den siste avgrensinga er geografisk. For å ikkje få eit altfor stort namnemateriale å jobbe med, vel eg å studere folketeljningane i dei to prestegjelda som grensar til einannan på Filefjell. Lærdal prestegjeld vil vere den vestlege representanten, medan Vang prestegjeld i Valdres vil vere den austlege representanten.

## 1.2 Kort geografisk og historisk presentasjon av Lærdal og Vang

Hovudmotivasjonen bak problemformuleringa og studien er, som nemnt, at det har vore sterk historisk kontakt mellom Lærdal og Vang ved at hovudferdselsåra mellom aust og vest har gått over Filefjell, og gjennom desse to prestegjelda. I tillegg er det andre tilhøve som er meir likt mellom Lærdal og Vang, enn for Vang og resten av austlandet. Innleiingsvis skildra eg korleis humøret, haldningane og væremåten for Valdrisane er meir i samsvar med ein vestlending enn ein austlending. Vidare er det òg ein del språklege likskapar i den vestlege lærdalsdialekten og austlege valdresdialekten (som eg ikkje skal gå nærare inn på her). Mykje tyder på at dei fyrste som busette seg i Vang og Valdres, kom over Filefjell i frå vest, noko Anders Frøholm skriv om i bygdeboka for Valdres:

Det tredje granneområdet er Sogn, og dit har Vang både eldst og mest samband. Hovudvegen mellom dei to største byane i Noreg går den dag i dag gjennom Vang og Sogn, og dei fyrste innvandrarane til Valdres må ha komi over Filefjell (...) Målføret syner likskap og skyldskap mellom valdris og sogning (Frøholm 1985: 5).

Den same kontakten og likskapen mellom Lærdal og Valdres vert ytterlegare stadfesta av John Laberg (1938: 189), som i bygdeboka for Lærdal skriv at øvre del av Valdres tidleg vart folkesett frå vest, og at bygdene hadde det viktigaste sambandet sitt vestover via Lærdal.

Lærdal prestegjeld ligg inst i Sognefjorden i Sogn og Fjordane, og grenser i aust til Oppland. Lærdal er omkransa av fjell og dalar, berg og stein. Laberg skildrar dette treffande:

Skulde det gå heilt rett for seg, måtte lærdølen ha vorte eit av landets verste hengjehovud. Han sit fast i ei reva i fjellet. Rundt om kring han er det gråstein og berg, store og små, og i alle underlege skap og former. Fylgjer han fjellsida oppover med augo og søkjer etter glimt av blå himmel, ser han berre ei liti strima som skal vere himmelkvelvingen. Soli er mange stader borte lange tider av året. Når månen gjev seg ut på vandring, lagar han slagskuggar so skrømelege at dei meir for troll og "lusavaldressar" enn for ein skikkeleg lærdøl (Laberg 1938: 10)

Men kring Lærdalsfjorden og Lærdalsøyri, som ligg i Hauge kyrkjesokn, finn me større flate områder med god dyrkingsjord. Her har særskilt korn vore ein viktig naturressurs.

Lærdalsøyri er sentral i studien gjennom heile 1800-talet, særskilt frå folketeljinga av 1865 og utover, og i undersøkinga om personnamna i Lærdal utviklar seg i ei moderne retning. Lærdalsøyri ligg inst i Lærdalsfjorden, som igjen ligg lengst inn i Sognefjorden. Sidan 1500-talet har Lærdalsmarknaden vorte arrangert i Lærdalsøyri, fram til den tok slutt i 1876 ved kongebrev den 20. april (Hovland og Espe 2001: 24).

Lærdalsøyri låg godt til rette som marknadsplass, som naturleg knutepunkt mellom aust og vest, og langs vestlandskysten. Til dømes gjekk hovudpostruta mellom Bergen og Kristiania gjennom Lærdal og over Filefjell, medan det frå kring 1840 var eit naturleg stopp langs dampskipsruta mellom Stavanger-Bergen-Lærdal (Hovland og Espe 2001: 24-25).

Dermed var Lærdalsmarknaden viktig for utvekslinga av kultur mellom bygdene, landsdelane og påverknad generelt utanfrå. ”På Lærdalsmarknaden møtte valdrisane hallingar, teler, sogningar, vossingar, hardingar, bergensarar og andre vestlendingar. Valdrisane hadde til vanleg med seg ost og smør, som dei fyrst og fremst bytte i salt og fisk, men ved uår også korn” (Ese 1993: 32).

På grunnlag av dette meiner eg Lærdalsøyri er sentral i kraft av å vere ein blømande urban tettstad gjennom 1800-talet. Her startar sannsynlegvis moderniseringa av personnamna, ved at det er her dei nye impulsane kjem fyrst, for deretter å spreie seg utover i Lærdal og seinare til Vang. I tillegg er Lærdalsøyri eit knutepunkt der vangsgjeldingane møter mellom anna lærdølar, og med dei den nye kulturen, og impulsane frå den, som kjenneteiknar moderniseringa av personnamnforrådet.

Valdres derimot, er det vestlegaste dalføret i Oppland fylke. Lengst nord og vest i Valdres ligg Vang prestegjeld, som grensar til Lærdal på Filefjell. Vang er ei typisk fjellbygd i Jotunheimen der nesten 90 % av arealet ligg høgare enn 900 moh. Naturgrunnlaget i Vang er mykje skog i liene, gode fiskevatn i fjella og ikkje minst lettbrukt god jord i dei slake viddene (Frøholm 1985). ”Vangsnaturen er prega av store kontrastar, frå Vangsmjøsen, omkransa av bygder med frodig kulturlandskap, jordbruksareal og lette lauvskoglier, -til ville høgfjell, brear og vide vidder (...) Vangsmjøse ligg som ein vestlandsfjord i dette fjellandskapet” (Hovda og Østbye 2001: 12-13). Me ser at naturen i Lærdal og Vang skil seg ut i høve til kvarandre, samstundes som det likevel er visse likskapar.

### 1.3 Kort om den faghistoriske tradisjonen

Det er forska, og skrive, lite om folketeljningane på 1800-talet. Noko av grunnen til det er at folketeljningane registrerte alle innbyggjarane i kvart prestegjeld kringom heile landet. Dermed er det mange hol (prestegjeld) som framleis ikkje er fylte og arbeida med. Eg har søkt i BIBSYS<sup>1</sup> og kika litt etter kva dei ulike master- og dei gamle hovudfagsoppgåvene opp igjennom tida har hatt som tema og forskingsområde, og det har vore arbeid meir med ulike innfallsvinklar på personnamnskikken i landet med utgangspunkt i koppskatten i 1645, og generelt tida før folketeljningane på 1800-talet. Mellom anna har det vore gjennom å samanlikna kvinnenamn over eit større område ut i frå eit sør og nord, og ytre- og indrestroksperspektiv, som Ingebrigtsen (2008) gjorde i masteroppgåva *Kvinnenamn i Nordhordland, Sunnhordland og Voss i 1645*. Blomstedt (2007) studerte i si masteroppgåve personnamn i Bergen i 1645, og likskapar og ulikskapar mellom "bydelane".

Eg fann veldig få masteroppgåver som såg ut til å vere direkte knytt til folketeljningane på 1800-talet. Gudlaug Nedrelid Horgen har skrive ei masteroppgåve om personnamn i Indre Sogn, ut i frå folketeljninga av 1801. Der har ho mellom anna sett på Lærdal i 1801, og det arbeidet ho gjorde, kjem eg til å nytte meg av og samanlikne mitt materiale med, for 1801.

Så vidt eg har funne ut er det ingen som tidlegare har forska på personnamna, og gjennomført ein komparativ studie av desse, mellom Lærdal og Valdres ut i frå folketeljningane på 1800-talet. Med andre ord er det eit forskingshol på akkurat dette feltet.

Til slutt kan eg nemne at masterstudien min er ein del av eit lite forskingsprosjekt om folketeljningane på 1800-talet, ved UiB. Helge Selsås leverte våren 2011 ei masteroppgåve om personnamn på Haugalandet gjennom 1800-talet, der han såg på om Haugesund, som veksande regionshovudstad, påverkar namnematerialet kringom Haugalandet. Cecilie Frøysland arbeidar med ein masterstudie om personnamn i Jølster i Sogn og Fjordane i same tidsrom, i lys av moderniseringsaspektet.

## 2. Teorikapittel

I dette kapittelet kjem eg til å presentere og diskutere den teorien eg meiner er relevant for å gjennomføre studien min. Fyrst skal eg finne ut kva line eg skal leggje meg på, når det gjeld samanslåing av namn og namneformer, ved hjelp av sentrale namnegranskarar. Deretter kjem eg til å nytte meg av dei same namnegranskarane i spørsmålet om kva namnegrupper dei ulike namna høyrer til. Dette er naudsynt for å studere kva type namn eg vil finne i Lærdal og

---

<sup>1</sup> Biblioteksdatabasen

Vang. Vidare presenterer eg problematikken ved å nytte folketeljingane som kjelde, før eg til slutt drøftar kva som ligg i omgrepet modernisering av personnamn, og korleis eg kan spore opp denne moderniseringa i namnematerialet mitt.

## 2.1 Samanslåing av namn og namneformer

Eit spørsmål som alltid dukkar opp når ein undersøker personnamn i eldre tider, er samanslåing av namn og namneformer. Skal til dømes *Johannes* og *Johan*, og *Katrine*, *Kari* og *Karen* verte slått saman under ei namneform til den opphavlege etymologiske forma?

Gudrun Utterström (1995) skriv i boka *Dopnamn i Stockholm 1621-1810*, at nokre namneforskarar tar det etymologiske sambandet som utgangspunkt for normaliseringa og samanslåinga. Det vil seie at alle formene av det opphavlege hebraiske namnet *Johannes* (*Jan*, *Jens*, *Johan*, *Jo(h)n*, *Hans*, *Henning* etc.) vert slått saman til forma *Johannes*. Sameleis vil den norske forma *Kari*, og den danske forma *Karen*, verte slått saman til det greske opphavsnamnet *Katrine*. Utterström skriv vidare at dette er ei veldig enkel samanslåingsform, som vil vere for enkel om ein har tenkt å gjere ei grundig undersøking. Ei normaliserings- og samanslåingsprinsipp bør ikkje vere alt for gjennomgripande, skriv ho til slutt. ”Man bör i görligaste mån gå ut i från det som man kan anta vara namngivarnas intention, dvs man bör försöka skilja på namn som för namngivarna tedde sig som olika namn” (Utterström 1995: 18). Så er spørsmålet kva folk på 17- og 1800-talet såg på som ulike namn.

Noreg var under dansk styre i denne perioden, og det danske skriftspråket prega òg dei namneformene som vart skrivne i både kyrkjebøkene og folketeljingane. Dei ulike prestesokna og prestegjelda hadde både danske og norske prestar som skreiv på dansk, noko som førte til at dei skriftlege namna i stor grad fekk dansk preg. Til dømes kunne ein skrive *Karen*, sjølv om personen sjølv både vart døypt og nytta den modifiserte norske forma *Kari* i munnlege kontekstar. Det var stor variasjon i kor stor grad dei ulike prestane nytta fulldanske former eller ikkje. I tillegg var det òg grunna eigne subjektive tolkingar mange skrivne variantar av same namn. Særskilt gjaldt dette dei opphavlege norske namna, som ikkje hadde alternative danske former. Folketeljinga er spesiell og kan vere upåliteleg som kjelde om ein ikkje nyttar den medvite. Grunnen til dette er dei mange spesielle og varierte skrivemåtane av namna, som til og med førekjem innaføre same sokn og prestegjeld.

Presten i Lærdal i 1801 heiter Henning Junghans Hjerrild. Han var fødd og oppvaksen i Noreg, men tok teologiske studiar i Danmark, og er nok dermed prega av det danske skriftspråket, sjølv om dei nordiske namna, og dei modifiserte namneformene, skulle vere gjenkjennelege for han (Lampe 1896: 37).

Soknepresten i Vang i 1801, Jens Holmboe, vart fødd inn i ein geistleg og akademisk familie. Som soknepresten i Lærdal, tok òg han sine teologistudier i København (Lund 2009: 143-149). Både prestane er fødde i Noreg, inn i ei slekt som har norske slektsrøter i alle fall tre generasjonar tilbake. Difor er det sannsynleg at dei nytta det danske skriftspråket som grunn til dei danske skrivemåtane av personnamna, ikkje for at dei ikkje kjenner korkje dei norske namna, eller dei norske namneformene.

Utterström (1995) nyttar sjølv dei mest frekvente formene i normaliseringa. Ho slår òg saman dei namna som er ortografisk ulike einannan. Til dømes vert *Jahan* og *Johan*, *Ingrid* og *Ingri*, *Henric* og *Hendric*, *Kirstin* og *Kierstin* slått saman til den mest frekvente forma. Derimot ser ho på *Caspar* og *Casper*, *Otto* og *Otte*, *Emilia* og *Emilie* som ulike namn. Dette grunnjev ho med at *a* og *o* knapt kan verte sett på som same fonem som *e* på denne tida.

Eva V. Meldgaard (1990) er i boka *Studier i Københavnske fornavne 1650-1950* enda meir forsiktig i samanslåinga av namn og namneformer. *Andreas* og den modifiserte nordiske forma *Anders* vert ikkje slått saman. Som Utterström, slår ikkje ho heller saman namn som endar på *e* eller *a* (*Anna* og *Anne*). Ho slår helst saman dei namna som berre er ortografisk ulike einannan. *Lorentz* og *Lorents*, *Knudt* og *Knud*, *Birgithe* og *Birgitte*, *Kristen* og *Christen*, *Karl* og *Carl* og *Giertrud* og *Gjertrud* vert alle slått saman til den mest frekvente forma.

I det innleiande kapittelet til Norsk Personnamnleksikon (heretter NPL), har Kristoffer Kruken (1982) valt å nytte seg av ein meir omfattande samanslåingspraksis. I tabellane for perioden 1781-1800 (som det er mest naturleg å samanlikne undersøkinga mi med) slår han saman *a/e* (*Anne* og *Anna*), norske og danske former som *Kari* og *Karen*, og andre underformer av opphavlege namn som *Berit*, *Berte* og *Brita*, *Mari* og *Maria*, *Mali* og *Malena*, *Kirsti* og *Kirsten* etc. Han ligg nærare ei etymologisk samanslåing enn det både Utterström og Meldgaard gjer. Samstundes held han til dømes formene *Johannes*, *Johan*, *Hans* og *Jens*, *Eli/Elen* og *Helena* og *Mar(g)it* og *Margreta* frå einannan som sjølvstendige former. Så heilt etymologisk orientert og konsekvent er han ikkje.

Sjølv vil eg, som alle dei tre ovannemnte, byrje samanslåingsprosessen med å slå saman dei namna som berre er ortografisk ulike einannan, og som eg ser på som variantar av det same namnet. Døme på dette er *Giertru*, *Gjertrud* og *Giertrud*, *Christen* og *Kristen* og *Giæse* og *Giese*. I tillegg vil eg, som Kruken, slå saman *e/a* (og *a/o*)-formene, slik at *Anna* og *Anne*, *Johanne* og *Johanna* og *Barbo* og *Barbra* vert slått saman til den mest frekvente namneforma.

Når det gjeld etymologisk normalisering, vil eg ikkje gå like langt som Kruken. Eg vil halde meg på ei line som kanskje liknar mest på Utterström. Grunnen til dette er at eg ved å halde på flest mogleg namneformer, betre vil kunne sjå namnetendensar som

namnetilstrøymingar og namnebortfall, som er viktige indikatorar på modernisering av personnamn. Om me tek *Johannes* og *Katrine* som døme, vil eg då ikkje i same grad kunne undersøkje kvar dei nye namna og namneformene kjem, og forsvinn, frå. *Johannes* har til dømes mellom anna desse formene: Norsk *Jon*, tysk *Johan* og *Hans*, lågtysk/frisisk *Jan*, dansk *Jens* og engelsk *Jonny*. *Katrine* har mellom anna desse formene: Dansk *Karen*, svensk *Karin* og norsk *Kari*. Hovudpoenget med moderniseringa av personnamna er at dei danske, og særskilt dei tyske formene, vart erstatta i større grad av gamle norrøne namn og namneformer, samt namn og namneformer frå andre europeiske land som mellom anna Storbritannia, Italia, Frankrike og Sverige. Dette vil verte meir problematisk å undersøkje om ein fylgjer ei etymologisk normalisering og slår saman flest mogleg namneformer.

Likevel er det nokre namneformer som vil verte slått saman. Det er *Peder* og *Per* (men ikkje *Peder* og *Petter*), *Kirsti* og *Kjersti*, *Jokum* og *Joakim* og *Synneve*, *Sønneve*, *Synnev* og *Sønnev*. Alle namna og namneformene eg nyttar i denne studien er dei som er både mest frekvente, og/anten å finne som oppslagsform i NPL.

## 2.2 Gruppering av namn

Det å klassifisere dei ulike namna under utvalte namnegrupper er, som ved samanslåinga av namn og namneformer, prega av subjektivitet og fleire valmoglegskapar. Sjølv sagt er det for baa prosessane allereie etablerte mønster og tradisjonar ein langt på veg fylgjer, men til sjuande og sist er det opp til forskaren sjølv å velje kva mønster ein vil fylgje, og i kor stor grad ein vil fylgje tradisjonane. Ofte er det målet med studien, det hensiktsmessige aspektet, som avgjer dette. Når det gjeld det å klassifisere namn inn i ulike namnegrupper, har eg sett på korleis dette har vorte gjort dei siste 30 åra i Skandinavia hjå sentrale namnegranskarar.

Egil Pettersen (1981) vel i studien av *Personnavn i Vest-Norge 1450-1550* å dele namna inn i fire hovudgrupper: Nordiske namn, kyrkjelege namn, tyske namn og andre innlånte namn. Dei nordiske namna er namn som opphavleg kjem frå Norden, og laga etter nordisk språkmønster og av nordiske namneledd. *Geirmund*, *Ingebjørg* og *Ragnhild* er døme på slike namn. I gruppa tyske namn, plasserer han namn som opphavleg er danna i tyskspråklege land etter tysk språkmønster og namneledd. Ofte er det felles namneledd som går igjen i dei tyske og nordiske namna. Døme på tyske namn er *Gerhard*, *Magnhild* og *Henrik*. Me ser at namneledda *Geir-*, *-rik* og *-hild* er å finne i både nordiske og tyske namn. Dette er dømer på språkslektskap grunna felles opphav frå den indoeuropeiske språkfamilien.



Under andre innlånte namn har Pettersen plassert namn som er danna i, og dermed kjem frå, andre land. På same måte som ved dei nordiske og tyske namna, er desse namna laga etter heimlege

mønster og namneledd frå sine respektive opphavsland.

Den kanskje mest diskutabile namnegruppa er dei kyrkjelege namna. ”Nevningen kirkelige navn trenger en kommentar. Den er ikke her brukt helt i samsvar med Fjeld Halvorsens tilsvarende term (...)” (Pettersen 1981: 53). Egil Pettersen peiker altså sjølv på at dei kyrkjelege namna er diskuterlege, og prega av subjektiv inndeling. Under gruppa kyrkjelege namn reknar han til eldre og nyare lånenamn, som har kome til landet gjennom kristendommen og kyrkja. Her finn me hebraiske og greske bibelnamn, helgen- og pavenamn, og namn som elles har tilknytning til kyrkja.

Det er i undergruppa helgen- og pavenamn at diskusjonane og variasjonane finn stad. Det er ulik praksis på kor mange av helgennamna ein reknar til denne gruppa her. Til dømes vel Pettersen å rekne dei nordiske helgennamna *Olav*, *Eirik*, *Knut*, *Hallvard* under gruppa nordiske namn, sjølv om dei òg kan verte sett på som kyrkjelege namn. Pettersen grunngjev dette med at ein må skilje mellom kyrkjelege namn som kom til landet gjennom kristendommen og kyrkja, og helgennamn som kom til landet gjennom andre impulsar der kyrkja og kristendommen truleg ikkje hadde ei veldig avgjerande rolle. Eit anna døme på dette er *Magnus*, som eigentleg høyrer til den kristne namnetradisjonen, men som Pettersen fører inn under gruppa andre innlånte namn. Dette namnet vart ikkje oppfatta som kyrkjeleg, men heller kongeleg. Eg kjem til å fylgje Pettersen sitt døme ved dette namnet.

Gudrun Utterström (1995) vel litt andre klassifiseringsgrupper enn det Egil Pettersen gjer. Ho deler namna inn i gruppene: Nordiske namn, bibelske namn og andre innlånte namn. At helgennamna vert plassert inn under gruppa andre innlånte namn, og ikkje kyrkjelege namn, grunngjev ho med det som Pettersen peika på; at det er vanskeleg å vite om namnet kom til landet på grunn av at det var eit kyrkjeleg (helgen)namn eller ikkje. Motivasjonen for å velje eit bibelsk namn på grunn av at det er bibelsk, var mykje sterkare enn motivasjonen for å velje eit helgennamn på grunn av at det er helgennamn, eller eit kyrkjeleg namn.

De fleste av de s k övriga namnen bland de inlånade har någon gong brukats som namn på martyrer och helgon; t o m *Napoleon* kan visas ha fungerat som helgonnamn. Detta exempel visar tydlig att det knappast är relevant att generelt redovisa vilka namn som en gång var helgonnamn. Det är inta i egenskap av sådana som namnen har spritts till Sverige. (Utterström 1995: 48)

Med denne gruppeinndelinga slepp ho å ta stilling til kor mange av, og i kor stor grad, helgennamna skal verte rekna som helgennamn, og dermed kyrkjelege namn, eller verte gruppert i andre namnegrupper. Eg meiner at mange av dei sentrale helgennamna, som *Nils*, *Lars*, *Katrine*, *Margrete*, *Kari* etc. i større eller mindre grad har vorte rekna som kyrkjelege namn, og vorten nytta deretter.

Ane Landøy (1995) nyttar i undersøkinga si, om *Modernisering i namnebruk*, den same inndelinga av namnegrupper som er å finne i NPL: Kyrkjelege, nordiske og utanlandske namn. Under dei kyrkjelege namna reknar ho sjølv sagt bibelnamn og helgennamn i både originalform og modifiserte former. Som Egil Pettersen, er det for Landøy helgenkalenderen som dannar grunnlaget for kva helgennamn som skal verte tatt med i den kyrkjelege gruppa.

Landøy peikar på dei same utfordringane som Utterström når det gjeld helgennamna. Difor vel ho å dele gruppa kyrkjelege namn inn i reine bibelnamn, helgennamn og endra namn. ”Dersom vi skal sjå etter mentalitetsendring må vi skilje mellom dei namna folk reknar som kyrkjelege eller bibelske (...) og dei endra namna som har vore så lenge i bruk at dei ikkje kjennes framande lenger, men gode, tradisjonelle namn” (Landøy 1995: 63). Døme på namn av den siste typen er *Lars*, *Nils*, *Eli*, *Maren* og *Lene*. Eg skjønar poenget ho vil fram til, med at folk kanskje ikkje forbinder namna *Lars* og *Kari* som like kyrkjeleg som *Josef* (jf. uttrykket *Kari* og *Ola Nordmann*), og dermed ikkje medvite vel dei i kraft av å vere kyrkjeleg namn i like stor grad som ved dei bibelske namna, som *Abraham* og *Maria* til dømes.

Etter å ha sett på ulike tradisjonar for korleis ein har kategorisert namn i Skandinavia, vert det enklare å finne fram til, og fylgje, dei inndelingskriteria som høver best til studien min. Eg kjem til å leggje meg mest i ei retning av Egil Pettersen når eg skal dele namna inn i namnegrupper. Det er i hovudsak dei fire gruppene med nordiske namn, kyrkjelege namn, tyske namn og andre utanlandske namn eg vil nytte meg av.

Når det gjeld dei kyrkjelege namna, vil det omfatte både bibelnamn og helgennamn, samt andre kyrkjelege namn (hovudsakleg latinske namn og modifiserte nordiske former av latinske namn som *Kristian* og *Kristen*). Inn under helgennamna reknar eg opphavlege helgennamn, samt nydanningar og kortformer av desse, som har hatt ein sterk tradisjon i kristendommen og kyrkja. Ofte er dette klassiske (greske og latinske) namn som vart helgennamn mellom 100-600 f.Kr. Det vil seie at namn som *Olav*, *Hallvard*, *Knut*, *Gjertrud*, *Fredrik*, *Magnus* og *Engelbrekt* ikkje vert rekna til gruppa kyrkjelege namn, sjølv om namna kan verte knytt til ein helgen. Dette grunnjev eg med at eg trur desse namna vart nytta i Noreg i kraft av å vera nordiske og tyske etc., og ikkje som kyrkjelege namn. Dessutan vil gruppa kyrkjelege namn verte urealistisk stor om eg her skal ta med alle namn og

namneformer som kan verte knytt til kyrkjelege skikkingar, medan gruppa nordiske namn vil verte tilsvarande liten.

Gruppa nordiske namn vil utgjere namn som opphavleg er danna etter nordisk mønster og namneledd, og utanlandske namn vil vere namn som er danna etter mønster og namneledd frå sine respektive opphavsland.

### 2.3 Folketeljningane på 1800-talet som kjelde

Dei ulike folketeljningane frå 1800-talet er digitaliserte og lagt ut på nettet på nettsida [www.digitalarkivet.no](http://www.digitalarkivet.no), og er med si allmenne og laglege tilkomst ei god og stor kjelde å arbeide med, og til å undersøkje personnamn kringom heile landet på 1800-talet. Det vil seie; i alle fall om ein er observant på dei problema og feilkjeldene som kan førekomme i det digitaliserte datamaterialet. Eg har sjølv støytt på nokre problem, av ulik art, ved å nytte meg av desse folketeljningane som kjelde, noko eg skal gjere greie for her.

Folketeljningane er digitaliserte ved hjelp av menneskehender. Det vil seie at ulike menneskjer har jobba med å føre dei skriftlege folketeljingskjeldene over i databasar, og vidare digitalisert dei på internettet. ”Det er menneskeleg å feile”, er eit sitat me ofte nyttar når me har gjort noko feil. Slike menneskelege feil førekjem òg i dei digitaliserte folketeljningane. Dei opphavlege skriftlege kjeldene kan vere vanskelege å lese og tolke, og dermed har innskrivaren i nokre tilfelle sjølv nytta si eiga tolking, eller forsøk på tolking, av eit namn, og skrivemåten av namnet.

Ofte har ikkje innskrivaren fagleg ekspertise i namnefaget, slik at han ikkje i like stor grad, som ein namnegranskar, kan leggje faglege vurderingar til grunn for desse subjektive tolkingane. Då er det heller betre å skrive dei formene ein trur står i originalkjeldene, slik at det igjen kan førekomme uvanlege, eller uforstålege namn og namneformer i folketeljningane. I folketeljninga av 1801 for Lærdal, er det til dømes eit kvinnenamn, *Mori*, som eg ikkje har funne etymologien til nokon stad. Eg har valt å tolke dette namnet som ei feillesing av *Mari*.

I folketeljninga for Vang i 1865 er det eitt namn som er skriven *Thorssjæl*, som ganske klart eigentleg skal vere *Torkjell*. Eg trur dette er eit døme på at innskrivaren har skrive inn namnet slik det opphavleg står i originalkjeldene, utan å tolke det vidare eller normere namnet i normal form. Andre døme på slike namn i namnematerialet mitt er *Bergjethe*, som eg har tolka til *Birgitte*, *Heriette*, som eg har tolka til *Henriette*, *Marth*, som eg har tolka til *Marte*, *Evin*, som eg har tolka til *Even*, *Ørjas*, som eg har tolka til *Ørjan*, og *Cartine*, som eg har tolka til *Katrine*.

Vidare kan eit namn verte skrive feil ved at innskrivaren har tasta feil bokstav på tastaturet. Eg har eit døme på dette som eg trur har førekomme i mitt materiale. I Lærdal i 1801 er det to førekomstar av *Marir*, og eg vel å tolke dette som ein feilskriving av *Marie* (e og r-tasten ligg rett attmed einannan på tastaturet). T-tasten ligg òg attmed r-tasten, slik at *Marir* òg kunne vore ei feilskriving av *Marit*. Men sidan *Marit* ikkje førekjem i Lærdal elles i studien min gjennom 1800-talet, ser eg ikkje på det som eit fruktbart alternativ.

Desse problematiske namna eg har synt døme på her, er berre ein liten del av det totale namnematerialet i studien min. Difor utgjer dei heller ikkje store eller viktige forskjellar i resultata. Større forskjellar kan ei anna gruppe med problematiske namn skape. I alle folketeljningane gjennom heile 1800-talet, særskilt i Lærdal, er det to typar namn eg har brukt mykje tid på å undersøkje, for deretter å luke dei vekk frå materialet mitt. Det er namn som eigentleg fungerer som slektsnamn, som har kome inn blant listene over fornamna, samt ein stor mengde med initialar.

Dei namna som sannsynlegvis skal fungere som slektsnamn har eg, i samråd med Ole-Jørgen Johannessen, luka vekk frå namnelistene mine. Døme på dette er *Aaestrup*, *Daae*, *Geelmuyder*, *Hess*, *Hjerrild*, *Junghanse*, *Mohn*, *Lenvik*, *Vangensten* og *Ørbekk*.

Meir problematisk og omfattande var det med initialane. Eg nytta mykje tid på å leite i dei skanna kyrkjebøkene på nett for å spore opp kva initialane kunne vere. For dei personane eg klarte å identifisere i kyrkjebøkene, var initialane nesten utelukkande patronymika. Difor har eg valt å greie alle initialane under ein kam, og luke dei ut av namnematerialet. Den einaste personen med initialar eg klarte å identifisere, var C. G. Winsnæs, som var kapellan i Lærdal. Der stod initialane for *Carl Gustav*, og dei vart, som dei einaste, tatt med i namnematerialet mitt.

## 2.4 Kva ligg det i at personnamna vert modernisert?

Mot slutten av 1800-talet utvikla Noreg seg til å verte eit moderne samfunn. ”Svært mye i samfunnet forandret seg i denne perioden. Forandringene skjedde fordi mange mennesker endret sin måte å leve på, sin måte å arbeide på og sine måter å tenke på” (Nielsen 2004: 9). Heile samfunnet var altså i ein moderniseringsprosess, jordbruket vart modernisert, kommunikasjonen opplevde ei revolusjonering, det same gjorde industrien gjennom industrialiseringa, demokratiet vart innført i landet; og som fylgjer av denne moderniseringsprosessen, vart det nærast ein eksplosjon i folketalet i Noreg mot slutten av 1800-talet. (Nielsen 2004).

Då denne moderniseringsprosessen gjennomsyra resten av det norske samfunnet frå slutten av 1800-talet og framover, vil eg tru at moderniseringa òg påverka forrådet og materialet til personnamna kringom landet på denne tida. Sjølv sagt gjeld dette i meir eller mindre grad frå stad til stad i Noreg, men eg er ikkje i tvil om at me kan sjå spor av denne moderniseringsprosessen i Vang, og særskilt Lærdal, mot slutten av 1800-talet. Dermed er heller spørsmålet korleis, og i kva grad, moderniseringa vil reflektere seg attende i personnamnforrådet i Lærdal og Vang.

Til å spore opp ei eventuell moderniseringsutvikling av personnamna i Lærdal og Vang, kjem eg til å nytte dei indikasjonane Ane Landøy (1995: 52-54) nyttar i artikkelen *Modernisering av namnebruk*. Ho meiner òg at andre deler i samfunnslivet vart påverka, når dei økonomiske, politiske og sosiale tilhøva i samfunnet vart endra så sterkt som dei gjorde på 1800-talet. ”På same måte trur eg at ein kan finne ei modernisering i val av namn, som vil henge saman med ei modernisering på andre område av samfunnslivet” (Landøy 1995: 52). Moderniseringa i namnebruken vil då altså vere ein ny måte å tenkje på, når det gjeld bruken av namn innaføre eit område.

Hovudindikasjonen til Landøy på modernisering av personnamn, er at den totale namnemassen endrar seg. Med andre ord at folk bryt med oppkallingstradisjonen som har stått sterkt i Noreg i fleire hundre år, og hentar namn utanfrå slekta. Noko av det mest sentrale med moderniseringa er individualiteten og frigjeringa frå slekts- og familiebanda.

Slike endringar i namnemassen, og frigjeringa frå familien, kan kome til syne ved at ein hentar namn frå andre stadar enn det som til no har vore vanleg. Dei tyske og latinske namna, samt gamaltestamentlege bibelnamna, vil verte erstatta og supplerte med namn frå andre språkområder, som til dømes franske namn, italienske namn, britiske namn, og til og med svenske namn. Eit slikt døme på ei meir moderne haldning i kvar namna er henta i frå, ser Landøy på som ein indikasjon på modernisering av personnamna.

Når slike nye namn kjem inn i namnemassen, vil det etter kvart skje endringar blant dei mest populære namna. ”(...) namn som er populære tidleg i hundreåret vert erstatta av andre namn seinare i hundreåret” (Landøy 1995: 52). Dei nye namna som kjem inn i namnematerialet vil i større grad supplere, enn erstatte, dei allereie opphavlege namna i namneforrådet, slik at det utover hundreåret vil kome inn fleire namn i større grad enn at namn går ut av bruk i namnemassen.

Det er ikkje berre den innlånte namnegruppa som er sentral i spørsmålet om modernisering. Dei nordiske namna, og då dei opphavlege norrøne namna og namneformene, vert henta frå sagalitteraturen frå vikingtida og nytta igjen i stor grad, som fylgjer av den

nordiske namnerenessansen som pregar namnematerialet frå midten av 1800-talet og fram til 1. verdskrig. Landøy ser på dei nordiske renessansenamna som ein indikasjon på modernisering av namnebruken, ved at dei bryt med oppkallingstradisjonen.

Utover 1800-talet kjem moveringsnamna<sup>2</sup> i sterkare i bruk, noko Landøy ser på som moderne. Ein auka bruk av desse namna vil vere ein indikasjon på eit meir moderne tankesett.

Den siste indikasjonen på modernisering av namnematerialet Landøy presenterer er bruken av dobbeltnamn. Ho ser på dobbeltnamn som ein moderne namnemote i Noreg frå slutten av 1700-talet, og særskilt midten av 1800-talet, og dermed vert ein auka bruk av dobbeltnamn eit teikn på modernisering av personnamnmaterialet.

Eg kjem òg til å sjå kort på bruken av dobbeltnamn i Lærdal og Vang, men utelukkande i form av å sjå spor etter modernisering av namnematerialet i dei prestegjelda. Difor kjem eg ikkje til å granske dobbeltnamna vidare, som kva namn som er mest vanleg blant fyrste- og andrenamnet i dobbeltnamna her, eller kor mange stavingar som er mest vanleg i fyrste- og andrenamnet i dobbeltnamna. Dette er absolutt interessante undersøkingar som eg overlèt til seinare høver, eller til andre interesserte, å studere.

### **3. Kva hypotesar har eg til namnematerialet i Lærdal og Vang?**

I komparative studiar er det alltid nokre hypotesar som ligg til grunn for dei resultat ein forventar å finne. Eg har sjølvsagt òg nokre hypotesar om kva resultat eg forventar, eller førestillar meg, at eg vil finne i komparasjonen av namna og namneforrådet mellom Lærdal og Vang. Desse hypotesane vil verte grundig presenterte kvar for seg under dette kapitlet, og vere med som knaggjar til å henge dei lause trådane på under heile studien. Til slutt vil eg i kapittel 7 hente fram hypotesane frå knaggen og nøste trådane saman. Då vil eg sjå på om dei hypotesane eg presenterer her, stemmer overeins med dei resultatata som dukkar opp gjennom studien av namnematerialet i Lærdal og Vang (kapittel 4, 5 og 6).

#### **3.1 Det vil vere likskapar i namnematerialet mellom Lærdal og Vang**

Den overordna hypotesen min, som er sjølvgrunlaget for heile studien, er at det vil vere likskapar i namnematerialet mellom Lærdal og Vang. Eg meiner ikkje at namnematerialet mellom desse to prestegjelda kjem til å vere identiske, men at det gjennom heile 1800-talet vil

---

<sup>2</sup> Eit moveringsnamn er eit kvinnenamn som er avleia frå eit mannsnamn (eller sjeldnare andre kvinnenamn, som *Gurine*), der mannsnamnet vert avleia med endingane *-ine*, *-ikke*, *-a* og *-ette*. Døme på dette er *Oline*, *Fredrikke*, *Olava* og *Henriette* (Kruken 1982: 63)

vere fleire namn som er felles på både sider av Filefjell. Ein eventuell ulikskap vil derimot kome til syne i varierende grad gjennom 1800-talet, og mellom kjønna.

For både kjønna reknar eg med at dei populære namna kjem til å vere samsvarande, både Lærdal i høve til Vang, men òg Lærdal og Vang i høve til resten av landet, særskilt for folketeljingane av 1801 og 1865. Til dømes forventar eg at *Ole* og *Anne* kjem til å vere det klart mest frekvente namnet for høvesvis manns- og kvinnenamna i alle kyrkjesokna i både prestegjelda. Likevel trur eg at det vil vere litt meir homogenitet blant dei mest frekvente kvinnenamna, enn blant dei mest frekvente mannsnamna.

Ulikskapen i namnematerialet, både mellom Lærdal og Vang, og til resten av landet, vil kome sterkare til syne blant dei mindre frekvente namna. Det er her eg ventar at dei karakteristiske eller spesielle namna for både områda vil plassere seg. Desse namna vil òg vere sentrale når det gjeld å studere om personnamna i Lærdal og Vang spreiar seg over Filefjell i austleg eller vestleg retning, som fylgjer av den historisk tette kontakten det har vore, og framleis er, mellom innbyggjarane i prestegjelda i denne perioden. Eg trur at folk frå Vang, som kom til Lærdal og handla og bytta varer på Lærdalsmarknaden til dømes, utveksla namn like mykje som andre kulturelle ting som musikk, klesplagg, handverkarkunst etc. Like eins folk frå Lærdal, som fekk vitjing av mellom anna folk frå Vang. Dette vil i så fall vere gode døme på det eg vil kalle kontaktnamn, som spreiar seg over fjellet grunna kontakten.

Det er klart at både Lærdal og Vang vil ha innslag av namn som ikkje er å finne på den andre sida av Filefjell, men nokre spesielle namn, som er karakteristisk for eit av prestegjelda, ventar eg vil vere representerte i prestegjeldet på den andre sida av Filefjell.

### **3.2 Dei nordiske namna vil stå sterkast i Vang, dei innlånte namna i Lærdal**

Eg trur at den nordiske namnegruppa vil stå sterkt i både prestegjelda samanlikna med resten av landet, men eg ventar at namnegruppa vil stå enda sterkare i Vang i høve til Lærdal. Det gjeld både for mannsnamna og for kvinnenamna.

Grunngjevinga for dette er at Vang er eit prestegjeld som ligg høgt oppe i fjellet, langt inne i landet. Tradisjonelt har det vore slik at dei nordiske namna står sterkast i sånne typiske fjellbygder inne i landet, langt frå kyst og urbane tettstader. Her er det (familie)tradisjonen og dei tradisjonelle skikkane som står i fokus. Eit døme på dette er oppkallingstradisjonen, som bidreg til at nokre få namn vert veldig frekvente i eit område. Oppkallingstradisjonen har for øvrig stått sterkt kringom heile landet i fleire hundre år, noko populariteten til *Ole* og *Anne* reflekterer attende.

Oppkallingstradisjonen, saman med at Vang ligg langt frå kysten, trur eg bidreg til at dei innlånte namna ikkje så raskt festar seg i namneforrådet her. Dei nordiske (og dei etablerte kyrkjelege) namna vert nytta gjennom oppkallingstradisjonen, som igjen fungerer som eit hinder for at nye innlånte namn skal kunne etablere seg. Når ein ikkje har så hyppig kontakt med dei kulturelle strøymingane som rører på seg, særskilt ved kysten, er det heller ikkje så lett å verte kjent med, og ta i bruk, dei nye namna som desse strøymingane bringer med seg.

Difor ventar eg at dei innlånte namna skal stå ein god del sterkare i Lærdal, særskilt utover 1800-talet. Lærdal prestegjeld ligg i vest, og grensar i Hauge kyrkjesokn til Sognefjorden. Dermed er det enklare for dei nye strøymingane, og mellom anna namna som kjem med dei, å få innpass i namnematerialet når kontakten mellom Lærdal og omverda er hyppigare. I Hauge sokn ligg òg Lærdalsøyri, eit viktig knutepunkt mellom Nord-Vestlandet og omverda. Denne tettstaden, som i laupet av 1800-talet vert stadig meir urban, har i fleire hundre år vore sentral gjennom Lærdalsmarknaden.

Desse to faktorane, Lærdalsmarknaden og kontakt med omverda, meiner eg bidreg til at dei innlånte namna vil kome lettare inn i namnematerialet i Lærdal, og feste seg her, for så deretter verte spreia over mellom anna Filefjell og til Vang. Sjølv sagt vil det vere innlånte namn i Vang òg, men eg trur dette i hovudsak vil vere allereie etablerte innlånte namn, som har vore i namneforrådet i fleire hundre år.

Når det gjeld ulikskapane innad i prestegjelda mellom kyrkjesokna, trur eg me vil finne viktige ulikskapar her. Eg ventar, på grunnlag av det eg nettopp har skrive, at Hauge vil vere det kyrkjesoknet som har størst innslag av innlånte namn, og færrast innslag av nordiske namn. Av same grunn trur eg Borgund, som grensar til Vang på Filefjell, vil vere det soknet i Lærdal der dei innlånte namna står svakast, og dei nordiske namna står sterkast.

Innad i Vang trur eg ulikskapane er mindre mellom kyrkjesokna enn innad i Lærdal. Eg trur dei ulike namnegruppene vil fordele seg nokolunde likt for Øye sokn i høve til Høre sokn, medan Vangs hovudsokn, i kraft av å vere senteret og hovudsoknet i Vang, vil vere ein liten kopi av Hauge sokn, men då i mindre skala.

### **3.3 Eg vil kunne spore ei modernisering av fornamna i både prestegjelda**

Frå midten av 1800-talet og utover vart Noreg det ein kallar eit moderne samfunn. I tillegg til at industrien og landbruket etc. vart modernisert, går det òg an å spore denne moderniseringa gjennom personnamna. Det er ikkje semje om i kor stor grad namneforrådet i landet vart modernisert, men at namneforrådet frå midten av 1800-talet gjennomgjekk ei synleg endring, er det inga tvil om. Nye namn kom inn og erstatta dei etablerte namna, særskilt dei



gamaltestamentlege bibelnamna, og andre kyrkjelege namn som har vore i bruk i mange hundre år, samstundes som dei aller mest frekvente namna vart mindre frekvente. Dette bidrog heilt klart til at folk kunne velje namn frå eit større namnemateriale no enn tidlegare.

Eg trur at namnematerialet i Lærdal og Vang vil verte meir moderne utover 1800-talet, og at dette særskilt vil kome til syne i folketeljinga av 1900. Hjø kvinnenamna vil det nok vere små indikasjonar på denne moderniseringsprosessen allereie i folketeljinga av 1865. I kor stor grad me kan kalle det ein total moderniseringsprosess, skal eg ikkje diskutere her, men at det vil vere endringar i namnematerialet i både Lærdal og Vang, er eg ikkje i tvil om.

Særskilt markert ventar eg at denne endringa skal vere i Lærdal prestegjeld og i Hauge sokn. Av same grunn som ved førre hypotese, om nordiske namn versus innlånte namn, trur eg personnamna i Lærdal vil syne ei større moderniseringsutvikling enn personnamna i Vang. Sameleis Hauge sokn i høve til dei andre kyrkjesokna i Lærdal. Igjen er det Lærdalsøyri, og den meir urbane tettstaden som har vakse fram her, som er hovudgrunnen til dette.

Denne moderniseringa trur eg vil syne seg igjen på fleire måtar for personnamna. Både kjønna vil oppleve ein auke i talet på nye innlånte namn. Både vet at det kjem inn nye namn frå tysk, og ved at det kjem inn nye namn frå andre språk, og områder, i verden som det ikkje har vore vanleg å importere namn frå til no i Noreg. Det vil då særskilt vere dei etablerte tyske namna frå 1300-talet, samt dei gamaltestamentlege bibelnamna, som vil verte mindre frekvente.

For kvinnenamna trur eg bruken av dobbeltnamn vil auke mykje utover 1800-talet, det same med moveringsnamn. For mannsnamna trur eg den nordiske namnerenessansen vil føre til at det kjem inn fleire eldre norrøne namneformer frå sagalitteraturen attende i namnematerialet. Når det gjeld den nordiske namnerenessansen, er det usemje blant fagfolket om dei gamle norrøne namna opplevde ein slik renessanse.

Terje Aarset meiner ein slik namnerenessanse har funne stad i Noreg og skriv mellom anna at: “Vi veit ikkje visst når utviklinga mot ein norskare namneskikk kom i gang og kvar det skjedde først. Men mykje tyder på at dei nordiske namna først slo gjennom i byane, og omslaget kan iallfall somme stader merkast frå 1840-åra” (1982: 67). Sjølv om han skriv at dei somme stadar kan merkast allereie frå 1840-åra, skriv han vidare at dei nordiske namna ikkje får eit verkeleg gjennombrot før slutten av 1800-talet.

Ivar Utne er òg positiv til tanken om ein nordisk namnerenessanse, og skriv at det både i Noreg og i Norden kom ein sterk reaksjon på dei utanlandske namneskikkane ut over 1800-talet: “År 1900 var rundt halvparten av de ti vanligste navna opphavlige nordiske namn (...)”(2006: 36).

Eg tek ikkje stilling til denne debatten her, men konstaterer at mange av dei gamle norrøne namna, frå mellom anna sagalitteraturen, fekk ein ny vår mot slutten av 1800-talet, og særskilt fram mot midten av 1900-talet. Både namn som ikkje har vore nytta nesten sidan vikingtida, og eit skifte frå danske former til dei opphavlege nordiske namneformene, vart ein del av namneforrådet på denne tida. Difor vel eg å nytte definisjonen den nordiske namnerenessansen om desse namna, og dette fenomenet, sjølv om me nok ikkje direkte kan tale om ein absolutt renessanse.

### **3.4 Tomas vil stå sterkare i både Lærdal og Vang, i høve til resten av landet**

Mange av dei eldre kyrkjene er dedikerte til ulike helgenar frå den kristne tradisjonen. Som fylgjer av dette, er det døme på at nokon namn står sterkare i eit område der kyrkja (eller byen) er dedikert til ein helgen med same namn. På Austlandet har *Hallvard* stått litt sterkt, medan *Sunniva* står sterkast på Vestlandet, særskilt på Nord-Vestlandet. Den heilage *Olav* er nasjonalhelgenen vår, og fylgjeleg har dette namnet stått veldig sterkt kringom heile landet.

Ole-Jørgen Johannessen (2002: 47-50) tar opp nettopp dette spørsmålet i artikkelen *Kristne personnavn i Norsk middelalder*, om helgennamna, i det området til kyrkja som helgenen er dedikert til, har satt spor etter seg i namneforrådet i same område. Han skriv at det er overleverte opplysningar om at kring 30 % av middelalderkyrkjene i Noreg er dedikert til ein helgen. Derimot ser det berre ut til at ein kan påvise ein tydeleg samanheng mellom kyrkjededikasjonsnamn og personnamn når det gjeld *Olav, Hallvard, Johannes, Peter, Pål* og *Andreas*. Han undersøker om det kan verte påvist samanheng mellom helgendedikering og namngjeving på Austlandet, ut i frå stikkprøvar av Odal, Hedmark, Gjerpen og Solum i Telemark, men skriv avslutningsvis at: “Vår gjennomgang viser relativt klart at der er vanskelig å påvise en samgang mellom personnavnbruk og kirkededikasjonsnavnene i de undersøkte områdene“ (Johannessen 2002: 50).

Undersøkinga til Johannessen byggjer derimot på kjelder frå mellomalderen, og ikkje på kjelder som syner korleis samanhengen mellom kyrkjededikasjonen og personnamngjevinga har vore framover mot vår tid. Han skriv òg heilt til slutt at det ikkje er urimeleg å sjå ein samanheng mellom personnamnpopularitet og kyrkjededikasjon i ytre Nordfjord, og på Sunnmøre, når det gjeld mannsnamnet *Jetmund*, som har fleire namneberarar på 1520-talet.

Sidan Tomaskyrkja ikkje ligg så langt i frå dette området, og sidan folketeljingane på 1800-talet byggjer på personnamngjevingstradisjonen fleire hundre år seinare enn kjeldene til Johannessen, trur eg Tomaskyrkja vil påverke, og har påverka, personnamngjevinga og mannsnamnet *Tomas*, i både Lærdal og Vang.

Tomaskyrkja på Filefjell er vigd til martyren og erkebiskopen Tomas Becket av Canterbury. Denne kyrkja har hatt ei viktig rolle for folk i Lærdal og Vang, samt andre ferdafolk, på mange områder, og eg ventar difor at namnet *Tomas* skal stå sterkare i Vang og Lærdal enn generelt i landet. Eg har inga formeining om namnet vil stå aller sterkast i Lærdal eller i Vang, eg trur det vil stå omtrentleg like sterkt båe plassar.

#### 4. Folketeljninga av 1801

Ved reskript av 28. november 1800 vart det utsendt kongeleg befaling om å halda folketeljning i Danmark, Noreg og på Island den 1. februar 1801. Resultatet vart den første nominative folketeljninga i Noreg, dvs. den første teljninga som inneheld namn og andre opplysningar for kvar einskild innbyggjar i landet. (<http://www.digitalarkivet.no, lasta ned 27.10.11>).

I denne hovuddelen av masteroppgåva, skal eg på ein systematisk måte gå igjennom namnematerialet i dei tre folketeljningane av 1801, 1865 og 1900, for både Lærdal og Vang, og sjå på likskapar og ulikskapar i namna her. Både likskapar mellom Lærdal og Vang – vest mot aust – og likskapar innaføre kyrkjesokna i båe prestegjelda, vil verte studert.

Eg byrjar naturleg nok med folketeljninga av 1801. Her vil eg fyrst sjå på korleis namneforrådet er sett saman. Då er det fordelinga av dei ulike namnegruppene; kyrkjelege namn, nordiske namn, tyske namn og andre innlånte namn mellom prestegjelda eg vil sjå på, både kvinnenamna og mannsnamna kvar for seg.

Det er dei leksikalske namna som er i fokus. Under gjennomgangen av dei ulike namnegruppene, for båe kjønn, vil eg undersøkje nærare kva namn frå namnegruppene som er å finne i Lærdal og Vang. Utgangspunktet mitt er dei 20 mest frekvente mannsnamna, og dei 20 mest frekvente kvinnenamna. Det vil seie at denne studien i stor grad byggjer på dei mest frekvente namna. Eg kjem likevel til å kommentere nokre av dei sjeldnare namna, og innlemme dei interessante og relevante namna av desse i studien. Det vil då særskilt vere dei innlånte namna, samt andre namn som kan vere relevante i undersøkinga etter om personnamnematerialet i Lærdal og Vang vert modernisert.

Stort sett er det samanlikninga mellom Lærdal og Vang som er viktig. Det er tre faktorar kring namna eg kjem til å studere. 1: Plasseringane namna har på topplistene/frekvenslistene, 2: Den relative frekvensen til namna, og 3: Kor mange berarar kvart namn har. Då er det spørsmåla om kva som skil Lærdal og Vang, og kva som er likt mellom desse to prestegjelda, som er viktigast. Ved å nytte meg av desse tre faktorane meiner eg at alle tilhøva ved namna og namnematerialet vil verte studert, og at eg dermed sikrare kan

seie noko om korleis namna fordel seg mellom aust og vest, og korleis kontakten eventuelt spelar ei rolle i dette. For folketeljningane av 1865 og 1900 kan eg òg sjå om namnematerialet i Lærdal og Vang utviklar seg i same (moderne) retning gjennom 1800-talet, eller om det er store skilnader i namneutviklinga mellom prestegjelda.

Til slutt vil eg òg sjå litt sosiologisk på namnematerialet. Her vil eg studere litt karakteristiske namn, modernisering av namneforrådet og kven som ber dei ulike namna, ved å ta utgangspunkt i dei sjeldne namna. Spørsmål om kven som ber dei namna som skil seg ut, om det er folk frå den øvre sosiale samfunnsklassen som ber det eg reknar som moderne namn, og alderen på desse, vil vere sentrale. Ut i frå dette kan me i 1865 og 1900 sjå om me finn ei eventuell moderniseringsutvikling i heile samfunnet, eller om det berre er for dei høgare samfunnslaga.

## 4.1 Gruppering av namnematerialet i Lærdal

### 4.1.1 Mannsnamna

I Lærdal er det 107 leksikalske mannsnamna fordelt på 1385 individ i folketeljninga av 1801, noko som gjer eit snitt på 12,9 menn per mannsnamn. Tabellen nedanføre syner fordelinga av mannsnamna i dei ulike namnegruppene for Lærdal. Eg kjem til å samanlikne kort med Kruken (1982: 54) sine tabellar for heile landet<sup>3</sup>, når eg ser på dei ulike namnegruppene.

Namnegrupper	Prosentvis fordeling	Tal namn
<b>Nordiske namn</b>	46,7 %	50 av 107
<b>Kyrkjelege namn</b>	41,1 %	44 av 107
<b>Tyske namn</b>	8,4 %	9 av 107
<b>Andre innlånte namn</b>	3,7 %	4 av 107

Tabell 1: Oversyn over namnegruppene i Lærdal prestegjeld i 1801, menn

#### 4.1.1.1 Dei nordiske namna

Den nordiske namnegruppa utgjer den største av namnegruppene i Lærdal i 1801, med 46,7 % av dei leksikalske mannsnamna i prestegjeldet. Kring år 1700 utgjorde dei nordiske mannsnamna på Vestlandet kring 47 % av dei leksikalske namna (Kruken 1982: 52). Me ser at dei nordiske namna utgjer kring 0,3 prosentpoeng mindre i 1801, ein veldig liten skilnad i ein periode på 100 år. Oppkallingstradisjonen har nok mykje å seie for denne stabiliteten.

Stabiliteten i namnetoppen heng m.a. saman med oppkallinga (...) som på 1700-talet skjedde med fullt namn og tydelegvis gjaldt utan unntak i bondesamfunnet. Slik

<sup>3</sup> Kruken har slått saman litt fleire, og andre, namneformer enn det eg har gjort, men det skal ikkje ha så stor innverknad i samanlikninga mellom Lærdal og resten av landet.

regelmessig, ættbunden namngjeving gjorde både at tradisjonelle namn heldt seg og at nye namn berre kunne kome inn under særlege omstende (Kruken 1982: 57-58)  
Sjølv om den nordiske namnegruppa held seg relativ stabil, mykje grunna

oppkallingstradisjonen, er det likevel ei endring i form av at den vert redusert over 100 år. Kruken (1982: 62) skriv vidare at dei nordiske namna går gradvis tilbake frå 1600-talet og fram til kring midten av 1800-talet, men at det er klåre geografiske skilnader i høve til kor stor grad fordelinga av dei nordiske namna vert redusert.

Lærdal prestegjeld 1801	
1.	<i>Ole</i>
2.	<i>Anders</i>
3.	<i>Nils</i>
4.	<i>Johannes</i>
5.	<i>Jens</i>
6.	<i>Knut</i>
7.	<i>Lars</i>
8.	<i>Tomas</i>
9.	<i>Peder</i>
10.	<i>Hans</i>
11.	<i>Lasse</i>
12.	<i>Mons</i>
13.	<i>Erik</i>
14.	<i>Halvard</i>
15.	<i>Sjur</i>
16.	<i>Ingebrigt<sup>4</sup></i>
17.	<i>Bård</i>
18.	<i>Jon</i>
19.	<i>Annfinn</i>
20.	<i>Iver</i>

Tabell 2: Dei 20 mest frekvente mannsnamna i Lærdal prestegjeld i 1801

*Ole* er det klart mest frekvente mannsnamnet i Lærdal med 222 berarar og ein relativ frekvens på 16,0 %, noko som er over dobbelt så mykje som det nest mest frekvente namnet. *Ole* er nesten like suveren på landsbasis, men der har namnet ein relativ frekvens som utgjer 13,4 % av den mannlege namnemassen i landet. Oppkallingstradisjonen er nok med på å gjere dette namnet så frekvent kringom heile landet som det er.

Saman med *Knut* på 6. plass, er *Ole* dei to einaste nordiske namna som ligg plassert blant dei 10 mest frekvente mannsnamna i Lærdal i 1801. Det er litt overraskande at det ikkje er fleire nordiske namn blant desse, når gruppa med dei nordiske namna totalt sett utgjer den største av namnegruppene.

<sup>4</sup> Eg har i denne oppgåva valt å halde dei ulike formene av *Engelbrekt* (*Ingebrigt*, *Embret* og *Engebret*) frå einannan som sjølvstendige leksikalske namn. Grunngevinga for dette er både at dei byrjar ulikt *Ing-*, *Em-* og *Eng-*, og at dei har ulik ending *-brigt*, *-bret*. Difor kan det vere små skeivskapar når det gjeld plasseringa til dette namnet, samanlikna med kva plassering namnet kunne fått i hjå meg, særskilt for tabellane på landsbasis.

Det er berre to nordiske namn representert blant dei 10 mest frekvente mannsnamna på landsbasis òg, der *Eirik*, i tillegg til *Ole*, er å finne nede på ein 10. plass.

Utvidar me til å sjå på dei 20 mest frekvente mannsnamna i Lærdal, finn me seks andre nordiske namn. Det er *Erik*, *Halvard*, *Sjur*, *Bård*, *Annfinn* og *Iver*, som ligg plassert frå 13. plass og nedover til 20. plass. Dermed er det åtte nordiske namn blant dei 20 mest frekvente mannsnamna i Lærdal, noko som er meir i tråd med den totale storleiken til denne namnegruppa. Til samanlikning er det berre seks nordiske namn blant dei 20 mest frekvente namna på landsbasis. *Knut*, *Halvor*, *Ivar* og *Amund* utgjer i numerisk rekkjefylgje dei fire siste namna. Me ser at det ikkje er heilt samsvar mellom dei mest frekvente nordiske namna i Lærdal, samanlikna med resten av landet.

#### 4.1.1.2 Dei kyrkjelege namna

Den kyrkjelege namnegruppa utgjer i Lærdal 41,1 % av dei leksikalske mannsnamna i 1801. Gruppa er nesten like stor som den nordiske namnegruppa, og Kruken (1982: 58) skriv at det i stor grad er dei kyrkjelege namna som pressar dei nordiske namna attende.

Dei resterande åtte namna av dei 10 mest frekvente mannsnamna i Lærdal, er det eg ser på som kyrkjelege namn. Det bibelske namnet *Anders*, i modifisert nordisk form, er det nest mest frekvente mannsnamnet med 98 berarar, som utgjer 7,1 % av den mannlege namnemassen. Helgennamnet *Nils*, òg i modifisert nordisk form, ligg på 3. plass, etterfylgt av dei bibelske namna *Johannes* og *Jens* (*Jens* er ei modifisert nordisk form av *Johannes*). Helgennamnet *Lars*, og bibelnamna *Tomas*, *Peder* og *Hans*, er representert frå 7. til 10. plass.

Det er mykje meir samsvar blant dei aller mest frekvente kyrkjelege namna for Lærdal samanlikna med resten av landet, som òg har åtte kyrkjelege namn representert blant dei 10 mest frekvente mannsnamna. *Anders* er mest frekvent her òg, men elles er dei ulikt plassert på topplista. Seks av dei åtte kyrkjelege namna er topp 10 både i Lærdal og på landsbasis. Ulikskapen er at *Jens*, og særskilt *Tomas*<sup>5</sup>, er meir frekvent i Lærdal, medan *Jon* og *Kristen* er meir frekvent kringom resten av landet.

Blant dei 20 mest frekvente namna, finn me i Lærdal to andre kyrkjelege namn. Det er *Lasse*<sup>6</sup>, kjæleform av *Lars*, på 11. plass, og *Jon*, modifisert nordisk form av *Johannes*, på 18. plass. Totalt er halvparten av dei 20 mest frekvente mannsnamna kyrkjelege namn.

På landsbasis er det til samanlikning 12 kyrkjelege namn blant desse. Dei fem siste er i Numerisk rekkjefylgje *Jens*, *Jakob*, *Johan* og *Kristoffer*, og me ser at den likskapen som var å

---

<sup>5</sup> *Tomas* er eit karakteristisk namn for Lærdal og Vang, noko som vil verte grundigare skildra under kapittel 7.4.

<sup>6</sup> *Lasse* er kjent sidan 1300-talet, og er eit karakteristisk namn i SogFj i etterreformatork tid (NPL: 176).

finne blant dei aller mest frekvente namna, minkar lenger nede på frekvenstabellen.

#### 4.1.1.3 Dei innlånte namna

8,4 % av dei leksikalske mannsnamna, utgjer den tyske namnegruppa. Dei tyske namna har vorte importert til namnematerialet i Noreg sidan midten av 1300-talet. Totalt er det ni tyske mannsnamn i Lærdal i 1801. *Ingebrigt*, på 16. plass, er det einaste tyske namnet blant dei 20 mest frekvente mannsnamna, same som på landsbasis der det ligg på 17. plass, medan *Henrik* ligg på 24. plass med 14 berarar, som gjer oss ein relativ frekvens på 1,0 %.

Dei andre sju tyske namna er berre representert med to eller færre berarar i Lærdal i 1801, og er i numerisk rekkjefylgje *Fredrik*, *Hermann*, *Ludvig*, *Vilken*<sup>7</sup>, *Gerhard*, *Sivert* og den modifiserte danske forma *Vollert* av *Volkrad*.

Gruppa med andre innlånte namn utgjer i 1801 3,7 % av dei leksikalske mannsnamna i Lærdal. Desse fire namna er namn som mest sannsynleg òg er importert til Noreg gjennom tysk (og dansk). Det er dei latinske namna *Mons*, *Stevelin* og *Marius*, samt det frisiske namnet *Boye*. Det karakteristiske vestlandsnamnet *Mons*<sup>8</sup>, er det einaste av desse namna som ligg plassert blant dei 20 mest frekvente mannsnamna, men til gjengjeld ligg det på ein 12. plass med 31 berarar, som utgjer 2,2 % av dei mannlege namneberarane i Lærdal. Heller ikkje på landsbasis er det nokon namn frå denne namnegruppa blant dei mest frekvente mannsnamna, utanom det latinske (vestlands)namnet *Rasmus* på ein 20. plass.

Det er interessant at berarane av namna *Hermann*, *Ludvig* og *Gerhard* er både unge, og kjem frå den øvre sosiale samfunnsklassen. Dette er namn som utover 1800-talet vert sett på som moderne namn, som vart ein god del meir frekvente grunna moderniseringa av personnamna. Berarane av desse namna i Lærdal er av bondeslekt (gardeigarar), gjestgjevar- og kapellan-familie, som alle vert rekna til den øvre sosiale samfunnsklassen. Unnataket er beraren av *Marius*, som òg er eit døme på moderne namn. Han er ein ung tenestegut.

#### 4.1.2 Kvinnenamna

Det er 78 leksikalske kvinnenamn i Lærdal i 1801 fordelt på 1491 kvinner, noko som gjer eit snitt på 19,1 kvinner per namn. Det er over seks berarar i snitt per namn meir enn snittet er for mannsnamna. Generelt i landet er det slik at det er omtrent like mange individ for både kjønn, men at kvinnene fordeler seg på færre namn enn mennene. Særskilt gjeld dette for dei mest frekvente og populære kvinnenamna. Kruken (1982: 58) skriv at dei 10 mest frekvente

<sup>7</sup> Tysk diminutiavleiing av namn på *Vil-*, særleg *Vilhelm*. Litt brukt i SogFj sidan 1600-talet (NPL: 307).

<sup>8</sup> *Mons* er ei modifisert nordisk form av det latinske namnet *Magnus*, og har hatt tyngdepunktet sitt på Vestlandet (NPL: 206).

mannsnamna vert nytta av 51,4 % av mennene, medan det same talet for kvinnenamna er 55,4 %. I Lærdal vert dei ni mest frekvente mannsnamna boren av 51,3 % av mennene, medan dei åtte mest frekvente kvinnenamna vert boren av 52,0 % av kvinnene. Ulikskapen for den kumulative frekvensen mellom kjønna er ikkje så stor som ulikskapen for snittet på berarar per namn skulle tilsei.

Eg kjem igjen til å nytte meg av tabellen til Kruken (1982: 55-56), når eg skal samanlikne dei ulike namnegruppene i Lærdal i høve til kvinnenamna i resten av landet.

Namnegrupper	Prosentvis fordeling	Tal namn
<b>Nordiske namn</b>	37,7 %	29 av 77
<b>Kyrkjelege namn</b>	48,1 %	37 av 77
<b>Tyske namn</b>	11,7 %	9 av 77
<b>Andre innlånte namn</b>	2,6 %	2 av 77

Tabell 3: Oversyn over dei ulike namnegruppene i Lærdal prestegjeld i 1801, kvinner

#### 4.1.2.1 Dei nordiske namna

Den nordiske namnegruppa utgjer 37,7 % av dei leksikalske kvinnenamna i Lærdal i 1801.

Det er ni prosentpoeng mindre enn denne namnegruppa utgjorde for mannsnamna.

Tradisjonelt har dei nordiske namna stått sterkare blant mannsnamna enn blant kvinnenamna.

Kruken (1982: 62) skriv mellom anna at dei nordiske kvinnenamna vert enda meir redusert enn mannsnamna i perioden frå 1600-talet til midten av 1800-talet. Dette heng saman med at dei kyrkjelege namna står sterkare blant kvinnene enn mennene.

Lærdal prestegjeld 1801	
1.	<i>Anna</i>
2.	<i>Brita</i>
3.	<i>Kari</i>
4.	<i>Ingeborg</i>
5.	<i>Mari</i>
6.	<i>Marita</i>
7.	<i>Kisti</i>
8.	<i>Gjertrud</i>
9.	<i>Sønneva</i>
10.	<i>Ragnhild</i>
11.	<i>Guro</i>
12.	<i>Ingeleiv</i>
13.	<i>Guri</i>
14.	<i>Sigrid</i>
15.	<i>Mette</i>
16.	<i>Barbara</i>
17.	<i>Ingrid</i>
18.	<i>Jørann</i>
19.	<i>Margrete</i>
20.	<i>Durdei</i>

Tabell 4: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Lærdal prestegjeld i 1801



Det mest frekvente nordiske kvinnenamnet er *Ingeborg* på 4. plass. Det har 90 berarar, noko som utgjer 6,0 % av den kvinnelege namnemassen i Lærdal. På landsbasis ligg *Ingeborg* på 5. plass, med omtrent like stor relativ frekvens, og her er det berre dette nordiske namnet som er representert blant dei 10 mest frekvente namna. I Lærdal finn me i tillegg *Ragnhild* på 10. plass, slik at det her er to nordiske namn blant dei aller mest frekvente kvinnenamna.

Blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Lærdal, finn me ytterlegare seks nordiske namn, noko som bidreg til at det totalt er åtte nordiske namn blant desse. Frå 11. til 14. plass ligg *Guro*, *Ingeleiv*, *Guri* og *Sigrid* plassert, medan *Ingrid* og *Jørann*<sup>9</sup> ligg på 17. og 18. plass.

Til samanlikning er det på landsbasis berre seks nordiske namn blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna. I tillegg til *Ingeborg*, finn me tre av desse i Lærdal. Det er *Sigrid*, *Ragnhild* og *Guri*. *Inger* og *Gunnhild* er derimot meir frekvent på landsbasis enn i Lærdal. Me ser at det er ein god del likskapar på kva nordiske kvinnenamn som er mest frekvente mellom Lærdal og resten av landet, men at plasseringa på dei varierer.

#### 4.1.2.2 Dei kyrkjelege namna

Den kyrkjelege namnegruppa utgjer den største gruppa av kvinnenamn i Lærdal, med 48,1 % av dei leksikalske namna. Kruken (1982: 52) skriv at dei kyrkjelege namna er i fleirtal av namnemassen i omtrent heile landet.

Sju av dei 10 mest frekvente kvinnenamna i Lærdal er det eg reknar som kyrkjelege namn, og forsterkar posisjonen dei kyrkjelege namna har blant dei populære kvinnenamna.

Det aller mest frekvente kvinnenamnet i Lærdal er det bibelske namnet *Anne*, som med sine 176 berarar utgjer 11,7 % av den kvinnelege namnemassen i prestegjeldet. Vidare ligg helgennamna *Brita* og *Kari* på høvesvis 2. og 3. plass. Det er dei same tre kyrkjelege kvinnenamna som er mest frekvente på landsbasis. *Anne* toppar på landsbasis òg, med ein relativ frekvens som er enda større enn i Lærdal. Dette namnet har vore omtrent like suveren blant kvinnenamna, som *Ole* for mannsnamna, i fleire hundreår.

Dei fire siste kyrkjelege namna blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna i Lærdal, er det bibelske namnet *Mari*, helgennamna *Marita* og *Kisti*, på 5-7. plass, samt helgennamnet *Sønneva* på 9. plass. På landsbasis er det ni kyrkjelege namn blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna. Dei fleste av dei mest frekvente kyrkjelege namna frå Lærdal er representert i topplista på landsbasis, men særskilt *Sønneva* er ein god del meir frekvent i Lærdal enn i resten av landet<sup>10</sup>.

<sup>9</sup> Form av *Jorunn* (NPL: 158)

<sup>10</sup> *Sønneva* er ei nordisk form av helgennamnet *Sunniva*, og er særskilt frekvent på Nord-Vestlandet grunna den heilage St. Sunniva på Selje kloster (NPL: 270).

Det er ytterlegare fire kyrkjelege namn til blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Lærdal, slik at det totalt er 11 av dei blant desse. På 15. og 16. plass ligg helgennamna *Mette* og *Barbara*, medan helgennamna *Margrete* og *Durdei* ligg plassert på høvesvis 19. og 20. plass. Me ser at det er helgennamna som dominerer blant dei kyrkjelege kvinnenamna, medan bibelnamna er i fleirtal blant dei kyrkjelege mannsnamna.

På landsbasis er det 13 kyrkjelege namn blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna. Det er større skilnadar mellom Lærdal i høve til resten av landet, når det gjeld kva kyrkjelege kvinnenamn som er representerte blant dei 20 mest frekvente, enn for dei 10 mest frekvente namna.

#### 4.1.2.3 Dei innlånte namna

Som for mannsnamna, er det den tyske namnegruppa som utgjer den største av dei innlånte namnegruppene blant kvinnene, med 11,7 % av dei leksikalske kvinnenamna. Totalt er det ni tyske kvinnenamn i Lærdal i folketeljinga av 1801.

*Gjertrud* er det einaste tyske kvinnenamnet blant dei mest frekvente namna, på 8. plass med 56 berarar og ein relativ frekvens på 3,7 %. På landsbasis ligg *Gjertrud* plassert lenger nede på ein 20. plass over dei mest frekvente kvinnenamna i landet.

Dei andre kvinnelege tyske namna i Lærdal er ein god del mindre frekvente. *Gjæse* ligg på 50. plass med fem berarar, og er med det det nest mest frekvente tyske namnet. *Alette*, *Engel*, *Fredrikke*, *Gaukje*, *Helvig*, *Jessine* og *Magnhild* er i numerisk rekkjefylgje dei sju siste, av dei totalt ni, tyske kvinnenamna i Lærdal i 1801.

*Fredrikke* og *Jessine* er to døme på moveringsnamn, som vart vanleg i Noreg utover 1800-talet. Denne namnemoten kom til Noreg frå Frankrike via Danmark, og er å rekne som ein moderne namnemote, som fyrst tok til i den øvre sosiale samfunnsklassen (Kruken 1982: 63). I Lærdal finn me i 1801 allereie desse to nemnte moveringsnamna. *Jessine* er 35 år gamal og kone av ein borgar, noko som styrkjer moderniseringsteorien, medan dei som ber namnet *Fredrikke* er gift eller dotter av husmenn, noko som svekkjer teorien. På landsbasis ser me at denne moderne namnemoten er på veg til å feste seg i namnebruken ved at *Olava* og *Olina* ligg på høvesvis 22. og 30. plass, samt *Pernille* på 24. plass.

Gruppa med andre innlånte namn utgjer 2,6 % av dei leksikalske kvinnenamna i Lærdal i 1801. Totalt er det berre to namn frå denne namnegruppa, og det mest frekvente av dei er det spesielle namnet *Sofienil*, som ligg på 47. plass med fem berarar og ein relativ frekvens på 0,3 %. Namnet byggjer på det greske namnet *Sofie*, som ligg på 51. plass med fire kvinnelege namneberarar.

*Sofienil* er berre representert i Nordre Bergenhus amt (i dag Sogn og Fjordane) i folketeljinga av 1801, og må dermed vere eit døme på eit karakteristisk namn for området. Dei fem berarane av *Sofienil* i Lærdal, har alle *Sofienil* som andrenamn i eit dobbeltnamn. Ut i frå at det er ei nylaging av eit eksisterande namn, som er nytta i eit dobbeltnamn, skulle ein tru at namna er nytta av kvinner frå familiar i den øvre sosiale samfunnsklassen. Dette er òg i stor grad tilfelle, særskilt blant dei yngste berarane. Derimot er dei to eldste registrerte berarane frå den lågare sosiale samfunnsklassen, anten husmannskone eller fattig enkje. Det ville vore oppsiktsvekkjande at eit slikt namnefenomen og namnetrend skulle oppstå blant den lågare sosiale klassen, og verte vidareført av den høgare sosiale samfunnsklassen.

Gudrun Nedrelid Horgen (1985: 118) har skrivne ei hovudfagsoppgåve om personnamn i Indre Sogn ut i frå folketeljinga av 1801, og kallar *Sofienil* eit namn med forlenga form, på linje med *Margrethamar*. Ho reknar difor ikkje desse som eigne namn, då dei i slektsbøkene er oppførde med vanlege former av namnet, men ser på langformene som former av dei meir vanlege namna. Eg vel derimot å sjå på *Sofienil* som eige namn, nettopp av di namnet opptrer fleire stader i fylket (amtet) i 1801.

#### 4.2 Gruppering av namnematerialet innbyrdes i Lærdal

Det kan vere interessant å sjå korleis den same fordelinga i namnegruppene fordeler seg innbyrdes i prestegjeldet, om det er skilnadar i dei ulike kyrkjesokna. I 1801 er Lærdal delt inn i fire kyrkjesokn. Ytst i vest ligg Hauge sokn, med mellom anna Lærdalsøyri. Som fylgje av dette har eg ein teori om at dette kyrkjesoknet vil ha færrest nordiske namn, og flest innlånte namn. Det er den same grunnen som ligg forankra her, som hypotesen om at Lærdal vil ha færre nordiske namn og meir kyrkjelege og innlånte namn enn Vang. Både hyppigare kontakt med omverda, som fylgjer av handels- og skipstrafikk, og Lærdalsøyri som gryande tettstad, med påfylgjande urbanitet òg i namneforrådet, er nokre av argumenta.

Vidare innover Lærdals dalen finn me Tønjum sokn, og inst i prestegjeldet ligg Borgund sokn. Borgund ligg ved foten av Filefjell på vestsida, og er det kyrkjesoknet som grensar til Vang. Både desse tilhøva gjer at eg trur Borgund vil vere det kyrkjesoknet i Lærdal som har flest nordiske namn og færrest del av kyrkjelege og innlånte namn.

For seg sjølv, inst i Sogn og avgrensa frå resten av Lærdal prestegjeld, finn me Årdal sokn. Grunna den geografiske plasseringa Årdal har, trur eg at dette kyrkjesoknet vil ha mykje nordiske namn og størst del av dei kyrkjelege namna. Grunngevinga for dette er at Årdal ikkje har den same hyppige kontakten med omverda som resten av Lærdal, og dermed ikkje vert påverka i like stor grad av dei rørsle og utviklingane som finn stad i både

namneforrådet og samfunnet elles. Dette gjer sitt til at ein i Årdal truleg på denne tida er enda meir opptatt av tradisjon(en), som oppkallingsskikken, enn folk i Lærdal for øvrig.

#### 4.2.1 Mannsnamna

Totalt er det i Lærdal eit snitt på 12,9 berarar per mannsnamn. Når me reknar snittet per namn i kvart kyrkjesokn, vert snittet naturleg nok ein del mindre, sidan det er snakk om mykje færre individ fordelt på nesten dei same leksikalske namna. Borgund har det høgaste snittet med 6,4 menn per mannsnamn. Tønjum har eit snitt på 5,8 berarar per namn, medan Hauge og Årdal fylgjer etter med eit snitt på høvesvis 5,4 og 5,3. Det er ikkje overraskande at Borgund er det soknet med høgast snitt. Med andre ord har Borgund færrest namn, noko som kan tyde på at oppkallingsskikken framleis står veldig sterkt her. Oppkallingsskikken fører til ein konsentrasjon av eit mindre namnematerialet, der dei mest frekvente namna vert veldig frekvente. Tabellen nedanføre syner prosentvis fordeling av kvar namnegruppe for kvart enkelt kyrkjesokn i Lærdal.

Namnegrupper	Hauge sokn	Tønjum sokn	Borgund sokn	Årdal sokn
<b>Nordiske namn</b>	42,9 %	53,8 %	57,1 %	48,6 %
<b>Kyrkjelege namn</b>	48,2 %	40,0 %	34,7 %	41,9 %
<b>Tyske namn</b>	5,4 %	4,6 %	6,1 %	6,8 %
<b>Andre innlånte namn</b>	3,6 %	1,5 %	2,0 %	2,7 %

Tabell 5: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Lærdal prestegjeld i 1801, menn

##### 4.2.1.1 Dei nordiske namna

Dei nordiske namna står sterkt i omtrent heile Lærdal. Det er berre i Hauge sokn at gruppa med nordiske namn ikkje utgjer den største namnegruppa. Som venta er det her denne namnegruppa har minst fordeling, med 42,9 % av dei leksikalske mannsnamna. Den kyrkjelege namnegruppa er litt større her.

Like venta er det i Borgund den nordiske namnegruppa er størst, med 57,1 % av dei leksikalske mannsnamna, nesten 15 prosentpoeng meir enn i Hauge. Tønjum fylgjer etter med 53,8 %, medan dei nordiske namna utgjer 48,6 % av dei leksikalske mannsnamna i Årdal.

Plassering	Hauge sokn	Tønjum sokn	Borgund sokn	Årdal sokn
1.	<i>Ole</i>	<i>Ole</i>	<i>Ole</i>	<i>Ole</i>
2.	<i>Anders</i>	<i>Anders</i>	<i>Anders</i>	<i>Tomas</i>
3.	<i>Jens</i>	<i>Nils</i>	<i>Bård</i>	<i>Anders</i>
4.	<i>Per</i>	<i>Jens</i>	<i>Halvard</i>	<i>Johannes</i>
5.	<i>Lars</i>	<i>Johannes</i>	<i>Nils</i>	<i>Nils</i>

6.	<i>Nils</i>	<i>Lasse</i>	<i>Knut</i>	<i>Erik</i>
7.	<i>Knut</i>	<i>Knut</i>	<i>Mons</i>	<i>Lars</i>
8.	<i>Ingebrigt</i>	<i>Lars</i>	<i>Hans</i>	<i>Peder</i>
9.	<i>Johannes</i>	<i>Peder</i>	<i>Johannes</i>	<i>Sjur</i>
10.	<i>Hans</i>	<i>Mons</i>	<i>Iver</i>	<i>Hans</i>
11.	<i>Tomas</i>	<i>Hagen</i>	<i>Agrim</i>	<i>Knut</i>
12.	<i>Lasse</i>	<i>Hans</i>	<i>Erik</i>	<i>Annfinn</i>
13.	<i>Jon</i>	<i>Henrik</i>	<i>Lars</i>	<i>Jens</i>
14.	<i>Halvard</i>	<i>Petter</i>	<i>Jens</i>	<i>Jon</i>
15.	<i>Annfinn</i>	<i>Sjur</i>	<i>Guttorm</i>	<i>Jørgen</i>
16.	<i>Erik</i>	<i>Halvard</i>	<i>Annfinn</i>	<i>Hermund</i>
17.	<i>Jakob</i>	<i>Tomas</i>	<i>Einar</i>	<i>Lasse</i>
18.	<i>Kristoffer</i>	<i>Agrim</i>	<i>Jakob</i>	<i>Bottolv</i>
19.	<i>Helge</i>	<i>Bård</i>	<i>Hagen</i>	<i>Gulbrand</i>
20.	<i>Sjur</i>	<i>Ingebrigt</i>	<i>Svend</i>	<i>Helge</i>

Tabell 6: Dei 20 mest frekvente mannsnamna innad i Lærdal prestegjeld i 1801

I alle kyrkjesokna er *Ole* det klart mest frekvente mannsnamnet. Aller mest frekvent er det ikkje overraskande i Årdal, der den relative prosentfordelinga av namnet er 18,0 %, medan den venteleg er lågast i Hauge med 11,8 %.

I Hauge og Tønjum ligg det berre to nordiske namn blant dei 10 mest frekvente mannsnamna. Det andre og siste namnet er *Knut*, som ligg på 7. plass i båd sokna.

Årdal har tre nordiske namn blant dei 10 mest frekvente mannsnamna, og dei to siste av desse er *Erik* og *Sjur*, på høvesvis 6. og 9. plass.

Flest nordiske namn blant dei 10 mest frekvente mannsnamna, finn me representert i Borgund med fem stykk. Me ser at den totale prosentvise fordelinga av den nordiske namnegruppa, allereie syner seg igjen blant dei aller mest frekvente mannsnamna. Dei siste fire namna av dei fem er i numerisk rekkjefylgje *Bård*, *Halvard*, *Knut* og *Iver*.

Utvidar me til dei 20 mest frekvente mannsnamna, finn me den same fordelinga av dei nordiske namna. Hauge og Tønjum har færrest med sju nordiske namn kvar representert blant desse. Det er derimot større skilnadar på kva namn som ligg blant dei mest frekvente mannsnamna no. I Hauge er det i numerisk rekkjefylgje *Halvard*, *Annfinn*, *Erik*, *Helge* og *Sjur*, som utgjer dei siste fem av totalt sju nordiske namn av desse. *Halvard* og *Sjur* finn me i Tønjum òg, der *Hagen*<sup>11</sup>, *Agrim* og *Bård* er dei siste tre blant dei totalt sju nordiske namna.

Årdal fylgjer etter med ni nordiske namn totalt blant dei 20 mest frekvente mannsnamna. I numerisk rekkjefylgje er det *Knut*, som ligg lenger nede på lista i Årdal i høve til dei andre kyrkjesokna i Lærdal, *Annfinn*, *Hermund*, *Bottolv*, *Gulbrand* og *Helge*.

<sup>11</sup> Dansk skriveform av *Håkon* (NPL: 133)

Venteleg er det flest nordiske namn blant dei mest frekvente mannsnamna i Borgund, med 12 stykk blant desse. *Erik*, *Annfinn* og *Hagen* er representert i eitt eller fleire av dei andre sokna, medan *Agrim*, *Guttorm*, *Einar* og *Svein* er unike for Borgund blant dei 20 mest frekvente mannsnamna.

#### 4.2.1.2 Dei kyrkjelege namna

Den kyrkjelege namnegruppa fordeler seg motsett frå den nordiske. Som venta er den størst i Hauge, der den utgjer 48,2 % av dei leksikalske mannsnamna, medan den er like venteleg minst i Borgund med 34,7 %. I Tønjum og Årdal utgjer den høvesvis 40,0 % og 41,9 % av dei leksikalske mannsnamna.

*Anders* er det mest frekvente namnet i alle sokna, bortsett frå i Årdal, der det ligg på 3. plass. Her er det karakteristiske namnet *Tomas* på 2. plass. Vidare ligg helgennamnet *Nils*, og det bibelske namnet *Johannes*, blant dei 10 mest frekvente mannsnamna i alle sokna.

Borgund har fire kyrkjelege namn blant dei aller mest frekvente namna, og det fjerde og siste namnet blant desse er det bibelske namnet *Hans*.

*Hans* finn me òg i Tønjum og Hauge, som saman med Årdal, har sju kyrkjelege namn blant dei 10 mest frekvente mannsnamna. Desse to sokna har omtrent dei same sju kyrkjelege namna blant dei 10 mest frekvente mannsnamna. Bibelnamna *Per* (*Peder* i Tønjum) og *Jens*, samt helgennamnet *Lars*, er å finne på topp 10 i båe sokn. Det siste av dei sju kyrkjelege namna i Hauge er *Hans*, medan helgennamnet *Lasse* er det siste i Tønjum. Utanom at *Jens* er skifta ut med *Tomas*, har Årdal dei same sju kyrkjelege namna som me finn blant dei 10 mest frekvente mannsnamna i Hauge.

Den relative likskapen me fann mellom dei fire kyrkjesokna blant dei aller mest frekvente kyrkjelege namna, minkar når me ser på dei 20 mest frekvente namna. Borgund har totalt sju kyrkjelege namn, og dei som ikkje allereie er nemnt er i numerisk rekkjefylgje *Lars*, *Jens* og *Jakob*.

I Tønjum er halvparten av dei mest frekvente mannsnamna kyrkjelege namn, og dei tre siste av desse, som ikkje allereie er nemnt, er *Hans*, *Petter* og *Tomas*.

Blant dei 20 mest frekvente mannsnamna i Årdal, finn me fire andre kyrkjelege namn, slik at det totalt er 11 av dei blant desse. Bibelnamna *Jens* og *Jon*, samt helgennamna *Jørgen* og *Lasse*, utgjer dei fire siste namna.

*Jon* og *Lasse* finn me òg i Hauge, som totalt har 12 kyrkjelege namn blant dei 20 mest frekvente mannsnamna. De tre siste kyrkjelege namna av desse 12 er apostelnamna *Tomas* og *Jakob*, samt helgennamnet *Kristoffer*.

#### 4.2.1.3 Dei innlånte namna

Dei innlånte namnegruppene er jamne i Lærdal, særskilt den tyske gruppa. Den er litt overraskande størst i Årdal, der den utgjer 6,8 % av dei leksikalske mannsnamna, medan den utgjer 6,1 % i Borgund. I Hauge utgjer dei tyske namna 5,4 % av dei leksikalske mannsnamna, og i Tønjum finn me den lågaste fordelinga med 4,6 %.

Det tyske namnet *Ingebrigt* er ein del av namneforrådet i alle kyrkjesokna. Best plassert ligg det i Hauge på ein 8. plass, som i tillegg har dei tyske namna *Sivert* og *Vollert*, noko som bidreg til at det totalt er tre tyske namn her.

*Henrik* er ein del av namneforrådet i alle dei tre resterande kyrkjesokna. Best plassert ligg det i Tønjum på ein 13. plass, der *Gerhard* utgjer det siste av totalt tre tyske namn i soknet, medan *Fredrik* utgjer det siste av tre tyske namn i Borgund.

Årdal har fem tyske namn, flest av sokna i Lærdal. *Hermann*, *Ludvig* og *Vilken* utgjer i numerisk rekkjefylgje dei tre siste av totalt fem tyske namn.

Hauge er det soknet som har størst fordeling av gruppa med andre innlånte namn. 3,6 % av dei leksikalske mannsnamna er frå denne namnegruppa her, medan Tønjum har den minste fordelinga med 1,5 %. I Årdal og Borgund utgjer denne namnegruppa høvesvis 2,7 % og 2,0 % av dei leksikalske mannsnamna.

Det karakteristiske vestlandsnamnet *Mons* er representert i alle sokn. Best plassert ligg det i Borgund og Tønjum, på høvesvis 7. og 10. plass, som det einaste namnet frå denne namnegruppa i båe sokna. *Mons* ligg ikkje blant dei 20 mest frekvente mannsnamna i kirkje Hauge eller Årdal. Hauge har i tillegg det frisiske namnet *Boye*, medan me finn det latinske namnet *Marius* i Årdal.

#### 4.2.2 Kvinnenamna

Snittet på berarar per kvinnenamn i kvart kyrkjesokn vert, av same grunn som for mannsnamna, naturlegvis mindre enn snittet for kvinner per kvinnenamna i heile prestegjeldet. Borgund har det høgaste snittet med 9,0 kvinner per kvinnenamn, medan Årdal fylgjer etter med eit snitt på 8,1 kvinner per namn. Det er som venta at desse to sokna har det høgaste snittet på berarar per kvinnenamn.

Like venta er det at Hauge har det lågaste snittet med eit snitt på 6,2 kvinner per namn. Tønjum har eit omtrent likt snitt med 6,3 kvinner per kvinnenamn. Tabellen nedanføre syner den prosentvise fordelinga av dei ulike namnegruppene i kvart kyrkjesokn.

Namnegrupper	Hauge sokn	Tønju m sokn	Borgund sokn	Årdal sokn
<b>Nordiske namn</b>	38,5 %	35,0 %	51,2 %	37,0 %
<b>Kyrkjelege namn</b>	53,8 %	51,7 %	41,5 %	53,7 %
<b>Tyske namn</b>	5,8 %	10,0 %	4,9 %	5,6 %
<b>Andre innlånte namn</b>	1,9 %	3,3 %	2,4 %	3,7 %

Tabell 7: Oversyn over namnegruppene innad i Lærdal prestegjeld i 1801, kvinner

#### 4.2.2.1 Dei nordiske namna

Venteleg finn me den høgaste prosentfordelinga av den nordiske namnegruppa i Borgund. Med 51,2 % av dei leksikalske kvinnenamna, har denne namnegruppa klart høgast fordeling i Borgund i høve til dei andre kyrkjesokna, som har ei jamnare fordeling. Tønjum har den lågaste fordelinga av den nordiske namnegruppa med 35,0 %, men det er berre 3,5 prosentpoeng mindre enn Hauge, der dei nordiske namna utgjer 38,5 % av dei leksikalske kvinnenamna. I Årdal utgjer denne namnegruppa 37,0 %. At den nordiske namnegruppa skal utgjere over halvparten av dei leksikalske kvinnenamna, og vere kring 12 prosentpoeng større i eitt sokn innaføre same prestegjeldet er litt oppsiktsvekkande, men Kruken (1982: 62) skriv at det kan vere store geografiske skilnadar når det gjeld fordelinga av dei nordiske kvinnenamna i 1801.

Plassering	Hauge sokn	Tønjum sokn	Borgund sokn	Årdal sokn
1.	Anna	Anna	Kari	Anna
2.	Brita	Brita	Mari	Brita
3.	Marita	Ingeborg	Anna	Ingeborg
4.	Kari	Kari	Ingeborg	Kari
5.	Ragnhild	Kisti	Marita	Sønneva
6.	Ingeborg	Marita	Brita	Mari
7.	Kisti	Mari	Kisti	Gjertrud
8.	Gjertrud	Ragnhild	Guro	Marita
9.	Mari	Ingeleiv	Sønneva	Malene
10.	Guri	Gjertrud	Unni	Sigrid
11.	Guro	Guro	Gjertrud	Eli
12.	Ingeleiv	Guri	Ingeleiv	Guro
13.	Durdei	Durdei	Barbara	Margrete
14.	Jørann	Sønneva	Sigrid	Ragnhild
15.	Barbara	Ingrid	Guri	Jørann
16.	Margrete	Sigrid	Ingrid	Kisti
17.	Mette	Marte	Velgjerd	Mette
18.	Sønneva	Randi	Mette	Kistine
19.	Inge	Tyri	Rannveig	Else
20.	Marie	Barbara	Gunnvor	Lisbet

Tabell 8: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna innad i Lærdal prestegjeld, 1801



*Ingeborg* ligg plassert blant dei seks mest frekvente kvinnenamna i alle kyrkjesokna. I Årdal er det berre *Ingeborg* og *Sigrid*, som er dei to nordiske innslaga blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna, medan dei tre andre sokna har tre nordiske namn kvar blant desse.

Sjølv om Borgund har den klart høgaste prosentfordelinga av den nordiske namnegruppa, er det ikkje fleire nordiske namn blant dei 10 mest frekvente namna her enn i dei andre kyrkjesokna. *Guro* og *Unni* er dei to siste av dei tre nordiske kvinnenamna.

I både Hauge og Tønjum ligg *Ragnhild* plassert blant dei 10 mest frekvente namna, medan *Guri* er det siste av dei tre nordiske namna i Hauge, og *Ingeleiv* i Tønjum.

Det er liten likskap mellom sokna når det gjeld kva nordiske namn som ligg blant dei aller mest frekvente kvinnenamna, og likskapen vert ikkje større når me utvidar til å sjå på dei 20 mest frekvente kvinnenamna.

Årdal har totalt fem nordiske kvinnenamn blant desse, og dei tre siste namna er i numerisk rekkjefylgje *Guro*, *Ragnhild* og *Jørann*. *Jørann* ligg plassert blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Hauge òg, som har totalt sju nordiske namn blant desse. *Guro*, *Ingeleiv* og *Inge* er i numerisk rekkjefylgje dei tre siste av dei totalt sju nordiske namna.

Tønjum og Borgund er dei to sokna som har størst likskap blant dei nordiske kvinnenamna, når me utvidar til dei 20 mest frekvente namna. *Guri*, *Ingrid* og *Sigrid* er å finne blant desse i båe sokna. Tønjum har totalt ni kyrkjelege namn blant dei mest frekvente kvinnenamna, og *Guro*, *Randi* og *Tyri* er dei tre siste nordiske namna av desse ni.

I Borgund er halvparten av dei 20 mest frekvente kvinnenamna av nordisk opphav. Dei fire namna som enda ikkje er nemnt, er i numerisk rekkjefylgje *Ingeleiv*, *Velgjerd*, *Rannveig* og *Gunnvor*. Den totale prosentfordelinga av den nordiske namnegruppa byrjar å kome til syne blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna.

#### 4.2.2.2 *Dei kyrkjelege namna*

Den kyrkjelege namnegruppa er omtrentleg like stor i dei tre sokna Hauge, Tønjum og Årdal, slik den nordiske namnegruppa er. Størst er den i Hauge, der dei kyrkjelege namna utgjer 53,8 % av dei leksikalske kvinnenamna. Det er eitt prosentpoeng meir enn i Årdal, og 2,1 prosentpoeng meir enn den kyrkjelege namnegruppa er i Tønjum. I Borgund er denne gruppa venteleg kring 12 prosentpoeng mindre, med 41,5 % av dei leksikalske kvinnenamna.

Det er òg større likskapar blant dei aller mest frekvente kyrkjelege kvinnenamna enn tilfellet var for dei nordiske namna. *Anna* er det mest frekvente namnet, med *Brita* på 2. plass, i alle sokna utanom i Borgund, der *Kari* og *Mari* ligg plassert på dei same plassane.

Fem kyrkjelege kvinnenamn ligg blant dei 10 mest frekvente namna i alle sokna. Det er dei fire nemnte, samt helgennamnet *Marita*. I Tønjum og Hauge ligg helgennamnet *Kisti* på høvesvis 5. og 7. plass, og bidreg med det til at det er seks kyrkjelege namn blant dei 10 mest frekvente namna i desse to sokna, som altså er heilt homogene på dette området.

I Årdal og Borgund er det representert sju kyrkjelege namn blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna. Litt overraskande er det at Borgund, som har den minste fordelinga av den kyrkjelege namnegruppa, har flest kyrkjelege namn blant dei mest frekvente kvinnenamna. Borgund har dei same seks kyrkjelege namna som var representert i Tønjum og Hauge, men *Sønneva* utgjer det siste av dei totalt sju namna frå denne namnegruppa her.

*Sønneva* er òg representert blant desse i Årdal, som venteleg ikkje er like homogen som dei tre andre kyrkjesokna. *Malene* har erstatta *Kisti* på topp 10-lista i Årdal i høve til dei tre andre kyrkjesokna.

Homogeniteten vert mindre for dei 20 mest frekvente kvinnenamna. I Borgund er det ytterlegare berre to andre kyrkjelege namn blant desse, og totalt sju kyrkjelege namn. Det er *Barbara* og *Mette* som er dei to siste av desse sju kyrkjelege namna her.

*Barbara* ligg òg representert blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Tønjum, der halvparten av desse er kyrkjelege namn. *Durdei*, *Sønneva* og *Marte* er i numerisk rekkjefylgje dei tre siste som ikkje allereie er nemnt.

I Hauge er det totalt 12 kyrkjelege namn blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna. I tillegg til *Durdei*, *Barbara*, *Mette* og *Sønneva*, finn me helgennamnet *Margrete* her, saman med det bibelske namnet *Marie*.

Årdal har lite overraskande flest kyrkjelege namn blant dei 20 mest frekvente namna, med 14 stykk. Det er dei bibelske namna *Eli*, *Else* og *Lisbet*, samt helgennamna *Margrete*, *Kisti*, *Mette* og *Kistine*, som utgjer dei sju siste av dei totalt 14 kyrkjelege kvinnenamna. Det er uansett ein god del større grad av homogenitet blant dei mest frekvente kyrkjelege namna, enn for dei mest frekvente nordiske kvinnenamna.

#### **4.2.2.3 Dei innlånte namnegruppene**

Litt overraskande er det Tønjum som har den høgaste prosentvise fordelinga av dei innlånte namnegruppene. Det er i hovudsak den tyske gruppa som bidreg til dette. I Tønjum utgjer den tyske namnegruppa 10,0 % av dei leksikalske kvinnenamna, medan den er 5,8 % i Hauge, 5,6 % i Årdal, og minst i Borgund, der den utgjer 4,9 % av dei leksikalske kvinnenamna.

*Gjertrud* er klart det mest frekvente av dei tyske kvinnenamna, og ligg blant dei 11 mest frekvente namna i alle kyrkjesokna.

Borgund har berre to tyske kvinnenamn i folketeljinga av 1801, og det siste namnet er *Engel*. Både Hauge og Årdal har totalt tre tyske kvinnenamn. I Årdal er det moveringsnamnet *Fredrikke*, samt *Helvig*, som utgjer dei to siste tyske namna, medan det er *Gjesa* og moveringsnamnet *Jessine*, som utgjer dei to siste av dei totalt tre tyske kvinnenamna i Hauge.

Tønjum har klart flest tyske namn med seks stykk. I tillegg til *Gjertrud*, *Gjesa* og *Engel*, er det i numerisk rekkjefylgje *Alette*, *Gaukje* og *Magnhild* som utgjer dei seks tyske namna.

Gruppa med andre innlånte namn fordeler seg jamnare, frå å utgjere 3,7 % av dei leksikalske kvinnenamna i Årdal, til å utgjere 1,9 % i Hauge. Dei greske namna *Sofie* og *Sofienil* er innslaga frå denne namnegruppa i dei ulike sokna. Båe namna er representert i Tønjum og Årdal, medan Hauge berre har innslag av *Sofie*, og Borgund av *Sofienil*.

### 4.3 Gruppering av namnematerialet i Vang

Vang prestegjeld er ikkje delt inn i fleire kyrkjesokn i folketeljinga av 1801, og dermed vert det ikkje eit delkapittel der eg ser på grupperinga av namneforrådet innbyrdes i Vang for 1801. Eg kjem heller ikkje til å samanlikne resultatet i Vang med namnelistene frå resten av landet, men derimot samanlikne Vang meir i høve til Lærdal. Eg ventar å finne fleire nordiske namn, og færre innlånte namn i Vang, som fylgjer av at prestegjeldet ligg lenger inn i landet, og er ei typisk fjellbygd på den austlege sida av Filefjell.

#### 4.3.1 Mannsnamna

I Vang er det 988 menn i folketeljinga av 1801 som nyttar seg av 77 leksikalske mannsnamn, noko som gjer eit snitt på 12,8 menn per mannsnamn. Det er det same som snittet er for mannsnamna i Lærdal i 1801. Tabellen nedanføre syner den prosentvise fordelinga av dei ulike namnegruppene i Vang.

Namnegrupper	Prosentvis fordeling	Tal namn
<b>Nordiske namn</b>	54,5 %	42 av 77
<b>Kyrkjelege namn</b>	31,2 %	24 av 77
<b>Tyske namn</b>	10,4 %	8 av 77
<b>Andre innlånte namn</b>	3,9 %	3 av 77

Tabell 9: Oversyn over namnegruppene i Vang prestegjeld i 1801, menn

##### 4.3.1.1 Dei nordiske namna

Den nordiske namnegruppa utgjer over halvparten av dei leksikalske mannsnamna i Vang i 1801. Med sine 54,5 %, er namnegruppa venteleg 7,8 prosentpoeng større her enn i Lærdal.

### Vang prestegjeld 1801

1.	<i>Ole</i>
2.	<i>Knut</i>
3.	<i>Anders</i>
4.	<i>Torstein</i>
5.	<i>Nils</i>
6.	<i>Trond</i>
7.	<i>Iver</i>
8.	<i>Kristoffer</i>
9.	<i>Tomas</i>
10.	<i>Jon</i>
11.	<i>Endre</i>
12.	<i>Østen</i>
13.	<i>Gulbrand</i>
14.	<i>Helge</i>
15.	<i>Peder</i>
16.	<i>Erik</i>
17.	<i>Syver</i>
18.	<i>Even</i>
19.	<i>Halvor</i>
20.	<i>Gullik</i>

Tabell 10: Dei 20 mest frekvente mannsnamna i Vang prestegjeld i 1801

*Ole* er naturleg nok det mest frekvente mannsnamnet i Vang i 1801. Men med 121 berarar, som utgjer 12,2 % av den mannlege namnemassen i prestegjeldet, er ikkje *Ole* så frekvent i Vang som i Lærdal, der den relative frekvensen er på 16,0 %. *Knut* er nesten like frekvent på 2. plass med 102 berarar, noko som gjer oss ein relativ frekvens på 10,3 %.

Medrekna desse to er det fem nordiske namn blant dei 10 mest frekvente mannsnamna i Vang. *Torstein*, på 4. plass, og *Trond* og *Iver*, på høvesvis 6. og 7. plass, er dei tre resterande nordiske namna blant desse. I Lærdal var det til samanlikning berre to nordiske namn blant dei 10 mest frekvente mannsnamna, slik at ulikskapen i prosentfordelinga til den nordiske namnegruppa mellom prestegjelda kjem til syne allereie ved dei aller mest frekvente namna.

Denne skilnaden held seg stabil når me ser på dei 20 mest frekvente namna. I Vang finn me ytterlegare åtte nordiske namn, slik at det er totalt 13 nordiske namn blant desse her, medan det i Lærdal var åtte nordiske namn blant dei mest frekvente mannsnamna.

Berre fire av desse namna er å finne på topp 20 i bådø prestegjelda. Det er *Ole* og *Knut*, som er dei to mest frekvente nordiske namna i bådø prestegjelda, samt *Erik* og *Iver*, som har ulik plassering på frekvenslistene i prestegjelda.

Dei åtte siste av dei 12 nordiske mannsnamna i Vang er i numerisk rekkjefylgje *Endre*, *Østen*, *Gulbrand*, *Helge*, *Erik*, *Even*, *Halvor* og *Gullik*.

#### 4.3.1.2 Dei kyrkjelege namna

Den kyrkjelege namnegruppa utgjer 31,2 % av dei leksikalske mannsnamna i Vang. Det er 9,9 prosentpoeng mindre enn i Lærdal, slik at skilnaden for denne namnegruppa i favør av Lærdal, er nesten som den nordiske namnegruppa er i favør av Vang.

Den resterande halvdelen av dei 10 mest frekvente mannsnamna er namn frå denne namnegruppa. Mest frekvent av desse er *Anders* på 3. plass, som er nesten like frekvent som *Knut*, med 94 berarar og ein relativ frekvens på 9,5 %. Dei andre fire kyrkjelege namna er i numerisk rekkjefylgje *Nils*, *Kristoffer*, *Tomas* og *Jon*. Berre eitt av dei fem kyrkjelege namna er helgennamn, dei resterande er bibelske namn.

Me ser at *Tomas* ligg omtrent likt plassert i både Vang og Lærdal, og kan styrkje teorien om at namnet står sterkare her enn på landsbasis grunna St. Tomaskyrkja. Utanom dette er *Anders*, som er nest mest frekvent i Lærdal, og *Nils*, å finne topp 10 på stader. Dette fortel oss at dei aller mest frekvente kyrkjelege namna utgjer ei meir homogen gruppe enn dei nordiske namna, ikkje berre i høve til Lærdal, men òg i høve til resten av landet.

Homogeniteten minkar gradvis jo lenger ned på frekvenslista me kjem. Blant dei 20 mest frekvente namna i Vang, finn me i tillegg berre det bibelske namnet *Peder*, på 15. plass, slik at det totalt er seks kyrkjelege namn blant dei mest frekvente mannsnamna. *Peder* finn me òg i Lærdal, men då på ein 9. plass. Til samanlikning er halvparten av dei 20 mest frekvente mannsnamna kyrkjelege namn i Lærdal, fire fleire enn i Vang.

#### 4.3.1.3 Dei innlånte namna

Dei innlånte namnegruppene er litt overraskande størst i Vang. Gruppa med tyske namn utgjer 10,4 % av dei leksikalske innlånte mannsnamna her, noko som er to prosentpoeng meir enn i Lærdal. I Lærdal er det rett nok fleire leksikalske namn, ni stykk mot åtte i Vang.

Dei mest frekvente tyske namna i Vang er *Syver*, på 17. plass, og *Engebret* på 26. plass, med høvesvis 15 og 10 namneberarar. Dei andre tyske namna i Vang er ein del mindre frekvente med seks eller færre berarar. Det er i numerisk rekkjefylgje *Vilhelm*, *Henrik*, *Roland*, *Ingebrigt*, *Bernt* og *Otto*. Det er berre dei tyske namna *Syver*, *Ingebrigt* og *Henrik* Vang har til felles med Lærdal i 1801.

Det er interessant at berarane av namna *Vilhelm*, *Bernt* og *Otto*, som vert sett på som moderniseringsnamn mot slutten av 1900-talet, er nytta på menn frå den øvre sosiale samfunnsklassen. *Vilhelm* er utelukkande nytta av bonde- og gardeigararslekt, medan *Bernt* og *Otto* er to av sønene til soknepresten i Vang. Dermed kan det styrkje teorien om at moderniseringsprosessen, og dei innlånte moderne namna, fyrst vart nytta av folk frå den øvre

sosiale samfunnsklassen. Sjølv om folketeljinga av 1801 nok kanskje kjem litt tidleg for ein sånn spekulasjon, er det eit interessant poeng.

Gruppa med andre innlånte namn utgjer 3,9 % av dei leksikalske mannsnamna i Vang i 1801. Det er berre 0,2 prosentpoeng meir enn i Lærdal, slik at det er litt fleire innlånte leksikalske mannsnamn totalt i prestegjeldet lengst vest.

Totalt er det tre innlånte namn frå denne namnegruppa i Vang. Det frisiske namnet *Boye*, som òg er representert i Lærdal, er det mest frekvente av desse med seks namneberarar. Dei latinske namna *Valentin* og *Mons* er mindre frekvente med høvesvis to og éin berar kvar. Det er interessant at det karakteristiske vestlandsnamnet *Mons*, som står sterkt i Lærdal og generelt på Vestlandet, har kome seg over Filefjellet til Vang.

#### 4.3.2 Kvinnenamna

I Vang er det i folketeljinga av 1801 1078 kvinner fordelt på 57 leksikalske kvinnenamn, noko som gjer oss eit snitt på 18,9 kvinner per namn. Det er 0,2 mindre enn i Lærdal, men over seks meir enn snittet var for mannsnamna. Det er to grunnar til at snittet for kvinnene er så mykje høgare enn for mennene: 1: Dei nyttar seg av eit mindre namneforråd totalt sett, og 2: Dei samlar seg i større grad kring utvalte namn, noko som vert spegla attende i den kumulative frekvensen. Berre fem av dei mest frekvente kvinnenamna vert nytta av halvparten av kvinnene i Vang, medan det same talet for mennene er sju namn. I Lærdal vert til samanlikning åtte og ni av dei mest frekvente namna der nytta av høvesvis kvinnene og mennene. Tabellen nedanføre syner den prosentvise fordelinga av namnegruppene i Vang.

Namnegrupper	Prosentvis fordeling	Tal namn
<b>Nordiske namn</b>	47,4 %	27 av 57
<b>Kyrkjelege namn</b>	49,1 %	28 av 57
<b>Tyske namn</b>	3,5 %	2 av 57
<b>Andre innlånte namn</b>	-----	0 av 57

Tabell 11: Oversyn over namnegruppene i Vang prestegjeld i 1801, kvinner

##### 4.3.2.1 Dei nordiske namna

Den nordiske namnegruppa utgjer nesten halvparten av dei leksikalske kvinnenamna i Vang i 1801. Ei prosentvis fordeling på 47,4 % er nesten 10 prosentpoeng meir enn i Lærdal. Dette stadfestar hypotesen min om at dei nordiske namna står sterkast i Vang. Den nordiske namnegruppa står ein del sterkare i både Lærdal og Vang, enn på landsbasis. Kruken (1982: 62) skriv at dei nordiske kvinnenamna utgjorde litt over fjerdeparten av dei leksikalske kvinnenamna i landet i 1801. I Vang står dei då nesten dobbelt så sterkt som landet for øvrig.

Vang prestegjeld 1801	
1.	<i>Anne</i>
2.	<i>Marit</i>
3.	<i>Ingeborg</i>
4.	<i>Berit</i>
5.	<i>Guri</i>
6.	<i>Sigrid</i>
7.	<i>Gjertrud</i>
8.	<i>Kari</i>
9.	<i>Randi</i>
10.	<i>Ragnhild</i>
11.	<i>Ingrid</i>
12.	<i>Kirsti</i>
13.	<i>Ambjørg</i>
14.	<i>Dorte</i>
15.	<i>Margrete</i>
16.	<i>Dordi</i>
17.	<i>Gunnhild</i>
18.	<i>Åste</i>
19.	<i>Gro</i>
20.	<i>Tora</i>

Tabell 12: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Vang prestegjeld i 1801

Halvparten av dei 10 mest frekvente kvinnenamna i Vang i 1801 er av nordisk opphav. Det er tre fleire enn i Lærdal, som berre har *Ingeborg* og *Ragnhild* på topp 10-lista. Den ulikskapen gruppa med nordiske kvinnenamn synte i den totale prosentvise fordelinga mellom prestegjelda, speglar seg altså attende allereie ved dei aller mest frekvente kvinnenamna.

*Ingeborg* og *Ragnhild* er òg blant dei fem mest frekvente nordiske namna i Vang. *Ingeborg* er det mest frekvente på ein 3. plass, medan *Ragnhild* ligg på 10. plass, same plassering som i Lærdal. Dei tre siste av dei fem nordiske kvinnenamna er i numerisk rekkjefylgje *Guri*, *Sigrid* og *Randi*.

Blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Vang er det ytterlegare seks nordiske namn, slik at det totalt er 11 nordiske namn blant desse. Skilnaden på tre namn held seg stabilt i høve til Lærdal, som har åtte nordiske kvinnenamn blant dei 20 mest frekvente namna. I numerisk rekkjefylgje er det *Ingrid*, *Ambjørg*, *Gunnhild*, *Åste*, *Gro* og *Tora* som utgjer dei siste seks av dei 11 nordiske kvinnenamna.

Som for mannsnamna, er ikkje så mange av dei populære nordiske kvinnenamna felles i bådø prestegjelda. Kring fem av dei 11 namna i Vang er representert blant dei mest frekvente i Lærdal. Det er dei nemnte *Ingeborg* og *Ragnhild*, samt *Guri*, *Sigrid* og *Ingrid*.

#### 4.3.2.2 Dei kyrkjelege namna

Den kyrkjelege namnegruppa er omtrent like stor i både Lærdal og Vang. Faktisk er den størst i Vang, der den utgjer 49,1 % av dei leksikalske kvinnenamna i prestegjeldet, noko som er eitt prosentpoeng meir enn i Lærdal. Det er litt overraskande, sidan gruppa med nordiske namna var så mykje større i Vang enn i Lærdal. Dermed må det tyde på at det ikkje er så mange innlånte namn i Vang i 1801, og at dei innlånte namnegruppene ikkje er så store her. Det er derimot i tråd med hypotesen om at dei innlånte namna skal stå sterkast i Lærdal.

*Anne* er det aller mest frekvente kvinnenamnet i Vang, som i Lærdal, med 142 berarar, og utgjer 13,2 % av den kvinnelege namnemassen i prestegjeldet. Den modifiserte nordiske forma *Marit*, av *Margareta*, fylgjer hakk i hel med 140 namneberarar og ein relativ frekvens på 13,0 %. Det er mykje jamnare mellom dei to mest frekvente kvinnenamna i Vang enn for dei mest frekvente kvinnenamna i Lærdal, der skilnaden på desse var kring fire prosentpoeng. Dette forsterkar biletet av at halvparten av dei kvinnelege namneberarane i Vang nyttar seg av færre namn enn halvparten av dei kvinnelege namneberarane i Lærdal.

*Berit* og *Kari* er dei to siste av totalt fire kyrkjelege namnet blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna i Vang. I Lærdal er det sju kyrkjelege namn blant desse.

Både *Marit* og *Berit* som namneform, er fråverande i Lærdal i 1801. Her er det formene *Marita* og *Brita* som er omtrentleg like frekvente i Lærdal, og som er fråverande i Vang. I NPL (s. 45, 55 og 146) står det at *Marit* og *Berit* har eit klårt tyngdepunkt austafjells, medan *Brita* og *Marita* har eit klårt tyngdepunkt i Sogn og Fjordane og på Vestlandet. Sidan me ikkje finn *Marit* og *Berit* i Lærdal, og *Marita* og *Brita* i Vang, må desse formene vere døme på komplementære namneformer. Skulle desse formene spreie seg mellom Lærdal og Vang i laupet av 1800-talet, ville det i så fall vere eit godt døme på kontaktnamn som spreiar seg over Filefjell. Men sidan desse formene enda ikkje har spreia seg over fjellet, tyder det på at dei opphavlege formene står veldig sterkt i det heimlege prestegjeldet, noko plasseringa på frekvenslista syner, og kan i så fall vere til hinder for ei slik namnespreiing.

Blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna er det åtte kyrkjelege namn i Vang, tre færre enn i Lærdal, slik tilhøvet var for dei nordiske namna i motsett prestegjeld. *Kirsti*, *Dorte*, *Margrete* og *Dordi* utgjer i numerisk rekkjefylgje dei fire siste av dei åtte kyrkjelege kvinnenamna. Fem av desse åtte kyrkjelege namna er representert blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna i både Lærdal og Vang, slik at dei mest frekvente kyrkjelege namna opprettheld den relative homogeniteten som tredde fram når eg samanlikna Lærdal mot resten av landet. Det er *Anne*, *Kari*, *Kirsti*, *Margrete* og *Dordi* (*Durdei* i Vang) som utgjer dei felles kyrkjelege namna.



#### 4.3.2.3 Dei innlånte namna

Dei innlånte namnegruppene er klårt størst i Lærdal. I Vang utgjer den tyske namnegruppa 3,5 % av dei leksikalske kvinnenamna, 8,2 prosentpoeng mindre enn i Lærdal, medan det ikkje er innslag av andre innlånte namn i Vang i folketeljinga av 1801. Det er som venta at dei innlånte namnegruppene er størst i Lærdal.

I Vang er det berre to tyske namn, og dei ligg til gjengjeld i kvar sin ende av frekvenslista. *Gjertrud* er det sjuande mest frekvente kvinnenamnet med 46 berarar, som utgjer ein relativ frekvens på 4,3 %. I Lærdal ligg *Gjertrud* på 8. plass. På landsbasis er det plassert på ein 20. plass, slik at det er ein god del meir frekvent i både Lærdal og Vang. I NPL (s. 98) står det at namnet har vore mykje nytta på Nord-Vestlandet i etterreformatorisk tid, slik at det kan vere eit døme på eit kontaktnamn som har spreia seg austover til Lærdal og etablert seg sterkt der, grunna kontakten over Filefjell.

Det siste tyske namnet er moveringsnamnet *Gerhardine*, noko som er litt interessant. Ho heiter *Anker* til etternamn, er gift med ein gardeigar, og høyrer tilsynelatande til den øvre sosiale samfunnsklassen. Dei som bar *-ine*-namn på byrjinga av 1800-talet, høyrte stort sett til denne samfunnsklassen. Til samanlikning er det to moveringsnamn i Lærdal i 1801.

#### 4.3.2.4 Presteborn og dobbeltnamn

I Tønjum finn me den 59 år gamle soknepresten Henning Junghans Hjerrild, som har gjeve den 21 år gamle dottera dobbeltnamnet *Magdalena Kristine*. Namna i seg sjølv er ikkje moderne, men det at han gjev ho eit dobbeltnamn, er eit modernistisk trekk.

Soknepresten i Vang i 1801 heiter Jens Holmboe og er 55 år gamal. Han har gjeve nokre av borna sine dobbeltnamn. Det er *Elen Gunnhild*, *Bernt Mikael* og *Kristoffer Andreas*. I tillegg har to andre born fått dei tyske namna *Otto* og *Henrik*. Me ser at både dobbeltnamna og dei innlånte namna er moderniseringstrekk når det kjem til personnamn på 1800-talet, sjølv om korkje *Otto* eller *Henrik* er typiske moderne namn. Det er verdt å merkje seg at det er dei yngste borna som har fått dobbeltnamna. Kanskje har soknepresten etter kvart vorten klar over denne namnetrenden og deretter valt å fylgje den? Uansett ser me nokon av dei mest høgtstående familiane i både Lærdal og Vang fylgjer med på, og vidarefører, dei modernistiske namnetrendane.

Det same gjer den 52 år gamle proprietæren og forlikskomissaren Peder Leganger Rumohr. I tillegg til at familien har slektsnamn som etternamn, har han valt å gje båe døtrene sine dobbeltnamna *Margrete Alette* og *Katrine Sofienil*. Sonen *Kristoffer* har derimot ikkje fått noko dobbeltnamn. Dette syner at dobbeltnamn var mest vanleg hjå kvinnene.

Borgaren Hans Andersen i Lærdal har tre døtrer, der dei to yngste har dobbeltnamn. Det er *Ane Kristine*, som er direkte kalla opp etter mora, og *Mette Kristine*, som er halvvegs kalla opp etter mora.

Totalt er det i Lærdal 16 kvinner med dobbeltnamn, og 11 av desse kjem frå den øvre sosiale samfunnsklassen. Sju av dei er døtrer eller koner til ein borgar, sokneprest, proprietær eller degn, medan fire av kvinnene kjem frå bondeslekta. Dette styrkjer teorien om at dobbeltnamna fyrst kom til den øvre samfunnseliten, men at denne namngjevingsskikken gradvis vart nytta i heile samfunnet utover 1800-talet.

I Vang er det totalt seks personer med dobbeltnamn. Halvparten av desse er borna til soknepresten, der to av dei er menn! Dei andre tre kvinnene med dobbeltnamn i Vang er av bondeslekt, slik at òg desse høyrer til den øvre sosiale samfunnsklassen, og er med på å styrkje teorien kring dobbeltnamnbruken.

## 5. Folketeljninga av 1865

Kgl. res. 11. oktober 1865 bestemte at det natta mellom 31. desember 1865 og 1. januar 1866 skulle haldast "almindelig Folketælling" i Norge. Alle som på tidspunktet for teljinga var mellombels fråverende (på reise, til sjøs osv.), skulle teljast på heimstaden. Personer som ved teljinga var midlertidig til stades (på besøk), skulle utelatast. Innsamlinga av teljingsdataa vart gjennomført fra 8. januar 1866 (<http://www.digitalarkivet.no>, lasta ned 27.10.11).

Som for studien av 1801-folketeljninga, skal eg under dette kapittelet gå igjennom namnematerialet i folketeljningane av 1865 i Lærdal og Vang. Framleis er det likskapane og ulikskapane i namna mellom desse to prestegjelda som vil vere hovudfokuset. I tillegg vil eg ut i frå studien av 1801, sjå meir på utviklinga av namneforrådet og namneopphavet fram mot 1865. Då er det særskilt opphavet til namna, og fordelinga av dei ulike namnegruppene innaføre og mellom prestegjelda, som vil vere interessant. Vil det vere ei endring i fordelinga av nordiske, kyrkjelege og innlånte namn i 1865 i høve til 1801, og kva namnegruppe er det som eventuelt endrar seg? Har det skjedd endringar i kvar dei innlånte namna kjem frå? Desse spørsmåla vil vere sentrale under dette kapittelet, og dei dannar grunnlaget for å undersøkje ein byrjande utvikling mot modernisering av namnematerialet i Lærdal og Vang.

## 5.1 Gruppering av namnematerialet i Vang

### 5.1.1 Mannsnamna

I Vang prestegjeld er det 1325 menn i 1865, ein auke på 337 personar i høve til folketeljinga av 1801. Snittet for kor mange menn som ber kvart namn i Vang har òg auka frå 12,8 til 15,8 berarar per namn i 1865. At snittet har gått opp med tre berarar, fortel oss at det er ein større auke i folkemassen i Vang enn det er for namnemassen sidan 1801. Det har tilsynelatande ikkje kome til så mange nye namn i namnemassen sidan førre folketeljing. Dette vert ytterlegare stadfesta ved at mennene i 1865 fordelar seg på 84 namn mot 76 namn i 1801, ein auke på berre åtte leksikalske mannsnamn. Namnemassen i Vang ser altså tilsynelatande ut til å vere relativt stabil.

Namnegrupper	Prosentvis fordeling	Tal namn
<b>Nordiske namn</b>	60,7 %	51 av 84
<b>Kyrkjelege namn</b>	27,4 %	23 av 84
<b>Tyske namn</b>	9,5 %	8 av 84
<b>Andre innlånte namn</b>	1,2 %	1 av 84
<b>Samansette namn</b>	1,2 %	1 av 84

Tabell 13: Oversyn over namnegruppene i Vang prestegjeld i 1865, menn

#### 5.1.1.1 Dei nordiske namna

Dei nordiske namna utgjer den klart største gruppa av mannsnamn i Vang i 1865, med 60,7 % av namnematerialet. Denne namnegruppa har auka med over seks prosentpoeng frå 1801, då dei nordiske mannsnamna utgjorde 54,5 % av dei leksikalske mannsnamna. Det er ei utvikling som er motsett frå den generelle utviklinga i resten av landet. Kristoffer Kruken (1982: 61) skriv at dei nordiske namna taper terreng mest alle stader utover 1800-talet. Ein sterk lojalitet ovanfor dei tradisjonane som er å finne i namnemassen, samt særskilt til oppkallingsskikken blant innbyggjarane, er nok med på å forklare kvifor fjellbygda Vang går i mot den generelle utviklinga i resten av landet. Det må òg verte sagt at Vang er eit relativt lite prestegjeld, slik at små endringar her kan vere avgjerande for eit sånt resultat.

Vang prestegjeld 1865	
1.	<i>Ole</i>
2.	<i>Anders</i>
3.	<i>Knut</i>
4.	<i>Nils</i>
5.	<i>Torstein</i>
6.	<i>Kristoffer</i>
7.	<i>Tomas</i>
8.	<i>Helge</i>
9.	<i>Jon</i>

10.	<i>Iver</i>
11.	<i>Lars</i>
12.	<i>Trond</i>
13.	<i>Endre</i>
14.	<i>Peder</i>
15.	<i>Ove</i>
16.	<i>Boye</i>
17.	<i>Østen</i>
18.	<i>Erik</i>
19.	<i>Gullik</i>
20.	<i>Johannes</i>

Tabell 14: Dei 20 mest frekvente mannsnamna i Vang prestegjeld i 1865

*Ole* er nok den største årsaka til at dei nordiske namna er så dominante. Dette namnet er suverent det mest frekvente namnet i Vang, med 260 berarar og ein relativ frekvens på 19,6 %. At eit namn er så overlegent, forsterkar inntrykket av den sterke tradisjonen oppkallingsskikken har i prestegjeldet.

I tillegg til *Ole*, sørgjer *Knut*, *Torstein*, *Helge* og *Iver* for at halvparten av dei 10 mest frekvente namna er av nordisk opphav. Det er den same fordelinga som i 1801. Ulikskapen er at *Helge* har skifta plass med *Trond*, og er no det åttande mest frekvente namnet, medan *Trond* ligg på 12. plass.

Ser me vidare nedover mot dei 20 mest frekvente namna, finn me fem andre nordiske namn. Det er i numerisk rekkjefylgje *Endre*, *Ove*, *Østen*, *Erik* og *Gullik*. Det vil seie at 11 av 20 mannsnamn, altså over halvparten, er av nordisk opphav. Det er to mindre enn for 1801. Dette stemmer overeins med den totale fordelinga av den nordiske namnegruppa i Vang.

#### 5.1.1.2 Dei kyrkjelege namna

27,4 % av dei leksikalske mannsnamna i Vang i 1865 er det eg reknar som kyrkjelege namn. Dette er ein nedgang på 3,8 prosentpoeng, og det forsterkar teorien om at det er hjå dei kyrkjelege namna utskiftingane har vore størst sidan 1801. Igjen er utviklinga i Vang motsett frå resten av landet; Kruken (1982: 58) skriv at i perioden 1700-1860 er tilveksten av nye namn mest kyrkjelege namn. Ein må likevel ikkje dra forhasta slutningar og ta med at denne folketeljinga byggjer på namn frå slutten av den perioden dei kyrkjelege namna stod sterkt, og på dørstokken til ein ny periode me kallar “Den nordiske namnerenessansen”, som pressar dei kyrkjelege namna tilbake. Både desse tilhøva kan påverke resultatata i ulik grad og tempo frå stad til stad.

På 2. plass over dei 10 mest frekvente mannsnamna, finn me det kyrkjelege namnet *Anders*, med 130 berarar (akkurat halvparten så mange som *Ole*) og ein relativ frekvens på 9,8 %. I tillegg til dette namnet, finn me dei kyrkjelege namna *Nils*, *Kristoffer*, *Tomas* og *Jon*.

Med andre ord er den resterande halvdel av dei 10 mest frekvente namna i Vang kyrkjelege. Dei frekvente kyrkjelege namna held seg stabile. Det er nemleg det same talet, og dei same kyrkjelege namna, me fann blant dei aller mest frekvente mannsnamna i 1801.

Vidare nedover finn me *Lars* og *Peder*, som b e er modifiserte nordiske former av kyrkjelege helgennamn, samt det bibelske *Johannes*, blant dei 20 mest frekvente namna.  tte kyrkjelege namn blant desse er to fleire enn i 1801. *Lars* og *Johannes* l g lenger nede p  frekvenslista der. At dei kyrkjelege namna har auka med eit namn blant dei mest frekvente namna, st r i motsetnad til den totale nedgangen denne namnegruppa har for Vang fram mot 1865. Dermed er det hj  dei mindre frekvente mannsnamna endringane hj  dei kyrkjelege namna finn stad.

### 5.1.1.3 Dei innl nte namna

Prosentfordelinga av den tyske namnegruppa er nesten lik i b de folketeljinga av 1801 og folketeljinga av 1865. I 1865 utgjer dei tyske mannsnamna 9,5 % av det leksikalske namnematerialet, medan dei utgjorde 10,4 % i 1801.

Likevel er det f rst p  23. plass me finn det fyrste tyske namnet. Det er *Vilhelm*, med 14 berarar og ein relativ frekvens p  1,1 %. *Syver*, som var   finne blant dei 20 mest frekvente namna i 1801, har dalt p  frekvenslista for 1865 og ligg no p  25. plass. I tillegg til desse to namna, finn me lenger ned p  lista i numerisk rekkjefylgje *Ingebrigt*, *Embrik*, *Engebret*, *Ditlev*, *Fredrik* og *Ludvig* som til saman utgjer  tte tyske mannsnamn. *Ditlev* og *Ludvig* er nye namn i Vang fr  f rre folketeljing. Saman med *Vilhelm*, er b e desse tyske namna d me p  namn som fekk eit oppsving mot slutten av 1800-talet, og som dermed kan verte sett p  som moderne namn. Sj lv om tyske namn har vore representert i mange hundre  r i b de Vang og kringom landet generelt, er desse to innslag av dei nye tyske moderne namna som vart importert til landet som fylgjer av moderniseringa.

Det er berre eitt innl nt namn som ikkje er av tysk opphav i Vang i 1865, og det er det frisiske namnet *Boye*, som ligg p  ein 16.plass med 21 berarar og ein relativ frekvens p  1,6 %. Dette er to innl nte namn f rre enn tilfellet var i 1801. Dei latinske namna *Valentin* og *Mons* har g tt ut av bruk i Vang sidan f rre folketeljing. At dei innl nte namna utgjer ei mindre gruppe i 1865, er ikkje i samsvar med den generelle moderniseringsutviklinga av personnamna i Noreg, som starta mot slutten av 1800-talet.

*Johanhenrik* er eit s reige namn for  ye sokn i Vang i 1865. Dette er ein type dobbeltnamn som er samansett, og som tilsynelatande er vorten oppfatta som eit samanhengande namn i samtida. Eit argument for dette er patronymet *Johanhenriksen*. Den

fyrste og eldste som har dette namnet i 1865 er *Johanhendrik Johanssen*, som er 81 år gamal, og far til *Lars Johanhenriksen*. Han har sonen *Johanhenrik Larssen*. I tillegg har *Gjertrud Johanhenriksen* (dotter av den eldste *Johanhendrik*) sonen *Johanhendrik Trondsen*. Denne slektshistoria, og det at namnet er skriven som eit samansett namn i over 80 år i kyrkjebøkene av ulike prestar, gjer at eg vel å sjå på det som eitt namn. Dermed vert det vanskeleg å klassifisere det innaføre dei ulike namnegruppene eg nyttar meg av. *Johan* er jo klart kyrkjeleg, medan *Henrik* er innlånt og tysk, men når namnet er samansett er det vanskeleg å plassere dei som noko anna enn eit framandt namn. Difor har eg kategorisert dette namnet som eit samansett namn.

### 5.1.2 Kvinnenamna

I Vang prestegjeld er det i 1865-folketeljinga 1388 kvinner, 310 fleire enn i førre folketeljing. Desse kvinnene samlar seg kring 59 leksikalske namn, noko som bidreg til eit snitt på 23,5 kvinner per namn. Sjølv om det er slik at kvinnene samlar seg kring færre namn enn mennene, er ein ulikskap på litt under 8 i snitt mellom kjønna stor. I folketeljinga av 1801 var det 18,9 kvinner i snitt per namn, slik at snittet har auka med 4,6. I likskap med mannsnamna er talet på leksikalske namn nesten uendra. I 1801 var det 57 kvinnenamn, medan det i 1865 har auka til 59 kvinnenamn. Dermed er det naturleg at snittet på berarar per namn aukar proporsjonalt med at folkemassen aukar, når namneforrådet knapt aukar. Igjen har det sjølv sagt òg hjå kvinnene vore utskiftingar i namnematerialet (nye namn er komne til, medan etablerte namn har forsvunne), men den totale namnemassen er omtrent den same.

Namnegrupper	Vang prestegjeld 1865	Tal namn
<b>Nordiske namn</b>	35,6 %	21 av 59
<b>Kyrkjelege namn</b>	52,5 %	31 av 59
<b>Tyske namn</b>	1,7 %	1 av 59
<b>Andre innlånte namn</b>	10,2 %	6 av 59

Tabell 15: Oversyn over dei ulike namnegruppene i Vang prestegjeld i 1865, kvinner

#### 5.1.2.1 Dei nordiske namna

Som tidlegare nemnt i oppgåva (s. 33), og ved førre folketeljing, er det dei kyrkjelege namna som utgjer den største namnegruppa hjå kvinnenamna på 1800-talet, i motsetnad til mannsnamna. Slik er òg tilfellet for kvinnenamna i Vang i 1865. Dei nordiske namna utgjer dermed her den nest største namnegruppa med 35,6 % av dei leksikalske kvinnenamna i prestegjeldet. Dette er faktisk ein nedgang på 11,8 prosentpoeng i høve til folketeljinga av 1801. Sjølv om dei nordiske namna gradvis gjekk tilbake utover 1800-talet kringom heile landet, er det likevel ein oppsiktsvekkjande stor tilbakegang.

Dei kyrkjelege namna utgjer omtrent like mange leksikalske namn i 1865 som i 1801, dermed er det importen av innlånte namn som bidreg til at dei nordiske namna tapar terreng. Dette kan tyde på at moderniseringa av kvinnenamna i Vang gjer seg gjeldande allereie i 1865. Som kjent var ein av indikasjonane på dette at dei kyrkjelege- og tyske namna tapte terreng, medan dei innlånte namna vann fram. Kanskje kan me sjå denne utviklinga i samanheng med utviklinga i Lærdal, og at me i folketeljinga av 1865 finn felles namn og namnetypar som har spreia seg over Filefjell frå Lærdal til Vang?

Plassering	Namn
1.	<i>Marit</i>
2.	<i>Anne</i>
3.	<i>Ingeborg</i>
4.	<i>Berit</i>
5.	<i>Sigrid</i>
6.	<i>Gjertrud</i>
7.	<i>Ambjørg</i>
8.	<i>Guri</i>
9.	<i>Ragnhild</i>
10.	<i>Ingrid</i>
11.	<i>Kjersti</i>
12.	<i>Margrete</i>
13.	<i>Kari</i>
14.	<i>Rangdi</i>
15.	<i>Dorte</i>
16.	<i>Ingeleiv</i>
17.	<i>Maren</i>
18.	<i>Jørann</i>
19.	<i>Karen</i>
20.	<i>Randi</i>

Tabell 16: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Vang prestegjeld i 1865, kvinner

Sjølv om dei nordiske namna ikkje er den mest frekvente namnegruppa, er dei godt representert blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna i Vang. På tredje plass ligg *Ingeborg*, med 154 berarar som utgjer 11,1 % av namnemassen blant kvinnenamna i prestegjeldet. Vidare finn me *Sigrid*, på 5. plass, og *Ambjørg*, *Guri*, *Ragnhild* og *Ingrid* frå 7-10. plass. Heile seks av dei 10 mest frekvente kvinnenamna er av nordisk opphav, og det er godt over landssnittet. Det er interessant å merke seg at dei nordiske namna er sterkast representert blant dei frekvente namna, sjølv om dei ikkje utgjer den største namnegruppa totalt. Det fortel oss kor sterkt dei nordiske namna står i Vang, noko som stemmer overeins med hypotesen min kring dette.

Vidare blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna finn me fire andre nordiske namn. Det er *Rangdi*<sup>12</sup>, *Ingeleiv*, *Jørann* og *Randi*. Halvparten av dei 20 mest frekvente kvinnenamna er altså av nordisk opphav, éin mindre enn i folketeljinga av 1801.

#### 5.1.2.2 Dei kyrkjelege namna

Dei kyrkjelege namna utgjer altså den største gruppa av kvinnenamn i Vang, med 52,5 % av dei leksikalske kvinnenamna. Det er ein auke på 3,4 prosentpoeng frå folketeljinga av 1801.

Dei to mest frekvente kvinnenamna i Vang er *Marit* på topp, med 222 berarar og ein relativ frekvens på 16,0 %, og *Anne*, med 172 berarar som utgjer 12,4 % av kvinnene. Det siste kyrkjelege kvinnenamnet på topp 10-lista er *Berit*, som ligg på fjerdeplass med 150 berarar og ein relativ frekvens på 10,4 %. Alle desse tre kyrkjelege namna er modifiserte nordiske former. Det er for øvrig dei same kyrkjelege namna, utanom *Kari*, som har dalt i plassering sidan 1801, som var blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna i folketeljinga av 1801, med omtrent dei same plasseringane (*Anne* og *Marit* har skifta plass).

Vidare finn med blant dei 20 mest frekvente namna i numerisk rekkjefylgje *Kjersti*, *Margrete*, *Kari*, *Dorte*, *Maren* og *Karen*. Igjen ser me at det er helgennamn som dominerer blant dei kyrkjelege kvinnenamna, og at dei er å finne i modifiserte nordiske former. Desse seks namna gjer at det er ni kyrkjelege namn blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna, eitt meir enn i folketeljinga av 1801, som syner den vetle auken dei kyrkjelege namna har hatt.

#### 5.1.2.3 Dei innlånte namna

I folketeljinga av 1865, finn me berre eit tysk namn i Vang prestegjeld, noko som utgjer 1,7 % av dei leksikalske kvinnenamna. Det er *Gjertrud*, på 6. plass, med 63 berarar og ein relativ frekvens på 4,5 %. Dette namnet var høgt plassert i 1801 òg på 7. plass I tillegg til dette var det eitt tysk namn til i 1801-folketeljinga, Nemleg moveringsnamnet *Gerhardine*.

Namnegruppa andre innlånte kvinnenamn har, frå å vere heilt fråverande i 1801, hatt eit stort oppsving fram mot folketeljinga av 1865, der den utgjer 10,2 % av dei leksikalske namna i Vang. Ingen av desse innlånte namna har derimot fleire enn to berarar.

Ane Landøy (1995: 52-53) skriv at nokre av dei indikasjonane ein kan nytte på ei meir moderne haldning til namn, er endringar i kvar namna er henta i frå, og særskilt bruken av moveringsnamn.

Det latinske namnet *Karoline* er eitt av fire moveringsnamn i Vang i 1865, dei tre andre er det kyrkjelege namnet *Jakobine*, det franske namnet *Henriette* og det nordiske namnet *Sørine*. I tillegg har me kortformene *Mina* og *Tina*, som båe er kortformer av ulike

---

<sup>12</sup> Lokal form av *Ragnfrid* (med lydovergang r > d) (NPL, 1995: 235).



moveringsnamn, som til dømes av *Vilhelmina*, og *Martina. Desema*<sup>13</sup> og *Amalie* er to andre latinske namn, som saman med *Henriette*, bidreg til at det er seks namn frå denne namnegruppa i Vang. At dei tyske namna vert redusert, medan moveringsnamn og kortformer av moveringsnamn, samt namn frå latinsk og fransk opphav aukar, ser eg på som ein indikasjon på at folk i Vang byrjar å tenkje meir moderne<sup>14</sup>.

Når ein er heilt i startgropa av den moderne namneperioden, skulle ein tru at det var unge folk som bar dei nye innlånte namna, og at dette dermed ville forsterke ein slik teori om modernisering av namna. Likevel syner det seg at det berre er *Mina* (4 år) og *Amalie* (1 år) som går innunder denne kategorien. *Caroline* (25 år), *Henriette* (24 år) og *Desema* (18 år) er litt for gamle til at det er den modernistiske bylgja som kan ha påverka namnet, om dei då ikkje var veldig tidleg ute.

## 5.2 Gruppering av namnematerialet innbyrdes i Vang

I 1801 var ikkje Vang prestegjeld delt opp i fleire sokn, medan prestegjeldet i 1865 er delt inn i tre kyrkjesokn. Lengst vest ligg Øye sokn, som oppe på Filefjell grensar til Borgund sokn i Lærdal prestegjeld. Det er dermed fjell og dalar som særpregar dette kyrkjesoknet (det gjeld i grunnen heile Vang prestegjeld). Vangs hovudsokn grensar til Øye, og er det største soknet i både areal og folketal. Det er store slaklente vidder og god lettbrukt jord som pregar dette soknet. Det er nok dette, samt at det ligg langs med vatnet Vangsmjøsi, som er årsaken til at det er her folk i hovudsak busett seg og gjer dette soknet folkerikt i høve til dei to andre sokna. Høre sokn grensar til Vangs hovudsokn i vest, og til Slidre prestegjeld i aust.

### 5.2.1 Mannsnamna

Det er Vangs hovudsokn som har flest berarar per namn av kyrkjesokna i Vang med 10,8 menn per namn. Øye sokn og Høre sokn er jamne med 7,25 og 7,5 menn per namn kvar. Grunnen til at Vangs hovudsokn har eit litt høgare snitt per namn, er at dette kyrkjesoknet er det største i Vang, med like mange innbyggjarar som dei to andre sokna til saman. Dermed er det ein større mengde folk som skal dele på litt fleire namn her enn i dei andre sokna.

---

<sup>13</sup> *Desema* er prestedotter, og namnet hennar kjem av det latinske *Decimus* som tyder "den tiande". Ofte nytta om det tiande barnet.

<sup>14</sup> *Henriette* var eigentleg frå Bergen, og gjest i huset til soknepresten under folketeljinga av 1865.

Namnegrupper	Øye sokn	Vangs hovudsokn	Høre sokn
<b>Nordiske namn</b>	56,2 %	59,4 %	65,2 %
<b>Kyrkjelege namn</b>	34,4 %	29,0 %	30,4 %
<b>Tyske namn</b>	6,2 %	10,1 %	4,3 %
<b>Innlånte namn</b>	-----	1,4 %	-----
<b>Samansette namn</b>	3,1 %	-----	-----

Tabell 17: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Vang prestegjeld i 1865, menn

### 5.2.1.1 Dei nordiske namna

Når det gjeld fordelinga av nordiske namn i desse tre kyrkjesokna, ser me at Høre sokn har eit innslag av leksikalske nordiske namn på 65,2 %, ni prosentpoeng meir enn Øye sokn som har 56,2 %. Ein mogeleg forklaring til at Øye sokn har ein mindre prosentdel nordiske namn i namnematerialet, kan vere at dette kyrkjesoknet ligg heilt vest i prestegjeldet, og er det soknet som grensar til Lærdal. Høre er på den andre sida det kyrkjesoknet som ligg lengst aust, og der det sannsynlegvis er minst kontakt mellom aust og vest, noko som kan spegla seg attende i namnematerialet til soknet. Uansett er det eit solid overtal av nordiske namn i alle dei tre kyrkjesokna, jamført med snittet for resten av landet.

Plassering	Øye sokn	Vangs hovudsokn	Høre sokn
1.	<i>Ole</i>	<i>Ole</i>	<i>Ole</i>
2.	<i>Anders</i>	<i>Anders</i>	<i>Knut</i>
3.	<i>Nils</i>	<i>Knut</i>	<i>Anders</i>
4.	<i>Knut</i>	<i>Kristoffer</i>	<i>Torstein</i>
5.	<i>Iver</i>	<i>Nils</i>	<i>Nils</i>
6.	<i>Torstein</i>	<i>Torstein</i>	<i>Kristoffer</i>
7.	<i>Helge</i>	<i>Tomas</i>	<i>Peder</i>
8.	<i>Gulbrand</i>	<i>Helge</i>	<i>Tomas</i>
9.	<i>John</i>	<i>Jon</i>	<i>Iver</i>
10.	<i>Syver</i>	<i>Boye</i>	<i>Østen</i>
11.	<i>Trond</i>	<i>Ove</i>	<i>Johannes</i>
12.	<i>Johannes</i>	<i>Lars</i>	<i>Trond</i>
13.	<i>Tomas</i>	<i>Even</i>	<i>Vilhelm</i>
14.	<i>Guttorm</i>	<i>Endre</i>	<i>Eivind</i>
15.	<i>Lars</i>	<i>Erik</i>	<i>Endre</i>
16.	<i>Endre</i>	<i>Trond</i>	<i>Gullik</i>
17.	<i>Erik</i>	<i>Gullik</i>	<i>Halvor</i>
18.	<i>Peder</i>	<i>Iver</i>	<i>Jøger</i>
19.	<i>Johanhendrik</i>	<i>Østen</i>	<i>Lars</i>
20.	<i>Kristoffer</i>	<i>Gudbrand</i>	<i>Finnkjell</i>

Tabell 18: Dei 20 mest frekvente mannsnamna innad i Vang prestegjeld i 1865

Alle kyrkjesokna har *Ole* som det suverent mest frekvente namnet, med ein relativ frekvens på kring 20 %. Vidare finn me i alle kyrkjesokna *Knut* og *Torstein* høgt oppe blant dei 10 mest frekvente namna, men der stoppar òg likskapen. Øye sokn har seks nordiske namn blant dei aller mest frekvente namna. I tillegg til dei tre ovannemnte, finn me i numerisk rekkjefylgje *Iver*, *Helge* og *Gulbrand* her. *Iver* er òg plassert blant dei 10 mest frekvente

namna i Høre sokn, som har fem nordiske namn blant desse. Det siste namnet er *Østen*. Vangs hovudsokn har berre fire nordiske namn blant dei 10 mest frekvente, og det siste namnet er *Helge*, som me òg fann i Øye kyrkjesokn. Det er litt interessant at det kyrkjesoknet som har lågast prosentdel av nordiske namn, totalt har flest nordiske namn blant dei 10 mest nytta namna.

Når me derimot ser på dei 20 mest frekvente namna endrar dette biletet seg. I tillegg til dei nemnte seks, har Øye sokn tre andre nordiske namn på denne lista. Det er *Trond*, *Guttorm*, *Erik* og *Endre*, som me finn felles i alle kyrkjesokna. Akkurat halvparten av dei 20 mest frekvente namna er av nordisk opphav i Øye sokn. I Høre sokn er 12 av dei 20 mest frekvente namna nordiske namn. *Gullik* og *Trond*, samt *Endre*, finn me i både Høre sokn og i Vangs hovudsokn. I tillegg til desse tre er *Eivind*, *Halvor*, *Jøger* og *Finnkjell* blant dei 12 nordiske namna i Høre. I Vangs hovudsokn er 13 av dei 20 mest frekvente namna av nordisk opphav. Dei siste som ikkje allereie er nemnt, er i numerisk rekkjefylgje *Ove*, *Even*, *Erik*, *Iver*, *Østen* og *Gudbrand*<sup>15</sup>. Allereie blant dei mest frekvente namna i Høre sokn og Vangs hovudsokn, ser me at ein god del over halvparten er nordiske, akkurat som den totale prosentfordelinga synte for denne namnegruppa.

#### 5.2.1.2 Dei kyrkjelege namna

Fordelinga av namnegruppa kyrkjelege namn i dei ulike kyrkjesokna i Vang er jamnare enn tilfellet var for dei nordiske namna. Det er Øye sokn som har flest kyrkjelege namn. Dei utgjer 34,4 % av dei leksikalske namna her, medan dei utgjer 30,4 % i Høre. Vangs hovudsokn har færrest kyrkjelege namn med, 29,0 % av dei leksikalske mannsnamna.

Alle kyrkjesokna har *Nils* og *Anders* høgt oppe blant dei aller mest frekvente namna. I tillegg finn me i Øye sokn det bibelske namnet *Jon* på ein niandeplass. Med andre ord er det her tre kyrkjelege namn blant dei 10 mest frekvente mannsnamna. Høre sokn og Vangs hovudsokn har baa fem kyrkjelege namn blant dei 10 mest frekvente namna. I tillegg til dei to ovannemnte finn me i baa sokna *Kristoffer*, samt *Tomas*. I Høre er det *Peder* som er det siste kyrkjelege namnet, medan dette i Vangs hovudsokn er *Jon*. Igjen ser me at Øye sokn går litt i motsett retning i høve til den totale prosentdelen når det kjem til dei mest frekvente namna. Ein skulle vente at det soknet som totalt har størst fordeling av den kyrkjelege namnegruppa, skulle ha fleire av desse blant dei mest nytta namna.

---

<sup>15</sup> I Vangs hovudsokn er det forma *Gudbrand* som er nytta, medan forma *Gulbrand* er nytta i Øye sokn. I NPL står det at forma *Gudbrand* hadde sitt hovudområde i Oppland, og mest nytta aust i landet, medan *Gulbrand* i følgje NPL er den forma som var mest nytta generelt i det indre Austland (NPL, 1995: 103 og 106). Sidan desse to formene ser ut til å vere sjølvstendige namn allereie i 1865, kjem eg ikkje til å slå dei i saman i studien min.

Igjen snur biletet når me ser på dei 20 mest frekvente namna. Blant desse er det i Øye totalt åtte kyrkjelege namn. Dei resterande fem er *Johannes*, *Tomas*, *Lars*, *Peder* og *Kristoffer*. Både Høre sokn og Vangs hovudsokn har seks kyrkjelege namn blant dei 20 mest frekvente mannsnamna. I Høre er *Johannes* det siste namnet, på 11. plass, medan *Lars* er det siste namnet i Vang hovudsokn. Det totale biletet fell meir på plass, og stemmer betre overeins, dess lenger nedover frekvenslista me kjem. Det er òg verdt å merkje seg at det stort sett er dei same kyrkjelege namna som går igjen i dei tre sokna, sjølv om plasseringa på frekvenslista varierer.

### 5.2.1.3 Dei innlånte namna

Vangs hovudsokn er det soknet som skil seg mest ut når det gjeld namnegruppa tyske namn. 10,1 % av dei leksikalske namna her er av tysk opphav. Ingen av desse er å finne blant dei 20 mest frekvente namna, så det er tydeleg at dei tyske namna likevel er lite nytta her. Både Øye og Høre har eitt tysk namn kvar blant dei 20 mest frekvente namna. Det er *Syver*, modifisert norsk form av *Sigvart*, på ein 10. plass i Øye, og *Wilhelm*, på ein 13. plass i Høre. Totalt har både desse sokna to tyske namn i namnematerialet, og for både er det ulike former av *Engelbrekt* som utgjer det siste tyske namnet, *Embret* i Øye og *Engebret* i Høre.

Ei anna form av same namn, finn me i Vangs hovudsokn, då i den modifiserte nordiske forma *Ingebrigt*, samt *Engebret*, som var å finne i Høre. I tillegg til desse to, finn me i numerisk rekkjefylgje dei tyske namna *Vilhelm*, *Syver*, *Ditlev*, *Fredrik* og *Ludvig* her. Totalt sju tyske namn er å finne i Vangs hovudsokn. Som nemnt (s. 53) er særskilt *Vilhelm*, *Ditlev* og *Ludvig* døme på moderne namn.

Når det gjeld dei innlånte namna er det berre Vangs hovudsokn som har innslag av namn frå denne namnegruppa, og det er det frisiske namnet *Boye* på ein 10. plass. Det er altså ein større skilnad i dei tyske og innlånte namna innad i Vang prestegjeld, enn tilfellet var for dei nordiske, og særskilt dei kyrkjelege namna.

Skilnaden vert enda synlegare ved at det samansette namnet *Johanhendrik*<sup>16</sup> berre er å finne i Øye sokn, på 19. plass, med tre berarar og ein relativ frekvens på 1,3 %.

### 5.2.2 Kvinnenamna

Som for mannsnamna, er det Vangs hovudsokn som har flest berarar av kvart namn med 14,9 individ per kvinnenamn. Eit venta resultat, sidan dette kyrkjesoknet har klart flest innbyggjarar. Høre har eit lågare snitt med 11,3 kvinner per namn, medan det minst folkerike soknet Øye, har det lågaste snittet med 9,3 kvinner per namn

---

<sup>16</sup> *Johanhendrik* er grundig skildra under punkt: 5.1.1.3

Namnegrupper	Øye sokn	Vangs hovudsokn	Høre sokn
<b>Nordiske namn</b>	46,2 %	35,2 %	46,7 %
<b>Kyrkjelege namn</b>	50,0 %	51,9 %	50,0 %
<b>Tyske namn</b>	3,8 %	1,9 %	3,3 %
<b>Andre innlånte namn</b>	-----	11,1 %	-----

Tabell 19: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Vang prestegjeld, kvinner

### 5.2.2.1 Dei nordiske namn

Øye sokn og Høre sokn er omtrent like når det gjeld fordelinga av gruppa med nordiske namn, med dryge 46 % kvar. Vangs hovudsokn har kring 11 prosentpoeng færre leksikalske nordiske kvinnenamn i sitt namneforråd. Dette er ikkje overraskande. Vangs hovudsokn er, som namnet seier, hovudsoknet i prestegjeldet og dermed eit naturlege bygdesenter. Sjølv om me ikkje kan snakke om urbanisering eller gryande tettstad her, er det likevel her innflyttarar og handelsmenn, med sine nye impulsar, søker til, i kraft av å vere hovudsoknet.

Plassering	Øye sokn	Vangs hovudsokn	Høre sokn
1.	<i>Ingeborg</i>	<i>Marit</i>	<i>Marit</i>
2.	<i>Marit</i>	<i>Ingeborg</i>	<i>Anne</i>
3.	<i>Anne</i>	<i>Anne</i>	<i>Berit</i>
4.	<i>Berit</i>	<i>Berit</i>	<i>Sigrid</i>
5.	<i>Ragnhild</i>	<i>Gjertrud</i>	<i>Ingeborg</i>
6.	<i>Gjertrud</i>	<i>Sigrid</i>	<i>Ambjørg</i>
7.	<i>Sigrid</i>	<i>Guri</i>	<i>Ingrid</i>
8.	<i>Kari</i>	<i>Rangdi</i>	<i>Randi</i>
9.	<i>Guri</i>	<i>Ambjørg</i>	<i>Ragnhild</i>
10.	<i>Ambjørg</i>	<i>Kjersti</i>	<i>Gjertrud</i>
11.	<i>Kjersti</i>	<i>Dorte</i>	<i>Kari</i>
12.	<i>Margrete</i>	<i>Ingrid</i>	<i>Guri</i>
13.	<i>Dorte</i>	<i>Margrete</i>	<i>Kjersti</i>
14.	<i>Rangdi</i>	<i>Ingeleiv</i>	<i>Margrete</i>
15.	<i>Brita</i>	<i>Maren</i>	<i>Barbo</i>
16.	<i>Else</i>	<i>Ragnhild</i>	<i>Jørann</i>
17.	<i>Guro</i>	<i>Karen</i>	<i>Gro</i>
18.	<i>Synneva</i>	<i>Kari</i>	<i>Guro</i>
19.	<i>Dordi</i>	<i>Åste</i>	<i>Ingeleiv</i>
20.	<i>Velgjerd</i>	<i>Dorte</i>	<i>Maren</i>

Tabell 20: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna innad i Vang prestegjeld i 1865

Alle kyrkjesokna har *Ingeborg*, *Sigrid* og *Ambjørg* blant sine aller mest frekvente namn, med ulik plassering. I Øye sokn ligg *Ingeborg* heilt på topp med 39 berarar og ein relativ frekvens på 16,0 %, i Vangs hovudsokn på 2. plass med ein relativ frekvens på 12,6 %, medan det ligg nede på 5. plass i Høre sokn, med 6,2 % av den kvinnelege namnemassen. I tillegg finn me dei nordiske namna *Ragnhild* og *Guri* i Øye sokn, som då har fem nordiske namn blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna. Det har òg Vangs hovudsokn som, i tillegg til *Guri*, har den lokale modifiserte dialektforma *Rangdi*, som bidreg til at halvparten av dei 10 mest frekvente namna er av nordisk opphav. I Høre sokn finn me seks nordiske namn blant desse 10, og dei tre som enda ikkje er nemnt er *Ingrid*, *Randi* og *Ragnhild*.

Utvidar me til å sjå på dei 20 mest frekvente kvinnenamna, skil Høre og Vangs hovudsokn seg litt ut i frå Øye. Høre hadde marginalt større prosentdel nordiske namn enn Øye, og er det soknet som har flest nordiske namn blant dei 20 mest frekvente med 11 stykk. Det er *Guri, Jørann, Gro, Guro* og *Ingeleiv*. Det sistnemnte finn me òg i Vangs hovudsokn, i tillegg til *Ingrid, Ragnhild* og *Åste*, som gjer at halvparten av dei 20 mest frekvente kvinnenamna her er av nordisk opphav. I Øye sokn er det berre åtte kvinnenamn blant desse. Dei siste tre er *Rangdie, Guro* og *Velgjerd*. Sjølv om dette soknet har ein god del større prosentdel av den nordiske namnegruppa enn Vangs hovudsokn, er det likevel litt færre nordiske kvinnenamn å finne blant dei aller mest frekvente namna.

#### 5.2.2.2 *Dei kyrkjelege namna*

Når det gjeld den kyrkjelege namnegruppa, er desse tre sokna relativt homogene. Vangs hovudsokn har flest kyrkjelege namn med 51,9 %, men dei to andre sokna fylgjer rett bak med beint 50 % kyrkjelege leksikalske namn kvar. Det er med andre ord ikkje dei kyrkjelege namna som er årsaka til ulikskapen i den nordiske namnegruppa me fann hjå Vangs hovudsokn i høve til dei andre sokna.

Homogeniteten vert ytterlegare forsterka ved at me i alle kyrkjesokna, finn dei tre kyrkjelege namna *Marit, Anne* og *Berit* blant dei fire mest frekvente kvinnenamna. *Marit* ligg på topp i Høre og Vangs hovudsokn, medan det ligg på 2. plass i Øye sokn, med ein relativ frekvens på 14,0 %. Omtrent den same relative frekvensen finn me i Vang, medan namnet utgjer 19,8 % av kvinnenamna i Høre, som berre har desse tre kyrkjelege namna blant dei 10 mest frekvente. I Øye ligg *Kari* inne blant desse 10, medan det i Vangs hovudsokn er *Kjersti* som bidreg til at både desse to sokna har fire kyrkjelege namn blant dei 10 mest frekvente.

Ser me på dei 20 mest frekvente namna, byrjar homogeniteten å minke gradvis. Øye, som hadde færrest nordiske kvinnenamn, har flest kyrkjelege namn blant desse med 11 stykk! Det er i numerisk rekkjefylgje *Kjersti, Margrete, Dorte, Brita, Elsa, Synneva* og *Dordi*. Høre sokn har færrest kyrkjelege namn blant dei mest frekvente namna. I tillegg til dei tre ovannemnte, er det *Kari, Kjersti, Margrete, Barbo* og *Maren* som utgjer dei åtte kyrkjelege kvinnenamna. Vangs hovudsokn har størst prosentdel av den kyrkjelege namnegruppa, og har òg flest av desse blant dei 20 mest frekvente namna med ni stykk. Dei resterande fem namna er *Dorte, Maren, Karen, Kari* og *Dortea*. Det er ein klar tendens til at det er helgennamn, og spesielt nordiske former av desse, som dominerer blant dei mest nytta kvinnenamna i Vang prestegjeld, noko som er ei utvikling på line med resten av landet.

### 5.2.2.3 Dei innlånte namna

Alle kyrkjesokna er heilt homogene når det kjem til dei tyske namna. Det er berre eitt tysk namn i Vang prestegjeld i 1865, og det er *Gjertrud*, som me finn blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna i alle sokna. Dermed utgjer gruppa med tyske namn frå 1,9 % av dei leksikalske namna i Vangs hovudsokn, til 3,8 % i Øie sokn. Denne ulikskapen kjem utelukkande av at det er fleire namn totalt i Vangs hovudsokn enn i Øye.

Øye og Høre sokn fortset homogeniteten når det gjeld gruppa med andre innlånte namn. Ingen av desse to sokna har kvinnenamn som er innlånte frå andre land. Derimot finn me seks av desse i Vangs hovudsokn, som gjer at dei andre innlånte namna utgjer 11,1 % av dei leksikalske namna her. Frå latin finn me *Amalie*, *Desema* og *Karoline*. Vidare finn me det franske namnet *Henriette*, samt kortformene *Tina* og *Mina*. Ingen av desse namna har fleire enn éin kvinneleg berar. Det kan vere same grunnen, om ikkje i enda større grad, som ved dei kyrkjelege namna for at dei innlånte namna er meir nytta i Vangs hovudsokn enn i resten av prestegjeldet; Vang er hovudsoknet, og dermed er det sannsynlegvis her dei nye impulsane og namnemotane når fyrst.

## 5.3 Gruppering av namnematerialet i Lærdal

### 5.3.1 Mannsnamna

I Lærdal bur det 1825 menn i 1865. Desse mennene fordeler seg på 119 leksikalske mannsnamn, noko som gjer eit snitt på 15,3 menn per namn. Det er ein auke på 2,3 frå 1801-folketeljninga, då snittet var 13. I høve til Vang, som har eit snitt på 15,8, er det ein omtrentleg lik auke frå snittet i 1801 fram til 1865, når det gjeld snitt for individ per namn.

I folketeljninga av 1801 var det 107 mannsnamn i Lærdal, medan dette har auka med 12 leksikalske namn til 119 i folketeljninga av 1865. I ein periode på 60 år er ikkje dette ein veldig stor auke i namnemassen, så det tyder på at mannsnamna denne 60-årsperioden har vore relativt stabil. Med andre ord at det har vore en større auke i folketalet enn i namnematerialet. Tilsynelatande kan dette tyde på at moderniseringa av namna ikkje har byrja å gjere seg gjeldande, i alle fall ikkje for mannsnamna.

Namnegrupper	Lærdal prestegjeld	Tal namn
<b>Nordiske namn</b>	44,5 %	53 av 119
<b>Kyrkjelege namn</b>	40,3 %	48 av 119
<b>Tyske namn</b>	12,6 %	15 av 119
<b>Andre innlånte namn</b>	2,5 %	3 av 119

Tabell 21: Oversyn over namnegruppene i Lærdal prestegjeld i 1865, menn

### 5.3.1.1 Dei nordiske namna

Namnegruppa med dei nordiske namna utgjer den største gruppa i Lærdal, som i Vang, men denne gruppa er ikkje like suveren her som den var i Vang. I 1865 utgjer dei nordiske namna 44,5 % av dei leksikalske namna i Lærdal, noko som er ein nedgang på 2,2 prosentpoeng frå folketeljinga av 1801. I Vang såg me at dei nordiske mannsnamna hadde hatt ein prosentvis auke frå 1801 til 1865, og eg påpeikte då (s. 51) at denne utviklinga var motsett av den generelle utviklinga for dei nordiske namna på landsbasis. Dermed ser me at dei nordiske namna i Lærdal i 1865 allereie byrjar å fylgje den same utviklinga som resten av landet, og vert pressa tilbake av dei innlånte namna, noko som igjen kan vere ein indikasjon på modernisering av namnematerialet. For øvrig ser det framleis ut til at dei nordiske mannsnamna står mykje sterkare i Vang enn i Lærdal, når me veit at det er ein ulikskap på dryge 16 prosentpoeng mellom desse to prestegjelda i favør Vang.

Plassering	Namn
1.	<i>Ole</i>
2.	<i>Anders</i>
3.	<i>Jens</i>
4.	<i>Peder</i>
5.	<i>Nils</i>
6.	<i>Johannes</i>
7.	<i>Knut</i>
8.	<i>Hans</i>
9.	<i>Lasse</i>
10.	<i>Hågen</i>
11.	<i>Lars</i>
12.	<i>Iver</i>
13.	<i>Ingebrigt</i>
14.	<i>Mons</i>
15.	<i>Halvor</i>
16.	<i>Jakob</i>
17.	<i>Tomas</i>
18.	<i>Henrik</i>
19.	<i>Jon</i>
20.	<i>Kristoffer</i>

Tabell 22: Dei 20 mest frekvente mannsnamna i Lærdal prestegjeld i 1865

Som i 1801, er *Ole* det suverene mannsnamnet i 1865 med 345 berarar, som utgjer 18,9 % av mennene i Lærdal. Dette er faktisk ein auke på nesten tre prosentpoeng, så sjølv om den modernistiske namnebølgja står på dørkstocken i 1865, har oppkallingsskikken, med dei eldre namnetradisjonane, tydelegvis ikkje sloppe heilt taket i Lærdal heller sidan 1801.



Vidare er det to nordiske namn til blant dei 10 mest frekvente namna. Det er *Knut*, på 7. plass, og *Haagen*, på 10. plass. Dermed er det tre nordiske namn blant dei mest frekvente namna, noko som er éin meir enn i folketeljinga av 1801, og to mindre enn i Vang i 1865.

Blant dei 20 mest frekvente mannsnamna er det totalt fem nordiske namn. Dei to siste namna er *Iver* og *Halvor*. Dette er ein nedgang på to namn sidan 1801, og me ser at den totale prosentvise nedgangen for den nordiske namnegruppa byrjar å gjere seg gjeldande allereie for dei 20 mest frekvente namna. I Vang er det til samanlikning heile dobbelt så mange nordiske namn blant dei 20 mest nytta mannsnamna.

#### 5.3.1.2 Dei kyrkjelege namna

Gruppa med dei kyrkjelege namna er ikkje så mykje mindre enn gruppa med dei nordiske namna. Dei kyrkjelege namna utgjer 40,3 % i Lærdal i 1865. Dette er ein nedgang på 0,8 prosentpoeng, og det viser tydelegare at dei innlånte namna har hatt ein auke sidan 1801. Dei kyrkjelege namna utgjer 27,4 % av dei leksikalske namna i Vang i 1865.

*Anders* er det nest mest nytta namnet i Lærdal i 1865, med litt under halvparten så mange berarar som *Ole*. 166 menn ber dette namnet, noko som tilsvare ein relativ frekvens på 9,1 %. Vidare fylgjer *Jens*, *Peder*, *Nils*, og *Johannes* på plassane bak. Den tyske forma *Hans*, og den nordiske kjæleforma *Lasse*, på 8. og 9. plass, bidreg til at sju av dei 10 mest frekvente mannsnamna er kyrkjelege namn. Dette er éin mindre enn i 1801, der me i tillegg til dei ovannemnte namna, fann *Tomas* blant dei 10 mest frekvente namna (*Lars* og *Lasse* har skifta plass på frekvenslista sidan folketeljinga av 1801). Det er for øvrig mange av dei same kyrkjelege namna som toppar frekvenstabellen på landsbasis i folketeljinga av 1865.

Vidare blant dei 20 mest frekvente namna er det fem kyrkjelege namn til, som gjer oss 12 kyrkjelege namn totalt blant desse. Dei siste namna er i numerisk rekkjefylgje *Lars*, *Jakob*, *Tomas*, *Jon* og *Kristoffer*. I folketeljinga av 1801 var det 10 kyrkjelege namn blant dei 20 mest nytta namna, to mindre enn i 1865. Sjølv om dei kyrkjelege namna har hatt ein tilbakegang totalt sett desse 60 åra, er det ikkje blant dei mest frekvente namna denne tilbakegangen syner seg igjen, heller tvert i mot.

#### 5.3.1.3 Dei innlånte namna

Dei innlånte namna er interessante for denne folketeljinga, spesielt i høve til kvar dei nye innlånte namna kjem frå. Då både den nordiske- og den kyrkjelege namnegruppa har hatt ein svak prosentvis nedgang, må dei innlånte namna ha hatt ein tilsvarande prosentvis auke.

Eg startar med den tyske namnegruppa, som utgjer 12,6 % av dei leksikalske mannsnamna i Lærdal i 1865, ein auke på 4,2 prosentpoeng sidan 1801. Det er òg 3,1 prosentpoeng over dei tyske namna i Vang.

Ingen av dei tyske namna er å finne blant dei aller mest frekvente mannsnamna, men på 13. plass finn me *Ingebrigt*, med 36 berarar og ein relativ frekvens på 2,0 %, medan *Henrik* ligg på 18. plass. To av dei 20 mest frekvente mannsnamna er tyske, noko som er éin meir enn for 1801, og to meir enn i Vang i 1865, der det ikkje var nokon tyske namn blant dei mest frekvente mannsnamna. Det er *Henrik* som har hatt seg ein oppsving denne perioden.

Totalt finn me 15 tyske namn i Lærdal i 1865. Dei andre er lågare plassert på frekvenstabellen, med fire og færre berarar kvar. *Hermann*, *Fredrik*, *Ludvig* og *Vollert* er, saman med dei to ovannemnte, gamle kjenningar frå 1801, medan *Bernt*, *Didrik*, *Albrikt*, *Bertel* (dansk av *Berthold*), *Ernst*, *Frimann*, *Ludolf*, *Ottar* og *Vilhelm* er nye tyske namn i folketeljinga av 1865. Særskilt *Albrikt*, *Ernst*, *Ludolf*, *Ludvig*, *Otte* og *Vilhelm* er døme på innlånte tyske namn som kan vere indikasjonar på ei meir modernistisk namnetilstrøyming.

Gruppa med andre innlånte namn utgjer 2,5 % av dei leksikalske mannsnamna i Lærdal i 1865. Det er ein knapp nedgang på 2,2 prosentpoeng frå folketeljinga av 1801, og det er 1,3 prosentpoeng fleire enn for Vang i 1865. Blant dei 20 mest frekvente mannsnamna, finn me *Mons* på 14. plass. I 1801 låg det på 12. plass. I tillegg finn me dei to innlånte namna *Edvard* og *Hannibal*. Særskilt det engelske namnet *Edvard* er interessant i denne samanhengen, som ein indikasjon på modernisering av mannsnamna. I tillegg til å kome frå engelsk språk; eit nytt område å hente namn frå, var det eit innlånt namn som fekk eit skikkeleg oppsving kring 1900. Sjølv om *Hannibal* er av fønikisk opphav, høyrer ikkje dette namnet til moderniseringsrørsla i same grad som *Edvard*.

### 5.3.2 Kvinnenamna

1947 kvinner er registrert i folketeljinga av 1865 i Lærdal. Desse kvinnene fordeler seg på 112 namn, noko som gjer eit snitt på 17,4 kvinner per namn. Dette er ein nedgang på 1,7 sidan 1801, og snittet i Lærdal er over 6 mindre per namn enn for Vang i 1865. Det er interessant at snittet per namn har sokke for kvinnene i Lærdal, medan det har auka både for mannsnamna i Lærdal, og for baa kjønna i Vang. Hovudårsaka til nedgangen er at namnetilfanget har auka mykje blant kvinnenamna i Lærdal denne 60-årsperioden, frå 77 leksikalske namn i 1801 til 112 i 1865. Det er ein auke på 34 nye namn, noko som er den klart største auken blant manns- og kvinnenamna i baa prestegjelda.

Ein slik auke i namnetilfanget meiner eg indikerer at kvinnenamna i Lærdal byrjar å utvikle seg mot ei moderne retning allereie i 1865. Ane Landøy skriv som kjent at me ventar som fylgjer av den modernistiske rørsla at “(...) det utover hundreåret kjem inn fleire nye namn, i større grad enn namn går ut av bruk” (Landøy 1995: 53). Når nye namn kjem inn i større grad enn at namn går ut av bruk, vil det som i Lærdal føre til ein stor auke blant namnetilfanget. Dermed vert til slutt snittet per namn reduser

Namnegrupper	Lærdal prestegjeld	Tal namn
<b>Nordiske namn</b>	33,9 %	38 av 112
<b>Kyrkjelege namn</b>	50,9 %	57 av 112
<b>Tyske namn</b>	4,5 %	5 av 112
<b>Andre innlånte namn</b>	10,7 %	12 av 112

Tabell 23: Oversyn over dei ulike namnegruppene i Lærdal prestegjeld i 1865, kvinner

### 5.3.2.1 Dei nordiske namna

Den nordiske namnegruppa utgjer 33,9 % av det leksikalske namnetilfanget i Lærdal i 1865, ein nedgang på 3,8 prosentpoeng frå folketeljinga av 1801. Det er med andre ord ikkje ein veldig stor prosentvis redusering, og ei lik utvikling som me finn generelt i landet utetter 1800-talet. Gruppa med nordiske kvinnenamn er 1,7 prosentpoeng høgare i Vang, men denne ulikskapen er ikkje større enn at det forsterkar inntrykket om at kvinnenamna er meir stabile og samsvarande, både lokalt og på landsbasis, enn mannsnamna.

Plassering	Namn
1.	<i>Anna</i>
2.	<i>Kari</i>
3.	<i>Brita</i>
4.	<i>Ingeborg</i>
5.	<i>Kisti</i>
6.	<i>Marita</i>
7.	<i>Mari</i>
8.	<i>Synneva</i>
9.	<i>Ragnhild</i>
10.	<i>Gjertrud</i>
11.	<i>Guro</i>
12.	<i>Ingeleiv</i>
13.	<i>Johanna</i>
14.	<i>Sigrid</i>
15.	<i>Marta</i> <sup>17</sup>
16.	<i>Mette</i>
17.	<i>Margrete</i>
18.	<i>Guri</i>

<sup>17</sup> Frå 1865 er det i materialet mitt førekomstar av både *Marta* og *Marte*. Eg vel å ikkje slå dei saman, då *Marte* både kan vere ei sideform av *Marta*, eller ei nordisk form av *Margareta*. I NPL står det at *Marte* i Noreg helst kjem frå *Margareta* (NPL: 197).

19.	<i>Marie</i>
20.	<i>Dordi</i>

Tabell 24: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Lærdal prestegjeld i 1865

*Ingeborg* på 4. plass, med 101 berarar og ein relativ frekvens på 5,2 %, og *Ragnhild* på 9. plass, er dei to einaste nordiske namna blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna. Desse to namna hadde omtrent same plassering i folketeljinga av 1801, og var dei to einaste nordiske namna blant dei 10 mest frekvente då som no.

Utvidar me til dei 20 mest frekvente kvinnenamna, finn me fire andre nordiske namn. Det er i numerisk rekkjefylgje *Guro*, *Ingeleiv*, *Sigrid* og *Guri*. Det er to færre enn i 1801, og ulikskapen er at *Ingrid* og *Jøran* er mindre frekvente i 1865 enn i 1801. Utanom desse, er det dei same seks namna som er representerte på topplistene frå baa folketeljingane med omtrent dei same plasseringane.

### 5.3.2.2 Dei kyrkjelege namna

Den største namnegruppa i Lærdal for kvinnene i 1865 er utan tvil dei kyrkjelege namna. Dei utgjer 50,9 % av dei leksikalske namna, noko som er ein auke på 2,8 prosentpoeng frå 1801. Dette samsvarar òg med utviklinga for resten av landet. Det er kanskje litt overraskande at gruppa med kyrkjelege namn er litt større i Vang i 1865, med 52,5 %, altså 1,6 prosentpoeng meir enn Lærdal. Likevel er det ikkje den store skilnaden.

Som i resten av landet er *Anna* det klart mest frekvente kvinnenamnet. Med 284 berarar og ein relativ frekvens på 14,6 %, toppar namnet med klar margin til *Kari* og *Brita*, som fylgjer på dei neste to plassane. Baa desse namna er helgennamn i nordiske former. Modifiserte nordiske former er òg *Kisti*, *Marita*, *Mari* og *Synneva*, som ligg på plassane frå 5. til 8. plass, og som bidreg til at det er sju kyrkjelege namn blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna. Det er det same talet, og dei same namna, som er å finne blant dei mest frekvente namna i folketeljinga av 1801. Denne stabiliteten blant toppnamna mellom folketeljingane svarar ikkje heilt til ein annan indikasjon på ei moderniseringsrørsle, som seier at "(...) ei modernisering vil vise seg ved at vi finn ei større grad av utskifting i namnemassen utover hundreåret, og endringar blant dei mest populære namna" (Landøy 1995: 52).

Blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Lærdal i 1865 er det 13 kyrkjelege namn. Dei siste seks namna er i numerisk rekkjefylgje *Johanna*, *Marta*, *Mette*, *Margrete*, *Maria* og *Dordi*. Dei nordiske kvinnenamna er redusert med to frå 1801 til 1865 blant dei 20 mest nytta namna, medan dei kyrkjelege namna har auka med tilsvarande to. *Maria*, *Marta*, og det karakteristiske vestlandsnamnet *Johanna*, er komne inn, medan *Barbara* har dalt i popularitet.

### 5.3.2.3. *Dei innlånte namna*

Dei innlånte namna er like interessante, om ikkje i større grad, for kvinnenamna som for mannsnamna i folketeljinga av 1865.

Dei tyske namna utgjer 4,5 % av dei leksikalske kvinnenamna i Lærdal i 1865. Det er 2,8 prosentpoeng meir enn i Vang, og ein nedgang på heile 7,2 prosentpoeng i høve til 1801. *Gjertrud* på ein 10. plass, med 53 berarar som utgjer 2,7 % av dei kvinnelege berarar i Lærdal, er det einaste tyske namnet å finne blant dei 20 mest frekvente namna.

Vidare finn me ytterlegare tre tyske namn totalt i Lærdal. Det er *Gjesa*, *Helvig* og *Fredrikke*. Alle tre er å finne i Lærdal i 1801, og ingen av namna er døme på namn som kom til landet, eller i bruk igjen, grunna moderniseringsrørsla (bortsett frå til dels *Fredrikke*).

Då er det mykje meir interessant å sjå på gruppa med dei andre innlånte namna. Dei har auke med 8,1 prosentpoeng, frå å utgjere 2,6 %, til 10,7 % av dei leksikalske kvinnenamna fram til 1865. Rett nok må me heilt ned til *Stine* på 48. plass, med fem berarar, før me finn det fyrste namnet, men likevel tyder det på at folk i Lærdal har byrja å henta impulsar utanfrå når dei namngjev borna sine. Dette ser me òg når gjennomsnittsalderen til dei som ber dei namna eg ser på som modernistiske er 16 år. Dette kjem eg snart attende til.

*Stine* er ei kortform av til dømes *-ine*-namn som *Kristine*, *Justine* og *Ernstine* etc. Kjælenamnet *Ella* er eit anna slikt namn som me finn i Lærdal i 1865. I tillegg finn me fleire innlånte moveringsnamn som korkje er kyrkjelege eller nordiske. Det er *Karoline*, *Monsine*, *Klaudine* og *Edvardine*. Dei tre fyrste er latinske namn, medan *Edvardine* er engelsk.

Det greske kvinnenamnet *Sofie* kjenner me frå folketeljinga av 1801, medan dei franske namna *Lovise* og *Emilie*, og det italienske namnet *Laura*, er nye namn i 1865. Særskilt dei to siste, men òg *Lovise*, er namn som vart tatt i bruk, eller gjekk veldig fram, i siste halvdel av 1800-talet. Saman med moveringsnamna er dette namn eg vil karakterisere som moderne namn. Dei er henta frå andre land og impulsar (fransk og italiensk, samt nye latinske namn), og bryt dermed med namnetradisjonen, noko som er gjennomgåande for modernismen. Det siste innlånte namnet er det gammalengelske namnet *Mildrid*.

Tidlegare i delkapittelet (s. 67) peika eg på at namnematerialet i Lærdal i 1865 var i ei moderne utvikling ved at snittet per namn gjekk ned, medan tal leksikalske kvinnenamn gjekk kraftig opp. Denne modernistiske utviklinga av kvinnenamna vert ytterlegare stadfesta ved at dei andre innlånte namna kjem sterkare inn i namnematerialet.

Gjennomsnittsalderen på berarane av dei moderne namna i 1865 var som nemnt 16 år. Nokre av berarane er godt over 40 år, den eldste kvinna er 71, og ho ber namnet *Stine*. Sjølv om dei moderne namna vert boren av eldre kvinner, vil ikkje det svekkje teorien om at

kvinnenamna i Lærdal utvikla seg moderne. Tvert om forsterkar det heller inntrykket om at mange av dei moderne namna har vore i bruk sidan 1700-talet, og at dei tok seg kraftig opp frå midten av 1800-talet og utover. Det var ikkje naudsynlegvis slik at det var mot slutten av 1800-talet ein fyrst tok til å hente namn frå til dømes italiensk og fransk, og byrja å nytte desse namna, men bruken av slike namn auka då i veldig stor grad.

Til slutt vil eg skrive litt om moveringsnamna og den utviklinga dei har hatt i Lærdal frå 1801 til 1865. I 1801 var det to registrerte moveringsnamn i Lærdal; *Jessine* og *Fredrikka*. Som ved dei andre moderne kvinnenamna, auka bruken av moveringsnamna veldig fram mot 1900-talet, og i folketeljinga av 1865 er det registrert heile 22 slike kvinnenamn. Det utgjer faktisk 21,4 % av dei leksikalske kvinnenamna i Lærdal. Dei er av nordisk opphav: *Oline*, *Torstine*, *Torine*, *Randine*, *Erika*, *Gurine*, *Iverine*, *Gustava*, av kyrkjeleg opphav: *Sakkarine*, *Petrine*, *Peroline*, *Gjertine*, *Jokumine*, *Jakobine*, *Georgine*, *Jørgine*, *Andrea*<sup>18</sup>, *Jensine* og *Antonette*, samt innlånte namn som *Edvardine*, *Fredrikke*, *Monsine*, *Karoline* og *Claudine*.

#### 5.4 Gruppering av namnematerialet innbyrdes i Lærdal

I 1865 er Lærdal delt opp i tre kyrkjesokn. Årdal sokn har sidan 1801 vorte eit eige prestegjeld, og dermed er det Hauge, Tønjum og Borgund som utgjer dei tre sokna i Lærdal prestegjeld. Ved at Årdal ikkje lenger vert rekna med innunder Lærdal, får me eit meir homogent prestegjeld både geografisk og når det kjem til namnetilfanget. Som me hugsar frå studien av 1801 (kapittel 4.2) skilte Årdal seg litt ut i høve til dei andre kyrkjesokna.

Hauge sokn er særskilt interessant når det kjem til å studere moderniseringa av personnamna i Lærdal. Det er her me finn Lærdalsøyri, som fram mot 1865 har vakse seg til eit lite bysamfunn, med landhandlarar, handverkarar, skreddarar, skomakarar, tømrrarar, bakarar etc. Frå 1801 til 1865 har innbyggjartalet i Lærdalsøyri auka frå 108 til 785, og det fortel korleis denne tettstaden har utvikla seg til å verte eit meir urbant samfunn. “Grunnen til den (...) sterke stigning var den store utbedring av veien østover (...). Dette bevirket at veien fikk enda større betydning som handelsvei enn den hadde hatt” (Lindstrøm 1946: 20). Dermed reknar eg med at indikasjonane på modernisering av namnetilfanget skal vere framtreddande i Hauge sokn, og ha starta tidlegast her.

---

<sup>18</sup> Både *Johanne* og *Andrea* er importert i avleia former etter *Johannes* og *Andrea*. Eg har valt å inkludere *Andrea* blant moveringsnamna, då det vart nytta i Noreg frå den tida moveringsnamna kom til landet (1700-1800), medan *Johanne* har vore kjent og nytta heilt sidan 1400-talet, og er dermed ikkje eit typisk moveringsnamn (NPL: 25 og 152)

### 5.4.1 Mannsnamna

At moderniseringsrørsla er komen best i gang i Lærdalsøyri og Hauge sokn, finn me indikasjonar på allereie ved å sjå på snittet på berarar per leksikalske namn. Borgund og Tønjum er jamne med høvesvis 9,5 og 9,3 menn per namn, medan Hauge har eit lågare snitt på 7,6. Sjølv om det er klart flest innbyggjarar i Hauge sokn, har dei likevel det klart største namnetilfanget, og difor vert snittet lågare enn for dei to andre kyrkjesokna. Eit lågt snitt syner oss at det er mange leksikalske namn å velje i, noko som tyder på at det stadig kjem innlån av framande namn, i alle fall nye namn som ikkje allereie er i namneforrådet. Dette meiner eg indikerer at namnematerialet i Hauge utviklar seg i ei moderne retning.

Namnegrupper	Hauge sokn	Tønjum sokn	Borgund sokn
<b>Nordiske namn</b>	40,6 %	50,0 %	54,0 %
<b>Kyrkjelege namn</b>	42,7 %	43,9 %	38,0 %
<b>Tyske namn</b>	13,5 %	4,5 %	6,0 %
<b>Andre innlånte namn</b>	3,1 %	1,5 %	2,0 %

Tabell 25: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Lærdal prestegjeld i 1865, menn

#### 5.4.1.1 Dei nordiske namna

Ikkje overraskande er det Borgund som har størst prosentdel leksikalske nordiske namn med 54,0 %, medan denne namnegruppa har lågast prosentdel i Hauge med 40,6 %. I Tønjum utgjer dei nordiske namna akkurat halvparten av dei leksikalske mannsnamna. Når det kjem inn fleire nye namn frå andre land og språk, er det klart at den nordiske namnegruppa vert mindre. Difor er det ikkje overraskande at den nordiske namnegruppa i Hauge, med urbansamfunnet på Lærdalsøyri, er klart mindre enn i fjellbygda Borgund, der namnetradisjonane og oppkallingsskikken truleg framleis står sterkare.

Plassering	Hauge sokn	Tønjum sokn	Borgund sokn
1.	<i>Ole</i>	<i>Ole</i>	<i>Ole</i>
2.	<i>Anders</i>	<i>Anders</i>	<i>Anders</i>
3.	<i>Peder</i>	<i>Jens</i>	<i>Iver</i>
4.	<i>Jens</i>	<i>Hågen</i>	<i>Halvor</i>
5.	<i>Nils</i>	<i>Lasse</i>	<i>Hågen</i>
6.	<i>Hans</i>	<i>Peder</i>	<i>Lars</i>
7.	<i>Johannes</i>	<i>Johannes</i>	<i>Hans</i>
8.	<i>Knut</i>	<i>Knut</i>	<i>Knut</i>
9.	<i>Lars</i>	<i>Nils</i>	<i>Nils</i>
10.	<i>Ingebrigt</i>	<i>Ingebrigt</i>	<i>Mons</i>
11.	<i>Lasse</i>	<i>Mons</i>	<i>Agrim</i>
12.	<i>Tomas</i>	<i>Hans</i>	<i>Johannes</i>
13.	<i>Kristoffer</i>	<i>Ingvard</i>	<i>Jens</i>
14.	<i>Iver</i>	<i>Henrik</i>	<i>Jakob</i>
15.	<i>Johan</i>	<i>Iver</i>	<i>Bård</i>

16.	<i>Jakob</i>	<i>Jakob</i>	<i>Tørris</i>
17.	<i>Petter</i>	<i>Tomas</i>	<i>Lasse</i>
18.	<i>Karl</i>	<i>Lars</i>	<i>Einar</i>
19.	<i>Andreas</i>	<i>Sjur</i>	<i>Erik</i>
20.	<i>Henrik</i>	<i>Bård</i>	<i>Henrik</i>

Tabell 26: Dei 20 mest frekvente mannsnamna innad i Lærdal prestegjeld i 1865

I alle kyrkjesokna er det det nordiske mannsnamnet *Ole* som toppar suverent. I Borgund og Tønjum har *Ole* ein relativ frekvens på kring 20 %, medan den er kring 16 % i Hauge. *Knut*, på 8. plass, går òg igjen i alle sokna, men der stoppar likskapen.

Hauge har berre desse to nordiske namna blant dei 10 mest frekvente mannsnamna, medan Tønjum i tillegg har *Hågen*, som me òg finn i Borgund. Tønjum har då tre nordiske namn blant dei aller mest frekvente mannsnamna, medan Borgund har fem blant desse, noko som utgjer halvparten. Dei resterande to namna er *Iver* og *Halvor* på høvesvis 3. og 4. plass. Me ser at ulikskapen mellom sokna i den totale prosentfordelinga av gruppa med nordiske namn stemmer overeins allereie ved dei 10 mest frekvente mannsnamna.

Utvidar me til å sjå på dei 20 mest frekvente mannsnamna, vert ulikskapane enda tydelegare. Hauge har berre tre nordiske namn blant desse, og det siste namnet er *Iver* på ein 14. plass. Dette namnet, i tillegg til *Ingvard*, *Sjur* og *Bård*, bidreg til at Tønjum har sju nordiske namn blant dei 20 mest frekvente mannsnamna. Flest nordiske namn har Borgund, der dei nordiske namna utgjer halvparten av dei mest frekvente namna. *Agrim*, *Bård*, *Tørris*, *Einar* og *Erik* er i numerisk rekkjefylgje dei resterande fem nordiske namna blant desse.

#### 5.4.1.2 Dei kyrkjelege namna

Tønjum er det kyrkjesoknet som har størst prosentdel av gruppa med dei kyrkjelege namna, med 43,9 %, tett etterfylgt av Hauge, som har 42,7 %. Denne namnegruppa fordeler seg jamnare enn den nordiske namnegruppa. Det ser me av at Borgund ikkje ligg så langt bak dei to andre sokna, med ein fordeling på 38,0 %.

Om det var Borgund som hadde klart flest nordiske namn blant dei 10 mest frekvente mannsnamna, har Hauge enda fleire kyrkjelege namn blant desse. Sju av dei aller mest frekvente namna er kyrkjelege. *Anders* finn me på 2. plass i alle tre kyrkjesokna. *Nils* ligg òg representert blant dei 10 mest frekvente namna i alle sokna. *Peder*, *Jens* og *Johannes* er bibelske namn som me finn i både Hauge og Tønjum. Dei to siste kyrkjelege namna i Hauge er *Hans* og *Lars*, som me òg finn i Borgund og som dermed har fire kyrkjelege namn blant dei 10 mest frekvente mannsnamna. I Tønjum finn me i tillegg til dei fem ovannemnte *Lasse*, på ein 5. plass, som bidreg til at det er seks kyrkjelege namn blant dei 10 mest frekvente.



Ytterlegare åtte kyrkjelege namn bidreg til at Hauge har 15 kyrkjelege namn blant dei 20 mest frekvente mannsnamna. Det er *Lasse* og *Tomas* på 11 og 12. plass, som er typisk for Lærdal, samt i numerisk rekkjefylgje *Kristoffer*, *Johan*, *Jakob*, *Petter*, *Andreas* og *Jon*. Me ser at dei aller fleste av dei kyrkjelege namna er bibelnamn (og fleire av dei igjen er ulike former av *Johannes*). I Tønjum utgjer dei kyrkjelege namna halvparten av dei 20 mest frekvente mannsnamna, medan det i Borgund er åtte kyrkjelege mannsnamn blant desse. Alle dei kyrkjelege namna me finn blant dei 20 mest frekvente namna i Tønjum og Borgund, er representerte blant dei 20 mest frekvente i Hauge sokn òg.

#### 5.4.1.3 Dei innlånte namna

Når det gjeld dei innlånte namna, er dei lite overraskande best representert i Hauge. Dette er ein naturleg konsekvens av at snittet per namn var lågast her, som følgjer av at det kom inn fleire nye (innlånte) namn frå andre land og språkområder.

Dei tyske namna utgjer i Hauge heile 13,5 % av dei leksikalske mannsnamna. Det er 9 prosentpoeng meir enn i Tønjum, der dei utgjer 4,5 %, og 7,5 prosentpoeng meir enn i Borgund, der dei tyske namna utgjer 6,0 % av namnetilfanget.

I både Hauge og Tønjum, finn me to tyske namn blant dei 20 mest frekvente mannsnamna. Det er *Ingebrigt*, som ligg på 10. plass i båe sokna, samt *Henrik*, som òg ligg på 20. plass i Borgund. Her ligg derimot *Ingebrigt* lenger nede på lista. *Hermann* er det siste tyske namnet me finn i alle kyrkjesokna. I Tønjum og Borgund er det berre desse tre tyske namna, medan det i Hauge er 10 andre tyske namn i tillegg til desse. Det er i numerisk rekkjefylgje *Bernt*, *Didrik*, *Fredrik*, *Albrikt*, *Bertel*, *Ernst*, *Ludolf*, *Ottar*, *Vilhelm* og *Vollert*.

Det er særskilt den tyske namnegruppa som skil seg mest ut mellom kyrkjesokna. Gruppa med dei andre innlånte namna er jamnare med kring 3,0 % av mannsnamna i Hauge, 2,0 % i Borgund og 1,5 % i Tønjum.

*Mons* er det einaste namnet frå denne namnegruppa i både Borgund og Tønjum. Til gjengjeld er dette vestlandsnamnet eit frekvent namn på 10. og 11. plass i høvesvis Borgund sokn og Tønjum sokn. Dette innlånte namnet finn me òg i Hauge, då plassert lenger nede på listene, saman med *Edvard* og *Hannibal*, som bidreg til at det er totalt tre namn frå gruppa med andre innlånte namn i soknet. Det engelske namnet *Edvard*, og dei “nye” tyske namna *Albrikt*, *Ernst*, *Ludolf*, *Ludvig*, *Ottar* og *Vilhelm*, er namn som eg ser på som moderne namn.

#### 5.4.2 Kvinnenamna

Sameleis som for mannsnamna, er det i Hauge sokn me finn det lågaste snittet av tal kvinner som ber kvart namn. 8,1 kvinner ber i snitt kvart namn her, medan det er Tønjum som har det

høgaste snittet med 11,9 berarar per namn. Borgund har eit snitt på 10,6. Dette styrker teorien om at moderniseringa av personnamna ser ut til allereie å ha starta her, og er komen lenger enn i dei andre to kyrkjesokna; i alle fall tendensen av ein slik moderniseringsprosess.

Namnegrupper	Hauge sokn	Tønjum sokn	Borgund sokn
<b>Nordiske namn</b>	35,1 %	35,7 %	43,5 %
<b>Kyrkjelege namn</b>	52,6 %	50,0 %	50,0 %
<b>Tyske namn</b>	4,1 %	5,4 %	4,3 %
<b>Andre innlånte namn</b>	8,2 %	8,9 %	2,2 %

Tabell 27: Oversvn over dei ulike namnegruppene i Lærdal prestegjeld i 1865.

#### 5.4.2.1 Dei nordiske namna

Fordelinga av den nordiske namnegruppa er som forventet. Hauge har lågast prosentdel med 35,1 % nordiske kvinnenamn, medan Borgund har den høgast del med 43,5 %, noko som er ein høg fordeling for nordiske kvinnenamn samanlikna med landsfordelinga. Tønjum ligg jamt med Hauge, og har ein fordeling på 35,7 % nordiske kvinnenamn.

Plassering	Hauge sokn	Tønjum sokn	Borgund sokn
1.	<i>Anne</i>	<i>Anna</i>	<i>Kari</i>
2.	<i>Kari</i>	<i>Brita</i>	<i>Anna</i>
3.	<i>Brita</i>	<i>Kari</i>	<i>Marita</i>
4.	<i>Ingeborg</i>	<i>Kisti</i>	<i>Brita</i>
5.	<i>Marta</i>	<i>Marita</i>	<i>Ingeborg</i>
6.	<i>Gjertrud</i>	<i>Ingeborg</i>	<i>Mari</i>
7.	<i>Mari</i>	<i>Synneva</i>	<i>Sigrid</i>
8.	<i>Kisti</i>	<i>Mari</i>	<i>Ingeleiv</i>
9.	<i>Ragnhild</i>	<i>Ragnhild</i>	<i>Ragnhild</i>
10.	<i>Synneva</i>	<i>Guro</i>	<i>Synneva</i>
11.	<i>Maria</i>	<i>Ingeleiv</i>	<i>Guro</i>
12.	<i>Johanna</i>	<i>Gjertrud</i>	<i>Kirsti</i>
13.	<i>Marta</i>	<i>Johanna</i>	<i>Mette</i>
14.	<i>Jørann</i>	<i>Sigrid</i>	<i>Sille</i>
15.	<i>Guri</i>	<i>Dordi</i>	<i>Unni</i>
16.	<i>Dordi</i>	<i>Margrete</i>	<i>Barbara</i>
17.	<i>Margrete</i>	<i>Karen</i>	<i>Elsa</i>
18.	<i>Oline</i>	<i>Guri</i>	<i>Johanne</i>
19.	<i>Guro</i>	<i>Mette</i>	<i>Rannveig</i>
20.	<i>Mette</i>	<i>Unni</i>	<i>Gjertrud</i>

Tabell 28: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Lærdal prestegjeld i 1865, kvinner

*Ingeborg* og *Ragnhild* finn me på topp 10 i alle tre kyrkjesokna. For Hauge er det berre desse to nordiske kvinnenamna her, medan Tønjum har tre blant dei 10 mest frekvente. Det siste namnet er *Guro*. Borgund har, i tillegg til dei to ovannemnte, *Sigrid* og *Ingeleiv* blant desse, som bidreg til at det er fire nordiske kvinnenamn blant dei 10 mest frekvente her.

Blant dei 20 mest frekvente namna, finn me i Borgund sju nordiske namn. Dei tre siste namna, som ikkje allereie er nemnt, er *Guro*, som òg er å finne i Hauge, og *Rannveig* og *Unni*, som me òg finn i Tønjum. Som i Borgund er det i Tønjum sju nordiske kvinnenamn, og dei som ikkje allereie er nemnte er *Ingeleiv* og *Sigrid*, samt *Guri*, som òg er blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Hauge sokn.

Sjølv om Borgund totalt sett har ein klart større fordeling av den nordiske namnegruppa, er det jamt og mykje likskap blant dei mest frekvente namna. Det var sju av desse blant dei 20 mest frekvente i både Borgund og Tønjum, og i Hauge finn me seks nordiske kvinnenamn. Dei to siste, som ikkje er nemnte her, er *Jørunn* og *Oline*. Allereie topp 20 finn me det fyrste namnet eg ser på som eit moderne namn i Hauge, det er moveringsnamnet *Oline*, frå *Ole*.

#### 5.4.2.2 Dei kyrkjelege namna

Gruppa med dei kyrkjelege namna er meir jamt fordelt i dei tre sokna. Det er i Hauge me finn den største fordelinga av denne namnegruppa med 52,6 % av dei leksikalske kvinnenamna. Litt meir overraskande er det kanskje at Borgund, som Tønjum, har akkurat 50,0 % av kvinnenamna sine med kyrkjeleg bakgrunn. Sidan dei nordiske namna òg var høge her, må det tyde på at dei innlånte namnegruppene ikkje kan utgjere så høg prosentdel i soknet, noko som er ei naturleg utvikling for slike fjellbygder.

Dei bibelske namna *Anna* og *Mari*, samt helgennamna *Kari*, *Brita* og *Synneva*, finn me blant dei 10 mest frekvente namna i alle tre kyrkjesokna. For Borgund sin del bidreg det siste helgennamnet *Marita* til at det totalt er seks kyrkjelege kvinnenamn blant desse. Tønjum og Hauge har sju kyrkjelege namn blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna. Helgennamnet *Kisti* er å finne i båe sokna. Det siste kyrkjelege namnet i Tønjum er helgennamnet *Marita*, medan det i Hauge er det bibelske namnet *Marta*. Me ser at det er større likskapar mellom sokna blant dei mest frekvente kyrkjelege, enn for dei nordiske, kvinnenamna.

Den same likskapen syner seg igjen når me utvidar til dei 20 mest frekvente namna. Både Borgund og Tønjum har 12 kyrkjelege namn blant desse, medan Hauge har 13 slike kvinnenamn her. *Mette* og *Johanna* går igjen i alle tre sokna. Borgund skil seg litt meir ut frå dei to andre på dei siste kyrkjelege namna. Helgennamna *Kirsti*, *Sille*<sup>19</sup> og *Barbara*, samt den bibelske kortforma *Elsa*, utgjer dei siste fire namna av desse 12. I tillegg til *Metta* og *Johanne*, er *Margrete* og *Dordi* representert blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna i både Hauge og i Tønjum. For Tønjum er det *Karen* som er det 12 og siste namnet, medan Hauge har dei to namna *Marie* og *Marte* unikt blant dei mest frekvente kvinnenamna.

---

<sup>19</sup> *Sille* er ei kortform av *Cecilie* (NPL: 258).

### 5.4.2.3 Dei innlånte namna

Når det gjeld dei innlånte namna, aukar skilnaden mellom dei tre kyrkjesokna. Minst skilnad er det for den tyske namnegruppa. Her fordeler sokna seg jamt. Tønjum har 5,4 % tyske namn, medan Borgund og Hauge fylgjer tett bak med høvesvis 4,3 og 4,1 %. Det er kanskje litt overraskande at Hauge har den lågaste prosentdelen av dei tyske namna, men det er berre snakk om marginale skilnadar.

Det einaste tyske namnet blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna, er *Gjertrud*. Det fordeler seg jamt nedover; frå 6. plass i Hauge med 31 berarar og ein relativ frekvens på 3,9 %, til 20. plass i Borgund med seks berarar og ein relativ frekvens på 1,2 %.

I Borgund og Tønjum er det berre eitt tysk namn i tillegg til *Gjertrud*. Det er *Gjesa*. Både desse namna har vore i bruk i Lærdal lenge. I Hauge finn me tre andre tyske kvinnenamn. Det er *Helvig*, samt moveringsnamna *Fredrikke* og *Gjertine*. Spesielt dei to siste namna er namn som eg ser på som moderne grunna moveringsformene *-ine* og *-ikke*.

Gruppa med andre innlånte namn syner ein større skilnad enn den tyske gruppa gjorde. Borgund har klart færrest innlånte leksikalske namn med ein prosentdel på 2,2 %, medan det kanskje litt overraskande er Tønjum som har høgast prosentdel med 8,9 %. Hauge ligg bak med 8,2 %. Totalt sett har Hauge to fleire innlånte namn enn Tønjum.

Kortforma *Stine* er det einaste namnet frå denne namnegruppa i Borgund. Dette namnet finn me for øvrig òg i Tønjum. Vidare finn me det greske namnet *Sofie*, både her og i Hauge, samt dei latinske namna *Lukris* og *Klaudine*, som bidreg til at det er fem innlånte namn frå denne namnegruppa totalt i soknet. *Klaudine* er, saman med det italienske namnet *Laura*, døme på moderne namn, og interessante når det gjeld å finne indikasjonar på moderniseringa.

I Hauge finn me enda fleire moveringsnamn blant dei andre innlånte namna. Det er dei latinske kvinnenamna *Karoline* og *Monsine*, samt det engelske namnet *Edvardine*. Frå gamalengelsk finn me òg namnet *Mildrid* i Hauge. Dei tre siste namna i Hauge er dei franske namna *Lovise* og *Emilie*, samt kortforma *Ella*.

## 6. Folketeljinga av 1900

”Kgl. res. 8. august 1900 slo fast at det skulle haldast folketeljing i Noreg kl. 24.00 natt til mandag 3. desember 1900. Alle innbyggjarane i landet skulle registrerast der dei var på teljingstidspunktet” (<http://www.digitalarkivet.no>, [lasta ned 27.10.11](#))

I dette kapittelet skal eg undersøkje namnematerialet i folketeljningane av 1900 i Lærdal prestegjeld og Vang prestegjeld. Dette vil eg gjere på same måte som for dei to føregåande

folketeljningane. Likskapane og ulikskapane mellom prestegjelda er framleis hovudfokuset, men moderniseringsutviklinga av personnamna, som eg byrja å sjå på i 1865, vil i enda større grad vere sentral for folketeljninga av 1900.

Om *-ine*-namna fortset ekspansjonen sin i særskilt Lærdal, og om det kjem inn fleire nye og moderne namn frå andre land enn dei tradisjonelle importlanda, vil vere to viktige moment i moderniseringsstudien. Eit anna kjenneteikn på moderniseringa er den nordiske namnerenessansen og bruken av gamle opphavlege norrøne namn og namneformer. Alt dette vil verte undersøkt her.

I tillegg kan eg, etter å ha undersøkt folketeljningane av 1801 og 1865, sjå meir den heilskapelege utviklinga av personnamns materialet i desse to prestegjelda gjennom 1800-talet, og korleis det har endra seg gjennom desse hundre åra. Både fordelinga av dei ulike namnegruppene mellom dei ulike folketeljningane, om det er endringar i dei mest nytta og populære namna, og kor mange berarar det er av dei mest frekvente leksikalske namna, er sentrale spørsmål her.

Folketeljninga av 1900 skil seg ut frå dei to føregåande folketeljningane ved at det ikkje går an å søke på personnamna fordelt på dei ulike kyrkjesokna i prestegjeldet. Kva namn som høyrer til kvart kyrkjesokn må ein finne ut manuelt, og dermed kan det hende at fordelinga ikkje er heilt korrekt. Eg meiner likevel at eg har klart å skilje ut dei ulike sokna best mogleg, og at ein eventuell skeivskap vil vere mindre viktig for dei resultata eg finn.

## 6.1 Gruppering av namnematerialet i Lærdal

Rett etter folketeljninga av 1865, vart Borgund sokn i Lærdal prestegjeld skilt ut som eige prestegjeld. Slik er situasjonen framleis under folketeljninga av 1900, noko som fører til at Lærdal prestegjeld no er delt opp i Hauge sokn og Tønjum sokn. Sjølv om Borgund er eit eige prestegjeld, slår eg det likevel saman med Lærdal for å få mest mogleg likskap med studiane av dei føregåande folketeljningane. Dei eventuelle skilnadane Borgund har i høve til resten av Lærdal vil kome fram når eg samanliknar dei ulike kyrkjesokna under Lærdal i kap. 6.2.

Ein annan oppsiktsvekkande oppdaging eg gjorde under studien av 1900-folketeljninga, var at folketalet i Lærdal prestegjeld (inkludert Borgund) er mykje lågare i 1900 enn i 1865. Etter nærare undersøking synte det seg at dette faktisk var tilfellet. I 1865 var det totalt 3730 innbyggjarar i Lærdal, medan folketalet i 1900 er nede i 2899, ein nedgang på over 800 menneskje. Jon Laberg (1938: 30-31) skriv i *Lærdal og Borgund – Bygd og ætter* at folketalet i Lærdal var på det høgste i 1855, og at det etter den tid har gått jamt og trutt ned. Nokre reiste til Bergen eller oppover til Nordland, men det var hovudsakleg til Amerika lærdølane

utvandra. Dette var ikkje eit særeige fenomen for Lærdal, men gjaldt heile landet, særskilt på kysten. Den same utvandringa finn me òg i Vang prestegjeld.

### 6.1.1 Mannsnamna

Som nemnt, har folketalet i Lærdal gått kraftig ned sidan 1865. I år 1900 bur det 1421 menn i Lærdal prestegjeld og i Borgund prestegjeld. Desse mennene fordeler seg på 125 leksikalske namn, noko som gjer at kvart mannsnamn i snitt vert boren av 11,4 personar. I 1865 var snittet 15,3, slik at snittet på berarar per namn har gått ned med kring 4. Dette stadfestar at det er ein større auke i namnemassen, enn folkemassen fram mot 1900.

Sjølv om innbyggjartalet har gått kraftig ned, aukar likevel talet på leksikalske namn frå 120 til 126. Dette, saman med nedgangen i snitt berarar per namn, meiner eg er med på å vise at moderniseringa av personnamna òg byrjar å gjere seg gjeldande for mannsnamna. Hjø kvinnenamna fann eg ut at moderniseringsprosessen allereie var så smått i gang i 1865.

Namnegrupper	Prosentvis fordeling	Tal namn
<b>Nordiske namn</b>	41,6 %	52 av 125
<b>Kyrkjelege namn</b>	35,2 %	44 av 125
<b>Tyske namn</b>	13,6 %	17 av 125
<b>Andre innlånte namn</b>	9,6 %	12 av 125

Tabell 29: Oversyn over dei ulike namnegruppene i Lærdal prestegjeld i 1900, menn

#### 6.1.1.1 Dei nordiske namna

Gruppa med nordiske namn utgjer framleis den største namnegruppa i Lærdal i folketeljninga av 1900. Med 41,6 % av namnematerialet har namnegruppa hatt ein liten nedgang på 2,9 prosentpoeng sidan 1865.

Plassering	Namn
1.	<i>Ole</i>
2.	<i>Anders</i>
3.	<i>Jens</i>
4.	<i>Peder</i>
5.	<i>Hans</i>
6.	<i>Johannes</i>
7.	<i>Håkon</i>
8.	<i>Ivar</i>
9.	<i>Knut</i>
10.	<i>Nils</i>
11.	<i>Andreas</i>
12.	<i>Johan</i>
13.	<i>Tomas</i>
14.	<i>Lars</i>
15.	<i>Mons</i>
16.	<i>Karl</i>

17.	<i>Lasse</i>
18.	<i>Henrik</i>
19.	<i>Martin</i>
20.	<i>Ingebrigt</i>

Tabell 30: Dei 20 mest frekvente mannsnamna i Lærdal prestegjeld i 1900

*Ole* toppar igjen heilt suverent med sine 236 berarar, som utgjer 16,6 % av namnemassen for mannsnamna i Lærdal. Namnet har hatt ein liten nedgang på kring to prosentpoeng sidan 1865, som kan vere ein indikator på at oppkallingstradisjonen er på vikande front i møtet med dei moderne namneimpulsane. Den norske forma *Ola* ser òg ut til å erstatte den danske forma *Ole* i større grad<sup>20</sup>, men eg slår likevel desse to formene saman til den mest frekvente forma.

Vidare blant dei 10 mest frekvente mannsnamna finn me tre andre nordiske namn. Det er *Håkon*<sup>21</sup>, *Ivar* og *Knut* (igjen ser me at dei norske skrivemåtane er på veg inn). Dette bidreg til at det er fire nordiske namn blant dei aller mest nytta mannsnamna, éin meir enn i 1865. Endringa er at *Ivar* har kome inn blant dei 10.

*Karl* er det einaste nordiske namnet i tillegg til dei nemnte fire som er å finne blant dei 20 mest frekvente mannsnamna. Dermed er det fem nordiske mannsnamn blant dei 20 mest frekvente. Det er den same fordelinga som i 1865, og endringa frå førre folketeljing er at *Halvor* har byta plass med *Karl*. Sjølv om namnegruppa med nordiske namn totalt utgjer over 40,0 % av dei leksikalske mannsnamna i Lærdal (og Borgund), er ikkje dette tilfellet for dei mest frekvente namna. Dermed ser det ut til at dei nordiske namna i størst grad er å finne hjå dei mindre frekvente namna.

Ein indikasjon på modernisering i namnebruken er endringar i den totale namnemassen. Den nordiske namnerenessansen er ei slik endring i namnebruk. Den går ut på at dei eldre og opphavlege formene av norrøne namn kjem i bruk igjen, i staden for dei modifiserte formene.

Terje Aarset skriv i innleiinga til norsk personnamnleksikon at det frå midten av 1800-talet kjem ein sterkare agitasjon for å ta i bruk att dei nordiske namna. Desse namna var gamle nordiske namn som vart henta attende frå kjelder som til dømes dei gamle kongesagaene til Snorre. “Mange av dei namna som kom i bruk, hadde tidlegare berre levt eit litterært liv og aldri vore vanlege som førenamn” (Aarset 1982: 67).

Dei nordiske namna *Olav*, *Sigurd*, *Egil*, *Harald* og *Hjalmar* ser eg på som døme på slike namn, eller namneformer, som kom i bruk gjennom den eldre litteraturen. *Magnus* er òg eit

<sup>20</sup> I 1865 var det berre førekomstar av forma *Ola*. I 1865 er det 198 berarar av *Ole* medan 38 ber namnet *Ola*.

<sup>21</sup> I folketeljinga av 1900 fann eg *Håkon* skriven med både dobbel *aa* og bolle-å. Sidan båe desse skrivemåtane er å finne i folketeljinga, må eg rekne med at dei var skrivne slik i originalkjeldene òg, og at det ikkje er inkonsekvens frå innskrivarane til digitalarkivet. Torp og Vikør (2003) skriv i *Hovuddrag frå norsk språkhistorie* at å vart tilrådd for båe målformene i rettskrivinga frå 1917. Men Ivar Utne skriv (2003/2004: 112) at *aa* og *å* hadde vorte valfritt i riksmål allereie frå 1885 med godkjenning av Kyrkjedepartementet.

gammalt kongenamn som kjem inn på denne tida, men dette namnet er opphavleg latinsk. I tillegg ser me at skrivemåten av namna vert meir fornorska, slik at me får *Håkon, Torleiv, Svein, Sjur, Karl* og *Knut* i staden for formene *Haagen, Tollev, Svend, Sieur, Carl* og *Knud(t)*. Til slutt får me, som fylgjer av den nordiske namnerenessansen, nylagingar av gamle nordiske namneledd, eller andre gamle nordiske namn som *Kolbein, Ragnvald, Sigvald* og *Fuse*.

Alle desse nordiske namna er representert i Lærdal og Borgund i 1900 og stadfestar med det at den nordiske namnerenessansen ser ut til å vere komen i gang her, ved at me får ei endring i den totale namnemassen, som til slutt er ein indikasjon på at moderniseringa av personnamna har starta her. Dette vert ytterlegare forsterka når nesten alle berarane av dei (nye) gamle nordiske namna er 20 år eller yngre i 1900. Med andre ord har foreldra gjeve borna sine desse namna samstundes som namnerenessansen byrja å ekspandere.

#### 6.1.1.2 Dei kyrkjelege namna

Dei kyrkjelege namna utgjer i 1900 35,2 % av dei leksikalske mannsnamna i Lærdal, ein nedgang på 5,1 prosentpoeng frå førre folketeljing. Sidan den nordiske namnegruppa stort sett var uendra, er det hjå gruppa med dei innlånte namna me må finna denne tilsvarande auken. At dei kyrkjelege namna går attende til fordel for dei innlånte namna, er i samsvar med moderniseringa og utviklinga kringom landet på denne tida.

Dei bibelske namna *Anders, Jens* og *Peder, Hans* og *Johannes* finn me frå 2-6. plass blant dei 10 mest frekvente mannsnamna. Vidare finn me helgennamnet *Nils* på ein 10. plass. Dermed er det seks kyrkjelege namn blant dei 10 mest nytta mannsnamna. I 1865 var det sju kyrkjelege namn blant desse. Nedgangen for dei kyrkjelege namna, blant dei mest frekvente namna, er i tråd med den totale nedgangen av den kyrkjelege namnegruppa i Lærdal. Det er dei same kyrkjelege namna me finn blant dei aller mest frekvente namna i både 1865 og 1900, bortsett frå *Lasse*, som har sokke på frekvenslista sidan 1865.

Utvidar me til å sjå på dei 20 mest frekvente mannsnamna, ser me at 12 av desse er kyrkjelege. Dei seks namna som ikkje allereie er nemnte er dei bibelske namna *Andreas, Johan* og *Tomas*, samt helgennamna *Lars, Lasse* og *Martin*. Dette er det same talet som i folketeljinga av 1865, men med litt endringar i kva namn som er topp 20. *Andreas, Martin* og *Johan* (dei to fyrste er moderne kyrkjelege namn) har erstatta *Jakob, Jon* og *Kristoffer*.

#### 6.1.1.3 Dei innlånte namna

Gruppene med dei innlånte namna er dei som verkeleg er interessante når det gjeld modernisering av personnamna. Som nemnt hadde gruppa med kyrkjelege namn ein



tilbakegang på over seks prosentpoeng, og dermed må dei innlånte namnegrubbene ha hatt ei tilsvarand auke.

Det er ikkje berre hjå dei tyske namna denne auken er å finne, sjølv om denne namnegruppa har auka med 1,2 prosentpoeng til å utgjere 13,6 % av dei leksikalske namna. Som i 1865, ligg *Henrik* og *Ingebrigt* blant dei 20 mest frekvente mannsnamna, på høvesvis 18. og 20. plass, slik at to av dei 20 mest nytta namna i Lærdal er av tysk opphav.

Totalt er det 16 tyske mannsnamn i Lærdal i folketeljinga av 1900, noko som er to fleire enn i 1865. *Fredrik*, *Hermann*, *Didrik*, *Ludvig*, *Otto* og *Vilhelm* er namn me kjenner igjen frå førre folketeljing. Dei tre sistnemnte namna er, saman med dei nye tyske namna *Bernhard*, *Adolf* og *Konrad*, døme på såkalla moderne namn, som kom i bruk som fylgjer av den modernistiske rørsle. Dei siste tyske namna i Lærdal i 1900 er *Engebret*, *Gerhard*, *Gjert*, *Godtlieb*, *Tøger*<sup>22</sup> og *Vilken*.

Derimot har gruppa med andre innlånte namn auka med 7,1 prosentpoeng, frå å utgjere 2,5 % av mannsnamna i 1865, til no å utgjere 9,6 % av dei leksikalske mannsnamna i folketeljinga av 1900. Det er altså i hovudsak til denne namnegruppa dei kyrkjelege namna har tapt terreng til.

Det er 12 innlånte namn i 1900, mot fire i folketeljinga av 1865. I utgangspunktet peiker det at åtte namn er komne inn frå andre land og impulsar, mot at namnematerialet i Lærdal er i ein moderniseringsfase. Det mest frekvente av namna frå gruppa andre innlånte namn er det velkjente namnet *Mons*, på 15. plass over dei mest frekvente mannsnamna, som lege stabilt kring denne plasseringa gjennom heile hundreåret.

Me må lenger ned på frekvenstabellen for å finne dei neste innlånte namna. Det er den latinske forma *Olai*<sup>23</sup> som er nest mest frekvent med fem berarar. *August*, *Sølfest* (som var å finne i 1801-folketeljinga), *Olaus* og det allereie nemnte gamle kongenamnet *Magnus*, er dei fire andre latinske innslaga.

Til forskjell frå dei tidlegare folketeljingane er det i 1900 innslag av namn frå fleire land og språkområder enn latin og tysk. Me finn her det irske namnet *Oskar*, det franske namnet *Emil* og dei engelske namna *Alfred*, *Eddie* og *Oliver*, samt *Edvard*, som me òg fann i folketeljinga av 1865.

Av desse tolv innlånte namna er det særskilt *Oskar*, *Emil*, *Alfred*, *Eddie*, *Oliver* og *Magnus* som er interessante når det gjeld moderniseringsutviklinga i Lærdal. Dei fem fyrste

---

<sup>22</sup> Dansk form av gamaltysk *Theodgar* (NPL: 292).

<sup>23</sup> *Olai* kan i fylgje NPL (s. 220) vere både forkorting av *Nikolai* eller genitivsform av *Olaus* (som igjen er ei latinisert form av *Olav*). Eg har valt å sjå namnet som ein variant av den siste forma i Lærdal, sidan me både finn *Olaus* her, og *Olav* og *Ole* står så sterkt i prestegjeldet.

namna kjem frå andre land og språkområder enn det som har vore vanleg i Noreg før denne tida, samt at dei alle var namn som vart populære kring 1900 kringom heile landet. *Magnus* er som nemnt (s. 80) eit døme på at gamle kongenamn frå kongesagaen vert tatt i bruk som fylgje av den nordiske namnerenessansen. Det er med andre ord fleire av dei indikasjonane Løndøy nyttar for å spore modernisering av personnamn som er å finne blant mannsnamna i Lærdal i 1900. Dette tyder opplagt på at innbyggjarane i Lærdal byrjar å verte meir moderne i tankegangen med utgangspunkt i mannsnamnematerialet.

### 6.1.2 Kvinnenamna

I Lærdal prestegjeld og i Borgund prestegjeld bur det kring 300 færre kvinner i 1900 enn i 1865. Dermed ser det ut til at fråflyttinga har vore størst for mennene i Lærdal. Dei 1639 kvinnene fordeler seg på 138 leksikalske namn, noko som gjer eit snitt på 11,9 kvinner per namn. I 1865 var snittet 17,2, slik at det har gått ned med 5,3 frå førre folketeljing. I tillegg har talet på leksikalske namn auka med 25, frå 113 til 138 kvinnenamn. Både desse endringane er gode indikasjonar på at kvinnenamna i Lærdal er komne godt på veg i moderniseringsfasen. Både reduseringa i snittet per namn, og auken i talet på leksikalske namn, er sterkare for kvinnenamna enn mannsnamna, noko som tyder på at namnematerialet for kvinnene i enda større grad er vorten meir modernisert.

Namnegrupper	Prosentvis fordeling	Tal namn
<b>Nordiske namn</b>	29,7 %	41 av 138
<b>Kyrkjelege namn</b>	49,3 %	69 av 138
<b>Tyske namn</b>	8,7 %	12 av 138
<b>Andre innlånte namn</b>	10,1 %	14 av 138
<b>Samansette namn</b>	1,4 %	2 av 138

Tabell 31: Oversyn over dei ulike namnegruppene i Lærdal prestegjeld i 1900, kvinner

#### 6.1.2.1 Dei nordiske namna

Gruppa med dei nordiske kvinnenamna har hatt ein nedgang på 4,2 prosentpoeng, og utgjer i folketeljinga av 1900 29,7 % av dei leksikalske kvinnenamna i Lærdal. Nedgangen for denne namnegruppa er den same tendensen me finn kringom resten av landet.

Plassering	Namn
1.	<i>Anna</i>
2.	<i>Kari</i>
3.	<i>Brita</i>
4.	<i>Kirsti</i>
5.	<i>Sønneva</i>
6.	<i>Ingeborg</i>
7.	<i>Ragnhild</i>
8.	<i>Marta</i>

9.	<i>Mari</i>
10.	<i>Marie</i>
11.	<i>Olina</i>
12.	<i>Marita</i>
13.	<i>Sigrid</i>
14.	<i>Gjertrud</i>
15.	<i>Ingeleiv</i>
16.	<i>Johanne</i>
17.	<i>Guro</i>
18.	<i>Rannveig</i>
19.	<i>Margrete</i>
20.	<i>Sofie</i>

Tabell 32: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Lærdal prestegjeld i 1900

*Ingeborg* og *Ragnhild* er dei to einaste nordiske namna blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna. Dei ligg på høvesvis 6. og 7. plass. Desse to nordiske namna har vore blant dei aller mest frekvente kvinnenamna gjennom heile hundreåret, med litt varierrande plassering. Det vil sei at det no, som ved dei to føregåande folketeljningane, er to nordiske namn blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna.

Utvidar me til å sjå på dei 20 mest frekvente namna, finn me fem andre nordiske namn. Allereie på 11. plass ligg moveringsnamnet *Oline*, medan *Sigrid*, *Ingeleiv*, *Guro* og *Rannveig*, i numerisk rekkjefylgje, bidreg til at det er sju nordiske namn blant dei 20 mest frekvente namna, eitt meir enn i 1865. Sjølv om den nordiske namnegruppa totalt sett har gått ned, gjeld ikkje dette blant dei aller mest frekvente kvinnenamna. *Oline* og *Rannveig* har kome inn på lista, medan *Guri* er vorten mindre nytta sidan førre folketeljning.

Den nordiske namnerenessansen gjaldt ikkje berre mannsnamna, men femna òg om kvinnenamna. I Lærdal finn me spor av namnerenessansen ved at dei nordiske namna vert endra frå dansk, eller dialektal form, til eldre norrøne former. Døme på dette er at *Ingeborg*, *Ingelev*, *Turi* og *Jøronn* no vert skriven *Ingebjørg*, *Ingeleiv*, *Turid* og *Jorunn*. Dei danske og dialektale formene er framleis i materialet, ofte saman med dei nye eldre norrøne formene.

Best merkar me den nordiske namnerenessansen ved at gamle nordiske namn vert henta frå eldre litteratur og nytta igjen, slik som for mannsnamna, der dei eldre nordiske kongenamna vart henta attende frå kongesagaene. *Aslaug*, *Borghild*, *Borgny*, *Gudrun*, *Gudveig*, *Solveig* og *Valborg*, i alfabetisk rekkjefylgje, er døme på slike renessansenamn. Alle desse namna er å finne i Lærdal (og Borgund) i folketeljninga av 1900. Ingen av dei som ber desse namna er eldre enn 12 år. Dette forsterkar ytterlegare at desse namna kjem inn i namnematerialet som eit resultat av namnerenessansen og moderniseringsprosessen.

### 6.1.2.2 Dei kyrkjelege namna

Gruppa med dei kristne namna utgjer heilt klart den største av namnegruppene i Lærdal og Borgund med 49,3 % av dei leksikalske kvinnenamna, 1,6 prosentpoeng mindre enn i 1865. Dei kyrkjelege namna har ikkje hatt like stor nedgang som gruppa med dei nordiske namna, men sidan båe gruppene har hatt ein nedgang på til saman seks prosentpoeng, tyder dette på at dei innlånte namna må ha auka i omfang sidan 1865.

Det er åtte kyrkjelege kvinnenamn blant dei 10 mest frekvente namna i Lærdal og Borgund prestegjelder. Som ved den førre folketeljinga toppar *Anna* føre *Kari* og *Brita*. *Anna* har, litt overraskande, auka sin relative frekvens til å utgjere 15,8 % av dei kvinnelege namneberarane her. Dette er litt overraskande då ein venta at dei mest frekvente namna skal verte mindre frekvente, som fylgje av at moderniseringsrørsla fører til at oppkallingstradisjonen vert broten, og nye og fleire namn vert nytta.

*Kirsti*, *Sønneva* og *Mari* er òg å finne blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna både i folketeljingane av 1865 og 1900. *Marita* har sidan 1865 sokke på topplista, medan *Marta* og *Marie* har kome opp på topp 10, noko som bidreg til at det i 1900 er eitt namn meir blant dei aller mest frekvente kvinnenamna enn for 1865. Dette samsvarar ikkje heilt med den nedgangen den kyrkjelege namnegruppa hadde samla sett, sjølv om den var liten.

Blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna, finn me tre andre kyrkjelege namn. Det er *Marita*, *Johanne* og *Margrete*. Alle desse 11 kyrkjelege namna var å finne blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna i 1865, som i tillegg hadde to andre kyrkjelege namn blant desse. Det vil seie at lenger ned på frekvenstabellen stemmer nedgangen på dei kyrkjelege namna overeins med den totale nedgangen. I tillegg er dei mest frekvente kyrkjelege kvinnenamna relativt stabile gjennom 1800-talet. Det er bort i mot dei same namna me finn på topplistene i dei ulike folketeljingane, der plasseringa av dei utgjer skilnaden.

### 6.1.2.3 Dei innlånte namna

Gruppene med dei innlånte namna er, som nemnt, mest interessant i høve til moderniseringsprosessen i Lærdal. For kvinnenamna er resultatet litt motsett av det ein kanskje skulle tru. Dei tyske namna har auka i omfang frå 4,5 % til 8,7 %, medan gruppa med andre innlånte namn er redusert med 0,6 prosentpoeng og utgjer 10,1 % av dei leksikalske kvinnenamna i 1900. Dette stemmer ikkje heilt overeins med at materialet for kvinnenamna i Lærdal er på veg til å verte modernisert.

Det er 12 tyske kvinnenamn i Lærdal og Borgund i 1900, mot fem i 1865. *Gjertrud*, *Gjesa*, *Helvig* og *Øllegård* er fire tyske namn me kjenner til både frå folketeljinga av 1801 og

1865, medan *Alette* var å finne i folketeljinga av 1801. *Gjertrud* er det einaste tyske namnet som er å finne topp 20, på ein 14. plass.

Dei sju nye tyske namna i 1900 er, i alfabetisk rekkjefylgje, *Ales*, *Bertine*, *Emma*, *Hedvig*, *Mathilde*, *Rikarda* og *Vilhelmine*. Utanom *Ales* og *Hedvig* er dei resterande fem tyske namna døme på moderne namn. *Emma*<sup>24</sup> og *Mathilde* representerer dei nye tyske namna som kom inn og erstatta til dels dei tyske namna som hadde vore i bruk sidan hansatida (og til og med sidan 1300-talet). Både desse namna vart veldig vanleg kring 1900. *Bertine*, *Rikarda* og *Vilhelmine* er døme på moveringsnamn, som er ein god indikasjon på modernisering av kvinnenamna.

Gruppa med dei andre innlånte namna gjekk ned med 0,6 prosentpoeng sidan 1865. Likevel er dei 14 namna me finn i 1900 éin meir enn ved førre folketeljing. Det mest frekvente av dei innlånte namna er det greske namnet *Sofie*, på ein 20. plass. I tillegg til dette var dei latinske namna *Klaudine* og *Karoline*, det franske namnet *Lovise* og kortforma *Stine* å finne i førre folketeljing. *Sofie* har vore representert i Lærdal i alle tre folketeljingane.

*Stine* er eit såkalla kortform av namn, som Ivar Aasen kalla "(...) meningsløse Navnestumper" (Aasen 1878: 95-96). I Lærdal finn me i tillegg dei andre kortformene *Gina*, *Lina*, *Mina* og *Rikka*. Desse kortformene vart mykje nytta kring 1900 og er, saman med dei latinske namna *Klara*, *Konstanse* og *Magna*, avleiing av *Magnus*, og til dels *Ovidia*, døme på såkalla moderne namn.

Moveringsnamna er på stadig frammarsj mot folketeljinga av 1900, og aukar frå 21 i 1865, til 30 namn no. Dette utgjer 21,7 % av dei leksikalske kvinnenamna i Lærdal og Borgund. Nokre av desse kjenner me igjen frå folketeljinga av 1865, medan andre namn har forsvunne ut av bruk. Dei nye moveringsnamna som kom inn i 1900 er i numerisk rekkjefylgje: *Severine*, *Pernilla*, *Hansine*, *Søvrine*, *Torstine*, *Vilhelmine*, *Kristiane*<sup>25</sup>, *Andrine*, *Bertine*, *Josefine*, *Kristoffa*, *Mattea*, *Nilsine*, *Olufine*, *Rikarda*, *Turine* og *Østine*.

Sjølv om det ikkje kom inn nye namn frå andre land og språk i folketeljing av 1900 i høve til 1865, ser me at kvinnenamna i Lærdal og Borgund stadig vert meir modernisert. Fleire av indikasjonane til Ane Landøy syner seg igjen i namnematerialet. Gamle nordiske kvinnenamn vert tatt i bruk igjen grunna den nordiske namnerenessansen, det kjem inn fleire kortformer/namnestumper, nye moderne namn frå gamle importspråk vert tatt i bruk, og moveringsnamna utgjer ein stadig større del av dei leksikalske kvinnenamna.

<sup>24</sup> *Emma* var det aller mest nytta namnet i 2010 (<http://www.ssb.no/navn/art-2011-01-25-01.html>, 03.10.11)

<sup>25</sup> *Kristiane* svarar formelt til lat. *Kristine*, men sidan namnet i Noreg fyrst og fremst har kome i bruk som ei seinare avleiing av *Kristian*, ser eg på dette som eit moderne moveringsnamn (NPL: 172).

## 6.2 Gruppering av namnematerialet innbyrdes i Lærdal

Lærdal prestegjeld er delt inn i sokna Hauge og Tønjum. Borgund vart eige prestegjeld i 1865, men eg vil i denne undersøkinga sjå på Borgund som eit sokn under Lærdal prestegjeld for å få mest mogleg samsvar med dei føregåande folketeljingane. Skilnadane mellom Borgund og Lærdal kjem uansett til syne ved at Borgund ikkje er delt opp i fleire kyrkjesokn.

Av same grunn som i 1865 (s. 70), skal det verte særskilt interessant å sjå på Hauge sokn i høve til dei andre kyrkjesokna. Lærdalsøyri har utvikla seg til å verte ein enda meir urban og sentral tettstad sidan 1865, sjølv om det òg her var stor utvandring til Amerika.

### 6.2.1 Mannsnamna

Alle dei tre kyrkjesokna er jamne når det kjem til snittet på berarar per namn. Venteleg er det Hauge sokn som har lågast snitt med 6,1 mann per mannsnamn, medan Tønjum har høgast snitt med 6,7. Sjølv om snittet på berarar per namn er jamnare enn i 1865, forsterkar dette tilsynelatande teorien om at moderniseringa av mannsnamna har kome lengst i Hauge. Dette soknet har både flest leksikalske namn, og flest innbyggjarar. At snittet er lågast i Hauge, fortel oss at innbyggjarane her fordeler seg kring fleire namn enn i dei andre kyrkjesokna.

Namnegrupper	Hauge sokn	Tønjum Sokn	Borgund prestegjeld
<b>Nordiske namn</b>	38,9 %	44,1 %	40,0 %
<b>Kyrkjelege namn</b>	37,9 %	44,1 %	40,0 %
<b>Tyske namn</b>	15,8 %	5,9 %	10,0 %
<b>Andre innlånte namn</b>	7,4 %	5,9 %	10,0 %

Tabell 33: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Lærdal prestegjeld i 1900, menn

#### 6.2.1.1 Dei nordiske namna

Det er i Tønjum sokn me finn den største gruppa med nordiske namn. Her utgjer dei nordiske namna 44,1 % av dei leksikalske namna i soknet. I Borgund er 40,0 % av mannsnamna nordiske, medan Hauge har den minste fordelinga med 38,9 %. Det er ikkje den aller største skilnaden, men litt overraskande at Borgund ikkje har enda større del av den nordiske namnegruppa enn Hauge. Dette kan vere ein indikasjon på at moderniseringa av mannsnamna er komen godt i gong i Borgund òg. Det er her dei største endringane frå 1865 finn stad. Frå at dei nordiske mannsnamna utgjer 54,0 % av dei leksikalske namna 1865, er den same fordelinga redusert med 14 prosentpoeng til 40,0 % i 1900. Tønjum har hatt ein nedgang på 4,4 prosentpoeng, medan Hauge sokn har omtrent same fordeling som i 1865.

Plassering	Hauge sokn	Tønjum sokn	Borgund prestegjeld
1.	<i>Ole</i>	<i>Ole</i>	<i>Ole</i>
2.	<i>Anders</i>	<i>Anders</i>	<i>Anders</i>
3.	<i>Per</i>	<i>Jens</i>	<i>Håkon</i>
4.	<i>Hans</i>	<i>Håkon</i>	<i>Iver</i>
5.	<i>Jens</i>	<i>Andreas</i>	<i>Knut</i>
6.	<i>Johannes</i>	<i>Peder</i>	<i>Johannes</i>
7.	<i>Johan</i>	<i>Hans</i>	<i>Mons</i>
8.	<i>Nils</i>	<i>Knut</i>	<i>Nils</i>
9.	<i>Tomas</i>	<i>Ivar</i>	<i>Jens</i>
10.	<i>Andreas</i>	<i>Johannes</i>	<i>Lars</i>
11.	<i>Karl</i>	<i>Nils</i>	<i>Hans</i>
12.	<i>Ivar</i>	<i>Lasse</i>	<i>Peder</i>
13.	<i>Knut</i>	<i>Ingebrigt</i>	<i>Halvar</i>
14.	<i>Martin</i>	<i>Olav</i>	<i>Halvor</i>
15.	<i>Kristian</i>	<i>Ingvard</i>	<i>Henrik</i>
16.	<i>Lars</i>	<i>Tomas</i>	<i>Tørris</i>
17.	<i>Ingebrigt</i>	<i>Johan</i>	<i>Agrim</i>
18.	<i>Petter</i>	<i>Jonas</i>	<i>Roar</i>
19.	<i>Jakob</i>	<i>Mons</i>	<i>Torstein</i>
20.	<i>Henrik</i>	<i>Bård</i>	<i>Johan</i>

Tabell 34: Dei 20 mest frekvente mannsnamna innad i Lærdal prestegjeld i 1900

I alle kyrkjesokna er sjølvsagt *Ole* det mest frekvente namnet. Framleis er namnet mykje meir frekvent enn det nest mest frekvente mannsnamnet. I Borgund utgjer *Ole* 20,8 % av den manlege namnemassen i soknet. Dette er meir enn for dei føregåande folketeljingane, noko som ikkje tyder på at oppkallingstradisjonen her er på veg ut av bruk. I Hauge er det 11,9 % av namneberarane som heiter *Ole/Ola*. Her har den relative frekvensen på det mest frekvente namnet gått ned mellom kvar folketeljing. Dermed tyder det på at dei mest frekvente namna vert mindre frekvente i Hauge ved at innbyggjarane ikkje kallar opp borna sine direkte, men nyttar namn frå eit større og utvida namnemateriale.

Dette kan me òg stadfeste ved å sjå på den kumulative frekvensen. I 1865 nytta halvparten av mennene i Hauge dei seks mest frekvente namna, medan halvparten av mennene i Hauge nyttar dei ni mest frekvente mannsnamna i 1900. Med andre ord er dei mest frekvente namna vorten mindre frekvente mellom desse to folketeljingane, noko som indikerer modernistisk tankegang. I Borgund bar kring halvparten av mennene eit av dei åtte mest frekvente namna i både folketeljinga av 1865 og 1900. Her ser det tilsynelatande ikkje ut til at den modernistiske tankegangen har slått ut i full blomst enda. Korkje ved at dei mest frekvente namna ikkje vert mindre frekvente, eller at fleire namn frå namnematerialet vert nytta som følgjer av at oppkallingssikken vert broten.

*Ole* er det einaste nordiske namnet blant dei 10 mest frekvente namna i Hauge sokn. I Tønjum og Borgund finn me i tillegg *Håkon*, *Knut* og *Ivar* på 10 (i Borgund er det dei danske skrivemåtane *Haaken* og *Iver* som dominerer), slik at det her er fire nordiske namn blant dei aller mest frekvente mannsnamna.

Utvidar me til å sjå på dei 20 mest frekvente mannsnamna, finn me ytterlegare tre nordiske namn i Hauge. Det er *Karl*, *Ivar* og *Knut*, slik at det er til saman fire nordiske namn blant dei 20 mest frekvente i Hauge i folketeljinga av 1900. I Tønjum finn me sju nordiske namn blant desse. I tillegg til dei fire nemnte, finn me her *Olav*, *Ingvard* og *Bård*. Det er interessant å sjå korleis *Olav* har vorte eit populært alternativ til *Ole/Ola* som fylgje av den nordiske namnerenessansen. Kanskje er det eit døme på halvvegs oppkalling?

Sjølv om den nordiske namnegruppa utgjer kring 40,0 % i både Borgund og Hauge, er det likevel klart fleire nordiske namn blant dei 20 mest frekvente mannsnamna i Borgund. Der Hauge hadde fire nordiske namn, har Borgund 10. I tillegg til dei fire nemnte, finn me i numerisk rekkjefylgje *Halvard*, *Halvor*, *Tørris*, *Agrim*, *Roar* og *Torstein* blant desse her.

Det er i Hauge, soknet med den minste fordelinga av den nordiske namnegruppa, me finn flest av dei gamle nordiske namna, som er døme på nordiske renessansenamn. *Hjalmar*, *Sigurd* og *Ragnvald* er namn me ikkje finn i dei andre kyrkjesokna, medan dei gamle formene *Olav/Olaf* og *Haakon/Håkon* er å finne i alle tre kyrkjesokna. Tønjum har òg det nordiske namnet *Egil* til felles med Hauge. I tillegg finn me her renessansenamna *Kolbein*, *Ragnar*, *Torleif* og *Leif*. Borgund derimot, som ein skulle tru hadde størst fordeling av nordiske namn totalt, har færrest av dei gamle nordiske namna frå sagalitteraturen. *Fuse* er det einaste namnet prestegjeldet har unikt. Rett nok er det berre i Borgund me finn det gamle latinske kongenamnet *Magnus*, som òg må sjåast på som eit renessansenamn. Igjen ser me ein indikasjon på at moderniseringa av personnamna er komen lengst i Hauge, her representert ved den nordiske namnerenessansen.

### 6.2.1.2 Dei kyrkjelege namna

Det er interessant å sjå at gruppa med dei kyrkjelege namna er vorten jamstor med den nordiske namnegruppa. Grunnen til dette er at dei nordiske namna vert færre, medan dei kyrkjelege namna held seg omtrent på lik line som ved førre folketeljing. Dette til tross for at den nordiske namnerenessansen er på full frammarsj.

Det er i Tønjum dei kyrkjelege namna utgjer den største namnegruppa med 44,1 % av dei leksikalske mannsnamna, nøyaktig den same fordelinga som den nordiske namnegruppa. Slik er det òg for Borgund, der båe namnegruppene utgjer 40,0 %. Overraskande nok er det i



Hauge dei kyrkjelege namna har minst fordeling med 37,9 %. Her har namnegruppa hatt ein nedgang på 4,8 prosentpoeng sidan 1865, medan den har halde seg stabil i Tønjum, og hatt ein oppgang på to prosentpoeng i Borgund.

I alle kyrkjesokna er *Anders* det nest mest frekvente mannsnamnet, medan me finn dei to bibelske namna *Johannes* og *Jens* blant dei 10 mest frekvente mannsnamna. I Borgund, finn me i tillegg helgennamna *Nils* og *Lars*, slik at det her er fem kyrkjelege namn blant dei aller mest nytta mannsnamna.

Hauge har derimot ni kyrkjelege namn blant dei 10 mest frekvente mannsnamna. I tillegg til dei tre nemnte, finn me dei tre bibelnamna *Per/Peder*, *Andreas* og *Hans*, som me òg finn i Tønjum, og som saman med dei tre ovannemnte, utgjer dei seks kyrkjelege namna blant dei 10 mest frekvente i soknet. *Johan*, *Nils* og *Tomas* er dei tre siste av dei ni kyrkjelege mannsnamna me finn blant dei aller mest frekvente mannsnamna i Hauge sokn. Til tross for at Hauge er det soknet med lågast fordeling av gruppa med kyrkjelege namn, er det her me finn klart flest kyrkjelege namn blant dei aller mest frekvente namna. Noko av grunnen til dette er nok at me totalt finn klart flest leksikalske namn i Hauge.

Apostelnamna *Jakob* og *Petter*, helgennamna *Martin* og *Lars*, og det moderne kristne namnet *Kristian*<sup>26</sup>, er ytterlegare fem namn, som bidreg til at det er heile 14 kyrkjelege namn blant dei 20 mest frekvente mannsnamna i Hauge.

I Tønjum finn me òg fem namn til blant dei 20 mest frekvente. Det er dei bibelske namna *Tomas*, *Johan* og *Jonas*, samt helgennamna *Nils* og *Lasse*. Borgund har totalt åtte kyrkjelege namn blant dei mest frekvente mannsnamna, og dei siste tre, som ikkje allereie er nemnt, er *Hans*, *Peder* og *Johan*.

### 6.2.1.3 Dei innlånte namna

Tønjum er det soknet med lågast fordeling av dei innlånte namna. Både dei tyske namna, og gruppa med andre innlånte namn, utgjer 5,9 % av dei leksikalske namna kvar. Hauge sokn har lite overraskande størst fordeling av dei innlånte namnegruppene med 15,8 % tyske namn, medan gruppa andre innlånte namn utgjer 7,4 % av dei leksikalske mannsnamna i soknet. Det er faktisk Borgund som har størst prosentdel av denne namnegruppa med 10,0 %, som er den same fordelinga me finn for den tyske namnegruppa i soknet.

15 tyske namn er å finne i namneforrådet i Hauge sokn i 1900. *Ingebrigt* og *Henrik* er plassert blant dei 20 mest frekvente mannsnamna, slik at det er to tyske namn blant desse.

---

<sup>26</sup> Latinsk namn, som til tross for å ha vore kjent sidan 1300-talet, gjekk svært mykje fram kring 1900 (NPL: 172)

*Henrik* ligg på topp 20 i Borgund, medan *Ingebrigt* ligg på topp 20 i Tønjum, her ligg *Henrik* plassert litt lenger nede på lista.

*Bernhard, Konrad, Ludvig, Otto* og *Vilhelm* er fem nye tyske innlånte namn som kan vere døme på moderne namn som vart populære kringom 1900. Me ser at sjølv om dei tyske namna har vore nytta i Lærdal, og resten av landet lenge, er grunnen til at denne namnegruppa er høg her at det har kome inn nye moderne tyske namn.

*Didrik, Engebret, Fredrik* og *Vilken* kjenner me frå dei tidlegare folketeljingane i Lærdal, medan *Gerhard, Gjert, Godtlieb* og *Tøger* er nye i namneforrådet i Hauge, og utgjer dei siste av dei totalt 15 tyske namna som er å finne i soknet i 1900.

I Tønjum finn me totalt fire tyske namn. Det er det allereie nemnte *Ingebrigt*, som ligg blant dei 20 mest frekvente mannsnamna, samt *Henrik, Ludvig* og *Hermann*. Dei tre siste namna er òg å finne i namneforrådet i Borgund, samt *Wilhelm* og *Adolf*, som, saman med *Ludvig*, er døme på nye moderne tyske namn.

Det er jamnare hjå gruppa med andre innlånte namn. Flest finn me i Hauge med sju stykk. Ingen av desse er å finne blant dei 20 mest frekvente mannsnamna. Mest frekvent er *Mons*, som er representert i alle kyrkjesokna; på topp 10 i Borgund og på topp 20 i Tønjum. I Hauge finn me i tillegg dei latinske namna *Olai, Olaus* og *Sølfest*, det engelske *Alfred*, det irske namnet *Oskar*, samt det franske namnet *Emil*. Det er med andre ord namn frå litt forskjellige land og språkområder, noko som kjenneteiknar moderniseringa av personnamna.

Tønjum har berre tre innlånte namn i tillegg til *Mons*. Det er dei latinske namna *August* og *Olai*, samt det engelske namnet *Edvard*, som me òg finn i Borgund og som då har seks innlånte namn totalt. Dei fire siste, som ikkje allereie er nemnt, er det latinske kongenamnet *Magnus*, dei engelske namna *Eddie* og *Oliver*, samt det irske namnet *Oskar*.

Hauge er det kyrkjesoknet som er kome lengst når det gjeld moderniseringa av mannsnamna. Soknet har klart flest leksikalske namn totalt, samstundes som det har det lågaste snittet på berar per namn. Det er her den relative frekvensen på dei mest frekvente namna har gått ned, slik at når den kumulative frekvensen er kring 50,0 % famnar han om flest namn. Det er òg i Hauge den nordiske namnerenessansen har kome lengst, og fordelinga av gruppene med dei innlånte namna er høgast. Men både Tønjum og Borgund syner klare indikasjonar på at moderniseringa er på veg her òg.

### 6.2.2 Kvinnenamna

Blant kvinnenamna i dei ulike kyrkjesokna er det ikkje så jamt når det gjeld snittet på berarar per namn, som for mannsnamna. Me finn det klart lågaste snittet i Hauge med 5,8 kvinner per

namn. I Borgund utgjør snittet 7,3, medan Tønjum har det høgaste snittet på 7,9 kvinner i snitt per namn. Dette kan tilsynelatande tyde på at Hauge er komen enda lenger i moderniseringsprosessen i høve til dei andre sokna, enn tilfellet var for mannsnamna.

Namnegrupper	Hauge sokn	Tønjum sokn	Borgund prestegjeld
<b>Nordiske namn</b>	30,8 %	32,9 %	29,1 %
<b>Kyrkjelege namn</b>	49,6 %	57,1 %	56,4 %
<b>Tyske namn</b>	9,4 %	4,3 %	5,5 %
<b>Andre innlånte namn</b>	8,5 %	5,7 %	9,1 %
<b>Samansette namn</b>	1,7 %	-----	-----

Tabell 35: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Lærdal prestegjeld i 1900, kvinner

### 6.2.2.1 Dei nordiske namna

Det er uventa at Borgund er det soknet med prosentdel når det kjem til gruppa med dei nordiske namna, med 29,1 % av dei leksikalske namna. Det er for øvrig jamt mellom alle tre kyrkjesokna. Tønjum har den høgaste fordelinga med 32,9 %.

Den nordiske namnegruppa har hatt ein nedgang i alle kyrkjesokna, men nedgangen i Borgund er mest oppsiktsvekkjande. Frå 43,5 % i 1865, har dei nordiske kvinnenamna hatt ein nedgang på 14,4 prosentpoeng fram mot 1900. Det er ein nesten nøyaktig like stor nedgang som hjå mannsnamna.

Plassering	Hauge sokn	Tønjum sokn	Borgund prestegjeld
1.	<i>Anna</i>	<i>Anna</i>	<i>Anna</i>
2.	<i>Kari</i>	<i>Brita</i>	<i>Kari</i>
3.	<i>Brita</i>	<i>Kari</i>	<i>Brita</i>
4.	<i>Marie</i>	<i>Kirsti</i>	<i>Sønneva</i>
5.	<i>Ingeborg</i>	<i>Ragnhild</i>	<i>Mari</i>
6.	<i>Marta</i>	<i>Sønneva</i>	<i>Ingeborg</i>
7.	<i>Synnøve</i>	<i>Ingeborg</i>	<i>Kirsti</i>
8.	<i>Olina</i>	<i>Marta</i>	<i>Ragnhild</i>
9.	<i>Gjertrud</i>	<i>Marita</i>	<i>Marita</i>
10.	<i>Kirsti</i>	<i>Mari</i>	<i>Rannveig</i>
11.	<i>Ragnhild</i>	<i>Ingeleiv</i>	<i>Sigrid</i>
12.	<i>Johanne</i>	<i>Sigrid</i>	<i>Ingeleiv</i>
13.	<i>Margrete</i>	<i>Velgjerd</i>	<i>Olina</i>
14.	<i>Inga</i>	<i>Guro</i>	<i>Guro</i>
15.	<i>Kristina</i>	<i>Marie</i>	<i>Sille</i>
16.	<i>Mari</i>	<i>Sofie</i>	<i>Elsa</i>
17.	<i>Eli</i>	<i>Elsa</i>	<i>Marta</i>
18.	<i>Marte</i>	<i>Olina</i>	<i>Johanna</i>
19.	<i>Sigrid</i>	<i>Margrete</i>	<i>Randi</i>
20.	<i>Guro</i>	<i>Rannveig</i>	<i>Unni</i>

Tabell 36: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna innad i Lærdal prestegjeld, 1900

*Ingeborg* ligg kring 6. plass i alle kyrkjesokna. I Hauge finn me i tillegg *Olina*, slik at det her er to nordiske namn blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna. Det er den same fordelinga som i Tønjum sokn, men her er *Ragnhild* det andre nordiske namnet.

*Ragnhild* finn me òg i Borgund, i tillegg til *Rannveig*. Det vil seie at det i Borgund er tre nordiske namn blant dei 10 mest frekvente namna. Hauge har den same fordelinga som i førre folketeljing, medan dei to andre sokna har redusert talet på nordiske kvinnenamn blant dei aller mest nytta namna med eitt namn kvar.

Utvidar me til dei 20 mest frekvente namna, finn me *Sigrid* og *Guro* i alle kyrkjesokna. I Hauge finn me i tillegg *Ragnhild* og *Inga*, slik at det her er seks nordiske namn blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna, den same fordelinga som i 1865.

Tønjum har seks nordiske namn blant dei mest frekvente namna. To av dei er allereie nemnt, og saman med *Olina* og *Ingeleiv*, som me òg finn topp 20 i Borgund, er det *Velgjerd* og *Rannveig* som utgjer dei seks siste nordiske namna. Her har talet på nordiske namn blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna gått opp, med eitt namn, sidan førre folketeljing.

I Borgund er faktisk talet på nordiske kvinnenamn auka med to sidan 1865. Dei to namna som enda ikkje er nemnt her, er *Randi* og *Unni*. Sjølv om Borgund har hatt klart størst nedgang og den lågaste fordelinga av den nordiske namnegruppa, er det likevel her me finn flest nordiske kvinnenamn blant dei mest frekvente kvinnenamna.

Når det gjeld dei gamle nordiske namna, henta frå sagalitteraturen og andre kjelder som fylgje av den nordiske namnerenessansen, stiller det heile seg litt annleis. I Borgund finn me ingen slike typiske renessansenamn. Det einaste er at skrivemåtane av dei nordiske namna er vorten meir fornorska. I Tønjum, og særskilt Hauge, er det komne inn fleire slike namn i namneforrådet. *Gudrun*, *Turid* og *Ingebjørg* finn me i båe sokna. I tillegg finn me *Solveig* og *Aslaug* i Tønjum, medan *Borghild*, *Borgny*, *Gudveig*, *Helga*, *Jorunn*, *Ragna* og *Valborg* er døme på slike eldre renessansenamn som vart nytta igjen grunna den nordiske namnerenessansen. Det er klart flest av desse i Hauge, som forsterkar teorien om at dette soknet tilsynelatande er komen lengst i moderniseringsprosessen blant kvinnenamna.

#### **6.2.2.2 Dei kyrkjelege namna**

Gruppa med dei kyrkjelege namna har lågast deling i Hauge, der dei utgjer 49,6 % av dei leksikalske kvinnenamna i soknet. Høgast deling finn me i Tønjum med 57,1 %. Litt uventa er det igjen at dei kyrkjelege namna har omtrent like høg deling i Borgund, som i Tønjum, med 56,4 %. I båe desse to kyrkjesokna har denne namnegruppa hatt ein auke sidan

1865. Over sju prosentpoeng har gruppa auka med i Tønjum, medan auken i Borgund er på 6,4 prosentpoeng. Dette er litt i mot utviklinga kringom resten av landet.

*Anna* er nesten like suverent på topp i alle kyrkjesokna blant kvinnene, som *Ole* er for mennene. Den relative frekvensen varierer frå 14,1 % i Borgund, til 17,6 % i Tønjum. I alle tre sokna har den relative frekvensen til *Anna* gått opp sidan førre folketeljing, og dette kan tyde på at den tradisjonelle oppkallingstradisjonen framleis er godt til stades for kvinnenamna. Dette vil i så fall svekkje teorien om at moderniseringa er komen godt i gang for kvinnenamna i Lærdal. Heller trur eg at det er bruken av dobbeltnamn, ein klar indikasjon på modernisering (Landøy 1995: 54), som bidreg til at namnet er så frekvent. *Anne/Anna* er generelt det mest brukte fyrstenamnet i eit dobbeltnamn, og dermed fortsett namnet med å vere så frekvent.

Når det gjeld den kumulative frekvensen, vert 10 av dei mest frekvente namna i Hauge nytta av kring halvparten av kvinnene. Det same talet for Tønjum og Borgund er seks. Når då Hauge har hatt ein auke på to namn, medan dei to andre har hatt ein stilstand på det området, syner det oss at kvinnene i Hauge famnar om ei større mengde kvinnenamn enn i dei to andre sokna, sjølv om det mest frekvente namnet her vert meir frekvent. Dette er ein god indikasjon på modernisering.

I tillegg til *Anna*, ligg *Kari* og *Brita* blant dei tre mest frekvente kvinnenamna i alle kyrkjesokna, noko som òg var tilfellet i 1865 (bortsett frå at *Marita* låg på plassen føre *Brita* i Borgund). *Sønneva*<sup>27</sup> og *Kirsti* er dei to siste kyrkjelege namna alle sokna har til felles.

Dei bibelske namna *Maria* og *Marta* er dei to siste av dei sju kyrkjelege namna som er å finne blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna i Hauge. I Tønjum er det åtte kyrkjelege namn, og *Marta*, samt *Marita* og *Mari*, er dei siste av desse åtte. *Marita* og *Mari* utgjer dei to siste namna blant dei sju kyrkjelege kvinnenamna i Borgund. Som me ser er det mykje likskap blant dei aller mest frekvente kyrkjelege kvinnenamna, og slik har det vore stort sett gjennom 1800-talet.

Det vert litt større skilnadar når me utvidar til dei 20 mest frekvente kvinnenamna, særskilt i Hauge som totalt har 13 kyrkjelege namn blant desse. Det er dei bibelske namna *Eli*, *Johanne* og *Mari*, samt helgennamna *Kristina*<sup>28</sup>, *Margrete* og *Marte*.

I både Borgund og Tønjum er det 11 kyrkjelege namn blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna. Kortforma *Elsa*, av *Elisabet*, går igjen i baa sokna. *Marie* og *Margrete* er dei to siste kyrkjelege namna i Tønjum, medan *Sille*, *Marta* og *Johanna* er dei tre siste kyrkjelege

---

<sup>27</sup> I Hauge er det skrivemåten *Synnøve* som er mest frekvent, noko som er eit teikn på modernisering.

<sup>28</sup> *Kristina* er òg eit såkalla moderne namn som vart veldig populært kring 1900, sjølv om det har vore kjent sidan 1100-talet

namna i Borgund. Igjen ser me at Hauge har flest kyrkjelege namn blant dei mest frekvente kvinnenamna, sjølv om soknet totalt har den minste prosentvise fordelinga av namnegruppa.

### 6.2.2.3 Dei innlånte namna

Venteleg er det i Hauge gruppene med dei innlånte namna er størst. Dei tyske namna utgjer 9,4 % av dei leksikalske kvinnenamna, medan dei andre innlånte namna utgjer 8,5 % av det totale namnematerialet her. I Tønjum finn me den minste fordelinga av dei innlånte namna. Her utgjer dei tyske namna 4,3 % av dei leksikalske namna, medan gruppa med andre innlånte namn utgjer 5,7 %. I Borgund utgjer den tyske namnegruppa 5,5 %, og gruppa andre innlånte namn 9,1 %.

Det er ved dei innlånte namna at dei store skilnadane kjem, og Hauge markerer seg her som det soknet som har kome lengst, når det gjeld moderniseringa av kvinnenamna. Totalt er det 10 tyske namn i Hauge, mot tre i både Borgund og Tønjum. *Gjertrud* er mest frekvent i alle tre, men utanom i Hauge, der det ligg på 9. plass, har dette namnet sokke nedover på frekvenslista.

Fleire av dei tyske namna i Hauge er nye tyske namn, som kan vere døme på moderne namn. Det gjeld *Emma* og *Mathilde*, samt moveringsnamna *Bertine*, *Rikarda* og *Vilhelmine*. *Alette*, *Helvig* og *Øllegård* kjenner me derimot frå eit, eller baa, av dei føregåande folketeljningane. Dei to siste tyske namna i Hauge i 1900 er *Ales* og *Hedvig*.

I Tønjum er det dei kjente namna *Alette* og *Gjesa* som er dei to siste tyske namna, medan *Gjesa* og *Vilhelmina* utgjer dei to siste tyske namna i Borgund.

Det er som forventa i Hauge me finn klart flest innlånte namn. 10 av kvinnenamna i soknet høyrer til gruppa med andre innlånte namn. Det greske namnet *Sofie* finn me i alle kyrkjesokna. I Tønjum ligg dette namnet på 16. plass blant dei mest frekvente kvinnenamna. Vidare finn me i Hauge det franske namnet *Lovise* og det fransk-latinske namnet *Konstanse*. *Karoline*, som er det mest frekvente av dei innlånte namna i soknet, samt *Klaudine*, *Magna* og *Ovidia*, er alle latinske namn. Til slutt har me kortformene *Gina*, *Rikka* og *Stine*. Det sistnemnte namnet er representert i alle kyrkjesokna.

Tønjum og Borgund har berre høvesvis fire og fem innlånte namn kvar. Dei to siste som ikkje allereie er nemnt i Tønjum, er dei latinske namna *Karoline* og *Lukris*. I Borgund er det litt fleire av dei moderne kvinnenamna. Det latinske namnet *Klara*, og kortformene *Lina* og *Mina*, er gode døme på moderne namn som fekk eit kraftig oppsving, eller kom i bruk, mot slutten av 1800-talet.

Det er klart flest moveringsnamn i Hauge sokn. 27 av dei 29 moveringsnamna som er å finne i Lærdal og i Borgund er representert i Hauge i 1900-folketeljinga. Det er overlegent i høve til dei to andre sokna, der me i båd finn åtte moveringsnamn. Dette styrkjer teorien om at moderniseringa av kvinnenamna ikkje overraskande er komen lengst i Hauge.

Denne indikasjonen synte seg allereie når me såg på snittet for tal berarar per namn, der Hauge hadde lågare snitt enn dei to andre sokna. Vidare var det klart flest innlånte namn her, og namn frå fleire land- og språkområder, enn i dei andre sokna. Hauge hadde òg fleire av dei gamle nordiske namna, som kom i bruk igjen som fylgje av den nordiske namnerenessansen. Med andre ord er det Hauge sokn som kjem best ut i dei ulike indikasjonane på modernisering av personnamna. Ein slik moderniseringsprosess finn me òg i Tønjum og Borgund, men her er den ikkje like framtreddande. Likevel er det overraskande at det tilsynelatande ser ut til at Borgund prestegjeld ligg hakket lenger framme i moderniseringsprosessen enn Tønjum, men skilnaden mellom dei er ikkje stor.

## 6.3 Gruppering av namnematerialet i Vang

### 6.3.1 Mannsnamna

I Vang har det òg vore ein nedgang i folketalet frå 1865 til 1900. Som i Lærdal er det emigrasjonen til Amerika som er hovudårsaken til den store reduseringa i folketalet. I 1900 bur det 1079 menn i Vang. Desse fordeler seg på 88 namn, ein auke på fire namn sidan 1865, slik at snittet på berarar per namn i Vang er 12,3 menn. Dette er ein reduksjon på 3,5 sidan 1865, og det lågaste snittet av dei tre folketeljingane, noko som i utgangspunktet tyder på at moderniseringa av mannsnamna er til stades i Vang, så vert det interessant å sjå i kva grad.

I Lærdal er det i 1900 126 leksikalske mannsnamna, ein auke på sju namn sidan 1865, og eit snitt på 11,2 menn per namn. Det er med andre ord både ein god del fleire leksikalske namn i Lærdal, og eit lågare snitt av berarar per namn enn i Vang, noko som tyder på at moderniseringa er komen lenger i Lærdal.

Namnegrupper	Prosentvis fordeling	Tal namn
<b>Nordiske namn</b>	59,1 %	52 av 88
<b>Kyrkjelege namn</b>	26,1 %	23 av 88
<b>Tyske namn</b>	10,2 %	9 av 88
<b>Andre innlånte namn</b>	4,5 %	4 av 88

Tabell 37: Oversyn over dei ulike namnegruppene i Vang prestegjeld i 1900, menn

#### 6.3.1.1 Dei nordiske namna

Dei nordiske namna utgjer den klart største namnegruppa i Vang. 59,1 % av dei leksikalske mannsnamna er av nordisk opphav. Dette er ein nedgang på 1,6 prosentpoeng sidan 1865, då

namnegruppa utgjorde 60,7 % av dei leksikalske namna. I høve til Lærdal er den nordiske namnegruppa 17,5 prosentpoeng større i Vang, men namnegruppa er størst på stader.

Plassering	Namn
1.	<i>Ole</i>
2.	<i>Anders</i>
3.	<i>Knut</i>
4.	<i>Nils</i>
5.	<i>Kristoffer</i>
6.	<i>Torstein</i>
7.	<i>Jon</i>
8.	<i>Ivar</i>
9.	<i>Helge</i>
10.	<i>Lars</i>
11.	<i>Tomas</i>
12.	<i>Johannes</i>
13.	<i>Boye</i>
14.	<i>Peder</i>
15.	<i>Endre</i>
16.	<i>Trond</i>
17.	<i>Eivind</i>
18.	<i>Gullik</i>
19.	<i>Andreas</i>
20.	<i>Ove</i>

Tabell 38: Dei 20 mest frekvente mannsnamna i Vang prestegjeld i 1900

Som i Lærdal, og gjennom heile 1800-talet, er *Ole* det suverent mest frekvente namnet i Vang i folketeljinga av 1900. Med 223 berarar utgjør *Ole* 20,7 % av den mannlege namnemassen i Vang. Den relative frekvensen har faktisk auka med eitt drøyt prosentpoeng sidan 1865, noko som tyder på at oppkallingstradisjonen framleis står sterkt i Vang. Dette er ikkje i tråd med moderniseringsutviklinga. Til samanlikning er den relative frekvensen til *Ole* fire prosentpoeng lågare i Lærdal, der den i tillegg hadde ein svak nedgang frå førre folketeljing.

Det er fire nordiske namn til blant dei 10 mest frekvente mannsnamna, slik at halvparten av desse er av nordisk opphav. Dette er den same fordelinga som i førre folketeljing, og éin meir enn for Lærdal i 1900. Desse fire namna er i numerisk rekkjefylgje *Knut*, *Torstein*, *Ivar* og *Helge*, som er dei same nordiske namna som blant dei 10 mest frekvente mannsnamna i 1865, men med litt annan rekkjefylgje. I høve til folketeljinga av 1801 var det *Trond*, og ikkje *Helge*, som utgjorde det femte og siste nordiske namnet blant dei aller mest frekvente namna. Med andre ord har det vore ein stor stabilitet blant dei mannlege nordiske toppnamna gjennom 1800-talet, noko som forsterkar teorien om sterk oppkallingstradisjon.

Blant dei 20 mest frekvente mannsnamna finn me fem andre nordiske namn, og framleis er denne namnegruppa representert med halvparten av dei mest frekvente mannsnamna. Det



er éin mindre enn for folketeljinga av 1865. Dei fem siste nordiske namna er *Endre, Trond, Eivind, Gullik* og *Ove*, som plasserer seg frå 15.plass og nedover. Med unnataket av at *Erik* og *Østen* har sokke lenger ned, medan *Eivind* har kome opp blant dei 20 mest frekvente namna, er det dei same namna som i 1865. Igjen er det relativt stor stabilitet blant dei mest frekvente namna. Til samanlikning er det i Lærdal halvparten så mange nordiske namn blant dei 20 mest frekvente mannsnamna i folketeljinga av 1900, og den prosentvise skilnaden hjå namnegruppa syner seg allereie blant dei mest frekvente namna.

I Lærdal var det fram mot 1900 komne inn ein god del av dei gamle nordiske namna frå sagalitteraturen etc. grunna den nordiske namnerenessansen. Dette er det òg spor av i Vang, om ikkje i like stor grad.

Dei gamle vikingkongenamna *Erling, Sigurd* og *Olav* er representert i Vang i 1900, samtidig som dei modifiserte formene, som dominerte under dansketida, *Elling* og *Sjur*, vert mindre nytta. Ingen av dei tre fyrste namna er representert med fleire enn to berarar.

I tillegg er dei opphavlege nordiske formene *Eivind* og *Gunnar* på frammarsj, medan dei nyare, og til no mest nytta, formene *Even* og *Gunder* er på veg attende. *Arne* og *Torvald* er òg to renessansenamn som går fram i Vang i 1900 i høve til førre folketeljing.

#### 6.3.1.2 Dei kyrkjelege namna

Gruppa med kyrkjelege namn utgjer 26,1 % av dei leksikalske mannsnamna i Vang i 1900, ein liten nedgang på 1,3 prosentpoeng sidan førre folketeljing. Med andre ord har dei nordiske og dei kyrkjelege namna hatt ein samla nedgang på kring tre prosentpoeng, slik at dei innlånte namna må ha hatt ein tilsvarande auke sidan folketeljinga av 1865.

I Lærdal utgjorde denne namnegruppa til samanlikning 35,2 % av dei leksikalske mannsnamna. Dei hadde òg ein nedgang, som var enda større enn i Vang.

Dei resterande halvparten av dei 10 mest frekvente mannsnamna i Vang er av kyrkjeleg opphav. Det bibelske namnet *Anders* er det nest mest frekvente namnet, som i 1865, med ein relativ prosent på 8,7 %, kring 13 prosentpoeng mindre enn *Ole*. På 4. og 5. plass finn me helgennamna *Nils* og *Kristoffer*, medan bibelnamnet *Jon*, og helgennamnet *Lars*, er dei to siste kyrkjelege mannsnamna blant dei 10 mest frekvente. Stabiliteten blant dei aller mest frekvente kyrkjelege namna er òg stor, og ulikskapen er at *Tomas* har skifta plass med *Lars* sidan 1865. I Lærdal var det seks kyrkjelege namn blant dei aller mest frekvente namna.

Utvidar me til dei 20 mest frekvente mannsnamna, finn me ytterlegare fire kyrkjelege namn, noko som er to fleire enn i 1865 og tre færre enn for Lærdal i 1900. Den totale nedgangen for den kyrkjelege namnegruppa syner seg altså ikkje igjen blant dei mest

frekvente kyrkjelege namna. Dei fire siste kyrkjelege namna er i numerisk rekkjefylgje bibelnamna *Tomas, Johannes, Peder* og *Andreas*. Her er det berre *Andreas* som ikkje var blant dei 20 mest frekvente mannsnamna i førre folketeljing, og stabiliteten for dei kyrkjelege namna mellom dei ulike folketeljingane vedvarer blant dei 20 mest frekvente mannsnamna.

*Johannes* har hatt ein jamn stigning sidan 1801 frå 22. plass, til 12. plass i 1900. Dette kan ha samband med at namnet alltid har stått sterkt i Lærdal, og dermed vere eit døme på at namn spreiar seg frå Lærdal til Vang grunna kontakten over Filefjell. I NPL (s. 152) står det at *Johannes* alltid har hatt eit tyngdepunkt på Vestlandet.

*Andreas* har, frå 1865 til 1900, gått frå å vere det 43 mest frekvente namnet til å verte det 19 mest frekvente namnet. I NPL (s. 25) står det at grunnforma *Andreas* var eit populært namn kring 1900, noko som vert prova her. *Andreas* er med andre ord eit kyrkjeleg namn som kan verte sett på som eit moderne namn.

### 6.3.1.3 Dei innlånte namna

Dei innlånte namnegruppene i Vang har hatt ein liten prosentvis oppgang frå førre folketeljing, men er framleis ein del mindre enn i Lærdal. Det er i tråd med hypotesen eg har om at dei nordiske namna skal stå sterkast i Vang, medan dei innlånte namna skal vere mest frekvente i Lærdal.

Gruppa med dei tyske namna utgjer 10,2 % av dei leksikalske mannsnamna i Vang, ein auke på 0,7 prosentpoeng sidan 1865. Det er ingen tyske namn blant dei aller mest frekvente mannsnamna, og me må ned på ein 32. plass for å finne det fyrste tyske namnet. Det er den modifiserte nordiske forma *Syver*, av *Sigvart*, som har fem namneberarar.

Totalt er det ni tyske namn i Vang i 1900. I tillegg til det fyrstnemnte namnet har *Embret* og *Engebret* (i varierende former), samt namna *Henrik* og *Vilhelm*, vore ein del av namneforrådet i Vang gjennom heile 1800-talet. *Ludvig* kjenner me først frå folketeljinga av 1865. *Albert*, *Rudolf* og *Sivert*, som òg er modifisert nordisk form av *Sigvart*, er nye namn i folketeljinga av 1900, og utgjer dei siste av totalt ni tyske namn.

Særskilt *Albert*, *Rudolf* og *Sivert*<sup>29</sup>, og til dels *Ludvig*, er døme på dei nye tyske moderne namna som kom inn i namnematerialet og vart populære namn kringom landet kring 1900.

Gruppa med andre innlånte namn har hatt ein større auke frå 1865, og utgjer 4,5 % av dei leksikalske mannsnamna i Vang i 1900. Det er ein auke på 3,3 prosentpoeng, halvparten av den auken me finn i Lærdal.

---

<sup>29</sup> I NPL (s. 261 og 273) står det at *Syver* tapte seg mot slutten av 1800-talet, medan *Sivert* fekk eit stort oppsving i same periode. Dette er altså eit godt døme på korleis dei gamle tyske namna forsvann og vart erstatta av nye innlånte tyske namn frå midten av 1800-talet.

Det mest frekvente av dei innlånte namna er det frisiske namnet *Boye*, som er ein gamal travar i Vang gjennom alle tre folketeljingane. I 1900 ligg dette namnet heilt oppe på ein 13. plass, med 21 berarar og ein relativ frekvens på 1,9 %.

Meir interessant er det gotiske namnet *Baldvin*, det irske namnet *Oskar* og det greske namnet *Sofus*, som er tre av dei totalt fire namna frå denne namnegruppa i Vang. Særskilt *Oskar* er eit moderne namn som vart veldig populært kringom 1900. *Sofus* vart litt nytta i same periode, men vart på langt nær like populært som *Oskar*.

Det gotiske namnet *Baldvin* er interessant. I fylgje digitalarkivet, er Baldvin Rudolf Boyesen født og oppvaksen i Amerika, og tydeleg berre på vitjing hos slektningar i Noreg, saman med familien. Foreldra hans er rentenistar, det som me i dag kallar aksjespekulantar ([www.digitalarkivet.no](http://www.digitalarkivet.no), 10.10.11).

#### 6.4.1 Kvinnenamna

Den nedgangen innbyggjartalet hadde blant mennene i Vang frå 1865 til 1900 er òg til stades blant kvinnene. I 1900 bur det 1071 kvinner i Vang. Desse kvinnene fordel seg på 63 leksikalske namn, fire fleire enn førre folketeljing, noko som gjer eit snitt på 17,0 kvinner per namn. Dette er ein god del høgare enn for mannsnamna og samanlikna med kvinnene i Lærdal. Snittet i Vang har likevel gått ned med 6,5, frå 23,5 kvinner per namn i 1865, som faktisk er ein større nedgang enn for kvinnenamna i Lærdal.

Namnegrupper	Prosentvis fordeling	Tal namn
<b>Nordiske namn</b>	39,7 %	25 av 63
<b>Kyrkjelege namn</b>	44,4 %	28 av 63
<b>Tyske namn</b>	3,2 %	2 av 63
<b>Andre innlånte namn</b>	12,7 %	8 av 63

Tabell 39: Oversyn over dei ulike namnegruppene i Vang prestegjeld i 1900, kvinner

##### 6.4.1.1 Dei nordiske namna

I Vang utgjer dei nordiske kvinnenamna 39,7 % av dei leksikalske namna. Sjølv om det ikkje er den største namnegruppa, er den likevel stor i høve til både Lærdal og landsnittet for øvrig. Mot den generelle utviklinga i landet har denne namnegruppa gått opp med 4,1 prosentpoeng sidan førre folketeljing. I Lærdal er gruppa med nordiske kvinnenamn 10 prosentpoeng mindre enn i Vang, og der hadde den gått ned 4,2 prosentpoeng i staden for opp, som i Vang.

Plassering	Namn
1.	<i>Marit</i>
2.	<i>Berit</i>
3.	<i>Ingeborg</i>
4.	<i>Anne</i>
5.	<i>Sigrid</i>
6.	<i>Gjertrud</i>
7.	<i>Guri</i>
8.	<i>Ragnhild</i>
9.	<i>Kirsti</i>
10.	<i>Ambjørg</i>
11.	<i>Margit</i>
12.	<i>Rangdi</i>
13.	<i>Dorte</i>
14.	<i>Ingrid</i>
15.	<i>Ingebjørg</i>
16.	<i>Kari</i>
17.	<i>Ingeleiv</i>
18.	<i>Margrete</i>
19.	<i>Bergit</i>
20.	<i>Karen</i>

Tabell 40: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Vang prestegjeld i 1900

Det nordiske namnet *Ingeborg* er det tredje mest frekvente kvinnenamnet i Vang, som ved dei to føregåande folketeljingane, med 111 berarar og ein relativ frekvens på 10,3 %. Vidare ligg *Sigrid* på 5. plass, *Guri* og *Ragnhild* på 7. og 8. plass, og *Ambjørg* på 10. plass. Bortsett frå at *Ingrid* har sokke på frekvenstabellen, er det omtrent dei same fem namna som utgjer dei nordiske innslaga blant dei aller mest frekvente kvinnenamna gjennom 1800-talet. Som for mannsnamna er halvparten av dei 10 mest nytta namna av nordisk opphav. Det er tre fleire enn i Lærdal og éin mindre enn i 1865.

Dei mest frekvente nordiske kvinnenamna har, i likskap med dei mest frekvente nordiske mannsnamna, vore stabile gjennom heile 1800-talet, noko som forsterkar ytterlegare at oppkallingstradisjonen står, og har stått, sterkt i Vang.

Blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna, finn me ytterlegare fire nordiske namn. Det er *Rangdi*, på 12. plass, det nemnte namnet *Ingrid*, som no ligg på 14. plass, samt *Ingebjørg* og *Ingeleiv*. Totalt er det ni nordiske namn blant dei mest frekvente kvinnenamna, noko som igjen er éin mindre enn førre folketeljing, og to fleire enn i Lærdal i same periode. Den oppgangen den nordiske namnegruppa har hatt totalt i Vang syner seg ikkje igjen blant dei mest frekvente kvinnenamna.

Grunnen til at eg ikkje har slått saman *Ingeborg* med *Ingebjørg* er at det i NPL står at *Ingeborg* stort sett fram til slutten av 1800-talet vart sett på som ei nyare sideform av

*Ingebjørg* (NPL: 138). Difor ser eg på *Ingebjørg* som eit renessansenamn som vart henta fram og fekk eit oppsving mot slutten av 1800-talet.

Me finn ikkje så mange nordiske renessansenamn i Vang, som i Lærdal, men det er nokre innslag av slike namn her òg, i tillegg til *Ingebjørg*. Dei opphavlege gamle nordiske formene *Arnbjørg*, *Gudrid* og *Jorunn* kjem, inn i tillegg til dei modifiserte (dialektale) formene *Ambjørg*, *Gurid* og *Jorønn/Jøronn* som er dei formene som har vore nytta i Vang i lange tider. I tillegg kjem det nordiske namnet *Helga* inn i namneforrådet i Vang.

Teorien om at desse namna kjem i bruk grunna den nordiske namnerenessansen vert ytterlegare forsterka ved at nesten alle som ber desse namna er fødte frå 1885 og framover.

#### 6.1.4.2 *Dei kyrkjelege namna*

Dei kyrkjelege namna utgjer den største namnegruppa i Vang i 1900 med 44,4 % av dei leksikalske kvinnenamna, ein nedgang på 8,1 prosentpoeng frå førre folketeljing. I Lærdal er den kyrkjelege namnegruppa 4,9 prosentpoeng større enn i Vang.

Som i 1865, er det *Marit* som er det aller mest frekvente kvinnenamnet i Vang, med 131 berarar og ein relativ frekvens på 12,2 %. Ikkje så langt etter er *Berit* det nest mest frekvente kvinnenamnet med 111 berarar, som utgjer 10,3 % av namnemassen.

*Anne*, som var det mest frekvente kvinnenamnet i Vang i 1801, og det nest mest frekvente kvinnenamnet i 1865, ligg no på 4. plass, med 103 berarar og ein relativ frekvens på 9,6 %. Me ser at det er veldig jamt mellom dei fire mest frekvente kvinnenamna, som alle vert nytta av ein stor del av kvinnene i Vang. Det siste kyrkjelege innslaget blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna, er *Kirsti* på ein 10. plass.

I folketeljinga av 1865 var det berre tre kyrkjelege namn blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna, og det er *Kirsti* som har kome seg inn blant desse som det fjerde namnet. Dei tre andre har vore faste innslag blant dei aller mest frekvente kvinnenamna gjennom heile 1800-talet. Til samanlikning var det dobbelt så mange kyrkjelege kvinnenamn blant dei aller mest frekvente kvinnenamna i Lærdal.

Utvidar me til dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Vang, finn me ytterlegare seks kyrkjelege namn. Det vil sei at halvparten av dei mest frekvente kvinnenamna er kyrkjelege, noko som er fire fleire enn førre folketeljing, og i tråd med den auken namnegruppa har hatt totalt sidan 1865. I Lærdal er det 11 kyrkjelege namn blant desse.

Dei siste seks av dei 10 kyrkjelege namna i Vang er i numerisk rekkjefylgje helgennamna *Margit*, *Dorte*, *Kari*, *Margrete*, *Bergit* og *Karen*, alle i modifisert nordiske former etter nordiske språkreglar og språkhistorisk utvikling.

### 6.4.1.3 Dei innlånte namna

For mannsnamna var det gruppa med tyske namn som var den største av dei innlånte namnegruppene. For kvinnenamna er det motsett, her er gruppa med tyske namn klart mindre enn gruppa med andre innlånte namn. Det er berre to tyske kvinnenamn i Vang i folketeljinga av 1900, eitt namn meir enn i 1865. Desse to namna utgjer 3,2 % av dei leksikalske kvinnenamna. Det er 5,5 prosentpoeng mindre enn den tyske kvinnelege namnegruppa i Lærdal, men ein auke på 1,5 prosentpoeng frå førre folketeljing i Vang.

Det mest frekvente tyske kvinnenamnet i Vang i 1900 er utan tvil *Gjertrud* på ein 6. plass, med 49 berarar, som utgjer 4,6 % av den kvinnelege namnemassen. *Gjertrud* har lege stabilt kring denne plasseringa gjennom heile 1800-talet i Vang, og er det einaste tyske kvinnenamnet som er representert i alle tre folketeljingane gjennom 1800-talet.

Det andre og siste tyske kvinnenamnet ligg plassert mykje lenger nede på lista, med berre éin namneberar. Det er moveringsnamnet *Berentine*, av mannsnamnet *Ber(e)nt*.

Som nemnt, var gruppa med andre innlånte kvinnenamn ein god del større enn dei tyske namna. Denne namnegruppa utgjer med sine åtte namn 12,7 % av dei leksikalske kvinnenamna i Vang i 1900, ein auke på 2,5 prosentpoeng frå førre folketeljing, og faktisk 2,6 prosentpoeng meir enn den innlånte namnegruppa utgjer i Lærdal i same folketeljing. Det er litt uventa at gruppa med andre innlånte namn skal vere større i Vang enn i Lærdal.

Der *Gjertrud* er eit veldig frekvent tysk namn, ligg dei andre innlånte kvinnenamna plassert lenger nede på lista i Vang. Høgast plassert ligg kortforma *Malla*<sup>30</sup> på ein 36. plass, med tre berarar. Andre slike kortformer i Vang i 1900 er *Gina*, *Lina* og *Tea*. Slike kortformer var å finne i Lærdal òg, men me ser at det ikkje nødvendigvis er dei same kortformene ein finn i båe prestegjelda. Uansett er desse kortformene gode døme på moderne namn som vart frekvente kring 1900<sup>31</sup>.

I tillegg til desse fire kortformene er det ytterlegare fire innlånte namn i Vang frå denne namnegruppa. Det er det greske namnet *Sofie*, det latinske namnet *Beate*, det franske namnet *Lovise* og det italienske namnet *Laura*. Ingen av desse var å finne i Vang i folketeljinga av 1865, medan alle var å finne i Lærdal på same tid. Det kan dermed vere mogeleg å sjå på desse innlånte namna som kontaktnamn, som har spreia seg austover frå Lærdal til Vang, sjølv om alle (utanom *Sofie*) er lågfrekvente namn i båe prestegjeld.

---

<sup>30</sup> Opphavleg kjeleform av namn som *Amalie*, *Magdalene*, *Magnhild* etc. som seinare vart eige namn, sjølv om det framleis var vanlegare som uoffisielt kjelenamn (NPL: 191).

<sup>31</sup> *Thea* er å finne blant dei aller mest frekvente kvinnenamna i våre dagar, og var mellom anna det mest frekvente namnet i både 2005 og 2006 (<http://www.ssb.no/navn/>, 11.10.11).

Uansett ser me at me finn kvinnenamn frå fleire, og nye land, og språk enn før, noko som er ein klar indikasjon på modernisering.

Ein annan klar indikasjon på modernisering er moveringsnamna. Eg har synt korleis moveringsnamna har ekspandert i Lærdal, særskilt i Hauge kyrkjesokn, gjennom 1800-talet. I folketeljinga av 1900 utgjorde moveringsnamna heile 21,7 % av dei leksikalske kvinnenamna der. Ein slik ekspansjon finn me ikkje i Vang. Det er rett nok moveringsnamn representert i alle tre folketeljingane på 1800-talet, men ikkje i like stor grad som i Lærdal. I 1801 var det eitt moveringsnamn i Vang, medan det auka til fire i 1865. Fram mot folketeljinga av 1900 har talet på moveringsnamna, mot moderniseringsutviklinga, vorte redusert til berre tre. Det er det tyske *Berentina*, det kyrkjelege *Petrine* og det nordiske *Oline*. Moveringsnamna utgjer berre 4,8 % av dei leksikalske kvinnenamna i Vang.

## 6.5 Gruppering av namnematerialet innbyrdes i Vang

For Lærdal hadde eg ein teori om at Hauge skulle vere det kyrkjesoknet der moderniseringa var komen lengst. Dette grunna at Lærdalsøyri ligg i Hauge sokn, med den handelen og båttrafikken det medfører. I Vang har eg ikkje ein like klar teori på kva kyrkjesokn som har kome lengst i moderniseringa, men eg trur det i så fall må vere i Vangs hovudsokn. Dette er, som namnet seier, hovudsoknet i prestegjeldet, og dermed er soknet det naturlege og sentrale knutepunktet. Det er òg her det bur klart flest folk. Øye sokn og Høre sokn ser eg på som meir typiske små fjellbygder.

### 6.5.1 Mannsnamna

Allereie ved snittet for mannlege berarar av kvart namn vert teorien min svekka. Ut i frå den skulle ein finne det lågaste snittet i Vangs hovudsokn, men tvert om er det her me finn det klart høgaste snittet med 8,8 menn per mannsnamn. Øye er det kyrkjesoknet med lågast snitt, der kvart namn vert boren av 4,8 menn. Snittet har rett nok gått ned i alle kyrkjesokna, noko som i for seg er ein indikasjon på modernisering. Noko av forklaringa til at snittet er høgast i Vangs hovudsokn, er nok at innbyggjartalet her er bort i mot tredobbelt i høve til kvart av dei to andre sokna, medan namnematerialet ikkje ein gong er dobbelt så stort.

Namnegrupper	Øye sokn	Vangs hovudsokn	Høre sokn
<b>Nordiske namn</b>	51,3 %	55,1 %	69,4 %
<b>Kyrkjelege namn</b>	33,3 %	30,4 %	24,5 %
<b>Tyske namn</b>	10,3 %	10,1 %	6,1 %
<b>Andre innlånte namn</b>	5,1 %	4,3 %	-----

Tabell 41: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Vang prestegjeld i 1900, menn

### 6.5.1.1 Dei nordiske namna

Ikkje overraskande er den nordiske namnegruppa klart størst i alle kyrkjesokna. I Høre utgjer den heile 69,4 % av det leksikalske namneforrådet i soknet. Høre ligg lengst øst, så det er ikkje så rart at det er her me finn flest nordiske namn. Gruppa med nordiske namn har auka med 4,2 prosentpoeng sidan 1865 i Høre.

Dei to andre kyrkjesokna er meir jamne med fordelinga av denne namnegruppa. Litt overraskande er det i Øye gruppa med nordiske namn er lågast. Her utgjer dei nordiske namna 51,3 % av dei leksikalske mannsnamna, medan den utgjer 55,1 % i Vangs hovudsokn. I baa desse sokna har dei nordiske namna hatt ein nedgang på kring fem prosentpoeng.

Plassering	Øye sokn	Vangs hovudsokn	Høre sokn
1.	<i>Ole</i>	<i>Ole</i>	<i>Ole</i>
2.	<i>Anders</i>	<i>Anders</i>	<i>Knut</i>
3.	<i>Knut</i>	<i>Kristoffer</i>	<i>Anders</i>
4.	<i>Nils</i>	<i>Nils</i>	<i>Torstein</i>
5.	<i>Iver</i>	<i>Jon</i>	<i>Nils</i>
6.	<i>Jon</i>	<i>Knut</i>	<i>Kristoffer</i>
7.	<i>Helge</i>	<i>Ivar</i>	<i>Peder</i>
8.	<i>Johannes</i>	<i>Helge</i>	<i>Gullik</i>
9.	<i>Peder</i>	<i>Tomas</i>	<i>Jon</i>
10.	<i>Torstein</i>	<i>Torstein</i>	<i>Arne</i>
11.	<i>Lars</i>	<i>Lars</i>	<i>Eivind</i>
12.	<i>Trond</i>	<i>Boye</i>	<i>Johannes</i>
13.	<i>Endre</i>	<i>Endre</i>	<i>Tomas</i>
14.	<i>Annfinn</i>	<i>Johannes</i>	<i>Håvard</i>
15.	<i>Gudbrand</i>	<i>Andreas</i>	<i>Ivar</i>
16.	<i>Johan</i>	<i>Eivind</i>	<i>Lars</i>
17.	<i>Boye</i>	<i>Ove</i>	<i>Ove</i>
18.	<i>Erik</i>	<i>Trond</i>	<i>Torgeir</i>
19.	<i>Jørgen</i>	<i>Erik</i>	<i>Jøger</i>
20.	<i>Kristoffer</i>	<i>Gunder</i>	<i>Trond</i>

Tabell 42: Dei 20 mest frekvente mannsnamna innad i Vang prestegjeld i 1900

*Ole* toppar sjølvsagt i alle tre kyrkjesokna, men med ulik relativ frekvens. I likskap med den nordiske namnegruppa, er den relative frekvensen til *Ole* lågast i Øye med 16,4 %, og høgast i Høre med 24,2 %. I Øye har den relative frekvensen til *Ole* gått ned, medan den har gått litt opp i både Vangs hovudsokn og i Høre.

Både Øye og Vangs hovudsokn har, saman med Høre, fem nordiske namn kvar blant dei 10 mest frekvente mannsnamna. I baa sokna toppar *Ole*, medan *Knut*, *Iver*, *Helge* og *Torstein* fylgjer etter med litt ulike plasseringar.

I Høre finn me eit par andre namn som skil seg ut frå dei to andre sokna. *Ole* toppar, som nemnt, føre *Knut* på 2. plass og *Torstein* på 4. plass, men her er det *Gullik* og *Arne* som utgjer dei to siste av dei fem nordiske namna.



Utvidar me til å sjå på dei 20 mest frekvente mannsnamna, vert skilnadane større mellom kyrkjesokna. I både Øye og Vangs hovudsokn finn me *Erik*, *Endre* og *Trond* blant desse. I Øye er det *Annfinn* og *Gudbrand* som bidreg til at halvparten av dei 20 mest frekvente mannsnamna er nordiske, medan det er *Eivind*, *Ove* og *Gunder* som bidreg til at det her er 11 nordiske mannsnamn blant desse i Vangs hovudsokn.

I Høre finn me totalt 12 nordiske namn blant dei 20 mest frekvente mannsnamna. Dermed ser me at den totale fordelinga av den nordiske namnegruppa syner seg igjen blant dei mest frekvente namna. Dei siste sju nordiske mannsnamna i Høre er *Eivind*, *Ivar*, *Ove* og *Trond*, som me finn i eitt eller i baa dei to andre sokna, samt *Håvard*, *Torgeir* og *Jøger*.

Det er litt overraskande at Høre er representert med flest namn frå den nordiske namnerenessansen. Her finn me dei gamle kongenamna *Erling*, *Olav*, *Sigurd* og *Øystein*, samstundes som *Torvald* er komen inn i namneforrådet, og *Arne* er på frammarsj. Baa desse namna er typiske renessansenamn som vart veldig frekvente kring 1900.

*Øystein* finn me òg i Vangs hovudsokn, i lag med det gamle kongenamnet *Håkon*. I tillegg er den eldre forma *Gunnar* tatt i bruk, medan den nyare og danske forma *Gunder* vert mindre frekvent. I Øye derimot, finn me knapt nokon spor av dei nordiske renessansenamna.

#### 6.5.1.2 Dei kyrkjelege namna

Sidan den nordiske namnegruppa var klart størst i Høre, er fylgjeleg gruppa med kyrkjelege namn lågast her. 24,5 % av dei leksikalske namna i Høre er kyrkjelege, medan gruppa er størst i Øye med 33,3 %. I Vangs hovudsokn utgjer denne namnegruppa 30,4 %. I både Øye sokn og i Høre sokn har den prosentvise fordelinga av den kyrkjelege namnegruppa gått ned, medan den har gått opp i Vangs hovudsokn.

I alle sokna i Vang er halvparten av dei 10 mest frekvente mannsnamna kyrkjelege, og omtrent dei same kyrkjelege namna er representerte i alle tre sokna. *Anders* er det mest frekvente kyrkjelege namnet på 2. plass i både Øye og Vangs hovudsokn, medan det ligg på 3. plass i Høre. Vidare finn me helgennamnet *Nils* i alle sokn, samt det bibelske namnet *Jon*.

I Øye er det dei bibelske namna *Johannes*<sup>32</sup> og *Peder* som utgjer dei to siste av dei fem kyrkjelege namna. I Vangs hovudsokn er dei to siste kyrkjelege namna *Kristoffer*, som me òg finn topp 10 i Høre, samt *Tomas*. Det siste namnet, som ikkje er nemnt i Høre, er apostelnamnet *Peder*.

---

<sup>32</sup> *Johannes* er eit typisk vestlandsk namn, og det kan syne at namna spreiar seg over Filefjell ved at det ligg høgast plassert i Øye, som ligg lengst vest av sokna i Vang.

Talet på kyrkjelege namn blant dei 20 mest frekvente mannsnamna er òg det same i alle tre kyrkjesokna, med ni stykk. *Lars* er representert i alle tre, medan *Johannes* er representert i både Vangs hovudsokn og i Høre. Det siste namnet i Høre er *Tomas*, medan det siste kyrkjelege namnet i Vangs hovudsokn er det moderne apostelnamnet *Andreas*. Det bibelske namnet *Johan*, og helgennamnet *Jørgen*, bår i modifisert tysk form, utgjer dei to siste kyrkjelege namna blant dei 20 mest frekvente i Øye.

#### 6.5.1.3 Dei innlånte namna

Når det gjeld dei innlånte namnegruppene har dei omtrentleg lik fordeling i både Øye sokn og Vangs hovudsokn. Faktisk er dei størst i Øye. Dei tyske namna utgjer 10,3 % av dei leksikalske mannsnamna i Øye, og 10,1, % i Vangs hovudsokn, medan gruppa med andre innlånte namn utgjer 5,1 % i Øye og 4,3 % i Vangs hovudsokn. Høre skil seg ut ved at dei ikkje har andre innlånte namn, samt at gruppa med tyske namn utgjer 6,1 % av dei leksikalske namna i soknet.

*Engebret/Embret* er det einaste tyske namnet som er representert i alle tre sokna. Ingen av dei tyske namna er blant dei 20 mest frekvente mannsnamna i nokon av sokna.

I Øye og Vangs hovudsokn, finn me både *Syver* og *Henrik*. Det siste tyske namnet i Øye er det moderne namnet *Rudolf*, som altså har totalt fire tyske mannsnamn. I Vangs hovudsokn er det totalt sju tyske mannsnamn, og grunnen til at den tyske namnegruppa er mindre prosentvis her, er då det er kring 30 fleire leksikalske namn totalt her enn i Øye.

Dei siste tre tyske namna i Vangs hovudsokn er dei moderne tyske namna *Ludvig*, *Sivert* og *Vilhelm*. Høre har totalt tre tyske namn, og dei to som ikkje allereie er nemnt, er dei moderne namna *Vilhelm* og *Albert*.

Som nemnt er det ingen namn frå gruppa andre innlånte namn i Høre i folketeljinga av 1900. Det frisiske namnet *Boye* ligg blant dei 17 mest frekvente mannsnamna i dei to andre kyrkjesokna. Øye har totalt to namn frå denne namnegruppa, og det siste av desse er det gotiske namnet *Baldvin*.

Vangs hovudsokn har tre namn frå denne namnegruppa, og det er det irske namnet *Oskar* og det latinske namnet *Sofus* som utgjer dei to siste. Til dels *Sofus*, men særskilt *Oskar*, er innlånte namn som vert rekna som moderne mannsnamn.

Eg hadde ein hypotese om at Vangs hovudsokn skulle vere det soknet der moderniseringa var kome lengst og stod sterkast. Dette syner seg å ikkje vere like tydeleg som eg hadde trudd, og Øye er litt overraskande nesten på høgde med Vangs hovudsokn.

Allereie når det gjaldt snittet på tal berarar per mannsnamn, hadde Øye eit klart lågare snitt enn Vangs hovudsokn. Eg forklarte dette med at det budde tredobbelt så mange folk her enn i Vangs hovudsokn, men med knapt det dobbelte namneforrådet å velje i.

Vidare er det Øye som hadde den lågaste fordelinga av dei nordiske mannsnamna, og den høgaste fordelinga av dei innlånte namna. Alle desse momenta indikerer at Øye er komen lenger i moderniseringsprosessen enn Vangs hovudsokn. Men når det gjeld kva namn som faktisk er i namneforråda til dei to kyrkjesokna, vert biletet snudd litt om. I Øye er det lite eller ingen namn som er tatt i bruk som fylgjer av den nordiske namnerenessansen, medan det er nokre renessansenamn representert i Vangs hovudsokn. Dei innlånte namna er òg i større grad døme på moderne namn her enn i Øye sokn.

Totalt sett ser det likevel ut til at moderniseringa av mannsnamna er komen litt lenger i prosessen i Vangs hovudsokn, i tråd med teorien min, men skilnaden er ikkje stor frå Øye sokn. Grunnlaget for det kan vere at det er Øye sokn som grensar til Lærdal, og ligg då nærast Lærdalsøyri. Dermed kan det vere at moderniseringsrørsla, namna etc. kjem her tidlegare enn til Vangs hovudsokn, som i større grad tek dei i bruk når dei fyrst er komen.

### 6.5.2 Kvinnenamna

Som for mannsnamna er det i Vangs hovudsokn me finn det høgaste snittet på tal kvinner per kvinnenamn, med 11,9 kvinner som i snitt ber kvart namn. Øye og Høre har omtrent likt snitt med høvesvis 7,8 og 7,9 kvinner per namn. Alle kyrkjesokna har hatt ein nedgang på snittet frå førre folketeljing.

Namnegrupper	Øye sokn	Vangs hovudsokn	Høre sokn
<b>Nordiske namn</b>	48,0 %	41,2 %	40,0 %
<b>Kyrkjelege namn</b>	48,0 %	41,2 %	51,4 %
<b>Tyske namn</b>	4,0 %	3,9 %	2,9 %
<b>Andre innlånte namn</b>	-----	13,7 %	5,7 %

Tabell 43: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Vang prestegjeld i 1900, kvinner

#### 6.5.2.1 Dei nordiske namna

Den nordiske namnegruppa fordeler seg motsett for kvinnenamna enn for mannsnamna. Her er det i Øye me finn den høgaste fordelinga av denne namnegruppa med 48,0 % av dei leksikalske namna, medan det er Høre som har den lågaste fordelinga med 40,0 %. Dei nordiske namna utgjer i Vangs hovudsokn 41,2 % av dei leksikalske kvinnenamna.

I Øye har den nordiske namnegruppa gått opp med 1,8 prosentpoeng, medan den har gått opp med seks prosentpoeng i Vangs hovudsokn. Den nordiske namnerenessansen kan

spele ei rolle i auken. I Høre er derimot denne namnegruppa vorten redusert med 6,7 prosentpoeng.

Plassering	Øye sokn	Vangs hovudsokn	Høre sokn
1.	<i>Ingeborg</i>	<i>Marit</i>	<i>Margit</i>
2.	<i>Anne</i>	<i>Berit</i>	<i>Sigrid</i>
3.	<i>Marit</i>	<i>Ingeborg</i>	<i>Anne</i>
4.	<i>Berit</i>	<i>Anne</i>	<i>Marit</i>
5.	<i>Ragnhild</i>	<i>Gjertrud</i>	<i>Ingebjørg</i>
6.	<i>Gjertrud</i>	<i>Guri</i>	<i>Ragnhild</i>
7.	<i>Dorte</i>	<i>Sigrid</i>	<i>Bergit</i>
8.	<i>Guri</i>	<i>Kirsti</i>	<i>Berit</i>
9.	<i>Kjersti</i>	<i>Ambjørg</i>	<i>Ingeborg</i>
10.	<i>Kari</i>	<i>Ingeleiv</i>	<i>Rangdi</i>
11.	<i>Sigrid</i>	<i>Dorte</i>	<i>Ingrid</i>
12.	<i>Rangdi</i>	<i>Ingrid</i>	<i>Jørann</i>
13.	<i>Ambjørg</i>	<i>Rangdi</i>	<i>Ambjørg</i>
14.	<i>Brita</i>	<i>Karen</i>	<i>Kari</i>
15.	<i>Synnøve</i>	<i>Maren</i>	<i>Margrete</i>
16.	<i>Elsa</i>	<i>Berte</i>	<i>Gjertrud</i>
17.	<i>Guro</i>	<i>Margrete</i>	<i>Guri</i>
18.	<i>Ingeleiv</i>	<i>Ragnhild</i>	<i>Barbro</i>
19.	<i>Johanne</i>	<i>Randi</i>	<i>Sidsel</i>
20.	<i>Karen</i>	<i>Maria</i>	<i>Arnbjørg</i>

Tabell 44: Dei 20 mest frekvente kvinnenamna innad i Vang prestegjeld i 1900

*Ingeborg* er det einaste nordiske kvinnenamnet som går igjen i alle tre kyrkjesokna blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna. I Øye er *Ingeborg* det aller mest frekvente kvinnenamnet, medan det ligg på 3. plass i Vangs hovudsokn. I Høre, derimot, ligg *Ingeborg* heilt nede på ein 9. plass, der er til og med sideforma *Ingebjørg* meir frekvent på ein 5. plass.

I Øye er det i tillegg berre to nordiske kvinnenamn blant dei aller mest frekvente. Det er *Ragnhild*, som me òg finn i Høre, samt *Guri*, som òg er representert i Vangs hovudsokn.

Fem nordiske namn er representert i Vangs hovudsokn blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna, og dei siste tre som ikkje allereie er nemnt, er i numerisk rekkjefylgje *Sigrid*, *Ambjørg* og *Ingeleiv*.

*Sigrid* er det mest frekvente nordiske kvinnenamnet i Høre på ein 2. plass. Her er òg halvparten av dei 10 mest frekvente kvinnenamna av nordisk opphav. Det siste namnet, som ikkje allereie er nemnt, er *Rangdi*.

Me ser altså at den totale fordelinga av den nordiske namnegruppa ikkje syner seg igjen for dei aller mest frekvente kvinnenamna.

Det gjer den heller ikkje om me utvidar til å sjå på dei 20 mest frekvente kvinnenamna. Øye har åtte nordiske namn blant desse, medan Vangs hovudsokn har ni, og

Høre 10. Grunnen til at Øye har færrest nordiske namn blant dei mest frekvente kvinnenamna, samstundes som soknet har den største fordelinga av den nordiske namnegruppa, kan vere at dette soknet har færrest leksikalske namn totalt, med berre 25 stykk. Noko som er 10 mindre enn Høre, og halvparten av dei leksikalske kvinnenamna i Vangs hovudsokn.

*Sigrid, Rangdi, Ambjørg, Guro* og *Ingeleiv* er i numerisk rekkjefylgje dei siste fem nordiske kvinnenamna blant dei 20 mest frekvente i Øye sokn. *Rangdi* finn me òg i Vangs hovudsokn, saman med *Ingrid, Ragnhild* og *Randi*.

Det er altså Høre som har flest nordiske namn blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna i Vang, og dei siste fem namna er i numerisk rekkjefylgje *Ingrid, Jørann, Ambjørg, Guri* og *Arnbjørg*.

Sjølv om dei mest frekvente nordiske kvinnenamna har vore stabile gjennom heile 1800-talet i Vang prestegjeld, er det store skilnadar på kva nordiske namn som ligg plassert blant dei mest frekvente kvinnenamna i dei ulike sokna, og ikkje minst plasseringa på dei nordiske namna sokna har til felles.

Det var som tidlegare nemnt (s. 101) ikkje så mange av dei kvinnelege renessansenamna i Vang prestegjeld. Øye sokn har ingen nordiske renessansenamn representert. Både Vangs hovudsokn og Høre sokn deler broderleg på desse namna. Forma *Arnbjørg*, i staden for *Ambjørg*, finn me berre i Høre, medan *Ingebjørg*, i staden for *Ingeborg*, er mest frekvent i same sokn. I Vangs hovudsokn finn me dei gamle norrøne formene *Jorunn* og *Gudrid* i staden for *Jorønn/Jørønn* og *Guri*, samt *Helga*.

#### 6.5.2.2 Dei kyrkjelege namna

Gruppa med kyrkjelege kvinnenamn er størst i Høre med over halvparten, 51,4 %, av dei leksikalske namna i soknet. Det er òg heilt motsett frå korleis fordelinga var for dei kyrkjelege mannsnamna i soknet. I Øye utgjer denne namnegruppa 48,0 %, medan det er Vangs hovudsokn som har den lågaste fordelinga med 41,2 %. Både i Vangs hovudsokn og i Øye er den kyrkjelege og den nordiske namnegruppa like stor.

I Vangs hovudsokn har den kyrkjelege namnegruppa gått ned med 10,7 prosentpoeng frå førre folketeljing, medan den har gått ned med to prosentpoeng i Øye. I Høre derimot, har den auka med 1,4 prosentpoeng sidan 1865.

Dei aller mest frekvente kyrkjelege namna varierer i plassering mellom dei tre sokna. I alle sokna finn me *Berit, Marit* og *Anne* representert, men plasseringa varierer. I Øye er *Anne* det nest mest frekvente kvinnenamnet, med *Marit* og *Berit* på plassane bak, medan rekkjefylgja nesten er snudd om i Vangs hovudsokn. Her er *Marit* det mest frekvente

kvinnenamnet, føre *Berit*, på plassen bak, og *Anne* på 4. plass. Totalt har Vangs hovudsokn fire kyrkjelege namn blant dei 10 mest frekvente, med *Kirsti* som det siste av desse. Det namnet finn me òg i Øye, som totalt har seks kyrkjelege namn blant desse. Det er helgennamna *Dorte* og *Kari* som utgjer dei to siste av dei seks kyrkjelege kvinnenamna.

I Høre er det store skilnadar frå dei to andre sokna. Her er *Margit* det aller mest frekvente kvinnenamnet, med *Anne* og *Marit* på 3. og 4. plass. I tillegg til *Berit*, finn me den modifiserte nordiske forma *Bergit* her, slik at det i Høre er fem kyrkjelege namn blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna.

Skilnaden vert ikkje mindre når me utvidar til å sjå på dei 20 mest frekvente kvinnenamna. Høre har totalt ni kyrkjelege namn blant desse, og dei fire siste namna er i numerisk rekkjefylgje helgennamna *Kari*, *Margrete*, *Barbro* og *Sidsel*.

*Margrete* finn me òg i Vangs hovudsokn. Her er totalt halvparten av dei 20 mest frekvente kvinnenamna kyrkjelege. Dei siste fem, som ikkje allereie er nemnt, er i numerisk rekkjefylgje helgennamna *Dorte*, *Karen*, *Maren* og *Berte*, samt det bibelske namnet *Maria*.

Øye har flest kyrkjelege namn blant dei mest frekvente kvinnenamna med 11 stykk. Det er helgennamna *Brita*, *Synnøve* og *Karen*, samt dei bibelske namna *Elsa* og *Johanne*, som utgjer dei fem siste av desse 11 kyrkjelege namna.

### 6.5.2.3 Dei innlånte namna

Når det gjeld dei innlånte namnegruppene for kvinnenamna, er det meir som forventa at det er Vangs hovudsokn som har den høgaste prosentfordelinga av desse. I alle fall når det gjeld gruppa med andre innlånte namn. Den tyske namnegruppa utgjer 3,9 % av dei leksikalske namna her, medan dei utgjer 4,0 % i Øye sokn, og 2,9 % i Høre. I både Øye sokn og Vangs hovudsokn har den tyske namnegruppa hatt ein auke. Størst auke finn me i Vangs hovudsokn med to prosentpoeng. I Høre har dei tyske namna derimot sokke med 0,4 prosentpoeng.

*Gjertrud* er det einaste tyske namnet me finn i alle tre kyrkjesokna. I Vangs hovudsokn, og i Øye, ligg namnet plassert på høvesvis 5. og 6. plass, medan det ligg på 16. plass i Høre. *Gjertrud* har gjennom heile 1800-talet vore eit veldig frekvent namn i Vang, og lege stabilt blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna.

Det er berre Vangs hovudsokn som har eitt tysk kvinnenamn til i namneforrådet sitt, og det er moveringsnamnet *Berentine*. Me finn med andre ord ein god del fleire tyske både manns- og kvinnenamn i Lærdal enn i Vang i 1900.

Når det gjeld gruppa med andre innlånte kvinnenamn, stikk Vangs hovudsokn seg enda meir fram. Heile 13,7 % av dei leksikalske kvinnenamna i soknet er frå denne namnegruppa. I

Øye er det ingen slike namn representert i soknet, medan Høre har to slike namn, som utgjer 5,7 % av kvinnenamna her. I folketeljinga av 1865 var det berre i Vangs hovudsokn me fann andre innlånte kvinnenamn, og her har denne gruppa, saman med naturlegvis i Høre, hatt ein auke i prosentfordelinga.

Det er sju innlånte namn representert i Vangs hovudsokn i 1900. Fire av desse er kortformene *Gina*, *Lina*, *Malla* og *Tea*. *Gina* og *Lina* finn me òg i Lærdal. Dei tre siste innlånte kvinnenamna er det italienske namnet *Laura*, det franske namnet *Lovise* og det greske namnet *Sofie*. Alle dei sju innlånte namna er nye namn i Vang prestegjeld i folketeljinga av 1900. *Laura* og *Malla* er òg representert i Høre sokn, med éin berar kvar.

Som tidlegare nemnt (s. 103), er moveringsnamna mykje mindre representert i Vang prestegjeld enn i Lærdal, der dei utgjer 21,7 % av dei leksikalske kvinnenamna i soknet. Vang har berre tre moveringsnamn i 1900, og alle desse tre er representert i Vangs hovudsokn. Det er det tyske namnet *Berentina*, det nordiske namnet *Oline*, som me òg finn i Øye sokn med éin berar, og det kyrkjelege namnet *Petrine*.

For mannsnamna i Vang prestegjeld såg me tidlegare at moderniseringsprosessen ikkje nødvendigvis var komen så mykje lenger i Vangs hovudsokn i høve til dei to andre sokna i prestegjeldet, noko eg hadde forventa. Når eg har studert, og samanlikna, kvinnenamna i dei ulike kyrkjesokna, er derimot Vangs hovudsokn meir framtrekande i moderniseringsprosessen.

Det starta ikkje slik då snittet på tal kvinner som bar kvart namn var klart høgare i Vangs hovudsokn, enn i dei to andre kyrkjesokna som var jamne her. Det same tilfellet fann eg for mannsnamna i Vangs hovudsokn, og eg forklarte dette med at det er klart fleire innbyggjarar her, enn i resten av prestegjeldet.

Når det gjaldt dei nordiske renessansenamna, var dei fråverande i Øye sokn, medan dei var likt fordelt mellom Vangs hovudsokn og Høre sokn. Derimot hadde den kyrkjelege namnegruppa lågast fordeling i Vangs hovudsokn, medan dei innlånte namnegruppene hadde størst fordeling her. Det var òg her det var representert klart flest av dei nye moderne innlånte kvinnenamna, både namn frå andre land og språkområder, samt moveringsnamna. Difor vil eg påstå at Vangs hovudsokn, som forventa, er komen litt lenger i moderniseringsprosessen enn dei to andre kyrkjesokna.

## 7. Korleis samsvarar hypotesane mine med resultatata frå studien?

I kapittel 3 presenterte eg dei hypotesane eg hadde kring studien av personnamna i Lærdal og Vang gjennom 1800-talet, og som låg til grunn for dei resultatata eg forventa å finne under komparasjonen av manns- og kvinnenamna mellom desse to prestegjelda. Desse hypotesane har fungert som knaggar til å hengje dei lause trådane på under heile studien av dei tre folketeljningane av 1801, 1865 og 1900, og i dette kapitlet skal eg nøste trådane saman. Eg kjem til å kommentere kvar hypotese frå kapittel 3, og sjå om dei stemmer overeins med dei resultatata som dukka opp gjennom studien av namnematerialet i Lærdal og Vang.

### 7.1 Det vil vere likskapar i namnematerialet mellom Lærdal og Vang

Dette var den overordna hypotesen min, som var sjølvge grunnlaget for heile studien. Eg rekna med at dei populære namna for både kjønn kom til å vere samsvarande; både Lærdal i høve til Vang, og Lærdal og Vang i høve til resten av landet, særskilt i 1801.

Som venteleg var *Ole* det klart mest frekvente mannsnamnet gjennom heile 1800-talet på både sider av Filefjell, medan *Anne* var det mest frekvente kvinnenamnet i Lærdal i same perioden, samt i Vang i folketeljninga av 1801. Det er nesten berre desse to namna som støttar opp om denne hypotesen blant dei aller mest frekvente namna.

I 1801 var det færre fellesnamn blant dei 10 mest populære namna enn eg hadde venta. Berre tre av desse mannsnamna var felles i Lærdal og Vang, og på landsbasis. Det var *Ole*, *Anders* og *Nils*. Lærdal og Vang hadde to fleire fellesnamn, slik at halvparten av dei 10 mest frekvente mannsnamna var representert i både prestegjelda. Det var *Ole*, *Anders*, *Nils*, *Knut* og *Tomas*. Større samsvar var det blant dei 10 mest frekvente mannsnamna mellom Lærdal og resten av landet. Heile sju av desse 10 var felles i både topp 10-lister, medan Vang berre hadde fire populære namn felles med resten av landet. At Lærdal hadde større samsvar med resten av landet i 1801, enn Vang, var meir venta.

Eg nemnte òg i hypotesen at eg trudde det ville vere litt større homogenitet for dei populære kvinnenamna i høve til dei populære mannsnamna. Dette stemte med knapp margin. Fire av dei aller mest frekvente kvinnenamna var å finne topp 10 i både Lærdal og Vang, og på landsbasis. Det var *Anna*, *Kari*, *Berit/Brita*<sup>33</sup> og *Ingeborg*. Lærdal og Vang hadde fem<sup>34</sup> kvinnenamn felles blant dei aller mest populære namna, same som for mannsnamna. Desse fem namna var *Anne*, *Kari*, *Ingeborg*, *Gjertrud* og *Ragnhild*. Som for mannsnamna, er det Lærdal som har flest populære kvinnenamn til felles med resten av landet. Seks av dei 10

---

<sup>33</sup> Kruken har slått desse to formene saman i sin tabell for 1800, noko eg ikkje har gjort i mitt materiale.

<sup>34</sup> Seks namn om eg hadde slått saman *Brita* med *Berit*, slik Kruken gjer i sin tabell.



mest frekvente kvinnenamna i Lærdal finn me òg blant desse på landsbasis, medan det same talet i Vang er fem kvinnenamn.

Eg trudde òg at homogeniteten blant dei populære namna skulle minka ut over 1800-talet. Homogeniteten var mindre enn eg trudde på førehand, og den ser ut til å halde seg relativt stabilt låg stabil. I folketeljinga av 1865 er fire av dei 10 mest frekvente mannsnamna å finne i både Lærdal og Vang, medan talet aukar til fem i folketeljinga av 1900, same som i 1801. Denne stabiliteten kjem òg til syne for dei 20 mest frekvente mannsnamna. I folketeljinga av 1801 er halvparten av desse representert i både Lærdal og Vang, det same som i folketeljinga av 1900, etter at det har vore 11 slike fellesnamn i folketeljinga av 1865.

For kvinnenamna er det ein litt tydelegare nedgang i fellesnamn som er representert i både Lærdal og Vang. I 1801 var halvparten av dei 10 mest frekvente namna å finne i både prestegjeld. I både 1865 og folketeljinga av 1900, har dette talet vorte redusert til å gjelde fire kvinnenamn. Den same stabile nedgangen finn me blant dei 20 mest frekvente kvinnenamna. I 1801 var 12 av dei 20 mest frekvente kvinnenamna felles i både Lærdal og Vang, medan talet i både 1865 og 1900 vart redusert til å gjelde ni av 20 kvinnenamn.

Stabiliteten kjem ytterlegare til stades når me ser på kva namn som var felles blant dei populære namna i 1801, i høve til 1900. Tre av dei fem kvinnenamna som var fellesnamn i 1801, er òg å finne som fellesnamn blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna i 1900. Det er *Anna*, *Ingeborg* og *Ragnhild*. Av desse er det berre *Anna* og *Ingeborg*, som ligg blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna på landsbasis kring 1900.

For mannsnamna sin del, er fire av dei fem namna som var representerte i både Lærdal og Vang i 1801 blant dei 10 mest frekvente namna, òg å finne blant dei 10 mest frekvente mannsnamna i folketeljinga av 1900. Det er *Ole*, *Anders*, *Knut* og *Nils*. Her er det berre *Ole* og *Nils* som er å finne blant dei mest populære namna på landsbasis kring 1900.

At ulikskapen i namnematerialet ville kome sterkare til syne blant dei mindre frekvente namna, var ikkje nokon stor spådom. Det er stort sett her dei spesielle, og karakteristiske namna plasserer seg. Eg venta at folk i Lærdal og Vang ville utveksle namn like mykje som andre kulturelle tradisjonar, som til dømes musikk, klesplagg, handverkarkunst etc., grunna kontakten gjennom handelen på Lærdalsmarknaden, og hovudferdselsåra mellom aust og vest over Filefjell.

### **7.1.1 Lite spreing over fjellet av dei karakteristiske namna for Lærdal og Valdres**

Denne påstanden ser ikkje ut til å samsvare heilt overeins med resultatata frå studien. Det ser ikkje ut til at dei karakteristiske namna for Lærdal, eller for Vang, har spreia seg over Filefjell

og vorte ein del av namneforrådet på den andre sida av fjellet. I alle fall er ikkje desse namna i bruk på 1800-talet.

Det er fleire namn som har tradisjonar frå, og hatt tyngdepunktet sitt i, Lærdal og Sogn sidan etterreformatork tid. Døme på slike namn er *Agrim, Asgrim, Bothilde, Bottolv, Finn, Gjese, Ingvar* og *Lasse*. På den andre sida er det òg namn som tradisjonelt har hatt tyngdepunktet sitt i Vang og Valdres. Det er *Boye, Finnkjell, Gor*<sup>35</sup> og *Jogeir*. Av desse er det berre *Agrim, Boye* og *Ingvar* som er representert på den andre sida av fjellet. *Boye* har éin berar i Hauge i folketeljinga av 1801, medan *Ingvar* og *Agrim* har ein berar kvar i høvesvis Øye sokn i folketeljinga av 1865, og Høre sokn i folketeljinga av 1900. *Agrim* er derimot ein bonde frå Borgund, som berre er på vitjing i Vang under innskrivinga til folketeljinga.

Med andre ord er det knapt nokon av dei karakteristiske namna i Lærdal og Vang som ser ut til å spreie seg over Filefjellet og verte ein del av namneforrådet i det andre prestegjeldet. Eg hadde venta å finne fleire av dei karakteristiske namna representert i namnematerialet i det andre prestegjeldet, som dermed kunne prova at personnamna spreiar seg over Filefjellet som fylgjer av den historiske kontakten. Det kan likevel vere fleire forklaringar til at dette ikkje er tilfellet. For det fyrste har eg ikkje undersøkt om slike namn har vore representert, og nytta, i det andre prestegjeldet før 1800. Det kan godt hende at nokre av desse namna har spreia seg over fjellet, og vorte ein del av namneforrådet der, men gått ut av bruk før 1801. Ein annan forklaring trur eg ligg i at dei typologiske namna ikkje står sterkt i det heimlege prestegjeldet (unnataket er *Lasse*), og dermed vert det vanskelegare å eksportere namnet til den andre sida av Filefjell.

### 7.1.2 Litt meir spreining av dei karakteristiske namna frå Sogn og Fjordane og Oppland

Når me utvidar til å sjå på namn som historisk har hatt tradisjonar og tyngdepunktet sitt i høvesvis Sogn og Fjordane (tidlegare Nordre Bergenhus amt) og Oppland (tidlegare Kristians amt), er det litt tydelegare spor etter potensielle kontaktnamn. I Sogn og Fjordane har *Elling, Hermund, Mats, Oline, Sivert, Stefan, Sønneva, Unni* og *Øllegård*, av dei namna som er å finne i studien min, hatt sitt kjerneområde, medan *Amund, Agnete, Astrid, Even, Gudbjørg, Gulbrand, Haldor, Ragne, Rønnaug, Syver, Torgeir, Torstein, Trond* og *Åsta* historisk har hatt sitt kjerneområde i Oppland.

Fleire av desse namna er representert i det andre prestegjeldet, som ikkje høyrer til det fylket der det heimlege prestegjeldet høyrer til. Det er likevel få av dei som har vorte veldig frekvente på den andre sida av Filefjellet, og ein del av namna forsvinn frå namneforrådet

---

<sup>35</sup> Dialektform av *Gudvor*, som er særleg nytta i Valdres (NPL: 106)

allereie mellom folketeljningane av 1801 og 1865. Unnataket er til dels *Torstein* i Lærdal, då særskilt i Borgund sokn, og *Sønneva* i Vang, då i Øye sokn. Me ser at det er i dei kyrkjesokna som grensar til det heimlege prestegjeldet desse namna har festa seg best, noko som er naturleg i ein slik namnespreiingsfase.

Av desse namna er særskilt *Mads* og *Stefan*, samt *Rønnaug*, interessante. Dette er namn som i mitt materiale gjennom 1800-talet står sterkare i det andre prestegjeldet, enn i det heimlege prestegjeldet, der dei anten er fråverande eller blant dei minst frekvente namna. *Steffen* og *Stefan* har historisk hatt eit tidleg tyngdepunkt i Sogn og Fjordane, men er ikkje representert i Lærdal gjennom 1800-talet. Likevel er namna nytta i Vang i både 1801 og 1865, sjølv om dei ikkje har fleire enn éin namneberar kvar. *Mads* har òg historisk stått sterkast i Sogn og Fjordane, men er meir nytta i Vang enn i Lærdal. I folketeljninga av 1900 er dette namnet fråverande i Lærdal, medan det ligg på 28. plass i Vang med seks namneberarar.

Sameleis er det med *Rønnaug*, som historisk har hatt kjerneområdet sitt i Vang, men som er fråverande her gjennom heile 1800-talet. Likevel er det representert i Lærdal, men berre med éin namneberar i 1801 i Borgund, og éin i 1865 i Hauge.

Sjølv om det er relativt få av dei potensielle kontaktnamna som syner stor utveksling av manns- og kvinnenamn mellom Lærdal og Vang, meiner eg likevel at dei få døma eg har presentert, delvis kan forsvare teorien om at namn spreiar seg over Filefjell som fylgjer av den historiske kontakten mellom prestegjelda.

### 7.1.3 Mest spreing over Filefjell av dei karakteristiske vestlands- og austlandsnamna

Ein slik utveksling av personnamna kan me kanskje best sjå for dei meir allmenne namna i Noreg, som har hatt tyngdepunktet sitt anten på Vestlandet, eller på Austlandet. Mange av dei namna som historisk har kjerneområdet sitt på Vestlandet, finn me representert i Vang, og motsett. For ein del av namna er det naturleg, sidan dei er blant dei 20-30 mest frekvente mannsnamna og kvinnenamna på landsbasis. Likevel meiner eg at ein ikkje skal nedvurdere verdien av rolla til namnet i det heimlege prestegjeldet, når det gjeld bruken av det i det andre prestegjeldet på motsett side av Filefjell. Høyrer valdrisen at namnet *Johannes* vert nytta i stor grad i Lærdal, er det enklare å ta i bruk namnet i Vang, slik at det etter kvart vert meir frekvent der òg.

Nettopp *Johannes* er eit godt døme på eit slikt namn. Det er eit typisk vestlandsnamn som tidleg fekk tyngdepunktet sitt her. I Lærdal ligg det blant dei 10 mest frekvente mannsnamna gjennom heile 1800-talet. I Vang ligg *Johannes* på 22. plass med ein relativ frekvens på 1,2 % i 1801, medan det aukar i popularitet og ligg på 12. plass i folketeljninga av

1900, med ein relativ frekvens på 2,1 % av den mannlege namnemassen i prestegjeldet. Eg meiner at populariteten til *Johannes* i Lærdal, bidreg, anten direkte eller indirekte, til at namnet vert meir frekvent i Vang utover 1800-talet. Sjølv sagt er det heller ingen ulempe at *Johannes* er eit relativt frekvent namn på landsbasis.

*Johanne* utviklar seg òg omtrentleg som *Johannes*. I Lærdal ligg det på 27. plass i folketeljninga av 1801, medan namnet vert meir frekvent, og stig på lista til ein 12. plass i 1900. I Vang er *Johanne* fråverande i 1801, medan det har fire namneberarar i folketeljninga av 1900. Her er rett nok ei av desse innflyttar frå Hafslo prestegjeld.

*Gjertrud* har ei litt anna utvikling enn dei to føregåande namna. Dette namnet, som historisk har hatt tyngdepunktet sitt på Nord-Vestlandet, er blant dei 12 mest frekvente kvinnenamna i både Lærdal og Vang. Faktisk står det hakket sterkare i Vang, om me ser på den relative frekvensen. På landsbasis ligg *Gjertrud* lågare nede på frekvenslista, slik at eg meiner dette er døme på at namn kan verte meir frekvente på båe sider av Filefjell, som fylgje av kontakten mellom aust og vest.

Motsett veg har det òg vore namn som har auka populariteten sin i Lærdal, grunna den sterke posisjonen namnet har i Vang. *Halvor* er det beste døme på ei slik utvikling. Frå ein relativ frekvens på 0,3 % i folketeljninga av 1801, aukar namnet populariteten sin med 0,4 prosentpoeng fram til 1900 i Lærdal. *Gro* og *Tora* er òg namn som sannsynlegvis står sterkare i Lærdal grunna kontakten med Vang, enn dei elles ville gjort.

Eg nemnte (s. 48) at *Berit* og *Marit* i Vang var komplementære former til *Brita* og *Marita* i Lærdal, og at dei ville vere gode døme på kontaktnamn om dei spreiar seg over Filefjell til det andre prestegjeldet. *Marita* har ikkje funne vegen til Vang i laupet av 1800-talet, medan *Berit* og *Marit* har éin namneberar kvar i den same perioden i Lærdal. Båe desse kvinnene ser derimot ut til å vere innflyttarar til Lærdal frå Vang. At ikkje desse namna, som er veldig frekvente i sine heimlege prestegjeld, vert utveksla mellom Lærdølane og Vangsgjeldingane på eit tidsrom på 100 år, fortel oss kor vanskeleg det er for nye namn å feste seg i eit godt etablert namneforråd. Det fortel òg at det nok ikkje har vore så mykje utveksling av namn over Filefjell, som eg hadde venta.


*Brita* er det einaste namnet som har funne vegen over Filefjell, og sånn delvis etablert seg i det andre prestegjeldet (Vang). I folketeljninga av 1865 er det fire kvinner som ber namnet *Brita* i Vang (ei av desse er oppvaksen i Lærdal), medan det i 1900 er tre kvinner som har dette namnet (framleis er ei av desse frå Lærdal). Dette fortel oss derimot at utveksling av namn over Filefjell har skjedd, om det no ikkje er i så alt for stor grad.

*Agrim, Berit, Laura, Ludvig og Marit* har éin ting til felles. Dei er alle namn på personar som er registrert i det prestegjeldet i 1900 der namnet ikkje står sterkt (*Berit* i 1865), men som anten er innflyttarar frå områda rundt, eller berre gjester den aktuelle tida. Likevel kan det vere døme på at namn kan klare å verte ein del av eit namneforråd i eit anna prestegjeld enn det i utgangspunktet står sterkast i. Ein plass må utviklinga starte, og om nokon utanfrå kjem med andre namn enn det som er vanleg, vil desse kunne bidra til at namneforrådet vert fornya. Anten ved at dei sjølve tek i bruk namna til borna sine, eller ved at andre får opp interesse for namna og nyttar dei sjølve til sine born.


## 7.2 Dei nordiske namna vil stå sterkast i Vang, dei innlånte namna i Lærdal

Eg venta at den nordiske namnegruppa skulle stå sterkast i Vang prestegjeld, medan dei innlånte namna skulle stå sterkast i Lærdal prestegjeld. Dette gjaldt for baa kjønn.

Grunngjevinga for denne hypotesen er presentert under kapittel 3.2.



Figur 2: Oversyn over dei ulike namnegruppene i både Lærdal og Vang i 1801



Figur 3: Oversyn over dei ulike namnegruppene i både Lærdal og Vang i 1900

For den nordiske namnegruppa ser hypotesen ut til å samsvare bra overeins med resultatata i studien. Den nordiske namnegruppa er klart størst i Vang, både for manns- og kvinnenamna, gjennom heile 1800-talet. I Folketeljinga av 1801 utgjer gruppa med nordiske mannsnamn 46,7 % i Lærdal, og 54,5 % i Vang, ein skilnad på 7,8 prosentpoeng. Denne skilnaden er auka til 17,5 prosentpoeng i folketeljinga av 1900, der gruppa med nordiske mannsnamn utgjer 41,6 % i Lærdal, og 59,1 % i Vang.

For kvinnenamna er skilnaden mellom prestegjelda for denne namnegruppa meir stabil. I folketeljinga av 1801 utgjer dei nordiske namna 37,7 % av dei leksikalske kvinnenamna i Lærdal, medan dei utgjer 47,4 % i Vang, ein skilnad på 9,7 prosentpoeng. I 1900 er skilnaden akkurat 10 prosentpoeng. I Lærdal utgjer gruppa med nordiske namn 29,7 % av dei leksikalske kvinnenamna, medan den utgjer 39,7 % i Vang i folketeljinga av 1900.

Eg trudde òg at dei nordiske namna skulle vere sterkast representert i både Vang og Lærdal i høve til resten av landet. Kruken (1982: 61) har utarbeida ein tabell over dei ulike namnegruppene i perioden 1781 til 1800, og her utgjer den nordiske namnegruppa 38,7 % av mannsnamna, og 27,6 % av kvinnenamna. Gruppa med nordiske kvinnenamn er kring 10 og 20 prosentpoeng større i høvesvis Lærdal og Vang enn i resten av landet. Omtrent den same skilnaden er det for gruppa med dei nordiske mannsnamna, der dei er høvesvis 8,0 og 16,6 prosentpoeng større i Lærdal og Vang enn på landsbasis. Igjen er det viktig å minne om at Kruken har slått saman nokre namneformer på ein annan måte enn det eg har gjort, og at det dermed kan vere ein liten skeivskap i samanlikningsgrunnlaget. Likevel er desse tala så klare at eg meiner det er samsvar mellom hypotesen og resultatata mine.

Sidan eg venta at dei nordiske namna skulle stå sterkast i Vang, venta eg òg at dei innlånte namnegruppene skulle vere størst i Lærdal. Denne hypotesen samsvarer ikkje like klart med resultatene eg fann, som for hypotesen om den nordiske namnegruppa.

For kvinnenamna er dei innlånte namnegruppene oppskriftsmessig større i Lærdal enn i Vang i folketeljinga av 1801. Gruppa med tyske namn utgjer 11,7 % av dei leksikalske kvinnenamna i Lærdal, 8,2 prosentpoeng meir enn i Vang, der denne namnegruppa utgjer 3,5 %. Gruppa med andre innlånte namn utgjer 2,6 % av dei leksikalske kvinnenamna i Lærdal, medan den er fråverande i Vang i 1801.

100 år seinare er ikkje denne skilnaden like klar for dei innlånte kvinnelege namna. Den tyske namnegruppa opprettheld mykje av skilnaden frå 1801, og er 5,5 prosentpoeng større i Lærdal enn i Vang i folketeljinga av 1900. Men gruppa med andre innlånte namn er noko overraskande størst i Vang prestegjeld i 1900. 12,7 % av dei leksikalske kvinnenamna i Vang høyrer til denne namnegruppa, medan 10,1 % av kvinnenamna i Lærdal gjer det same. Sjølv om det er fleire leksikalske namn frå denne namnegruppa i Lærdal enn i Vang, er det likevel overraskande at gruppa med andre innlånte namn skal utgjere størst prosentdel av dei leksikalske kvinnenamna i Vang.

Den manlege gruppa med andre innlånte namn har vore jamn gjennom heile 1800-talet. I folketeljinga av 1801 var både dei innlånte namnegruppene litt uventa størst i Vang, men skilnaden mellom Lærdal og Vang var ikkje stor. Dei tyske namna utgjorde 10,4 % av dei leksikalske mannsnamna i Vang, og 8,4 % i Lærdal, ein skilnad på to prosentpoeng. Gruppa med andre innlånte namn utgjorde 3,9 % av dei leksikalske mannsnamna i Vang, og 3,7 % i Lærdal. Totalt sett var dei innlånte namnegruppene 2,2 prosentpoeng større i Vang, enn i Lærdal.


I laupet av 1800-talet har dette snudd, og i folketeljinga av 1900 er både namnegruppene størst i Lærdal, med ein skilnad på 8,5 prosentpoeng totalt. Dei tyske namna utgjer 13,6 % av dei leksikalske mannsnamna i Lærdal, og 10,2 % i Vang. Dei har ein relativ høg fordeling i både prestegjeldene. Gruppa med andre innlånte namn utgjer 9,6 % av dei leksikalske mannsnamna i Lærdal, og 4,5 % i Vang, ein venteleg skilnad mellom desse to prestegjeldene.

Til samanlikning utgjorde dei tyske namnegruppene 5,6 % og 4,4 % for høvesvis mannsnamna og kvinnenamna på landsbasis i 1801. Gruppa med andre innlånte namn var ikkje større enn 0,5 % for mannsnamna, og 0,8 % av kvinnenamna for heile landet. Det er ein relativ stor skilnad mellom dei innlånte namnegruppene på landsbasis, i høve til Lærdal og Vang, og noko av årsaken til dette kan ligge i det eg skreiv om i kapittel 2.2; klassifisering av namn. Dei kyrkjelege namnegruppene er høgare på landsbasis enn for mitt område, noko som

kan tyde på at fleire av dei namna eg reknar som innlånte, vert rekna som kyrkjelege namn av Kruken. Eg reknar til dømes ikkje namn som vert knytt til ein helgen etter år 500, eller som eg trur kom inn i namnematerialet i landet uavhengig av å vere helgennamn, til dei kyrkjelege namna, men ser på dei som innlånte namn. *Fredrik, Gjertrud, Magnus og Sofie* er døme på namn som av nokon vert sett på som kyrkjelege, men som eg meiner vart ein del av namneforrådet av andre årsaker.

### 7.2.1 Namnegruppene innad i Lærdal

Av same årsak som at dei nordiske namna skulle stå sterkast i Vang, og dei innlånte namna i Lærdal, trudde eg at den nordiske namnegruppa ville vere størst i Borgund sokn, medan dei innlånte namnegruppene ville vere størst i Hauge sokn.



Figur 4: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Lærdal i 1801


Heller ikkje denne hypotesen synte seg å slå ut i full blomst. Den nordiske namnegruppa var rett nok størst i Borgund i både folketeljinga av 1801 og 1900 for baa kjøn. Dei nordiske mannsnamna utgjorde 57,1 % av dei leksikalske namna i Borgund i 1801, noko som var 14,2 prosentpoeng meir enn i Hauge, der den venteleg var minst med 42,9 %. Sameleis utgjorde dei nordiske kvinnenamna 51,2 % av dei leksikalske namna i Borgund, 12,7 prosentpoeng meir enn i Hauge sokn. Men her var det Tønjum som hadde minst prosentdel leksikalske nordiske namn med 35,0 %.

For dei innlånte namnegruppene var hypotesen ute på tynnare is i folketeljinga av 1801. Dei kvinnelege innlånte namnegruppene var totalt sett større i både Tønjum, 13,3 % av dei leksikalske kvinnenamna, og Årdal, 9,3 %, enn i Hauge, der dei utgjorde 7,7 %, medan



Borgund var omtrent likt fordelt som Hauge med 7,3 % av dei leksikalske kvinnenamna. Det er særskilt gruppa med andre innlånte namn som, litt uventa, bidreg til at Hauge har den minste prosentfordelinga av dei innlånte namnegruppene.

Dei mannlege innlånte namnegruppene i Hauge utgjer totalt 9,0 % av dei leksikalske kvinnenamna, og det er berre Årdal som her er større med 9,5 %. Både Tønjum og Borgund har ei mindre prosentvis fordeling av desse namnegruppene med høvesvis 6,1 % og 8,1 % av dei leksikalske mannsnamna. Årdal har særleg størst prosentdel med tyske mannsnamn, som bidreg til at dei innlånte namnegruppene er størst i dette kyrkjesoknet.



Figur 5: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Lærdal i 1900


Gruppene med innlånte namn er derimot, som venta, størst i Hauge sokn for både kjønn i folketeljinga av 1900. Totalt sett utgjer desse to gruppene 17,9 % av dei leksikalske kvinnenamna, noko som er 7,9 prosentpoeng meir enn i Tønjum, som har den minste prosentfordelinga med 10,0 %. For mannsnamna utgjer dei innlånte namnegruppene totalt sett 23,2 % av dei leksikalske namna, noko som er 11,4 prosentpoeng meir enn i Tønjum. Borgund ligg like bak Hauge med ein prosentfordeling på 14,6 % og 20,0 %, for høvesvis kvinnenamna og mannsnamna.

I folketeljinga av 1900 er det den nordiske namnegruppa som ikkje heilt fylgjer hypotesen. Det er Tønjum, og ikkje Borgund, som har den største prosentfordelinga av dei nordiske namna for både kjønn. For kvinnenamna er den nordiske namnegruppa minst i Borgund med 29,1 % av dei leksikalske namna, men berre 3,8 prosentpoeng mindre enn i Tønjum, som har den største fordelinga.

Nesten like jamn er den prosentvise fordelinga av den nordiske namnegruppa for mannsnamna. Størst er namnegruppa i Tønjum med 44,1 %, medan den er minst i Hauge med 38,9 %, noko som er ein skilnad på 5,2 prosentpoeng.

### 7.2.2 Namnegruppene innad i Vang

Når det gjeld fordelinga av desse namnegruppene innad i Vang prestegjeld, ser eg på folketeljningane av 1865 og 1900, då Vang ikkje var delt inn i fleire kyrkjesokn i 1801. Eg hadde ein liten hypotese om at dei nordiske namnegruppene ville fordele seg omtrentleg likt i Høre sokn og Øye sokn, medan dei innlånte namnegruppene ville vere størst i Vangs hovudsokn, men at grunnlaget for dette ville vere mindre enn innaføre i Lærdal.




Figur 6: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Vang i 1865

I folketeljninga av 1865 ser hypotesen ut til å samsvare bra med resultata i studien. Den nordiske namnegruppa er størst for både kjønn i Høre sokn, men skilnadane er ikkje så store som innaføre Lærdal. Denne namnegruppa utgjør 65,2 % av dei leksikalske mannsnamna i Høre, noko som er ni prosentpoeng mindre enn i Øye sokn, der dei har den minste fordelinga. Dei kvinnelege nordiske namna utgjør 46,7 % av dei leksikalske namna i Høre, berre 0,5 prosentpoeng meir enn i Øye, og 11,5 prosentpoeng meir enn i Vangs hovudsokn, der dei utgjør 35,2 % av dei leksikalske kvinnenamna.

Dei innlånte namnegruppene er venteleg størst i Vangs hovudsokn for både kjønn. Totalt sett utgjør desse to namnegruppene 13,0 % og 11,5 % av høvesvis dei leksikalske kvinne- og mannsnamna. Det er 9,7 og 7,2 prosentpoeng mindre enn dei innlånte

namnegruppene utgjer i Høre, som har den minste prosentvise fordelinga for både kjønn. Det er for øvrig berre Vangs hovudsokn som har innslag av andre innlånte namn i 1865.



Figur 7: Oversyn over dei ulike namnegruppene innad i Vang i 1900

Når me kjem til folketeljinga av 1900 er ikkje dette bilete like svart-kvitt. Dei nordiske mannsnamna utgjer framleis den største gruppa i Høre sokn med 69,4 % av dei leksikalske mannsnamna, 18,1 prosentpoeng meir enn dei utgjer i Øye sokn, som har den minste prosentvise fordelinga av denne namnegruppa. Dei nordiske kvinnenamna er derimot størst i Øye sokn med 48,0 % av dei leksikalske namna, 8,0 prosentpoeng større enn Høre sokn, som har den minste fordelinga av denne namnegruppa når det gjeld kvinnenamna.

Dei innlånte namnegruppene er klart størst i Vangs hovudsokn for kvinnenamna, med totalt 17,6 % av dei leksikalske namna. Det er over ni prosentpoeng meir enn dei utgjer i både Øye sokn og Høre sokn. For mannsnamna er det derimot Øye sokn som har den største prosentvise fordelinga av dei innlånte namnegruppene, med totalt 15,4 % av dei leksikalske namna. Vangs hovudsokn følgjer rett bak, med 14,4 %, medan desse to gruppene med innlånte namn ikkje utgjer meir enn 6,1 % av dei leksikalske mannsnamna i Høre kyrkjesokn.

### 7.3 Eg vil kunne spore ei modernisering av fornamna i både prestegjeld

Frå midten av 1800-talet og utover vart Noreg eit moderne samfunn. På grunnlag av dette venta eg at namnematerialet i både Lærdal og Vang vil verte meir moderne utover 1800-talet, og at dette særskilt vil kome til syne i folketeljinga av 1900. Eg venta òg at moderniseringa

skulle syne seg sterkast i Lærdal. For kvinnenamna trudde eg at det ville vere spor av moderniseringsprosessen allereie ved folketeljninga av 1865 i Lærdal.

Det er Ane Landøy sine indikasjonar på modernisering av namnebruk eg nyttar meg av for å spore ei sånn utvikling av personnamna i Lærdal og Vang. Då er det i hovudsak endringar i den totale namnemassen eg er ute etter:

- Endringar blant dei mest populære namna.
- Halvparten av namneberarane nyttar fleire namn.
- Snittet for talet på berarar per namn går ned.
- Fleire leksikalske namn i namnematerialet.
- Fleire innlånte namn, og variasjon i kvar dei kjem frå.
- Auka bruk av moveringsnamn.
- Auka bruk av dobbeltnamn.
- For folketeljninga av 1900, kjem eg òg til å sjå om det er namn som kjem inn i namnebruken som fylgjer av den nordiske namnerenessansen.

I Vang prestegjeld var det vanskeleg å sjå spor etter ei utvikling der personnamna vert modernisert gjennom 1800-talet. Det var venta at ein eventuell moderniseringsprosess ville vere meir framtrekande i Lærdal, men eg hadde trudd at moderniseringa i Vang var kome lenger enn resultata syner for folketeljninga av 1900. Det er rett nok spor etter nokre indikasjonar på modernisering, men dei er så små at namnematerialet knapt har endra seg denne tida.

### 7.3.1 Er det lite moderniseringsrørsler å spore i Vang?

Eg byrjar med talet på leksikalske namn i Vang. Frå folketeljninga av 1801 til folketeljninga av 1900, har talet på leksikalske namn i prestegjeldet berre auka med totalt 17 namn for både kjøn. I 1900 er det 63 leksikalske kvinnenamn, noko som er ein auke på seks namn frå 1801. Dei leksikalske mannsnamna har auka med 11, frå 77 i 1801 til 88 i 1900.

At det kjem få nye namn inn i namnematerialet, bidreg òg til at dei mest populære namna ikkje vert utsett for endringar. Åtte av dei 10 mest frekvente mannsnamna frå 1801 er òg representert blant dei 10 mest frekvente mannsnamna i folketeljninga av 1900. Det er i numerisk rekkjefylgje i 1900 *Ole, Anders, Knut, Nils, Kristoffer, Torstein, Jon* og *Iver/Ivar*. Sameleis er det for dei populære kvinnenamna. Her er òg åtte av dei 10 mest frekvente namna frå folketeljninga av 1801 representert i folketeljninga av 1900. Det er *Marit, Berit, Ingeborg,*

*Anne, Sigrid, Gjertrud, Guri og Ragnhild*. Vidare er ni av dei 10 mest frekvente mannsnamna og kvinnenamna frå 1865 representert i folketeljinga av 1900. Det er med andre ord stor stabilitet blant dei populære namna for både kjønn i Vang prestegjeld. Dette har nok samanheng med at oppkallingstradisjonen står sterkt i prestegjeldet. Det syner seg igjen i oversikten over kor mange namn som vert nytta av kring halvparten av namneberarane ved alle dei tre folketeljingane. For mannsnamna, nytta halvparten av mennene seg av dei sju mest frekvente namna i 1801, medan dei berre nytta seg av dei kring 5-6 mest frekvente namn i 1900. Det er litt overraskande at halvparten av mennene i Vang samlar seg om færre toppnamn i 1900, enn i 1801.

For kvinnenamna har det rett nok vore ein auke, men den er ikkje stor. Frå å nytte dei fem mest frekvente namna i folketeljinga av 1801, nyttar halvparten av kvinnene i Vang kring dei 5-6 mest frekvente kvinnenamna i 1900. Sjølv om det har vore ein auke her, er det framleis ein stor del av kvinnene som nyttar ei lita samling av kvinnenamn.

Snittet på berarar per namn gjenspeglar denne samlinga kring fåe namn. I folketeljinga av 1801 var det i snitt 13 menn per mannsnamn, og 18,9 kvinner per kvinnenamn. Dette talet er rett nok redusert fram mot 1900, men eit snitt på 12,3 menn per mannsnamn, og 17,0 kvinner per kvinnenamn, er framleis høgt.

Det må likevel verte sagt at snittet på berarar per namn auka mykje for både kjønn i Vang fram mot 1865, slik at snittet er redusert med 3,5 menn per mannsnamn, og 6,5 kvinner per kvinnenamn frå 1865 til folketeljinga av 1900. Dermed kjem kanskje ein eventuell moderniseringsprosess meir til syne dei siste 50 åra, enn om me utelukkande ser på heile 1800-talet under eitt.

Tar me oss eit dykk i sjølve namnematerialet i Vang, er det heller ikkje mykje modernisering å spore der. Moveringsnamn er eit godt døme på moderne namn, og i folketeljinga av 1900 er det berre tre moveringsnamn i Vang. Det er berre to fleire enn det var 100 år tidlegare, og faktisk eitt mindre enn i folketeljinga av 1865.

Det er heller ikkje så mykje endringar å spore for dei innlånte namna i Vang gjennom 1800-talet. Korkje kvar dei innlånte namna kjem frå, eller talet på nye moderne namn.

Dei innlånte mannsnamna kjem i all hovudsak frå tysk, latin og frisisk fram mot folketeljinga av 1900. Fyrst då vert det importert namn inn i namnematerialet i Vang frå andre språk. Det er det gotiske *Baldvin*, det irske *Oskar* og det greske *Sofus*, og av desse er det i grunnen berre *Oskar* som kan verte sett på som eit moderne namn. Det kjem til gjengjeld inn eit par nye tyske namn, som er døme på moderne namn som erstattar, eller supplerer, dei gamle tyske namna som har vore i namneforråde i Noreg sidan 1300-talet. Det er *Albert* og

*Sivert*, medan *Ludvig* og *Vilhelm* er namn som har vore kjent og nytta sidan 1300-talet, men som likevel vert sett på som moderne namn, då populariteten deira auka mykje fram mot 1900-talet.

For kvinnenamna sin del gjer dei moderne innlånte namna, som venta, seg sterkare gjeldande frå 1865 og utover. I folketeljinga av 1801 er det berre to tyske kvinnenamn i Vang prestegjeld. Alt frå 1865 kjem dei latinske namna *Karoline* og *Desema*, det franske namnet *Henriette*, samt dei moderne kortformene *Mina* og *Tina*, inn i namneforrådet. I folketeljinga av 1900 vert dei innlånte namna supplert med det franske namnet *Lovise*, det italienske namnet *Laura* og det greske namnet *Sofie*, samt kortformene *Lina*, *Gina*, *Malla* og *Tea*. Sjølv om dei nye innlånte kvinnenamna kjem frå andre språk og områder enn tidlegare, er det likevel i for liten grad til at me kan snakke om noko modernisering av namneforrådet i Vang.

Det same gjeld for dei nordiske namna, som mot slutten av 1800-talet kjem inn i namneforrådet, eller får seg ein oppsving, grunna den nordiske namnerenessansen. I Vang, der dei nordiske namna allereie står sterkt, er det få renessansenamn å spore.

I folketeljinga av 1865 kan me for mannsnamna kanskje sjå eit par døme på slike renessansenamn. Det er at dei opphavlege norrøne formene *Finnkjell*, *Torkjell* og *Øystein*, vart nytta i staden for, eller saman med, dei modifiserte formene *Finkel*, *Torkel* og *Østen*, som har vore dominerande former lenge.

I folketeljinga av 1900 kan me derimot sjå døme på at gamle norrøne namn vert henta frå dei gamle vikingsagaene, og nytta igjen i staden for dei nye modifiserte nordiske formene. *Erling*, *Håkon* og *Sigurd* er representert i Vang i 1900. Fram til då er det formene *Elling*, *Hagen/Haken* og *Sjur* som har vore nytta generelt i landet (alle desse tre formene har vore veldig lite nytta i Vang gjennom 1800-talet).

Enda færre nordiske renessansenamn er det å spore blant kvinnenamna i Vang. Allereie i 1801 finn me renessansenamnet *Astrid* i Vang, utan at eg trur den nordiske namnerenessansen har noko å gjere md det. I NPL (s. 37) står det at *Astrid* var nytta over heile landet fram til 1900, men at namnet då vart ekstra populært. Utanom dette er det først i 1900 det dukkar opp nye slike renessansenamn. I all hovudsak er det dei gamle norrøne formene *Arnbjørg*, *Gudrid*, *Ingebjørg* og *Jorunn*, som vert henta fram igjen, og supplerer dei modifiserte nordiske, eller dialektale, formene *Ambjørg*, *Guri*, *Ingeborg* og *Jørann*.

Til slutt vil eg kort nemne bruken av dobbeltnamn i Vang, som òg er ein indikasjon på modernisering i namnebruken. I kapittel 4.3.2.4 (s. 49), såg me at det i Vang var seks personar som hadde dobbeltnamn i 1801, tre gutar og tre jenter, som alle utelukkande høyrte til den

øvre sosiale samfunnsklassen. Talet på berarar av dobbeltnamn har rett nok auka fram mot 1900, men ikkje på langt nær like ekspansivt som kringom resten av landet. I folketeljinga av 1900 er det 12 personar som har dobbeltnamn, fire av dei er jenter, medan åtte av dei er gutar.

Desse 12 personane syner at bruken av dobbeltnamn har spreia seg frå den øvre sosiale samfunnsklassen til å verte nytta av heile samfunnet. Flesteparten av dei med dobbeltnamn i Vang høyrer til bondeslekta. I tillegg finn me kapellane *Sofus Andreas* og amerikanaren *Baldvin Rudolf*. Samstundes er det òg tenestejenter, blekkslagarar, husmannsslekt etc. som har dobbeltnamn i Vang i 1900. Dei som har dobbeltnamn spenner seg òg frå å vere fire til 90 år gamle.

### 7.3.2 Er derimot personnamna i Lærdal på veg til å verte modernisert?

Allereie ved talet på dei leksikalske namna, ser me ei større utvikling i Lærdal enn tilfellet var for Vang. Mannsnamna aukar med 18 leksikalske namn, frå 107 i 1801 til 125 i folketeljinga av 1900. Det er likevel på langt nær like stor auke som for kvinnenamna, der talet på leksikalske kvinnenamn er 77 i 1801, og 138 i 1900, ein auke på 61 namn på 100 år! Indikasjonen til Landøy, om at ein ventar at det utover 1800-talet kjem inn fleire nye namn, i større grad enn at namn går ut av bruk, vert verkeleg levd opp til hjå kvinnenamna her.

Sjølv om det har kome inn veldig mange nye namn i namneforrådet i Lærdal, er det likevel mindre endringar blant dei mest populære namna enn det ein kunne vente, særskilt blant kvinnenamna. Frå folketeljinga av 1801 til 1865 er det inga endring blant dei 10 mest frekvente kvinnenamna, medan åtte av desse namna er blant dei 10 mest frekvente namna i folketeljinga av 1900. Det er i numerisk rekkjefylgje i 1900 *Anna*, *Kari*, *Brita*, *Kirsti*, *Sønneva*, *Ingeborg*, *Ragnhild* og *Mari*.

Det er heller ikkje så mykje større endringar blant dei mest frekvente mannsnamna, der òg åtte av dei 10 mest frekvente namna frå 1801 er representert blant topp 10-namna i folketeljinga av 1900. Det er *Ole*, *Anders*, *Peder*, *Jens*, *Hans*, *Johannes*, og *Knut* og *Nils*.

Dette kan tyde på at oppkallingstradisjonen framleis pregar namnematerialet i Lærdal, sjølv om den nok ikkje er fullt så gjeldande her som i Vang. Dette vert vist mellom anna både gjennom kor mange av dei mest frekvente namna som vert nytta av halvparten av namneberarane, og snittet for berarar per namn for baa kjønn.

Dei ni mest frekvente mannsnamna, og dei åtte mest frekvente kvinnenamna, vert nytta av kring halvparten av høvesvis dei mannlege og kvinnelege namneberarane. For baa kjønn er det nøyaktig det same talet som for folketeljinga av 1801, men ulikskapen frå Vang er at fleire av dei mest frekvente namna vert nytta av kring halvparten av namneberarane.

At folk ikkje nyttar ei lita gruppe namn, syner òg snittet på berarar per namn oss. Særskilt kvinnenamna har hatt ein nedgang på dette snittet sidan 1801, då det var 19,1 kvinner i snitt per kvinnenamn. I 1900 er det same snittet redusert med 7,2 til at kvart kvinnenamn i snitt vert nytta av 11,9 kvinner.

I motsetning til snittet for kvinnenamna, har ikkje mannsnamna hatt ein jamn nedgang sidan folketeljinga av 1801. Snittet er vorten redusert frå 13 menn per mannsnamn, til 11,3 menn per mannsnamn i 1900, men frå 1801 til 1865 auka snittet til 15,2 menn per mannsnamn. Dette meiner eg berre stadfestar hypotesen min om at moderniseringa av personnamna starta tidlegare for kvinnenamna, enn for mannsnamna.

Namnematerialet i Lærdal syner klarare spor etter moderniseringsrørsla enn tilfellet var i Vang. Særskilt blant kvinnenamna, men det er òg ein del moderne namn og namneutvikling blant mannsnamna. Spesielt kjem dette til syne i folketeljinga av 1900.

I 1801 er i hovudsak dei innlånte mannsnamna henta frå tysk og latin, i tillegg til det frisiske namnet *Boye*, som berre er representert i denne folketeljinga i Lærdal. 64 år seinare, i folketeljinga av 1865, kjem det engelske namnet *Edvard*, og det fønikiske namnet *Hannibal*, inn i namnematerialet. Sjølv om eg ikkje reknar *Hannibal* som eit moderne namn, syner i alle fall desse namna at innbyggjarane i Lærdal byrjar å nytte seg av namn importert frå andre språk, og områder, enn tysk og latin. Det ser me òg ved at det svenske namnet *Gustav* kjem inn i namnematerialet i 1865. *Gustav* er eit nordisk namn, men sidan det i fylgje NPL (s. 111) berre har vore i spreidd bruk i Noreg fram slutten av 1800-talet, då det vart eit veldig populært namn, ser eg på det som eit moderne namn.

I tillegg kjem det inn ein del nye tyske namn i namnematerialet, som òg er døme på moderne namn. Det er *Albrikt*, *Bernt*, *Didrik* og *Ernst*, som berre har vore nytta sporadisk fram mot slutten av 1800-talet, samt *Hermann*, *Ludvig* og *Otto*, som har vore i bruk sidan 1300-talet, men som fekk eit stort oppsving i tiåra før 1900. *Hermann* og *Ludvig* var representert i Lærdal i folketeljinga av 1801, og stadfestar dette ved at dei utover 1800-talet vert stadig meir frekvente.

Moderniseringsrørsla blant mannsnamna kjem som nemnt ytterlegare til syne i folketeljinga av 1900. Dei innlånte namna vert importert frå stadig nye språk og områder. I tillegg til *Edvard*, er dei engelske namna *Alfred*, *Eddie* og *Oliver*<sup>36</sup> ein del av namneforrådet i

---

<sup>36</sup> *Eddie Edison Bjørkum* er rett nok født i Amerika, medan *Oliver Andreassen* er ein omstreifar som er på vitjing i Borgund prestegjeld, og båe berarane av *Alfred* er fødde i Bergen. Men dette stadfestar berre den auka kontakten det var mellom folk no i høve til tidlegare, og korleis dette kan påverke namneval og namneutveksling.



Lærdal i 1900. Det irske namnet *Oskar*, det franske namnet *Emil*<sup>37</sup>, og det svenske namnet *Birger*, er òg importert frå nye språk og områder enn tysk og latin.

Dei tyske namna *Adolf*, *Bernhard*, *Konrad* og *Gjert*, samt dei latinske formene *Olaus* og *Olai*, er nye namn i Lærdal i 1900, og er døme på nye moderne namn som vert henta frå språk som ein har importert namn frå i mange hundre år allereie<sup>38</sup>.

Ein annan indikasjon på at moderniseringa av mannsnamna er på frammarsj i Lærdal, er korleis dei moderne kyrkjelege namna *Andreas* og *Kristian* aukar i popularitet gjennom heile 1800-talet. Frå å ha ein relativ frekvens på 0,1 % av mannsnamna i folketeljinga av 1801, utgjer dei i folketeljinga av 1900 høvesvis 2,6 % og 0,8 % av det mannlege namnematerialet.

Dei nordiske renessansenamna er òg representert blant mannsnamna i Lærdal. Allereie i 1865 finn me dei gamle saganamna *Fridtjov* og *Håkon*, skriven i forma *Haakon* i staden for *Hagen*/*Haagen*, i namneforrådet. I folketeljinga av 1900 kjem det inn enda fleire av desse gamle norrøne namneformene som er henta frå sagalitteraturen. *Egil*, *Harald*, *Magnus* (sjølv om det strengt tatt er innlånt), *Olav* og *Sigurd* er alle representert i Lærdal (og Borgund) i 1900. I tillegg kjem det inn fleire opphavlege norrøne namneformer som *Aslak*, *Fuse*, *Hjalmar*, *Kolbein* og *Ragnvald*, samt nylagingsnamn av norrøne ledd som *Bjarnhard*.

Enda tydelegare kjem moderniseringa til syne blant kvinnenamna i Lærdal. Både då det er fleire moderne namn og namneformer, som kjem tidlegare inn i namnematerialet, og då desse moderne namna vart gjevne til jentebarn fødte i Lærdal i større grad enn tilfellet var for mannsnamna.

I 1801 kjem dei innlånte namna i all hovudsak frå tysk og gresk. Allereie i folketeljinga av 1865 kjem det inn nye innlånte kvinnenamn frå andre språk. Det er dei franske namna *Lovise* og *Emilie*, det italienske namnet *Laura*, dei engelske namna *Edvardine* og *Mildrid*, samt dei moderne kortformene *Stine* og *Ella*<sup>39</sup>. I tillegg vert dei tyske og latinske namna fornya ved moveringsnamna *Karoline*, *Klaudine*, *Monsine* og *Fredrikke*.

I folketeljinga av 1900 kjem det ikkje nye innlånte kvinnenamn frå andre språk, men til gjengjeld kjem det inn ein del moderne namn frå allereie etablerte importspråk. Dei latinske namna *Klara* og *Ovidia*, det greske namnet *Konstanse*, dei tyske namna *Bertine*, *Emma*,

---

<sup>37</sup> Den eine beraren av namnet *Oskar*, og beraren av namnet *Emil*, er òg fødd i høvesvis Bergen og Kristiania, men igjen stadfestar dette berre ytterlegare korleis namn kan feste seg i namneforrådet ved kontakt og mobilitet.

<sup>38</sup> Både *Konrad*, *Gjert* og den eine namneberaren av *Bernhard*, er fødte i Bergen.

<sup>39</sup> To av dei som heiter *Lovise* er innflyttarar frå Kristiania og Vik i Sogn, medan *Laura* er frå Larvik, og *Edvardine* er frå Bergen

*Mathilde* og *Rikarda*, samt dei moderne kortformene *Gina*, *Lina*, *Mina*, *Rikke* og *Stine*, er alle representerte i Lærdal i 1900<sup>40</sup>.

*Kristine* er eit kyrkjeleg namn som vert moderne kring 1900. Dette namnet har vore i bruk i Lærdal gjennom heile 1800-talet, men har auka i frekvens fram mot 1900-talet. Frå å utgjere 0,2 % av den kvinnelege namnemassen i 1801, har dette namnet ein relativ frekvens på 0,8 % i folketeljinga av 1900. Saman med den svenske forma *Karin*, av *Katarina*, er *Kristine* med på å vise at folk i Lærdal i større grad fylgjer den moderne namneutviklinga.

Som for mannsnamna, kjem det òg inn kvinnelege nordiske renessansenamn i folketeljinga av 1900. *Aslaug*, *Borghild*, *Borgny*, *Gudveig*, *Gøril*, *Helga*, *Solveig* og *Valborg* er gamle norrøne namn, som fyrst kjem i bruk i Lærdal i 1900. Saman med dei norrøne namneformene *Jorunn*, *Gudrun*, *Ingebjørg* og *Turid*, som kjem i bruk i tillegg til dei modifiserte og dialektale formene *Jørann*, *Guro*, *Ingeborg* og *Turi*, er desse nordiske namna døme på renessansenamn som fekk eit oppsving frå midten av 1800-talet og framover.

Ein annan indikasjon på modernisering blant kvinnenamna er moveringsnamna, som i Lærdal ekspanderte i mykje større grad enn tilfellet var for Vang. I 1801 var det berre to moveringsnamn i Lærdal, *Fredrikke* og *Jessine*. Dei utgjorde 2,6 % av dei leksikalske kvinnenamna. I folketeljinga av 1865 hadde talet på moveringsnamn auka til 22, og dei utgjorde 19,5 % av dei leksikalske kvinnenamna i Lærdal, ein stor auke frå 1801. I 1900 er det 30 moveringsnamn i Lærdal, som utgjer 21,7 % av kvinnenamna. Me ser at moveringsnamna utgjer ein stor del av dei kvinnelege namna i Lærdal, og det er ein stor skilnad frå kva tilfellet er for moveringsnamna i Vang. Eg kjem ikkje til å nemne kva moveringsnamn som er å finne i Lærdal i folketeljinga av 1865 og 1900, dei kjem til å verte lista opp i vedlegg 10.3.

I folketeljinga av 1801 var det 16 kvinner som hadde dobbeltnamn i Lærdal. Som i Vang, kom dei aller fleste av desse frå den øvre sosiale samfunnsklassen, noko som var det normale på denne tida.

I folketeljinga av 1900 er det 97 personar i Lærdal som har eit dobbeltnamn. 31 av desse er menn, medan 66 av desse er kvinner. Det er ein mykje større auke på bruken av dobbeltnamn her enn i Vang, noko som er ein klar indikasjon på modernisering. I tillegg er det to menn og éi kvinne som har eit trippelnamn, men alle desse tre er innflyttarar til Lærdal.

---

<sup>40</sup> Sjølv om to av dei som heiter *Emma*, samt *Konstanse*, er fødde i Kristiania, *Mathilde* er ei tenestepike frå Vesterålen og *Klara* ein omstreifar på vitjing i Borgund prestegjeld, meiner eg denne kontakten er viktig å ta med i spørsmålet om modernisering av personnamna. Då kan innbyggjarane i Lærdal snappe om namna og bruke dei sjølv, eller namna kan verte brukt vidare av innflyttarane.

I Lærdal har òg bruken av dobbeltnamn spreia seg frå den øvre sosiale samfunnsklassen til å verte ein allmenn namneskikk i heile samfunnet. Alt i frå presteborn til fattige husmannsborn nyttar dobbeltnamn. Mest utbreidd er det i bondesamfunnet, men det har nok ein samanheng med at dei utgjer den største gruppa av innbyggjarane i Lærdal.

Det er som venta blant dei aller yngste at denne namneskikken er klart mest utbreidd. 69 av dei 97 personane som har dobbeltnamn i Lærdal i 1900, er i alderen 0-25 år gamle. Til samanlikning er 10 av desse namneberarane mellom 50 og 100 år.

### 7.3.3 Er Hauge det mest moderne av kyrkjesokna i Lærdal?

Eg venta òg at Hauge skulle vere det kyrkjesoknet i Lærdal der moderniseringa var komen lengst, i kraft av Lærdalsøyri og den urbaniseringsutviklinga som har prega tettstaden gjennom 1800-talet. Eg kjem ikkje til å gå like djupt inn i materialet her som ved prestegjelda Lærdal og Vang, men kort syne samsvaret mellom denne hypotesen og resultatata frå studien med utgangspunkt i folketeljinga av 1900.

Det er klart flest leksikalske namn i Hauge for både kjønn i folketeljinga av 1900, med 117 leksikalske kvinnenamn og 95 leksikalske mannsnamn. Det er høvesvis 47 og 27 fleire namn enn i Tønjum, som har nest flest leksikalske namn for både kjønn.

Dette er ein kraftig auke frå 1801, då det var høvesvis 56 leksikalske mannsnamn og 52 kvinnenamn i soknet. Denne store auken i leksikalske namn har òg bidratt til at det har vore størst utskiftingar blant dei populære namna i Hauge. For både kjønna er det berre seks av dei 10 mest frekvente namna i folketeljinga av 1801 som er å finne blant dei populære namna i folketeljinga av 1900, slik at det har vore størst utskifting her i høve til i dei andre kyrkjesokna. Dei seks mannsnamna, som me finn topp 10 i både folketeljingane, er i numerisk rekkjefylgje i 1900 *Ole, Anders, Per, Jens, Johannes* og *Nils*. Dei seks kvinnenamna er *Anna, Kari, Brita, Ingeborg, Gjertrud* og *Kirsti*.

Både den store auken i talet på leksikalske namn og variasjonen blant dei aller mest frekvente namna, bidreg til at Hauge er det soknet som har færrest namneberarar per namn i 1900, med eit snitt på 6,1 menn per mannsnamn og 5,8 kvinner per kvinnenamn. Snittet for mannsnamna er noko jamnare enn snittet for kvinnenamna i dei ulike kyrkjesokna.

Saman med talet på kor mange namn kring halvparten av innbyggjarane i soknet ber, er dette gode indikasjonar på at namnematerialet i Hauge endrar seg i ei moderne retning. Dei 10 mest frekvente kvinnenamna vert nytta av kring halvparten av kvinnene, medan dei ni mest frekvente mannsnamna vert nytta av halvparten av mennene. Det er fleire namn enn i Tønjum

og Borgund, der halvparten av kvinnene nyttar kring seks av dei mest frekvente kvinnenamna, og halvparten av mennene nyttar kring sju av dei mest frekvente mannsnamna.

Dei innlånte namnegruppene står òg venteleg sterkast i Hauge, særskilt dei tyske namna. Det er her me finn flest av dei moderne innlånte namna, som dei tyske mannsnamna *Bernhard, Konrad, Ludvig, Otto* og *Vilhelm*, dei latinske namna *Olai* og *Olaus*, det engelske namnet *Alfred*, det irske namnet *Oskar* og det franske namnet *Emil*. Sjølv om me finn nokre av desse, samt andre moderne innlånte mannsnamn i dei to andre kyrkjesokna i Lærdal, er det i Hauge dei kjem sterkast til syne som ein del av det etablerte namnematerialet.

Sameleis er det for kvinnenamna i Hauge, i enda sterkare grad enn for mannsnamna. Her er dei moderne innlånte namna som dei tyske namna *Bertine, Emma, Mathilde, Rikarda* og *Vilhelmine*, det franske namnet *Lovise*, dei latinske namna *Klaudine, Karoline, Klara* og *Ovidia*, det fransk-latinske namnet *Konstanse*, samt dei moderne kortformene *Gina, Rikka* og *Stine*, representerte i namneforrådet til Hauge i folketeljinga av 1900.

Moveringsnamna i Hauge reflekterer òg godt den moderne utviklinga av kvinnenamna i kyrkjesoknet. 27 av dei 29 moveringsnamna som er å finne i Lærdal prestegjeld i 1900, er representert i Hauge sokn. Det er overlegent i høve til dei andre sokna, og syner kor mykje lenger moderniseringsprosessen er komen her.

Når det gjeld dei nordiske renessansenamna er dei òg best representert i Hauge, særskilt for mannsnamna. Her finn me gamle norrøne namn som *Egil, Hjalmar, Håkon, Olav, Ragnvald* og *Sigurd*, som alle er døme på namn som vart henta fram igjen og nytta som fylgjer av den nordiske namnerenessansen. For kvinnenamna er *Borghild, Gudveig, Helga, Ingebjørg, Jorunn, Ragna, Turid* og *Valborg* døme på namn som av ulike grunnar kan verte sett på som renessansenamn, og som alle er representert i Hauge i folketeljinga av 1900.

Summen av alle desse indikasjonane syner ganske klart at ei eventuell moderniseringsrørsle er komen klart lengst i Hauge kyrkjesokn.

#### **7.4 Tomas vil stå sterkare i både Lærdal og Vang, i høve til resten av landet**

Ein av hypotesane mine er at *Tomas* kjem til å vere meir frekvent i både Lærdal og Vang i høve til resten av landet, grunna Tomaskyrkja på Filefjell. Ut i frå resultatane eg fann i studien, meiner eg at det er godt samsvar mellom hypotesen og resultatane.

I tabellen til Kruken (1982: 54) over dei 30 mest frekvente mannsnamna på landsbasis kring 1800, er ikkje apostelnamnet *Tomas* representert. Det tyder på at dette kyrkjelege namnet ikkje er blant dei mest populære mannsnamna kringom Noreg. I Lærdal ligg *Tomas* som det åttande mest frekvente mannsnamnet i folketeljinga av 1801, med 49 namneberarar

og ein relativ frekvens på 3,5 %. I Årdal kyrkjesokn ligg det faktisk på 2. plass, med 28 av dei 49 namneberarane som utgjer 7,1 % av den mannlege namnemassen i soknet. Litt overraskande er *Tomas* minst frekvent i Borgund, som er det kyrkjesoknet som ligg nærast Tomaskyrkja på Filefjell, på ein 25. plass, med fire berarar og ein relativ frekvens på 1,3 %.

I Vang ligg *Tomas* på 9. plass med 30 namneberarar, som utgjer 3,0 % av den mannlege namnemassen i prestegjeldet i 1801. Det er mykje godt sameleis som i Lærdal.

Me ser med andre ord at *Tomas* er mykje meir frekvent i både Lærdal og Vang enn kringom resten av landet. I NPL (s. 281) står det at *Tomas* er kjent i landet sidan 1200-talet, og at det er litt brukt i seinmellomalderen, særskilt i vest og nord i landet. I etterreformatorsk tid er namnet derimot mykje nytta, men tok vart ikkje skikkeleg populært før 1970-talet, då det i perioden 1975-79 var det mest nytta mannsnamnet i Noreg.

I folketeljninga av 1865 har derimot *Tomas*-namnet dalt på frekvenstabellen blant mannsnamna i Lærdal. Her ligg det på ein 17. plass med 28 namneberarar, noko som utgjer 1,5 % av den mannlege namnemassen i prestegjeldet. Det er omtrentleg ein halvering i populariteten sidan 1801. Framleis står namnet svakast i Borgund, der det i 1865 berre har éin namneberar. Best plassert ligg *Tomas* i Hauge, det kyrkjesoknet som ligg lengst vekk frå Tomaskyrkja, på ein 12. plass, med 18 av dei 28 som ber namnet *Tomas* i prestegjeldet.

I Vang derimot, fortsetter *Tomas* å vere eit populært namn, og ligg no som det sjuande mest frekvente mannsnamnet med 46 namneberarar og ein relativ frekvens på 3,5 %, ein auke på 0,5 prosentpoeng på kring 65 år. Tomaskyrkja høyrer til Øye kyrkjesokn, og som i Lærdal, er det i det kyrkjesoknet som ligg nærast kyrkja namnet er minst frekvent. Her ligg det på ein 13. plass med seks av dei 46 namneberarane, som utgjer 2,6 % av den mannlege namnemassen i soknet. Skilnaden på frekvensen til namnet mellom kyrkjesokna er derimot mindre i Vang, enn den er i Lærdal.

Fram mot folketeljninga av 1900, har populariteten til *Tomas*-namnet auka litt i Lærdal. No ligg det på 13. plass med 28 namneberarar, som utgjer 2,0 % av den mannlege namnemassen i prestegjeldet, ein auke på 0,5 prosentpoeng sidan 1865. Framleis er namnet mest frekvent i Hauge, med ein relativ frekvens på 3,1 %, og minst frekvent i Borgund, med to namneberarar og ein relativ frekvens på 0,5 %. Likevel er *Tomas* meir frekvent i Lærdal enn kringom resten av landet kring 1900, der det i tabellen til Kruken (1982: 68), ikkje er å finne blant dei 12 mest frekvente mannsnamna.

I Vang er *Tomas* enda meir frekvent enn i Lærdal, og ligg i folketeljninga av 1900 på ein 11. plass med 29 namneberarar, som utgjer 2,7 % av den mannlege namnemassen, ein

nedgang på 0,8 prosentpoeng sidan 1865. Det ser dermed ut til at *Tomas* var enda meir frekvent i Lærdal og Vang i høve til resten av landet kring 1801, enn det er i 1900.

Ut i frå dette meiner eg at det er gode moglegskapar for at Tomaskyrkja har påverka bruken av *Tomas*-namnet i både Lærdal og Vang. Kanskje mest i Vang prestegjeld, og kanskje helst i eldre tider, før 1800. Dette grunnjev eg med at *Tomas* totalt sett har dalt på frekvenslistene gjennom 1800-talet, i alle fall i Lærdal. Eg kan ikkje sjå nokon annan grunn enn helgendedikasjonen til Tomaskyrkja, for at *Tomas*, eit kyrkjeleg namn, elles skal vere så mykje meir frekvent i Lærdal og Vang enn kringom resten av landet.

Kan me i tida kring 1800 tale om *Tomas* som eit karakteristisk namn, eller eit markørnamn, for Lærdal og Vang, med bakgrunn i at det var så mykje meir frekvent her enn i resten av landet på den tida?

Tom Schmidt (1992: 106) har sett på om mellom anna *Rasmus* kan verte sett på som eit markørnamn i Nordfjord, ut i frå kriteria til Gulbrand Alhaug om at namnet må vere nytta av minst 10 personar i det aktuelle område, samt at 60 % av dei som har det aktuelle namnet må bu der. Det vil seie at skal *Tomas* verte sett på som eit markørnamn, må minst 10 namneberarar i området bere namnet, samt at minst 60 % av dei som heiter *Tomas* må bu i anten Lærdal eller Vang.

Det fyrste kriteriet vert klart oppfylt ved at 79 menn her heitte *Tomas* i 1801. Derimot utgjer desse 79 mennene langt i frå 60 % av alle dei som ber dette namnet i Noreg. I 1801 er det totalt kring 2240 menn som heiter *Tomas*, og dei 79 mennene i Lærdal og Vang utgjer berre kring 3,5 % av alle *Tomas*-ane i Noreg i 1801. Det er veldig langt i frå grensa for markørnamna, og me får nøye oss med å konstatere at namnet er eit karakteristisk namn for Lærdal og Vang, og er mykje meir frekvent her enn kringom resten av landet, sannsynlegvis etter påverknad frå Tomaskyrkja.

Lokalhistorikaren Ivar Aars (1987: 287) støttar opp om denne teorien ”At tvilaren *Tomas* kjem langt framom (...) får me tilskrive erkebiskop *Tomas* av Canterbury, som gav namn til mellom anna Tomaskyrkja på Fillefjell”. Rett nok er det bruken av *Tomas*-namnet i stadnamn i Valdres, med personnamnledd, Aars tek opp, men eg trur absolutt at Tomaskyrkja har påverka både personnamna, og stadnamna med personnamnledd, i Vang.

## 8. Litteraturliste

- Aars, Ivar. 1987. Frå Håmodsgarden og Gåssdeildi til Hanseberetåkeren og Gudbrandsdalen. Om personnamn i stadnamn i Valdres. I *Nyere nordisk personnavnskikk*, red. T. Schmidt, 277-307. Uppsala: NORNA-FÖRLAGET. (NORNA-rapporter 35).
- Aarset, Terje. 1982. Frå den nordiske namnerenessansen til i dag. I *Norsk Personnamnleksikon*, red. O. Stemshaug, 66-87. Oslo: Det norske samlaget.
- Aasen, Ivar. 1878. *Norsk navnebog, eller samling af Mandsnavne og kvindenavne*. Kristiania: B. L. Mallings Boghandel.
- Blomstedt, Janne-Kristin K. 2007. *Personnavn i Bergen 1645*. UiB: Nordisk institutt
- Ese, Kristin m. fl. 1993. *Frå kongeveg til stamveg – Veggen over Filefjell 1793-1993*. Statens vegvesen Sogn og Fjordane og Lærdal kommune.
- Frøholm, Anders. 1985. *Valdres bygdebok 1 del A: Gardar og slekter i Vang*. Valdres: Valdres bygdeboks forlag.
- Horgen, Gudrun N. 1985. *Ola på Ola, og endå ein Ola, personnamn i Indre Sogn i folketeljingi av 1801*. UiB: Nordisk institutt.
- Hovda, Sigfred og Østbye, Thor. (2001). *Turhandbok Vang i Valdres*. Fagernes: Valdres Trykkeri.
- Hovland, Kåre og Espe, Alfred. 2001. *Lærdal bygdebok IV: Heim og ætt*. Lærdal: Lærdal Kommune.
- Ingebrigtsen, Torunn I. (2008). *Kvinnenamn i Nordhordland, Sunnhordland og Voss i 1645*. UiB: Nordisk institutt.
- Johannessen, Ole-Jørgen. 2002. Kristne personnavn i Norsk middelalder. I *Kristendommens Indflydelse på nordisk namngivning*, red. Svavar Sigmundsson, 29-58. Uppsala: NORNA-FÖRLAGET. (NORNA-rapporter 74).
- Kruken, Kristoffer (1982). Frå reformasjonen til den nordiske namnerenessansen. I *Norsk Personnamnleksikon*, red. O. Stemshaug, 44-65. Oslo: Det norske samlaget.
- Kruken, Kristoffer (1995). *Norsk personnamnleksikon*. 2. utg. Oslo: Det norske samlaget.
- Laberg, Jon. 1938. *Lærdal og Borgund – Bygd og ætter*. Bergen: A.S. Lunde & Cos forlag.
- Lampe, Johan Fredrik. 1896. *Bergens Stifts Biskoper og Præster efter Reformationen II*. Kristiania: Cammermeyers forlag.
- Landøy, Ane. 1995. Modernisering i namnebruk. *Namn og nemne*. 12 (1), s. 51-69.
- Lindstrøm, Johan. 1946. *Lærdal*. Oslo: Mittet.
- Lund, Kjell T. 2009. *Han far – prestehistorie og bygdeliv Vang i Valdres* [Internett], Scanna

av Lars Ove Wangensteen. Tilgjengeleg frå:

[http://www.old.genealogi.no/kilder/biografier/vang\\_i\\_valdres/index.htm](http://www.old.genealogi.no/kilder/biografier/vang_i_valdres/index.htm), (lasta opp 11.11.11)

Meldgaard, Eva V. 1990. *Studier i Københavnske fornavne 1650-1950*. København: Reitzel.

Nilsen, May-Britt O. 2007. *Portal – Norge etter 1850*. Oslo: Det norske samlaget.

Pettersen, Egil. 1981. *Personnavn i Vest-Norge 1450-1550*. Oslo: Novus forlag.

Schmidt, Tom. 1992. Jetmund. *Studia anthroponymica scandinavica*. 10, s. 25-42.

Torp, Arne og Vikør, Lars S. 2003. *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Oslo: Gyldendal akademiske forlag.

Utne, Ivar. 2003/2004. Etternavn danna av navn på gårdsbruk – sett i et navnebeskyttelsesperspektiv. *Namn og nemne*. 20/21 (1), s. 95-128.

Utne, Ivar 2006. *Oversikt over norsk fornavnshistorie*. UiB: Nordisk institutt.

Utterström, Gudrun. 1995. *Dopnamn i Stockholm 1621-1810*. Uppsala: Almqvist & Wiksell International.

[www.digitalarkivet.no](http://www.digitalarkivet.no), sist lasta ned 20.11.11

[www.norgeskart.no](http://www.norgeskart.no), lasta ned 17.11.11

[www.ssb.no/navn/art-2011-01-25-01.html](http://www.ssb.no/navn/art-2011-01-25-01.html), lasta ned 03.10.11

[www.ssb.no/navn](http://www.ssb.no/navn) lasta ned, 10.10.11



## 9. Samandrag

### 9.1 Norsk samandrag

I fleire hundre år har hovudferdselsåra mellom Bergen og Oslo gått over Filefjell, noko som har bidratt til at det historisk har vore ein tett kontakt mellom Lærdal i vest og Valdres i aust, som ligg på kvar si side av Filefjell. I denne masterstudien ville eg undersøkje om den historiske kontakten mellom Lærdal og Valdres synte seg igjen i personnamneforrådet. Studien vil verte gjennomført ut i frå tre folketeljingar på 1800-talet i Lærdal prestegjeld og Vang prestegjeld i Valdres, som spenner seg over heile dette hundreåret. Det er folketeljingane av 1801, 1865 og 1900. Det var to innfallsvinklar til denne studien eg hadde som hovudfokus.

Den fyrste innfallsvinkelen var om eg kunne finne likskapar i namnematerialet i båd prestegjeld, og kva type fornamn som eventuelt var likt i både Lærdal og Vang. Er det til dømes berre namn som er vanlege kring heile landet Lærdal og Vang har til felles, eller vil eg finne spor av namn som er typisk for Lærdal og Sogn i Vang, og namn som er typisk for Vang og Oppland i Lærdal? Slike namn vil eg kalle kontaktnamn, og dei vil vere gode døme på at kontakten over Filefjell påverkar namneforrådet på båd sider av fjellet.

Den andre innfallsvinkelen gjekk meir ut på å studere den overordna utviklingslina av personnamna i Lærdal og Vang gjennom heile 1800-talet, og då i lys av moderniseringsaspektet. Her såg eg både på om personnamnmaterialet i Lærdal og Vang utvikla seg i ei moderne retning utover 1800-talet, og om en eventuell moderniseringsprosess førelaup seg likt i båd prestegjeld.

Når det gjeld den fyrste innfallsvinkelen, var resultatet av studien at det var færre likskapar i namnematerialet mellom Lærdal og Vang enn eg hadde trudd på førehand. Dei personnamna som båd prestegjeld hadde til felles, var stort sett namn som var frekvente kringom heile landet. Det var få av dei namna som var typisk for Lærdal, som var å finne i namneforrådet i Vang, og motsett. Når eg såg på kva namn som var typisk for Vestlandet og Austlandet, var det derimot litt fleire døme på at personnamna vart utveksla over Filefjell. Desse namna var òg namn som var å finne blant dei 20-30 mest frekvente namna på landsbasis, slik at grunnlagt for at namna spreiar seg over fjellet er betre for desse namna enn dei lokale namna.

Eg konkluderte dette med at dei typiske lokale namna ikkje var blant dei mest frekvente namna i sitt opphavlege prestegjeld, og at det dermed var vanskelegare for dei å spreie seg over Filefjell til det andre prestegjeldet. Samstundes kan det godt hende at det var større

spreiing av slike kontaktnamn tidlegare, men at desse namna hadde forsvunne ut av bruk før 1800-talet.

Til slutt såg eg òg på St. Tomaskyrkja på Filefjell, dedikert til helgenen St. Tomas av Canterbury, og påverknaden denne kyrkja har hatt på mannsnamnet *Tomas* i Lærdal og Vang. Eg konkluderte med at *Tomas* er mykje meir frekvent i Lærdal og Vang enn kringom resten av landet gjennom heile 1800-talet, særskilt i folketeljinga av 1801, og at Tomaskyrkja nok sannsynlegvis har påverka bruken av dette namnet her.

Når det gjeld den andre innfallsvinkelen, såg eg tidleg at den overordna utviklingslina for personnamns materialet i Lærdal og Vang utvikla seg i ulike retning og grad gjennom 1800-talet. Kontakten mellom aust og vest over Filefjell, har ikkje bidratt til at moderniseringa av personnamna utviklar seg i like stor grad i Lærdal og Vang. I det sistnemnte prestegjeldet kan me knapt snakke om at namnematerialet er vorten meir moderne.

Det var venta at ei eventuell modernisering skulle vere meir framtrudande i Lærdal, som fylgjer av at det ligg heilt vest med kysten, og har dermed meir kontakt med omverda enn tilfellet er i Vang. Men gjennom den tette kontakten, som til dømes ved Lærdalsmarknaden i Lærdalsøyri, trudde eg kanskje at eg ville sjå noko av dei same tendensane til modernisering av namnematerialet i Vang som i Lærdal.

Namnematerialet i Lærdal er gjennom 1800-talet i ei endring, særskilt ved folketeljinga av 1900, noko som er ein god indikasjon på modernisering av namneforrådet. Det kjem inn mykje fleire namn i namneforrådet enn at namn forsvinn, talet på berarar av kvart namn går ned, noko som er ein konsekvens av at folk vel namn frå eit større namnemateriale, det kjem inn nye innlånte namn frå andre språk og områder enn det som fram til no har vore vanleg, og renessansenamna frå den nordiske namnerenessansen vert til ein viss grad tatt i bruk mot slutten av 1800-talet. Alt dette er ein naturleg konsekvens av at innbyggjarane i Lærdal tenkjer nytt og vert meir individualiserte og frigjorte frå familiebanda, noko som er typisk teikn på modernisering.

I Vang ser det derimot ut til at dei opphavlege namnetradisjonane og kulturarven, som til dømes oppkallingstradisjonen, framleis står sterkt ved starten på 1900-talet. Det er nokre små spor etter modernisering i namnematerialet her i folketeljinga av 1900, men det er langt i frå så mykje som eg kanskje hadde venta. Likevel er ikkje dette uventa, i all den tid Vang er ei typisk fjellbygd langt inn i landet vårt.

## 9.2 English summary

For centuries, the main traffic artery between Bergen and Oslo has crossed the Filefjell mountain, resulting in a history of close contact between Lærdal on the western side and Valdres on the eastern side of the mountain. This thesis aims at examining whether the historic contact between Lærdal and Valdres is visible in the selection of personal names. The study is based on three censuses carried out in the 19<sup>th</sup> century, in the two parishes of Lærdal and Vang in Valdres. The three censuses are from the years 1801, 1865 and 1900, hence covering the whole of the century in question.

I had two main approaches to this study. Firstly, I aimed to examine whether I could find similarities in the names used in the two parishes, and if so, what kinds of first names that were common for both Lærdal and Vang. For instance, would names in common for the two parishes be names that were common in the country as a whole, or would I detect typical Lærdal names in Vang, and vice versa? Such names will be referred to as *contact names*, and they will serve as good examples of how the contact across the Filefjell mountain influences the selection of names on both sides.

Secondly, in the light of the aspect of modernisation, I aimed at studying the overall development of personal names in Lærdal and in Vang throughout the 19<sup>th</sup> century. I examined both whether the names in Lærdal and in Vang developed in a modern direction throughout the 1800s, and whether a potential modernisation process happened in a similar way in the two parishes.

With regards to the first approach, the result of the study showed fewer similarities between the names found in Lærdal and in Vang than expected beforehand. The names in common for the two parishes were mostly names that were commonly used in the country as a whole, and few of the typical Lærdal names were found in Vang, and vice versa. When I looked at names typical for the Western and the Eastern parts of Norway, there were a few more examples of the exchange of names across the Filefjell. Seeing as these names are also among the 20-30 most frequent on a national basis, the foundation for the spread of these names across the mountain is better, compared to the local names.

I drew the conclusion that the typically local names were not among the most frequent in their original parish, thus making it harder for them to spread across the Filefjell, to the other parish. At the same time, it is possible that the spread of such contact names were greater earlier on, but that these names had gone out of use prior to the 19<sup>th</sup> century.

Finally, I took a closer look at the Church of St Tomas on the Filefjell, a church dedicated to Saint Tomas of Canterbury, and its influence on the male name *Tomas* in Lærdal

and in Vang. I concluded that throughout the 1800s, *Tomas* is much more common in the Lærdal and Vang areas, than in the rest of the country, and this is particularly the case in the 1801 census. It is likely that the use of the name *Tomas* in these areas is influenced by the Tomas-church.

With regards to the second main approach, I noticed early on that the overall development of the personal names in Lærdal and in Vang went in different directions throughout the 19<sup>th</sup> century. The contact between east and west across the Filefjell has not contributed to an equal degree of modernisation in Lærdal and in Vang. In Vang, it is nearly impossible to talk of any kind of modernisation at all.

It was expected that a potential modernisation would be more striking in Lærdal, due to its geographical location close to the coast, leading to more contact with the outside world, than what is the case in Vang. But through the close contact between the parishes, e.g. at the Lærdal market on Lærdalsøyri, I expected to see some of the similar modernisation tendencies in the names found in Vang.

Throughout the 1800s, particularly in the 1900 census, the names in Lærdal are changing, which is a good indication that a modernisation of the names are taking place. More names enter the supply of names than disappear from it; the number of carriers for each name decreases, which is a result of the fact that people have a greater selection of names to choose from; other borrowed names from other languages and areas than before enter the supply of names, and the renaissance names from the Nordic name renaissance are to some degree put into use towards the end of the 1800s. These changes are all natural consequences of the fact that the inhabitants in Lærdal are new-thinking and become more individualised and liberated from the family ties, all of which are typical signs of modernisation.

In Vang, on the other hand, it looks as if the original name traditions and the cultural heritage, like naming, are still standing strong at the beginning of the 20<sup>th</sup> century. There are a few signs of modernisation in the names from the 1900 census, but there are far from as many as I expected beforehand. Still, this is not all that surprising, seeing as Vang is a typical mountain village in the middle of Norway.

## 10. Vedlegg

### 10.1 Dobbeltnamna i Lærdal

#### 10.1.1 Kvinnenamna

<b>Dobbeltnamn i Lærdal</b>			
<b>Kvinner</b>			
<b>Namn</b>	<b>1801</b>	<b>1865</b>	<b>1900</b>
<i>Agate Sofie</i>			1
<i>Ane Kistine</i>	2		
<i>Ane Sofienil</i>	3		
<i>Anna Andrea</i>		1	
<i>Anna Dortea</i>			1
<i>Anna Elisabet</i>			1
<i>Anna Guri</i>		1	
<i>Anna Helene</i>		1	
<i>Anna Johanna</i>		1	
<i>Anna Karoline</i>			2
<i>Anna Kristine</i>			1
<i>Anna Lovise</i>			1
<i>Anna Maria</i>			1
<i>Anna Marianne</i>			1
<i>Anna Marie</i>			2
<i>Anna Mathea</i>			1
<i>Anna Pernille</i>			1
<i>Anna Rebekka Katrine</i>			1
<i>Anna Sofie</i>		1	10
<i>Anna Sofienil</i>	1		
<i>Anna Østine</i>			1
<i>Antonette Olava</i>			1
<i>Barbara Jørgine</i>			1
<i>Barbara Lovise</i>		1	
<i>Barbo Marie</i>	1		
<i>Berte Andrea</i>			1
<i>Berte Lucie</i>	1		
<i>Berte Malene</i>	1		
<i>Bertine Jørgine</i>			1
<i>Borgny Olufine</i>			1
<i>Dortea Johanne</i>			1

<i>Edvardine Marie</i>		1	
<i>Elen Kristine</i>	1		
<i>Eli Oline</i>			1
<i>Elisabet Marie</i>			1
<i>Elisabet Oline</i>			1
<i>Elise Mari</i>			1
<i>Elsa Susanna</i>		1	
<i>Emma Konstanse</i>			1
<i>Hanne Marie</i>		1	1
<i>Hedvig Marie</i>			1
<i>Helene Katrine</i>		1	
<i>Inga Malene</i>			1
<i>Inga Marie</i>			1
<i>Ingeborg Dorte</i>		1	
<i>Ingeborg Marie</i>			2
<i>Ingeborg Oline</i>			1
<i>Jarngerde Marie</i>		1	
<i>Klaudine Marie</i>		1	
<i>Katrine Sofienil</i>	1		
<i>Johanne Jakobine</i>			1
<i>Johanne Karin</i>			1
<i>Johanne Karoline</i>			1
<i>Johanne Katrine</i>			1
<i>Johanne Marie</i>	1	1	1
<i>Johanne Lovise</i>		1	
<i>Johanne Vilhelmine</i>			1
<i>Jokumine Fredrikke</i>		1	
<i>Karen Elise</i>			1
<i>Karen Kristine</i>		1	
<i>Karen Malene</i>		1	
<i>Kari Gurine</i>		1	
<i>Kirsti Lovise</i>			1
<i>Lina Jørgine</i>			1
<i>Magdalena Kristine</i>	1		
<i>Margrete Alette</i>	1		
<i>Marie Elisabet</i>			1
<i>Marie Katrine</i>		1	
<i>Marie Sofie</i>		1	
<i>Marita Andrea</i>			1
<i>Marta Karoline</i>			1
<i>Marte Pernille</i>			2
<i>Mette Kistine</i>	2	1	
<i>Mette Mari</i>			1
<i>Olava Karoline</i>			1
<i>Ovidia Margrete</i>			1

<i>Petra Oline</i>			1
<i>Ragna Dorteia</i>		1	
<i>Ragna Kristine</i>			1
<i>Rikarda Kristoffa</i>			1
<i>Rikke Sofie</i>			1
<i>Solveig Maria</i>			1
<i>Susanne Marie</i>		1	
<i>Sørena Lovise</i>			1
SUM:	16	24	66

Tabell 45: Dobbeltnamn i  
Lærdal, kvinner

**Dei vanlegaste dobbeltnamna:**

<i>Anna Sofie</i>	11
<i>Ane Sofienil</i>	3
<i>Johanne Marie</i>	3
<i>Mette Kistine</i>	3

**Dei vanlegaste fyrstenamna:**

<i>Anna/Anne</i>	29
<i>Johanne/Johanna</i>	7
<i>Ane</i>	5

**Dei vanlegaste andrenamna:**

<i>Marie/Maria</i>	18
<i>Sofie</i>	14
<i>Kristine</i>	6

**10.1.2 Mannsnamna**

<b>Mannsnamn</b>			
<b>Namn</b>	<b>1801</b>	<b>1865</b>	<b>1900</b>
<i>Alfred Laurits Johan</i>			1
<i>Alfred Torvald Martin</i>			1
<i>Anders Bottolv</i>			1
<i>Atle Ingemann</i>		1	1
<i>Erik Johan</i>			1
<i>Fredrik Godtlieb</i>			1
<i>Haken Peder</i>		1	
<i>Hans Ernst</i>		1	
<i>Hans Martin</i>			1

<i>Hans Olai</i>			1
<i>Henning Frimann</i>		1	
<i>Hermann Brede</i>		1	
<i>Ingebrigt Olai</i>			1
<i>Jakob Martin</i>			1
<i>Jan Ludolf</i>		1	
<i>Jens Martin</i>			1
<i>Johan Anton</i>			1
<i>Johan Didrik</i>		1	
<i>Johan Henrik</i>		1	
<i>Johan Ludvig</i>			2
<i>Karl Gustav</i>		1	
<i>Karl Johan</i>			2
<i>Karl Magnus</i>			1
<i>Knut Anders</i>			1
<i>Kristian Emil</i>			1
<i>Kristian Gustav</i>			1
<i>Ludvig Johan</i>		1	
<i>Nikolai Johan</i>			1
<i>Nils Andreas</i>			1
<i>Nils Olai</i>			1
<i>Ole Andreas</i>		1	2
<i>Ole Johan</i>		3	1
<i>Oskar Adolf</i>			1
<i>Peder Ludvik</i>		1	
<i>Peder Severin</i>		1	1
<i>Per Andreas</i>			1
<i>Petrus Johan</i>			1
<i>Petter Johan</i>			1
<i>Tor Olai</i>		1	
<i>Vilhelm Fredrik</i>			1
<i>Vilhelm Martin</i>			1
SUM:	0	17	33

Tabell 46: Dobbeltnamn i  
Lærdal, menn

**Dei vanlegaste dobbeltnamna:**

*Ole Johan* 4  
*Ole Andreas* 3

**Dei vanlegaste fyrstenamna:**

*Ole/Ola* 7  
*Johan* 5



*Per/Peder* 4  
*Karl* 4

**Dei vanlegaste andrenamna:**

*Johan* 9  
*Andreas* 5  
*Martin* 4  
*Olai* 4

## 10.2 Dobbeltnamna i Vang

### 10.2.1 Kvinnenamna

<b>Dobbeltnamn i Vang</b>			
<b>Kvinnenamna</b>			
<b>Namn</b>	<b>1801</b>	<b>1865</b>	<b>1900</b>
<i>Amalie Jakobine</i>		1	
<i>Anna Margrete</i>		1	
<i>Anna Sofie</i>			1
<i>Elen Gunhild</i>	1		
<i>Elen Sørine</i>		1	
<i>Helga Dorteia</i>			1
<i>Ingeborg Berit</i>			1
<i>Julie Desema</i>		1	
<i>Karen Maria</i>	1		
<i>Karoline Dorteia</i>		1	
<i>Lovise Maria</i>			1
<i>Marie Dorteia</i>		1	
<i>Mette Dorteia</i>	1		
<b>SUM:</b>	<b>3</b>	<b>6</b>	<b>4</b>

**Tabell 47:**  
**Dobbeltnamn i**  
**Vang, kvinner**

**Dei vanlegaste fyrstenamna:**

*Anna* 2  
*Elen* 2

**Dei vanlegaste andrenamna:***Dortea* 4*Maria* 2**10.2.2 Mannsnamna**

Namn	1801	1865	1900
<i>Baldvin Rudolf</i>			1
<i>Bernt Mikael</i>	1		
<i>Gustav Elias</i>		1	
<i>Hans Ditlev</i>		1	
<i>Hans Jørgen</i>			1
<i>Hans Fredrik</i>		1	
<i>Iver Ole</i>		1	
<i>Jens Samuel</i>		1	
<i>Johan Henrik</i>	1		2
<i>Kristoffer Andreas</i>	1		
<i>Karl Andreas</i>		2	
<i>Karl Gustav</i>			1
<i>Nils Johan</i>			1
<i>Sofus Andreas</i>			1
<i>Trond Oskar</i>			1
SUM:	3	7	8

**Tabell 48:**  
**Dobbeltnamn i Vang,**  
**menn**

**Dei vanlegaste  
dobbeltnamna:***Johan Henrik* 3*Karl Andreas* 2**Dei vanlegaste fyrstenamna:***Hans* 3*Johan* 3*Karl* 3**Dei vanlegaste andrenamna:***Andreas* 4*Henrik* 3

## 10.3 Moveringsnamna

### 10.3.1 Lærdal

<b>Moveringsnamn i Lærdal</b>			
	<b>1801</b>	<b>1865</b>	<b>1900</b>
<i>Andrea</i>		2	7
<i>Andrine</i>			1
<i>Antonette</i>		1	1
<i>Bertine</i>			1
<i>Edvardine</i>		1	
<i>Erika</i>		1	1
<i>Fredrikke</i>	2	1	
<i>Georgine</i>		1	
<i>Gjertine</i>		1	1
<i>Gurine</i>		2	
<i>Gustava</i>		1	
<i>Hansine</i>			3
<i>Iverine</i>		1	2
<i>Jakobine</i>		1	
<i>Jensine</i>		4	4
<i>Jessine</i>	1		
<i>Jokumine</i>		1	
<i>Josefine</i>			1
<i>Jørgine</i>		3	6
<i>Karoline</i>		4	8
<i>Klaudine</i>		1	1
<i>Kristianne</i>			2
<i>Kristoffa</i>			1
<i>Larsine</i>			1
<i>Monsine</i>		2	
<i>Nilsine</i>			1
<i>Oline</i>		15	35
<i>Olufine</i>			1
<i>Pernille</i>			4
<i>Peroline</i>		1	2
<i>Petrine</i>		1	3
<i>Randine</i>		1	
<i>Rikarda</i>			1
<i>Sakkarine</i>		1	
<i>Severine</i>			8
<i>Torine</i>		1	
<i>Torstine</i>		2	3

<i>Vilhelmine</i>			3
<i>Østine</i>			1
SUM:	3	50	103
<b>Dei mest populære moveringsnamna:</b>			
<i>Oline</i>	50		
<i>Karoline</i>	12		
<i>Andrea</i>	9		
<i>Jørgine</i>	9		

Tabell 49: Moveringsnamn i Lærdal

### 10.3.2 Vang

<b>Moveringsnamn i Vang</b>			
	1801	1865	1900
<i>Berntine</i>			1
<i>Gerhardine</i>	1		
<i>Henriette</i>		1	
<i>Jakobine</i>		1	
<i>Karoline</i>		1	
<i>Oline</i>			2
<i>Petrine</i>			1
<i>Sørine</i>		1	
<b>Sum:</b>	1	4	4

Tabell 50: Moveringsnamn i Vang

## 10.4 Fullstendige frekvenstabellar

1. Dei kursiverte namna er dei leksikalske oppslagsformene av namna som står i NPL, ikkje naudsynlegvis dei skriveformene som førekjem i folketeljingane.
2. RV = Relativ frekvens  
KF = Kumulativ frekvens

### 10.4.1 Folketeljninga av 1801

#### 10.4.1.1 Lærdal

	Lærdal, kvinner				
Nummer	Namn	Tal	Samanslåing	RV	KF
	<b>SUM:</b>	1510			
1	Anna	176	Ane 8, Anna 156, Anni 1, Anne 11	11,7	11,7
2	Brita	119	Brithe 2, Britte 112, Brite 5	7,9	19,6
3	Kari	115		7,6	27,2
4	Ingeborg	90	Ingebor 63, Ingeborg 27	6	33,2
5	Mari	84	Mori 1, Mari 83	5,5	44,3
6	Marita	84	Marite 10, Maritte 68, Mariete 1, Marithe 1	5,6	38,8
7	Kisti	60	Kirsti 1, Kisti 59	4	48,3
8	Gjertrud	56	Gertru 9, Gertrud 32, Giertrud 12, Giertru 2, Jertru 1	3,7	52
9	Sønneve	50	Sønneve 3, Sønneve 44, Syneve 1, Synneve 2	3,3	55,3
10	Ragnhild	48		3,2	58,5
11	Guro	44		2,9	61,4
12	Ingeleiv	36	Ingeleiv 4, Ingelev 32	2,4	63,8
13	Guri	34		2,3	66,1
14	Sigrid	32	Sigrie 1 + Sigri 31	2,1	68,2
15	Mette	27		1,8	70
16	Barbara	23	Barbru 1, Barbra 20, Barbro 2	1,5	71,5
17	Ingrid	22	Ingeri 21 + Ingri 1	1,5	73
18	Jørann	20	Jørand 19 + Jørund 1	1,3	74,3
19	Margrete	20	Margrethe 1 + Margrete 18 + Margete 1	1,3	75,6
20	Durdei	19	Durdei 14, Dordei 5	1,3	76,9
21	Inga	19		1,3	78,2
22	Malene	19	Mallene 16, Malene 3	1,3	79,5
23	Rannei	19	Ranvei 2, Rannvei 1, Rannei 13, Rannie 1	1,3	80,8
24	Else	16		1,1	81,9
25	Randi	16		1,1	83
26	Unni	15		1	84
27	Johanne	14	Johanne 2, Johane 12	0,9	84,9
28	Velgjerd	14		0,9	85,8
29	Marte	13		0,9	86,7
30	Kistine	11	Kistineee 3 + Kistine 7 + Chistinee 1	0,7	87,4
31	Eli	10	Elii 8 + Eli 4	0,7	88,1
32	Gunvor	10		0,7	88,8
33	Lisbet	10	Lisbeth 9, Lisbet 1	0,7	89,5
34	Maren	10		0,7	90,2
35	Agate	9		0,6	90,8
36	Kristi	9	Christi 2 + Christie 1 + Kristi 5, Kristie 1	0,6	91,4
37	Liv	9		0,6	92
38	Tyri	9	Tyrie 3, Thyri 1, Tyri 5	0,6	92,6

39	<i>Gro</i>	8		0,5	93,1
40	<i>Gunnhild</i>	8	Gunhilde 1 + Gunilde 6 + Gunnilde 1	0,5	93,6
41	<i>Marie</i>	7	Marir 2, Marie 5	0,5	94,1
42	<i>Sille</i>	7		0,5	94,6
43	<i>Sidsel</i>	6		0,4	95
44	<i>Berte</i>	5		0,3	95,3
45	<i>Bothilde</i>	5		0,3	95,6
46	<i>Elen</i>	5	Elen 4 + Ellen 1	0,3	95,9
47	<i>Sofienil</i>	5		0,3	96,2
48	<i>Katrine</i>	4	Catrine 3, Cartine 1	0,3	96,5
49	<i>Dorte</i>	4	Dorte 2, Dorthe 2	0,3	96,8
50	<i>Gjesa</i>	4	Giese 1 + Giæse 3	0,3	97,1
51	<i>Sofie</i>	4		0,3	97,4
52	<i>Øllegård</i>	4	Øllegaard 3 + Øllegard 1	0,3	97,7
53	<i>Åse</i>	3		0,2	97,9
54	<i>Annik</i>	3		0,2	98,1
55	<i>Kistine</i>	3	Christine 2, Christinee 1	0,2	98,3
56	<i>Torborg</i>	3		0,2	98,5
57	<i>Alette</i>	2	Alete 1 + Alethe 1	0,1	98,6
58	<i>Anbjørg</i>	2		0,1	98,7
59	<i>Engel</i>	2		0,1	98,8
60	<i>Fredrikke</i>	2		0,1	98,9
61	<i>Inger</i>	2		0,1	99
62	<i>Karen</i>	2		0,1	99,1
63	<i>Magdelin</i>	2		0,1	99,2
64	<i>Rønnaug</i>	2		0,1	99,3
65	<i>Tora</i>	2		0,1	99,4
66	<i>Elsebø</i>	1		0,1	99,5
67	<i>Gaukje</i>	1		0,1	99,6
68	<i>Helvig</i>	1		0,1	99,7
69	<i>Herborg</i>	1		0,1	99,8
70	<i>Ingegierd</i>	1		0,1	99,9
71	<i>Jessine</i>	1		0,1	100
72	<i>Gyda</i>	1	(Jide)	0,1	
73	<i>Lene</i>	1		0,1	
74	<i>Lucie</i>	1		0,1	
75	<i>Magdalena</i>	1		0,1	
76	<i>Magnhild</i>	1		0,1	
77	<i>Susanna</i>	1		0,1	

Tabell 51: Frekvenstabell over kvinnenamna i Lærdal, 1801

	<b>Lærdal, menn</b>				
<b>Nummer</b>	<b>Namn</b>	<b>Tal</b>	<b>Samanslåing</b>	<b>RF</b>	<b>KF</b>
	<b>SUM:</b>	1385			
1	<i>Ole</i>	222		16	16
2	<i>Anders</i>	98	Ander 1 + Anders 97	7,1	23,1
3	<i>Nils</i>	67	Niels 1 + Nils 16	4,8	27,9
4	<i>Johannes</i>	62	Johanes 51 + Johannes 10, Johans 1	4,5	32,4
5	<i>Jens</i>	57		4,1	36,5
6	<i>Knut</i>	57	Knud 17 + Knudt 40	4,1	40,6
7	<i>Lars</i>	51		3,7	44,3
8	<i>Tomas</i>	49	Tomas 48 + Thomas 1	3,5	47,8
9	<i>Peder</i>	47	Peer 22 og Peder 25	3,4	51,2
10	<i>Hans</i>	42		3	54,2
11	<i>Lasse</i>	38		2,7	56,9
12	<i>Mons</i>	31		2,2	59,1
13	<i>Erik</i>	29		2,1	61,2
14	<i>Halvar</i>	29		2,1	63,3
15	<i>Sjur</i>	26	Siur 2 + Sieur 24	1,9	65,2
16	<i>Ingebrigt</i>	24		1,7	66,9
17	<i>Bård</i>	23		1,7	68,6
18	<i>Jon</i>	23	Joen 8 + John 13 + Jon 2	1,7	70,4
19	<i>Annfinn</i>	22	Anfin 1 + Anfind 21	1,6	72
20	<i>Iver</i>	20		1,4	73,4
21	<i>Jakob</i>	20		1,4	74,8
22	<i>Hagen</i>	15		1,1	75,9
23	<i>Agrim</i>	14		1	76,9
24	<i>Henrik</i>	14	Hendrich 1 + Henrich 13	1	77,9
25	<i>Torstein</i>	13		0,9	78,8
26	<i>Kristoffer</i>	12		0,9	79,7
27	<i>Peter</i>	12	Pitter 1 + Peter 11	0,9	80,6
28	<i>Kristen</i>	11		0,6	84
29	<i>Einar</i>	10	Einer 9, Einar 1	0,5	88,1
30	<i>Gullak</i>	10	Gulach 1, Gullach 8, Gullak 1	0,7	82,1
31	<i>Tore</i>	10	Thore 3 + Tore 7	0,7	82,8
32	<i>Bottolv</i>	9		0,6	83,4
33	<i>Guttorm</i>	9		0,6	84,6
34	<i>Helge</i>	9		0,6	85,2
35	<i>Ingvar</i>	9		0,6	85,8
36	<i>Jørgen</i>	9		0,6	86,4
37	<i>Hermund</i>	8		0,6	87
38	<i>Svein</i>	8	Sven 1 + Svend 5 + Svenn 2	0,6	87,6
39	<i>Endre</i>	6		0,4	88,5

40	<i>Gulbrand</i>	6		0,4	88,9
41	<i>Ove</i>	6		0,4	89,3
42	<i>Roar</i>	6		0,4	89,7
43	<i>Trond</i>	6		0,4	90,2
44	<i>Tørris</i>	6		0,4	90,5
45	<i>Amund</i>	5		0,4	90,9
46	<i>Finn</i>	4	Find 2 + Finn 2	0,3	91,2
47	<i>Håvar</i>	4		0,3	91,5
48	<i>Halvor</i>	4		0,3	91,8
49	<i>Jan</i>	4		0,3	92,1
50	<i>Jokum</i>	4	Jochum 1 + Jocum 2 + Joacim 1	0,3	92,4
51	<i>Jonas</i>	4		0,3	92,7
52	<i>Mattis</i>	4	Mattiis 3 + Mattis 1	0,3	93
53	<i>Arne</i>	3		0,2	93,2
54	<i>David</i>	3		0,2	93,4
55	<i>Elling</i>	3		0,2	93,6
56	<i>Even</i>	3		0,2	93,8
57	<i>Kåre</i>	3		0,2	94
58	<i>Mads</i>	3		0,2	94,2
59	<i>Mikkel</i>	3		0,2	94,4
60	<i>Samuel</i>	3		0,2	94,6
61	<i>Solle</i>	3		0,2	94,8
62	<i>Søren</i>	3		0,2	95
63	<i>Abraham</i>	2		0,1	95,1
64	<i>Asgrim</i>	2		0,1	95,2
65	<i>Aslak</i>	2		0,1	95,3
66	<i>Bendik</i>	2		0,1	95,4
67	<i>Kristian</i>	2		0,1	95,5
68	<i>Fredrik</i>	2		0,1	95,6
69	<i>Halstein</i>	2		0,1	95,7
70	<i>Henning</i>	2		0,1	95,8
71	<i>Hermann</i>	2		0,1	95,9
72	<i>Josef</i>	2		0,1	96
73	<i>Ludvig</i>	2		0,1	96,1
74	<i>Morten</i>	2		0,1	96,2
75	<i>Pål</i>	2		0,1	96,3
76	<i>Paul</i>	2		0,1	96,4
77	<i>Rasmus</i>	2		0,1	96,5
78	<i>Simon</i>	2		0,1	96,6
79	<i>Stevelin</i>	2		0,1	96,7
80	<i>Sølfest</i>	2	Sølfest 1 + Sølfest 1	0,1	96,8
81	<i>Torger</i>	2		0,1	96,9
82	<i>Vilken</i>	2		0,1	97
83	<i>Ørjan</i>	2		0,1	97,1
84	<i>Østen</i>	2		0,1	97,2



85	<i>Alv</i>	1		0,1	97,3
86	<i>Andreas</i>	1		0,1	97,4
87	<i>Antonis</i>	1		0,1	97,5
88	<i>Asbjørn</i>	1		0,1	97,6
89	<i>Atle</i>	1		0,1	97,7
90	<i>Baltasar</i>	1		0,1	97,8
91	<i>Bøye</i>	1		0,1	97,9
92	<i>Klaus</i>	1		0,1	98
93	<i>Dominikus</i>	1		0,1	98,1
94	<i>Gerhard</i>	1		0,1	98,2
95	<i>Isak</i>	1		0,1	98,3
96	<i>Marius</i>	1		0,1	98,4
97	<i>Melkior</i>	1		0,1	98,5
98	<i>Syver</i>	1		0,1	98,6
99	<i>Simen</i>	1		0,1	98,7
100	<i>Stein</i>	1		0,1	98,8
101	<i>Stillaug</i>	1	(Styrlaugr)	0,1	98,9
102	<i>Tor</i>	1		0,1	99
103	<i>Torbjørn</i>	1		0,1	99,1
104	<i>Torkild</i>	1		0,1	99,2
105	<i>Torkel</i>	1		0,1	99,3
106	<i>Vebjørn</i>	1		0,1	99,4
107	<i>Vollert</i>	1		0,1	99,5

Tabell 52: Frekvenstabell over mannsnamna i Lærdal, 1801

#### 10.4.1.2 Vang

	Vang, kvinner				
Nummer	Navn	Tal	Samanslåingar	RF	KF
	<b>SUM:</b>	1078			
1	<i>Anne</i>	142		13,2	13,2
2	<i>Marit</i>	140		13	26,2
3	<i>Ingeborg</i>	102		9,5	35,7
4	<i>Berit</i>	82	Berit 80, Berith 2	7,6	43,3
5	<i>Guri</i>	70		6,5	49,8
6	<i>Sigrid</i>	68		6,3	56,1
7	<i>Gjertrud</i>	46	Giertrud 43, Gertrud 3	4,3	60,4
8	<i>Kari</i>	44		4,1	64,5
9	<i>Randi</i>	42		3,9	68,4
10	<i>Ragnhild</i>	39		3,6	72
11	<i>Ingrid</i>	27		2,5	74,5
12	<i>Kirsti</i>	25	Kiersti 3 + Kirsti 22	2,3	76,7
13	<i>Ambjørg</i>	24	Ambjør 18, Ambior 1, Amborg 5	2,2	78,9
14	<i>Dorte</i>	24		2,2	80,1

15	<i>Margrete</i>	20	Margrete 12, Margrethe 8	1,9	82
16	<i>Dordi</i>	16		1,5	83,5
17	<i>Gunnhild</i>	12	Gunnild 11, Gunille 1	1,1	84,6
18	<i>Åsta</i>	11		1	85,6
19	<i>Gro</i>	11		1	86,6
20	<i>Tora</i>	10	Thore 8, Tore 1	0,9	87,5
21	<i>Velgjerd</i>	10	Velgier 5, Welgier 5	0,9	88,4
22	<i>Jørann</i>	9	Jorand 1, Jøran 3, Jørand 5	0,8	89,2
23	<i>Lisbet</i>	9		0,8	90
24	<i>Barbo</i>	8	Barbro 6, Barbroe 2	0,7	90,7
25	<i>Ingeleiv</i>	7		0,6	91,3
26	<i>Agate</i>	6		0,6	91,9
27	<i>Gudbjørg</i>	6	Gubiør 3, Gudbiør 3	0,6	93,5
28	<i>Guro</i>	6	Guro 4, Guroe 2	0,6	94,1
29	<i>Synnev</i>	6		0,6	94,7
30	<i>Mari</i>	5		0,5	95,2
31	<i>Gor</i>	4		0,4	95,6
32	<i>Inga</i>	4		0,4	96
33	<i>Maren</i>	4		0,4	96,4
34	<i>Sidsel</i>	4		0,4	96,8
35	<i>Gunvor</i>	3		0,3	97,1
36	<i>Marte</i>	3		0,3	97,4
37	<i>Astrid</i>	2		0,3	97,7
38	<i>Berte</i>	2		0,2	97,9
39	<i>Katrine</i>	2		0,2	98,1
40	<i>Eli</i>	2		0,2	98,3
41	<i>Karen</i>	2		0,2	98,5
42	<i>Mali</i>	2		0,2	98,7
43	<i>Ragne</i>	2		0,2	98,9
44	<i>Tøran</i>	2		0,2	99,1
45	<i>Agnete</i>	1		0,1	99,2
46	<i>Dis</i>	1		0,1	99,3
47	<i>Dorteia</i>	1		0,1	99,4
48	<i>Elen</i>	1		0,1	99,5
49	<i>Else</i>	1		0,1	99,6
50	<i>Gerhardine</i>	1		0,1	99,7
51	<i>Inger</i>	1		0,1	99,8
52	<i>Kirsten</i>	1		0,1	99,9
53	<i>Maria</i>	1		0,1	100
54	<i>Mette</i>	1		0,1	
55	<i>Seborg</i>	1		0,1	
56	<i>Turid</i>	1		0,1	
57	<i>Torgunn</i>	1		0,1	

Tabell 53: Frekvenstabell over kvinnenamna i Vang, 1801

	Vang, menn				
	SUM:	988	<b>Samanslåingar</b>	<b>RF</b>	<b>KF</b>
1	<i>Ole</i>	121		12,2	12,2
2	<i>Knut</i>	102		10,3	22,5
3	<i>Anders</i>	94		9,5	32
4	<i>Torstein</i>	58	Torsten 56 + Tosten 2	5,9	37,9
5	<i>Nils</i>	52	Niels 50 + Nils 2	5,3	43,2
6	<i>Trond</i>	35	Thron 34 + Tron 1	3,5	46,7
7	<i>Iver</i>	32		3,2	49,9
8	<i>Kristoffer</i>	31	Christoffer 11 + Christopher 20	3,1	53
9	<i>Tomas</i>	30	Thomes 28 + Thomas 2	3	56
10	<i>Jon</i>	27	John 26 + Jon 1	2,7	58,7
11	<i>Endre</i>	26		2,6	61,3
12	<i>Østen</i>	22		2,2	63,5
13	<i>Guldbrand</i>	19	Gulbrand 14 + Guldbrand 5	1,9	65,4
14	<i>Helge</i>	18		1,8	67,2
15	<i>Peder</i>	18		1,8	69
16	<i>Erik</i>	15		1,5	70,5
17	<i>Syver</i>	15		1,5	72
18	<i>Even</i>	14		1,4	73,4
19	<i>Halvor</i>	13		1,3	74,7
20	<i>Gullik</i>	12		1,2	75,9
21	<i>Håvar</i>	12		1,2	77,1
22	<i>Johannes</i>	12		1,2	78,3
23	<i>Jøger</i>	12		1,2	79,5
24	<i>Lars</i>	11		1,1	80,6
25	<i>Mads</i>	11		1,1	81,7
26	<i>Engebret</i>	10		1	82,7
27	<i>Amund</i>	10		1	83,7
28	<i>Gunder</i>	9		0,9	84,6
29	<i>Annfinn</i>	7		0,7	85,3
30	<i>Ove</i>	7		0,7	86
31	<i>Torger</i>	7		0,7	86,7
32	<i>Boye</i>	6		0,6	87,3
33	<i>Einar</i>	6		0,6	87,9
34	<i>Finnkjell</i>	6		0,6	88,5
35	<i>Vilhelm</i>	6	Vilhelm 1 + Wilhelm 5	0,6	89,1
36	<i>Asbjørn</i>	5	Asbiorn 1 + Asbjørn 4	0,5	89,6
37	<i>Guttorm</i>	5		0,5	90,1
38	<i>Halstein</i>	5		0,5	90,6
39	<i>Jørgen</i>	5		0,5	91,1
40	<i>Torkel</i>	5		0,5	91,6
41	<i>Tørres</i>	5	Tørris 1 + Tørres 4	0,5	92,1
42	<i>Bjørn</i>	4		0,4	92,5

43	<i>Geirmund</i>	4	Germund 3 + Giermund 1	0,4	92,9
44	<i>Gudmund</i>	4		0,4	93,3
45	<i>Haldor</i>	4		0,4	93,7
46	<i>Simon</i>	4		0,4	94,1
47	<i>Tollev</i>	4	Tollev 3 + Tollef 1	0,4	94,5
48	<i>Aslak</i>	3		0,3	94,8
49	<i>Henrik</i>	3		0,3	95,1
50	<i>Roland</i>	3		0,3	95,4
51	<i>Tor</i>	3	Thoer 1 + Thor 2	0,3	95,7
52	<i>Tore</i>	3		0,3	96
53	<i>Valentin</i>	3		0,3	96,3
54	<i>Alv</i>	2		0,2	96,5
55	<i>Hans</i>	2		0,2	96,7
56	<i>Ingebrigt</i>	2	Ingebrigt 1 + Ingebret 1	0,2	96,9
57	<i>Ingvard</i>	2		0,2	97,1
58	<i>Jakob</i>	2		0,2	97,3
59	<i>Jens</i>	2		0,2	97,5
60	<i>Johan</i>	2		0,2	97,7
61	<i>Ådne</i>	1		0,1	97,8
62	<i>Andreas</i>	1		0,1	97,9
63	<i>Asgrim</i>	1		0,1	98
64	<i>Bernt</i>	1		0,1	98,1
65	<i>Kristen</i>	1		0,1	98,2
66	<i>Kristian</i>	1		0,1	98,3
67	<i>Ellen</i>	1		0,1	98,4
68	<i>Hagen</i>	1		0,1	98,5
69	<i>Josef</i>	1		0,1	98,6
70	<i>Mikael</i>	1		0,1	98,7
71	<i>Mons</i>	1		0,1	98,8
72	<i>Otto</i>	1		0,1	98,9
73	<i>Peter</i>	1		0,1	99
74	<i>Paul</i>	1	(Povel)	0,1	99,1
75	<i>Reidar</i>	1		0,1	99,2
76	<i>Stefan</i>	1		0,1	99,3
77	<i>Sakarias</i>	1		0,1	99,4

Tabell 54: Frekvenstabell over mannsnamna i Vang, 1801

## 10.4.2 Folketeljinga av 1865

### 10.4.2.1 Lærdal

	<b>Lærdal, kvinner</b>				
	SUM:	1947			
<b>Nummer</b>	<b>Namn</b>	<b>Tal</b>	<b>Samanslåingar</b>	<b>RF</b>	<b>KF</b>

1	<i>Anna</i>	284	Anne 34, Anna 250	14,60 %	14,60 %
2	<i>Kari</i>	193	Karri 1, Kari 192	9,90 %	24,50 %
3	<i>Brita</i>	158	Brita 64, Brithe 1, Britha 93	8,10 %	32,60 %
4	<i>Ingeborg</i>	101	Engeborg 19, Ingeborg 82	5,20 %	37,80 %
5	<i>Kisti</i>	92	Kirsti 24, Kjisti 1, Kisti 67	4,70 %	42,50 %
6	<i>Marita</i>	87	Maritha 42, Marita 45	4,50 %	47,00 %
7	<i>Mari</i>	84		4,30 %	51,30 %
8	<i>Synneva</i>	71	Sonneva 3, Synneva 1, Synneva 20, Synneve 6, Synniva 1, Sønneva 40	3,60 %	54,90 %
9	<i>Ragnhild</i>	62	Ragnhilde 1, Ragnilda 14, Ragnilde 47	3,20 %	58,10 %
10	<i>Gjertrud</i>	53	Gjerthrud 5, Gjertru 7, Gjertrud 35, Gjørtrud 3, Gjørtru 3	2,70 %	60,80 %
11	<i>Guro</i>	44		2,30 %	63,10 %
12	<i>Ingeleiv</i>	43	Engeleif 1, Engeleiv 1, Ingeleif 12, Ingelerv 1, Ingleiv 1, Ingelev 8, Ingeleiv 19	2,20 %	65,30 %
13	<i>Johanna</i>	41	Johanne 15, Johanna 26	2,10 %	67,40 %
14	<i>Sigrid</i>	39	Sigreid 1, Sigrid 38	2,00 %	69,40 %
15	<i>Marta</i>	37	Marta 1, Martha 36	1,90 %	71,30 %
16	<i>Mette</i>	31	Meta 2, Mæta 1, Mættha 1, Mette 8, Metta 19	1,60 %	72,90 %
17	<i>Margrete</i>	28	Magrethe 7, Magrette 1, Margrete 1, Margareta 3, Margreta 1, Magreta 1, Margretha 6, Margrethe 7, Margrite 1	1,40 %	74,30 %
18	<i>Guri</i>	26		1,30 %	75,60 %
19	<i>Marie</i>	26	Mariæ 2, Maria 2, Marie 22	1,30 %	76,90 %
20	<i>Dordi</i>	24	Dordai 3, Dordei 16, Dørdai 2, Dørdei 2, Durdei 1	1,20 %	78,10 %
21	<i>Jøran</i>	24	Gjørønd 7, Gjørønd 6, Gjørønd 1, Gjørønd 1, Gjøreand 9	1,20 %	79,30 %
22	<i>Barbara</i>	20	Barbraa 1, Brabra 1, Barbra 15, Barbro 3	1,00 %	80,30 %
23	<i>Unni</i>	20		1,00 %	81,30 %
24	<i>Sille</i>	19		1,00 %	82,40 %
25	<i>Marte</i>	16		0,80 %	83,20 %
26	<i>Rannveig</i>	16	Ranvai 1, Ranvei 15	0,80 %	84,00 %
27	<i>Karen</i>	15	Karn 1, Karen 14	0,80 %	84,80 %
28	<i>Oline</i>	15	Olina 3, Oline 12	0,80 %	85,60 %
29	<i>Elsa</i>	14		0,70 %	86,30 %
30	<i>Tøri</i>	14	Thøri 2, Tori 1, Tøri 11	0,70 %	87,00 %
31	<i>Velgjerd</i>	14	Valjer 1, Velgjerd 3, Velgjær 2, Velgjærd 2, Veljer 1, Vilger 1, Velgjær 4	0,70 %	87,70 %
32	<i>Gunhild</i>	13	Gunild 1, Gunnilde 1, Gunilde 4, Gunilda 2, Gunhilde 5	0,70 %	88,50 %
33	<i>Kirstine</i>	13	Kistine 5, Kirstina 1, Kirstine 7	0,70 %	89,20 %
34	<i>Ingrid</i>	11	Ingeri 4, Ingrid 1, Ingerid 6	0,60 %	89,80 %
35	<i>Randi</i>	11		0,60 %	90,40 %
36	<i>Malene</i>	8	Mallene 3, Malene 5	0,40 %	90,80 %
37	<i>Maren</i>	8		0,40 %	91,20 %
38	<i>Dorte</i>	7	Daarte 1, Dorte 1, Dorthe 5	0,40 %	91,60 %
39	<i>Gunvor</i>	7		0,40 %	92,00 %
40	<i>Inga</i>	7		0,40 %	92,40 %
41	<i>Kristi</i>	6		0,30 %	92,70 %
42	<i>Liv</i>	6	Lif 2, Liv 4	0,30 %	93,00 %
43	<i>Tora</i>	6		0,30 %	93,30 %
44	<i>Berte</i>	5		0,30 %	93,30 %

45	<i>Elisabet</i>	5	Elisabet 2, Elisabeth 3	0,30 %	93,60 %
46	<i>Gjesa</i>	5	Gjesa 1, Jæsa 2, Gjæsa 2	0,30 %	93,60 %
47	<i>Katrine</i>	5	Katterine 2, Katrine 3	0,30 %	93,90 %
48	<i>Stine</i>	5		0,30 %	94,20 %
49	<i>Elen</i>	4		0,20 %	94,40 %
50	<i>Jensine</i>	4		0,20 %	94,60 %
51	<i>Karoline</i>	4		0,20 %	94,80 %
52	<i>Kristine</i>	4	Krestine 2, Kristine 2	0,20 %	95,00 %
53	<i>Sissel</i>	4		0,20 %	95,20 %
54	<i>Sofie</i>	4	Soffie 1, Sofie 3	0,20 %	95,40 %
55	<i>Agate</i>	3	Agathe 1, Agate 2	0,20 %	95,60 %
56	<i>Ambjørg</i>	3		0,20 %	95,80 %
57	<i>Dorteia</i>	3	Dorteia 1, Dorthea 2	0,20 %	96,00 %
58	<i>Hanna</i>	3	Hanne 1, Hanna 2	0,20 %	96,20 %
59	<i>Helene</i>	3	Hellene 1, Helene 2	0,20 %	96,40 %
60	<i>Lovise</i>	3		0,20 %	96,60 %
61	<i>Susanna</i>	3	Susanne 1, Susanna 2	0,20 %	96,80 %
62	<i>Torborg</i>	3	Thorborg 1, Torborg 2	0,20 %	97,00 %
63	<i>Andrea</i>	2		0,10 %	97,10 %
64	<i>Emilie</i>	2	Emelie 1, Emilie 1	0,10 %	97,20 %
65	<i>Gurine</i>	2		0,10 %	97,30 %
66	<i>Gjøri</i>	2	Gjøri 1, Gøri 1	0,10 %	97,40 %
67	<i>Helvig</i>	2		0,10 %	97,50 %
68	<i>Hilda</i>	2		0,10 %	97,60 %
69	<i>Jørgine</i>	3	Jørgine 2, Gjørgine 1	0,10 %	97,70 %
70	<i>Monsina</i>	2	Monsine 1, Monsina 1	0,10 %	97,80 %
71	<i>Torstine</i>	2		0,10 %	97,90 %
72	<i>Ågot</i>	1		0,10 %	98,00 %
73	<i>Agata</i>	1		0,10 %	98,10 %
74	<i>Antonette</i>	1		0,10 %	98,20 %
75	<i>Birgitte</i>	1		0,10 %	98,30 %
76	<i>Berit</i>	1		0,10 %	98,40 %
77	<i>Cecilie</i>	1		0,10 %	98,50 %
78	<i>Claudine</i>	1		0,10 %	98,60 %
79	<i>Dagny</i>	1		0,10 %	98,70 %
80	<i>Edvardine</i>	1		0,10 %	98,80 %
81	<i>Eli</i>	1		0,10 %	98,90 %
82	<i>Ella</i>	1		0,10 %	99,00 %
83	<i>Elsi</i>	1		0,10 %	99,10 %
84	<i>Erika</i>	1		0,10 %	99,20 %
85	<i>Fredrikke</i>	1		0,10 %	99,30 %
86	<i>Georgine</i>	1		0,10 %	99,40 %
87	<i>Gjertine</i>	1		0,10 %	99,50 %
88	<i>Gudrun</i>	1		0,10 %	99,70 %
89	<i>Gustava</i>	1		0,10 %	99,80 %

90	<i>Gyda</i>	1		0,10 %	99,90 %
91	<i>Iverine</i>	1		0,10 %	100,00 %
92	<i>Jakobine</i>	1		0,10 %	100,10 %
93	<i>Jarngerde</i>	1		0,10 %	100,20 %
94	<i>Jokumine</i>	1		0,10 %	100,30 %
95	<i>Julianne</i>	1		0,10 %	100,40 %
96	<i>Laura</i>	1		0,10 %	100,50 %
97	<i>Lisebet</i>	1	barbraa 1, Brabra 1, Barbra 15, Barbro 3	0,10 %	100,60 %
98	<i>Lukris</i>	1		0,10 %	100,70 %
99	<i>Magdalena</i>	1		0,10 %	100,80 %
100	<i>Mali</i>	1		0,10 %	100,90 %
101	<i>Margit</i>	1		0,10 %	101,00 %
102	<i>Mildrid</i>	1		0,10 %	101,10 %
103	<i>Peroline</i>	1		0,10 %	101,20 %
104	<i>Petrine</i>	1		0,10 %	101,30 %
105	<i>Ragna</i>	1		0,10 %	101,40 %
106	<i>Ragneda</i>	1		0,10 %	101,50 %
107	<i>Randine</i>	1		0,10 %	101,60 %
108	<i>Rønnaug</i>	1		0,10 %	101,70 %
109	<i>Sakkarine</i>	1		0,10 %	101,80 %
110	<i>Sigbjørg</i>	1		0,10 %	101,90 %
111	<i>Torine</i>	1		0,10 %	102,00 %
112	<i>Øllegård</i>	1		0,10 %	102,10 %

Tabell 55: Frekvenstabell over kvinnenamna i Lærdal, 1865

Nummer	Namn	Tal	Samanslåingar	RF	KF
	<b>Lærdal, menn</b>				
	SUM:	1825			
1	<i>Ole</i>	344		18,80 %	18,80 %

2	<i>Anders</i>	166		9,10 %	27,90 %
3	<i>Jens</i>	102		5,60 %	33,50 %
4	<i>Peder</i>	82		4,50 %	38,00 %
5	<i>Nils</i>	73	Niels 6, Nils 67	4,00 %	42,00 %
6	<i>Johannes</i>	70		3,80 %	45,80 %
7	<i>Knut</i>	66	Knudt 9, Knud 57	3,60 %	49,40 %
8	<i>Hans</i>	64		3,50 %	52,90 %
9	<i>Lasse</i>	57		3,10 %	56,00 %
10	<i>Hågen</i>	54	Haakon 10, Haagen 13, Haaken 31	3,00 %	59,00 %
11	<i>Lars</i>	51		2,80 %	61,80 %
12	<i>Iver</i>	48		2,60 %	64,40 %
13	<i>Ingebrigt</i>	36		2,00 %	66,40 %
14	<i>Mons</i>	33		1,80 %	68,20 %
15	<i>Halvor</i>	29		1,60 %	69,80 %
16	<i>Jakob</i>	29	Jacob 5, Jakob 26	1,60 %	71,40 %
17	<i>Tomas</i>	28		1,50 %	72,90 %
18	<i>Henrik</i>	26	Henrik 11, Hendrik 15	1,40 %	74,30 %
19	<i>Jon</i>	22		1,20 %	75,50 %
20	<i>Kristoffer</i>	20	Christopher 2, Kristoffer 7, Christoffer 11	1,10 %	76,60 %
21	<i>Ingvard</i>	19	Ingevard 1, Ingvar 3, Ingevard 15	1,00 %	77,60 %
22	<i>Petter</i>	19	Peter 1, Pitter 2, Petter 16	1,00 %	78,60 %
23	<i>Bård</i>	18		1,00 %	79,60 %
24	<i>Sjur</i>	18		1,00 %	80,60 %
25	<i>Erik</i>	17		0,90 %	81,50 %
26	<i>Agrim</i>	16		0,90 %	82,40 %
27	<i>Johan</i>	16		0,90 %	83,30 %
28	<i>Tørris</i>	14	Tøris 2, Tørris 12	0,80 %	84,10 %
29	<i>Torstein</i>	13	Thorsten 1, Torstein 1, Tosten 2, Torsten 9	0,70 %	84,80 %
30	<i>Tore</i>	12	Tore 1, Thore 11	0,70 %	85,50 %
31	<i>Kristen</i>	11	Kristen 5, Christen 6	0,60 %	86,10 %
32	<i>Karl</i>	10	Karl 3, Carl 7	0,50 %	86,60 %
33	<i>Endre</i>	10		0,50 %	87,10 %
34	<i>Gullak</i>	10		0,50 %	87,60 %
35	<i>Einar</i>	9		0,50 %	88,10 %
36	<i>Jonas</i>	9		0,50 %	88,60 %
37	<i>Ove</i>	9		0,50 %	89,10 %
38	<i>Roar</i>	9		0,50 %	89,60 %
39	<i>Andreas</i>	8	Andres 1, Andrias 2 Andreas 5	0,40 %	90,00 %
40	<i>Annfinn</i>	8	Anfin 3, Anfind 5	0,40 %	90,40 %
41	<i>David</i>	8		0,40 %	90,80 %
42	<i>Halvard</i>	7	Halvard 3, Halvar 4	0,40 %	91,20 %
43	<i>Atle</i>	6		0,30 %	91,50 %
44	<i>Helge</i>	6	Helje 1, Helge 5	0,30 %	91,80 %
45	<i>Henning</i>	6		0,30 %	92,10 %
46	<i>Hermann</i>	6	Herman 1, Hermann 2, Hermand 3	0,30 %	92,40 %



47	<i>Jørgen</i>	6		0,30 %	92,70 %
48	<i>Bernt</i>	4	Berent 1, Bernt 3	0,20 %	92,90 %
49	<i>Kristian</i>	4	Kristian 2, Christian 2	0,20 %	93,10 %
50	<i>Gullik</i>	4	Gulik 2, Gullik 2	0,20 %	93,30 %
51	<i>Hermund</i>	4		0,20 %	93,50 %
52	<i>Jan</i>	4	Jahn 1, Jan 4	0,20 %	93,70 %
53	<i>Svein</i>	4		0,20 %	93,90 %
54	<i>Dominikus</i>	3	Dominicus 1, Dominikus 2	0,20 %	94,10 %
55	<i>Guttorm</i>	3		0,20 %	94,30 %
56	<i>Kåre</i>	3		0,20 %	94,50 %
57	<i>Martin</i>	3	Marthin 1, Martin 2	0,20 %	94,70 %
58	<i>Mattias</i>	3	Matias 1, Mathias 2	0,20 %	94,90 %
59	<i>Paul</i>	3		0,20 %	95,10 %
60	<i>Samuel</i>	3		0,20 %	95,30 %
61	<i>Tolleiv</i>	3	Tolleif 1, Tollev 1, Tolleiv 1	0,20 %	95,50 %
62	<i>Trond</i>	3	Thron 1, Tron 1, Trond 1	0,20 %	95,70 %
63	<i>Abraham</i>	2		0,10 %	95,80 %
64	<i>Brede</i>	2		0,10 %	95,90 %
65	<i>Bottolf</i>	2		0,10 %	96,00 %
66	<i>Didrik</i>	2		0,10 %	96,10 %
67	<i>Eivind</i>	2		0,10 %	96,20 %
68	<i>Elling</i>	2		0,10 %	96,30 %
69	<i>Fredrik</i>	2		0,10 %	96,40 %
70	<i>Hallstein</i>	2		0,10 %	96,50 %
71	<i>Ludvig</i>	2		0,10 %	96,60 %
72	<i>Martines</i>	2		0,10 %	96,70 %
73	<i>Mattis</i>	2		0,10 %	96,80 %
74	<i>Simon</i>	2		0,10 %	96,90 %
75	<i>Søren</i>	2		0,10 %	97,00 %
76	<i>Tor</i>	2		0,10 %	97,10 %
77	<i>Albrikt</i>	1		0,10 %	97,20 %
78	<i>Amund</i>	1		0,10 %	97,30 %
79	<i>Antonius</i>	1		0,10 %	97,40 %
80	<i>Arne</i>	1		0,10 %	97,50 %
81	<i>Baltasar</i>	1		0,10 %	97,60 %
82	<i>Bendik</i>	1		0,10 %	97,70 %
83	<i>Bertel</i>	1		0,10 %	97,80 %
84	<i>Bjarnhard</i>	1		0,10 %	97,90 %
85	<i>Klas</i>	1		0,10 %	98,00 %
86	<i>Edvard</i>	1		0,10 %	98,10 %
87	<i>Ernst</i>	1		0,10 %	98,20 %
88	<i>Finn</i>	1		0,10 %	98,30 %
89	<i>Frimann</i>	1		0,10 %	98,40 %
90	<i>Fritjof</i>	1		0,10 %	98,50 %
91	<i>Gunder</i>	1		0,10 %	98,60 %

92	<i>Gustav</i>	1	0,10 %	98,70 %
93	<i>Hannibal</i>	1	0,10 %	98,80 %
94	<i>Harald</i>	1	0,10 %	98,90 %
95	<i>Ingemann</i>	1	0,10 %	99,00 %
96	<i>Isak</i>	1	0,10 %	99,10 %
97	<i>Josef</i>	1	0,10 %	99,20 %
98	<i>Jokum</i>	1	0,10 %	99,30 %
99	<i>Julius</i>	1	0,10 %	99,40 %
100	<i>Ludolf</i>	1	0,10 %	99,50 %
101	<i>Mads</i>	1	0,10 %	99,60 %
102	<i>Mikkel</i>	1	0,10 %	99,70 %
103	<i>Olaf</i>	1	0,10 %	99,80 %
104	<i>Olai</i>	1	0,10 %	99,90 %
105	<i>Ottar</i>	1	0,10 %	100,00 %
106	<i>Rangvald</i>	1	0,10 %	100,10 %
107	<i>Rasmus</i>	1	0,10 %	100,20 %
108	<i>Rognald</i>	1	0,10 %	100,30 %
109	<i>Samson</i>	1	0,10 %	100,40 %
110	<i>Sevat</i>	1	0,10 %	100,50 %
111	<i>Severin</i>	1	0,10 %	100,60 %
112	<i>Sigurd</i>	1	0,10 %	100,70 %
113	<i>Sølfest</i>	1	0,10 %	100,80 %
114	<i>Teodor</i>	1	0,10 %	100,90 %
115	<i>Torvald</i>	1	0,10 %	101,00 %
116	<i>Vilhelm</i>	1	0,10 %	101,10 %
117	<i>Vollert</i>	1	0,10 %	101,20 %
118	<i>Øystein</i>	1	0,10 %	101,30 %
119	<i>Ørjan</i>	1	0,10 %	101,40 %

Tabell 56: Frekvenstabell over mannsnamna i Lærdal, 1865

#### 10.4.2.2 Vang

Nummer	Namn	Tal	Samanslåingar	RF	KF
	<b>Vang, kvinner</b>				
	SUM:	1388			
1	<i>Marit</i>	222	Mareth 1, Marith 107, Marit 114	16,00 %	16,00 %
2	<i>Anne</i>	172	Anna 1, Anne 171	12,40 %	28,40 %
3	<i>Ingeborg</i>	154	Ingebor 51, Ingeborg 102, Ingebør 1	11,10 %	39,50 %
4	<i>Berit</i>	150	Berith 71, Berit 79	10,80 %	50,30 %
5	<i>Sigrid</i>	84	Sigrid 34, Sigri 50	6,10 %	56,40 %
6	<i>Gjertrud</i>	63	Gjertrud 31, Gjertru 32	4,50 %	60,90 %
7	<i>Ambjørg</i>	50		3,60 %	64,50 %
8	<i>Guri</i>	50	Gurid 5, Gurid 45	3,60 %	68,10 %

9	<i>Ragnhild</i>	42	Rangnild 1, Ranghild 1, Ragnhild 13, Ragnild 27	3,20 %	71,30 %
10	<i>Ingrid</i>	38	Ingeri 1, Ingri 13, Ingrid 24	2,70 %	74,00 %
11	<i>Kjersti</i>	37	Kirsti 1, Kjisti 2, Kjirsti 7 Kersti 1, Kjerti 1, Kjersti 25	2,70 %	76,70 %
12	<i>Margrete</i>	32	Magrete 7, Magrethe 4, Margrete 8, Margrithe 2, Margrethe 11	2,30 %	79,00 %
13	<i>Kari</i>	31		2,20 %	81,20 %
14	<i>Rangdi</i>	31	Rangdie 2, Rangdi 29	2,20 %	83,40 %
15	<i>Dorte</i>	26	Dorthe 11, Dorte 15	1,90 %	85,30 %
16	<i>Ingeleiv</i>	21	Ingleiv 1, Inglev 6, Ingelev 14	1,50 %	86,80 %
17	<i>Maren</i>	18	Marn 8, Maren 10	1,30 %	88,10 %
18	<i>Jøran</i>	13	Gjøran 1, Gjørønd 1, Jorand 1, Jørand 10	0,90 %	89,00 %
19	<i>Karen</i>	13	Karn 6, Karen 7	0,90 %	89,90 %
20	<i>Randi</i>	13		0,90 %	90,80 %
21	<i>Åste</i>	10	Aasta 2, Aaste 8	0,80 %	91,60 %
22	<i>Barbo</i>	9	Barbera 1, Barbro 1, Barbra 1, Barbo 6	0,70 %	92,30 %
23	<i>Dortea</i>	9		0,70 %	93,00 %
24	<i>Guro</i>	9		0,70 %	93,70 %
25	<i>Gro</i>	7		0,50 %	94,70 %
26	<i>Gunnhild</i>	7	Guneld 1, Gunild 3, Gunhild 3	0,50 %	95,20 %
27	<i>Marte</i>	7	Marth 1, Marthe 6	0,50 %	95,70 %
28	<i>Berte</i>	6		0,50 %	96,20 %
29	<i>Sidsel</i>	5	Sisel 1, Sidsel 4	0,40 %	96,60 %
30	<i>Synneva</i>	5	Synnev 1, Synnva 1, Synnæv 3	0,40 %	97,00 %
31	<i>Dordi</i>	4	Dordi 1, Dørdei 1, Dordie 2	0,30 %	97,30 %
32	<i>Tora</i>	4	Torø 2, Tora 2	0,30 %	97,60 %
33	<i>Velgjerd</i>	4	Valgjer 1, Velgjær 1, Vælgjær 2	0,30 %	97,90 %
34	<i>Brita</i>	4		0,30 %	98,20 %
35	<i>Birte</i>	3		0,20 %	98,40 %
36	<i>Elen</i>	3	Eln 1, Elen 2	0,20 %	98,60 %
37	<i>Elsa</i>	3		0,20 %	98,60 %
38	<i>Maria</i>	3	Marie 1, Maria 2	0,20 %	98,80 %
39	<i>Ågot</i>	2		0,10 %	98,90 %
40	<i>Eli</i>	2	Elie 1, Eli 1	0,10 %	99,00 %
41	<i>Kristine</i>	2		0,10 %	99,10 %
42	<i>Tina</i>	2		0,10 %	99,20 %
43	<i>Amalie</i>	1		0,10 %	99,30 %
44	<i>Caroline</i>	1		0,10 %	99,40 %
45	<i>Desema</i>	1		0,10 %	99,50 %
46	<i>Hellbjørg</i>	1		0,10 %	99,60 %
47	<i>Henriette</i>	1		0,10 %	99,70 %
48	<i>Inger</i>	1		0,10 %	99,80 %
49	<i>Jakobine</i>	1		0,10 %	99,90 %
50	<i>Johanne</i>	1		0,10 %	100,00 %
51	<i>Julie</i>	1		0,10 %	100,10 %

52	<i>Lisbet</i>	1		0,10 %	100,20 %
53	<i>Magdalena</i>	1		0,10 %	100,30 %
54	<i>Margit</i>	1		0,10 %	100,40 %
55	<i>Mari</i>	1		0,10 %	100,50 %
56	<i>Mina</i>	1		0,10 %	100,60 %
57	<i>Ragna</i>	1		0,10 %	100,70 %
58	<i>Sørine</i>	1		0,10 %	100,80 %
59	<i>Torgunn</i>	1		0,10 %	100,90 %

	<b>Vang, menn</b>				
<b>Nummer</b>	<b>Namn</b>	<b>Tal</b>	<b>Samanslåingar</b>	<b>RF</b>	<b>KF</b>
	SUM:	1325			
1	<i>Ole</i>	260		19,60 %	19,60 %
2	<i>Anders</i>	130		9,80 %	29,40 %
3	<i>Knut</i>	107	Knudt 1, Knudt 17, Knut 4, Knuth 10, Knud 75	8,10 %	37,50 %
4	<i>Nils</i>	81	Nils 7, Niels 74	6,10 %	43,60 %
5	<i>Torstein</i>	77	Thorstajn 5, Thorstejn 4, Thorsteen 8, Thosten 11, Thorstee 1, Thorsteen 6, Torstein 11, Tosten 2, Torsten 29	5,80 %	49,40 %
6	<i>Kristoffer</i>	60	Kristofer 15, Kristoffer 11, Christoffr 1, Christoffer 33	4,50 %	53,90 %
7	<i>Tomas</i>	46	Thomes 12, Tomas 12, Thomas 22	3,50 %	57,40 %
8	<i>Helge</i>	34		2,60 %	60,00 %
9	<i>John</i>	34	Jhon 1, John 33	2,60 %	62,60 %
10	<i>Iver</i>	33	Ivar 5, Iver 28	2,50 %	65,10 %
11	<i>Lars</i>	28		2,10 %	67,20 %
12	<i>Trond</i>	28	Thronnd 1, Trond 27	2,10 %	69,30 %
13	<i>Endre</i>	24	Eindre 1, Endres 1, Endre 22	1,80 %	71,10 %
14	<i>Peder</i>	23		1,70 %	72,80 %
15	<i>Ove</i>	22		1,70 %	74,50 %
16	<i>Boye</i>	21	Boye 1, Bøie 8, Bøye 2, Boie 10	1,60 %	76,10 %
17	<i>Østen</i>	20	Østeen 1, Østen 19	1,50 %	77,60 %
18	<i>Erik</i>	19	Ejrik 1, Erik 18	1,40 %	79,00 %
19	<i>Gullik</i>	19	Gulik 2, Gullaik 1, Gulleik 1, Gullik 15	1,40 %	80,40 %
20	<i>Johannes</i>	19	Johanes 1, Johannes 18	1,40 %	81,80 %
21	<i>Gulbrand</i>	17		1,30 %	83,10 %
22	<i>Even</i>	16	Evin 1, Even 15	1,20 %	84,30 %
23	<i>Vilhelm</i>	14	Wilhelm 6, Vilhelm 8	1,10 %	85,40 %

24	<i>Gunder</i>	11		0,80 %	86,20 %
25	<i>Syver</i>	11		0,80 %	87,00 %
26	<i>Jørgen</i>	10	Jorgen 1, Jørgen9	0,80 %	87,80 %
27	<i>Gudbrand</i>	9		0,70 %	88,50 %
28	<i>Guttorm</i>	8	Gutorm 1, Guttorm 7	0,60 %	89,10 %
29	<i>Jøger</i>	8		0,60 %	89,70 %
30	<i>Torgeir</i>	8		0,60 %	90,30 %
31	<i>Håvard</i>	7	Haavard 2, Haver 1, Haaver 4	0,50 %	90,80 %
32	<i>Mads</i>	7		0,50 %	91,30 %
33	<i>Annfinn</i>	6	Amfind 1, Anfind 1, Anfin 4	0,50 %	91,80 %
34	<i>Eivind</i>	5		0,40 %	92,20 %
35	<i>Halvor</i>	5		0,40 %	92,60 %
36	<i>Jan</i>	5		0,40 %	93,00 %
37	<i>Aslak</i>	4		0,30 %	93,30 %
38	<i>Gudmund</i>	4		0,30 %	93,60 %
39	<i>Ingvald</i>	4		0,30 %	93,90 %
40	<i>Reier</i>	4		0,30 %	94,20 %
41	<i>Tørris</i>	4	Tøris 1, Tørris 1, Torris 2	0,30 %	94,50 %
42	<i>Amund</i>	3		0,20 %	94,70 %
43	<i>Andreas</i>	3	Andrers 1, Andreas 2	0,20 %	94,90 %
44	<i>Einar</i>	3	Ener 1, Einar 2	0,20 %	95,10 %
45	<i>Finnkjell</i>	3		0,20 %	95,30 %
46	<i>Hallstein</i>	3		0,20 %	95,50 %
47	<i>Hans</i>	3		0,20 %	95,70 %
48	<i>Ingebrigt</i>	3		0,20 %	95,90 %
49	<i>Johanhendrik</i>	3		0,20 %	96,10 %
50	<i>Paul</i>	3	Paaul 1, Paul 2	0,20 %	96,30 %
51	<i>Tollev</i>	3	Tollef 1, Tollev 2	0,20 %	96,50 %
52	<i>Asbjørn</i>	2		0,20 %	96,70 %
53	<i>Karl</i>	2		0,20 %	96,90 %
54	<i>Embrik</i>	2	Embrikt 1, Embrikt 1	0,20 %	97,10 %
55	<i>Engebret</i>	2	Engebreth 1, Engebret 1	0,20 %	97,30 %
56	<i>Haldor</i>	2		0,20 %	97,50 %
57	<i>Jens</i>	2		0,20 %	97,70 %
58	<i>Simen</i>	2		0,20 %	97,90 %
59	<i>Tor</i>	2		0,20 %	98,10 %
60	<i>Tore</i>	2	Thore 1, Tore 1	0,20 %	98,30 %
61	<i>Torkild</i>	2		0,20 %	98,50 %
62	<i>Arne</i>	1		0,10 %	98,60 %
63	<i>Ditlev</i>	1		0,10 %	98,70 %
64	<i>Elias</i>	1		0,10 %	98,80 %
65	<i>Ellend</i>	1		0,10 %	98,90 %
66	<i>Finngard</i>	1		0,10 %	99,00 %
67	<i>Fredrik</i>	1		0,10 %	99,10 %
68	<i>Gustav</i>	1		0,10 %	99,20 %

69	<i>Hågen</i>	1		0,10 %	99,30 %
70	<i>Ingvar</i>	1		0,10 %	99,40 %
71	<i>Jakob</i>	1		0,10 %	99,50 %
72	<i>Jul</i>	1		0,10 %	99,60 %
73	<i>Ludvig</i>	1		0,10 %	99,70 %
74	<i>Martin</i>	1		0,10 %	99,80 %
75	<i>Olaf</i>	1		0,10 %	99,90 %
76	<i>Petter</i>	1		0,10 %	100,00 %
77	<i>Rønjus</i>	1		0,10 %	100,10 %
78	<i>Samuel</i>	1		0,10 %	100,20 %
79	<i>Simund</i>	1		0,10 %	100,30 %
80	<i>Steffen</i>	1		0,10 %	100,40 %
81	<i>Svein</i>	1		0,10 %	100,50 %
82	<i>Torkjell</i>	1		0,10 %	100,60 %
83	<i>Zakarias</i>	1		0,10 %	100,70 %
84	<i>Øystein</i>	1		0,10 %	100,80 %

Tabell 57: Frekvenstabell over mannsnamna i Vang, 1865

### 10.4.3 Folketeljninga av 1900

#### 10.4.3.1 Lærdal

Nummer	Namn	Tal	Samanslåingar	RF	KF
	SUM:	1639			
1	<i>Anna</i>	260	Aanna 1, Anne 8, Anna 251	15,80 %	15,80 %
2	<i>Kari</i>	144		8,80 %	24,60 %
3	<i>Brita</i>	126	Britta 23, Britha 26, Brita 77	7,70 %	32,30 %
4	<i>Kirsti</i>	71	Kiste 1, Kesti 1, Kisti 5, Kjisti 2, Kjersti 2, Kirsti 60	4,30 %	36,60 %
5	<i>Sønneva</i>	66	Synneva 18, Synnøve 15, Sønneva 33	4,00 %	40,60 %
6	<i>Ingeborg</i>	64		3,90 %	44,50 %
7	<i>Ragnhild</i>	55	Ragnilda 5, Ragnhilda 5, Ranghild 2, Raghild 2, Raghilde 2, Ragnhilde 5, Ragnilde 1, Ragnhild 33	3,40 %	47,90 %
8	<i>Marta</i>	49	Martha 15, Marta 34	3,00 %	50,90 %
9	<i>Mari</i>	41		2,50 %	53,40 %
10	<i>Marie</i>	38	Maria 12, Marie 26	2,30 %	55,70 %
11	<i>Olina</i>	36	Oline 13, Olina 23	2,20 %	57,90 %
12	<i>Marita</i>	31	Maritha 3, Marita 28	1,90 %	59,80 %
13	<i>Sigrid</i>	31		1,90 %	61,70 %
14	<i>Gjertrud</i>	28	Gjertru 1, Jertrud 3, Gjertrud 24	1,70 %	63,40 %
15	<i>Ingeleiv</i>	26	Ingeleif 7, Ingelei 1, Ingleiv 1, Ingeleiv 17	1,60 %	65,00 %
16	<i>Johanne</i>	26	Johane 2, Johanna 11, Johanne 13	1,60 %	66,60 %
17	<i>Guro</i>	24		1,50 %	68,10 %

18	<i>Rannveig</i>	24	Rannveig 2, Rannei 1, Ranveig 4, Ranvei 17	1,50 %	69,60 %
19	<i>Margrete</i>	22	Magrete 3, Margrete 3, Margrethe 4, Magrgreta 1, Margreta 4, Margretha 2, Magreta 5	1,30 %	70,90 %
20	<i>Sofie</i>	21	Sofia 6, Soffie 1, Sofie 14	1,30 %	72,20 %
21	<i>Velgjerd</i>	19	Velgjær 3, Velgjerd 3, Veljer 5, Velgerd 8	1,20 %	73,40 %
22	<i>Elsa</i>	16	Else 4, Elsa 12	1,00 %	74,40 %
23	<i>Sille</i>	16	Silla 1, Sila 15	1,00 %	75,40 %
24	<i>Inga</i>	14		0,90 %	76,30 %
25	<i>Karen</i>	14	Karn 4, Karen 10	0,90 %	77,20 %
26	<i>Durdei</i>	13	Dordei 1, Dørdei 2, Durdei 10	0,80 %	78,00 %
27	<i>Kristina</i>	13	Kristine 3, Kristina 10	0,80 %	78,80 %
28	<i>Mette</i>	13	Mætta 1, Metta 12	0,80 %	79,60 %
29	<i>Marte</i>	12	Marthe 3, Marte 9	0,70 %	80,30 %
30	<i>Guri</i>	10	Gurid 1, Guri 9	0,60 %	80,90 %
31	<i>Kirstine</i>	10	Kjistine 1, Kistine 1, Kestine 1, Kirstina 7	0,60 %	81,50 %
32	<i>Turid</i>	10	Turi 2, Turid 8	0,60 %	82,10 %
33	<i>Berte</i>	9	Berthe 1, Bertha 1, Berta 1, Berte 6	0,50 %	82,60 %
34	<i>Unni</i>	9		0,50 %	83,10 %
35	<i>Eli</i>	8		0,50 %	83,60 %
36	<i>Jørunn</i>	8	Gjørond 1, Jøraand 1, Jørond 2, Jørund 1, Jørunn 1, Jøronn 2	0,50 %	84,10 %
37	<i>Karoline</i>	8	Karolina 1, Karoline 7	0,50 %	84,60 %
38	<i>Kristi</i>	8		0,50 %	85,10 %
39	<i>Andrea</i>	7	Andria 1, Andrea 6	0,40 %	85,50 %
40	<i>Barbara</i>	7	Barbraa 2, Barbra 5	0,40 %	85,90 %
41	<i>Hanna</i>	7		0,40 %	86,30 %
42	<i>Ingebjørg</i>	7		0,40 %	86,70 %
43	<i>Jørgine</i>	7	Jørgine 3, Jørgina 4	0,40 %	87,10 %
44	<i>Randi</i>	7		0,40 %	87,50 %
45	<i>Elisabet</i>	6	Elisabeth 2, Elisabet 4	0,40 %	87,90 %
46	<i>Gunnhild</i>	6	Gundhild 1, Gunhild 5	0,40 %	88,30 %
47	<i>Ingrid</i>	6	Ingrid 1, Ingerid 5	0,40 %	88,70 %
48	<i>Severina</i>	6	Severine 1, Sevrine 1, Sevrina 1, Severina 3	0,40 %	89,10 %
49	<i>Stine</i>	6	Stina 2, Stine 4	0,40 %	89,50 %
50	<i>Helvig</i>	5	Hilvik 1, Helvig 4	0,30 %	89,80 %
51	<i>Liv</i>	5		0,30 %	90,10 %
52	<i>Malene</i>	5	Maline 2, Malene 3	0,30 %	90,40 %
53	<i>Ellen</i>	4	Elen 1, Ellen 3	0,20 %	90,60 %
54	<i>Emma</i>	4		0,20 %	90,80 %
55	<i>Gudrun</i>	4		0,20 %	91,00 %
56	<i>Jensine</i>	4	Jensine 1, Jensina 3	0,20 %	91,20 %
57	<i>Gjesa</i>	4	Gjæsa 1, Jæsa 3	0,20 %	91,40 %
58	<i>Lovise</i>	4		0,20 %	91,60 %
59	<i>Margit</i>	4		0,20 %	91,80 %
60	<i>Olianna</i>	4	Oleane 1, Olianne 3	0,20 %	92,00 %
61	<i>Pernille</i>	4		0,20 %	92,20 %
62	<i>Petra</i>	4		0,20 %	92,40 %

63	<i>Sissel</i>	4		0,20 %	92,60 %
64	<i>Tora</i>	4	Thora 2, Tora 2	0,20 %	92,80 %
65	<i>Tøri</i>	4		0,20 %	93,00 %
66	<i>Ågot</i>	3	Aagot 2, Agaat 1	0,20 %	93,20 %
67	<i>Botilde</i>	3	Bothilda 1, Botilde 2	0,20 %	93,40 %
68	<i>Dorte</i>	3	Dorthe 1, Dorte 2	0,20 %	93,60 %
69	<i>Dortea</i>	3	Dortea 1, Dorthea 2	0,20 %	93,80 %
70	<i>Hansine</i>	3	Hansine 1, Hansina 2	0,20 %	94,00 %
71	<i>Hilda</i>	3		0,20 %	94,20 %
72	<i>Katrine</i>	3	Katrina 1, Kathrine 2	0,20 %	94,40 %
73	<i>Petrine</i>	3	Petrine 1, Petrina 2	0,20 %	94,60 %
74	<i>Søvrine</i>	3	Sørena 1, Søvrina 2	0,20 %	94,80 %
75	<i>Torstine</i>	3	Thorstina 1, Torstine 2	0,20 %	95,00 %
76	<i>Vilhelmine</i>	3	Wilhelmina 1, Wilhelmine 2	0,20 %	95,20 %
77	<i>Alette</i>	2		0,10 %	95,30 %
78	<i>Birgit</i>	2		0,10 %	95,40 %
79	<i>Cecilie</i>	2	Cisilie 1, Cicile 1	0,10 %	95,50 %
80	<i>Elisa</i>	2	Elise 1, Elisa 1	0,10 %	95,60 %
81	<i>Helene</i>	2	Helina 1, Helene 1	0,10 %	95,70 %
82	<i>Jorunn</i>	2		0,10 %	95,80 %
83	<i>Kristiane</i>	2	Kristianna 1, Kristiana 1	0,10 %	95,90 %
84	<i>Olava</i>	2		0,10 %	96,00 %
85	<i>Rakel</i>	2		0,10 %	96,10 %
86	<i>Sanna</i>	2		0,10 %	96,20 %
87	<i>Susanna</i>	2		0,10 %	96,30 %
88	<i>Øllegård</i>	2		0,10 %	96,40 %
89	<i>Åsta</i>	1		0,10 %	96,50 %
90	<i>Agate</i>	1		0,10 %	96,60 %
91	<i>Ales</i>	1		0,10 %	96,70 %
92	<i>Andrine</i>	1		0,10 %	96,80 %
93	<i>Antonette</i>	1		0,10 %	96,90 %
94	<i>Aslaug</i>	1		0,10 %	97,00 %
95	<i>Bertine</i>	1		0,10 %	97,10 %
96	<i>Birgitte</i>	1		0,10 %	97,20 %
97	<i>Borghild</i>	1		0,10 %	97,30 %
98	<i>Borgny</i>	1		0,10 %	97,40 %
99	<i>Klaudina</i>	1		0,10 %	97,50 %
100	<i>Erika</i>	1		0,10 %	97,60 %
101	<i>Gina</i>	1		0,10 %	97,70 %
102	<i>Gudveig</i>	1		0,10 %	97,80 %
103	<i>Gøril</i>	1		0,10 %	97,90 %
104	<i>Hedvig</i>	1		0,10 %	98,00 %
105	<i>Helga</i>	1		0,10 %	98,10 %
106	<i>Inger</i>	1		0,10 %	98,20 %
107	<i>Ivrina</i>	1		0,10 %	98,30 %



108	<i>Jakobine</i>	1		0,10 %	98,40 %
109	<i>Josefine</i>	1		0,10 %	98,50 %
110	<i>Karin</i>	1		0,10 %	98,60 %
111	<i>Kirsten</i>	1		0,10 %	98,70 %
112	<i>Klara</i>	1		0,10 %	98,80 %
113	<i>Konstanse</i>	1		0,10 %	98,90 %
114	<i>Kristoffa</i>	1		0,10 %	99,00 %
115	<i>Lina</i>	1		0,10 %	99,10 %
116	<i>Lissie</i>	1		0,10 %	99,20 %
117	<i>Lukris</i>	1		0,10 %	99,30 %
118	<i>Magdalena</i>	1		0,10 %	99,40 %
119	<i>Magna</i>	1		0,10 %	99,50 %
120	<i>Maren</i>	1		0,10 %	99,60 %
121	<i>Marianne</i>	1		0,10 %	99,70 %
122	<i>Marit</i>	1		0,10 %	99,80 %
123	<i>Matia</i>	1		0,10 %	99,90 %
124	<i>Mathilde</i>	1		0,10 %	100,00 %
125	<i>Mina</i>	1		0,10 %	100,10 %
126	<i>Nilsine</i>	1		0,10 %	100,20 %
127	<i>Olufine</i>	1		0,10 %	100,30 %
128	<i>Ovidia</i>	1		0,10 %	100,40 %
129	<i>Peroline</i>	1		0,10 %	100,50 %
130	<i>Ragna</i>	1		0,10 %	100,60 %
131	<i>Rebekka</i>	1		0,10 %	100,70 %
132	<i>Rikarda</i>	1		0,10 %	100,80 %
133	<i>Rikka</i>	1		0,10 %	100,90 %
134	<i>Rut</i>	1		0,10 %	101,00 %
135	<i>Solveig</i>	1		0,10 %	101,10 %
136	<i>Turine</i>	1		0,10 %	101,20 %
137	<i>Valborg</i>	1		0,10 %	101,30 %
138	<i>Østine</i>	1		0,10 %	101,40 %

Tabell 58: Frekvenstabell over kvinnenamna i Lærdal, 1900

	Lærdal (og Borgund), menn				
Nummer	Namn	Tal	Samanslåingar	RF	KF
	SUM:	1421			
1	<i>Ole</i>	236	Ola 38, Ole 198	16,60 %	16,60 %
2	<i>Anders</i>	122	Ander 2, Anders 120	8,60 %	25,20 %
3	<i>Jens</i>	67		4,70 %	29,90 %
4	<i>Peder</i>	59	Per 25, Peder 34	4,20 %	34,10 %
5	<i>Hans</i>	56		3,90 %	38,00 %

6	<i>Johannes</i>	51	Johanes 1, Johannes 50	3,60 %	41,60 %
7	<i>Håkon</i>	48	Haaken 13, Håken 1, Håkon 6, Haakon 28	3,40 %	45,00 %
8	<i>Ivar</i>	47	Iver 20, Ivar 27	3,30 %	48,30 %
9	<i>Knut</i>	46	Knudt 1, Knud 4, Knut 41	3,20 %	51,50 %
10	<i>Nils</i>	44		3,10 %	54,60 %
11	<i>Andreas</i>	37	Andres 18, Andrias 2, Andreas 17	2,60 %	57,20 %
12	<i>Johan</i>	32		2,30 %	59,50 %
13	<i>Tomas</i>	28	Thomas 11, Thommas 2, Tommas 2, Tomas 13	2,00 %	61,50 %
14	<i>Lars</i>	26		1,80 %	63,30 %
15	<i>Mons</i>	23	Maans 2, Mons 21	1,60 %	65,90 %
16	<i>Karl</i>	21		1,50 %	67,40 %
17	<i>Lasse</i>	21		1,50 %	68,90 %
18	<i>Henrik</i>	20	Hendrik 2, Henrik 18	1,40 %	70,30 %
19	<i>Martin</i>	20	Marti 1, Martin 19	1,40 %	71,70 %
20	<i>Ingebrigt</i>	19		1,30 %	73,00 %
21	<i>Jakob</i>	17		1,20 %	74,20 %
22	<i>Petter</i>	17	Peter 5, Petter 12	1,20 %	75,40 %
23	<i>Olav</i>	15	Olaf 5, Olav 10	1,10 %	76,50 %
24	<i>Ingvar</i>	14	Ingvard 6, Ingvar 8	1,00 %	77,50 %
25	<i>David</i>	13		0,90 %	78,40 %
26	<i>John</i>	13	Jon 4, John 9	0,90 %	79,30 %
27	<i>Jonas</i>	13		0,90 %	80,20 %
28	<i>Erik</i>	12		0,80 %	81,00 %
29	<i>Kristian</i>	12	Christian 2, Kristian 10	0,80 %	81,80 %
30	<i>Bård</i>	11		0,80 %	82,60 %
31	<i>Halvard</i>	10	Hallvard 3, Halvar 7	0,70 %	83,30 %
32	<i>Halvor</i>	10		0,70 %	84,00 %
33	<i>Tørris</i>	10	Torris 5, Tøris 1, Tørris 4	0,70 %	84,70 %
34	<i>Kristoffer</i>	9	Krestoffer 1, Kristofer 4, Kristoffer 4	0,60 %	85,30 %
35	<i>Ove</i>	9		0,60 %	85,90 %
36	<i>Sjur</i>	9		0,60 %	86,40 %
37	<i>Agrim</i>	8		0,60 %	87,00 %
38	<i>Einar</i>	8		0,60 %	87,60 %
39	<i>Ludvig</i>	8		0,60 %	88,30 %
40	<i>Roar</i>	8		0,60 %	88,90 %
41	<i>Torstein</i>	8		0,60 %	90,50 %
42	<i>Mathias</i>	7	Mattias 1, Matias 1, Mathias 5	0,50 %	91,50 %
43	<i>Fredrik</i>	6		0,40 %	91,90 %
44	<i>Severin</i>	6		0,40 %	92,30 %
45	<i>Jørgen</i>	5		0,40 %	92,70 %
46	<i>Olai</i>	5	Olaei 1, Olei 1, Olai 3	0,40 %	93,10 %
47	<i>Anfinn</i>	4	Anfin 1, Anfind 3	0,30 %	93,40 %
48	<i>Atle</i>	4		0,30 %	93,70 %
49	<i>Endre</i>	4		0,30 %	94,00 %

50	<i>Kristen</i>	4		0,30 %	94,30 %
51	<i>Svein</i>	4	Svend 1, Svein 3	0,30 %	94,60 %
52	<i>Vilhelm</i>	4	Wilhelm 2, Vilhelm 2	0,30 %	94,90 %
53	<i>Arne</i>	3		0,20 %	95,10 %
54	<i>Bjarne</i>	3		0,20 %	95,30 %
55	<i>Klaus</i>	3	Klaus 1, Claus 2	0,20 %	95,50 %
56	<i>Edvard</i>	3		0,20 %	95,70 %
57	<i>Elias</i>	3		0,20 %	95,90 %
58	<i>Gullak</i>	3		0,20 %	96,10 %
59	<i>Henning</i>	3		0,20 %	96,30 %
60	<i>Jan</i>	3		0,20 %	96,50 %
61	<i>Kåre</i>	3		0,20 %	96,70 %
62	<i>Martines</i>	3	Martinus 1, Martines 2	0,20 %	96,90 %
63	<i>Sigurd</i>	3		0,20 %	97,10 %
64	<i>Søren</i>	3		0,20 %	97,30 %
65	<i>Amund</i>	2		0,10 %	97,40 %
66	<i>Bernhard</i>	2		0,10 %	97,50 %
67	<i>Birger</i>	2		0,10 %	97,60 %
68	<i>Botolv</i>	2		0,10 %	97,70 %
69	<i>Dominikus</i>	2		0,10 %	97,80 %
70	<i>Egil</i>	2	Egill 1, Egil 1	0,10 %	97,90 %
71	<i>Elling</i>	2		0,10 %	98,00 %
72	<i>Engebret</i>	2		0,10 %	98,10 %
73	<i>Gullik</i>	2	Guleik 1, Gullik 1	0,10 %	98,20 %
74	<i>Harald</i>	2		0,10 %	98,30 %
75	<i>Hermann</i>	2		0,10 %	98,40 %
76	<i>Laurits</i>	2	Laurris 1, Lauris 1	0,10 %	98,50 %
77	<i>Nikolai</i>	2		0,10 %	98,60 %
78	<i>Oskar</i>	2		0,10 %	98,70 %
79	<i>Abraham</i>	1		0,10 %	98,80 %
80	<i>Adolf</i>	1		0,10 %	98,90 %
81	<i>Aksel</i>	1		0,10 %	99,00 %
82	<i>Alf</i>	1		0,10 %	99,10 %
83	<i>Alfred</i>	1		0,10 %	99,20 %
84	<i>Anton</i>	1		0,10 %	99,30 %
85	<i>Aslak</i>	1		0,10 %	99,40 %
86	<i>August</i>	1		0,10 %	99,50 %
87	<i>Bendik</i>	1		0,10 %	99,60 %
88	<i>Didrik</i>	1		0,10 %	99,70 %
89	<i>Eddie</i>	1		0,10 %	99,80 %
90	<i>Eivind</i>	1		0,10 %	99,90 %
91	<i>Emil</i>	1		0,10 %	100,00 %
92	<i>Emanuel</i>	1		0,10 %	100,10 %
93	<i>Finn</i>	1		0,10 %	100,20 %
94	<i>Fuse</i>	1		0,10 %	100,30 %

95	<i>Gabriel</i>	1		0,10 %	100,40 %
96	<i>Gerhard</i>	1		0,10 %	100,50 %
97	<i>Gjert</i>	1		0,10 %	100,60 %
98	<i>Godtlieb</i>	1		0,10 %	100,70 %
99	<i>Gustav</i>	1		0,10 %	100,80 %
100	<i>Hjalmar</i>	1		0,10 %	100,90 %
101	<i>Ingemann</i>	1		0,10 %	101,00 %
102	<i>Ingvald</i>	1		0,10 %	101,10 %
103	<i>Joakim</i>	1		0,10 %	101,20 %
104	<i>Kolbein</i>	1		0,10 %	101,30 %
105	<i>Konrad</i>	1		0,10 %	101,40 %
106	<i>Leif</i>	1		0,10 %	101,50 %
107	<i>Magnus</i>	1		0,10 %	101,60 %
108	<i>Odin</i>	1		0,10 %	101,70 %
109	<i>Olaus</i>	1		0,10 %	101,80 %
110	<i>Oliver</i>	1		0,10 %	101,90 %
111	<i>Oluf</i>	1		0,10 %	102,00 %
112	<i>Otto</i>	1		0,10 %	102,10 %
113	<i>Pål</i>	1		0,10 %	102,20 %
114	<i>Paul</i>	1		0,10 %	102,30 %
115	<i>Ragnar</i>	1		0,10 %	102,40 %
116	<i>Ragnvald</i>	1		0,10 %	102,50 %
117	<i>Rasmus</i>	1		0,10 %	102,60 %
118	<i>Sigvald</i>	1		0,10 %	102,70 %
119	<i>Sølfest</i>	1		0,10 %	102,80 %
120	<i>Teodor</i>	1		0,10 %	102,90 %
121	<i>Tollak</i>	1		0,10 %	103,00 %
122	<i>Torleiv</i>	1		0,10 %	103,10 %
123	<i>Tøger</i>	1		0,10 %	103,20 %
124	<i>Vilken</i>	1		0,10 %	103,30 %
125	<i>Ørjan</i>	1		0,10 %	103,40 %

#### 10.4.3.2 Vang

Nummer	Namn	Tal	Samanslåingar	RF	KF
	<b>Vang, kvinner</b>				
	SUM:	1071			
1	<i>Marit</i>	131	Marith 1, Marit 130	12,20 %	12,20 %
2	<i>Berit</i>	111		10,30 %	22,50 %
3	<i>Ingeborg</i>	111	Ingegeborg 1, Ingebor 7, Ingeborg 103	10,30 %	32,80 %
4	<i>Anne</i>	103	Anna 19, Anne 84	9,60 %	42,40 %

5	<i>Sigrid</i>	64		6,00 %	48,40 %
6	<i>Gjertrud</i>	49	Gjertru 4, Gjertru 2, Gjertrud 1, Gjertrud 42	4,60 %	53,00 %
7	<i>Guri</i>	47	Gurid 11, Guri 36	4,40 %	57,40 %
8	<i>Ragnhild</i>	38	Ragnild2, Ragnhild 36	3,50 %	60,90 %
9	<i>Kirsti</i>	34	Kjirsti 1, Kjersti 9, Kirsti 24	3,20 %	64,10 %
10	<i>Ambjørg</i>	28	Ambjør 4, Ambjørg 24	2,60 %	66,70 %
11	<i>Margit</i>	28		2,60 %	69,30 %
12	<i>Rangdi</i>	28		2,60 %	71,90 %
13	<i>Dorte</i>	26	Dorte 5, Dørte 1, Dorthe 20	2,40 %	74,30 %
14	<i>Ingrid</i>	24		2,20 %	76,50 %
15	<i>Ingebjørg</i>	21	Ingebjør 1, Ingebjørg 20	2,00 %	78,50 %
16	<i>Kari</i>	21		2,00 %	80,50 %
17	<i>Ingeleiv</i>	19	Ingeleiv 9, Ingelev 10	1,80 %	82,30 %
18	<i>Margrete</i>	18	Magretha 1, Margretha 2, Margrethe 6, Margrete 9	1,70 %	84,00 %
19	<i>Bergit</i>	16		1,50 %	85,50 %
20	<i>Karen</i>	15	Karn 2, Karen 13	1,40 %	86,90 %
21	<i>Maren</i>	14		1,30 %	88,20 %
22	<i>Jørann</i>	11	Jorand 4, Jørann 7	1,00 %	89,20 %
23	<i>Barbro</i>	10	Barbu 1, Barbo 3, Barbro 6	0,90 %	90,10 %
24	<i>Berte</i>	10	Berte 4, Berthe 6	0,90 %	91,00 %
25	<i>Maria</i>	10	Marie 1, Maria 9	0,90 %	91,90 %
26	<i>Randi</i>	9		0,80 %	92,70 %
27	<i>Marte</i>	6		0,60 %	93,30 %
28	<i>Gro</i>	4		0,40 %	93,90 %
29	<i>Guro</i>	4		0,40 %	94,30 %
30	<i>Kristine</i>	4		0,40 %	94,70 %
31	<i>Sidsel</i>	4	Sissel 1, Sidsel 3	0,40 %	95,10 %
32	<i>Jørunn</i>	3	Jørunn 1, Jørund 2	0,30 %	95,40 %
33	<i>Johanne</i>	3	Johan 1, Johanne 2	0,30 %	95,70 %
34	<i>Arnbjørg</i>	3		0,30 %	96,00 %
35	<i>Brita</i>	3		0,30 %	96,30 %
36	<i>Malla</i>	3		0,30 %	96,60 %
37	<i>Synnøve</i>	3	Sønno 1, Sønnøve 1, Synnæva 1	0,30 %	96,90 %
38	<i>Eli</i>	2		0,20 %	97,10 %
39	<i>Else</i>	2	Elsa 1, Else 1	0,20 %	97,30 %
40	<i>Gudrid</i>	2		0,20 %	97,50 %
41	<i>Helga</i>	2		0,20 %	97,70 %
42	<i>Jorunn</i>	2		0,20 %	97,90 %
43	<i>Inga</i>	2		0,20 %	98,10 %
44	<i>Oline</i>	2	Olina 1, Oline 1	0,20 %	98,30 %
45	<i>Sofie</i>	2	Sofia 1, Sofie 1	0,20 %	98,50 %
46	<i>Tora</i>	2	Torø 1, Tora 1	0,10 %	98,70 %
47	<i>Åsta</i>	1		0,10 %	98,90 %
48	<i>Beate</i>	1		0,10 %	99,00 %
49	<i>Berentine</i>	1		0,10 %	99,10 %

50	<i>Betsy</i>	1		0,10 %	99,20 %
51	<i>Dorteia</i>	1		0,10 %	99,30 %
52	<i>Elisabet</i>	1		0,10 %	99,40 %
53	<i>Gina</i>	1		0,10 %	99,50 %
54	<i>Hillebjørg</i>	1		0,10 %	99,60 %
55	<i>Katrine</i>	1		0,10 %	99,70 %
56	<i>Laura</i>	1		0,10 %	99,80 %
57	<i>Lina</i>	1		0,10 %	99,90 %
58	<i>Lovise</i>	1		0,10 %	100,00 %
59	<i>Mette</i>	1		0,10 %	100,10 %
60	<i>Petrine</i>	1		0,10 %	100,20 %
61	<i>Ragna</i>	1		0,10 %	100,30 %
62	<i>Tea</i>	1		0,10 %	100,40 %
63	<i>Velgjerd</i>	1		0,10 %	100,50 %

Tabell 59: Frekvenstabell over kvinnenamna i Vang, 1900

	<b>Vang, menn</b>				
<b>Nummer</b>	<b>Namn</b>	<b>Tal</b>	<b>Samanslåingar</b>	<b>RF</b>	<b>KF</b>
	SUM:	1079			
1	<i>Ole</i>	223		20,70 %	20,70 %
2	<i>Anders</i>	94		8,70 %	29,40 %
3	<i>Knut</i>	79	Knud 1, Knudt 5, Knut 73	7,30 %	36,70 %
4	<i>Nils</i>	67	Niels 5, Nils 62	6,20 %	42,90 %
5	<i>Kristoffer</i>	52	Krestoffer 2, Kristoffer 50	4,80 %	47,70 %
6	<i>Torstein</i>	47	Thorstein 9, Torsten 1, Torstein 15, Tosten 6, Torsten 16	4,40 %	52,10 %
7	<i>Jon</i>	43		4,00 %	56,10 %
8	<i>Ivar</i>	39	Iver 19, Ivar 20	3,60 %	59,70 %
9	<i>Helge</i>	31		2,90 %	62,50 %
10	<i>Lars</i>	30		2,80 %	65,30 %
11	<i>Tomas</i>	29	Thomas 10, Tommas 1, Tomas 18	2,70 %	68,00 %
12	<i>Johannes</i>	23	Johanes 4, Johannes 19	2,10 %	70,10 %
13	<i>Boye</i>	21	Boie 1, Bøie 20	1,90 %	72,00 %
14	<i>Peder</i>	21		1,90 %	73,90 %
15	<i>Endre</i>	19		1,80 %	75,80 %
16	<i>Trond</i>	16		1,50 %	77,30 %
17	<i>Eivind</i>	14		1,30 %	78,60 %
18	<i>Gullik</i>	14	Gulik 1, Gullik 13	1,30 %	79,90 %
19	<i>Andreas</i>	13	Andris 9, Andreas 4	1,20 %	81,10 %
20	<i>Ove</i>	13		1,20 %	82,30 %
21	<i>Torgeir</i>	12	Tørjer 2, Thorgeir 1, Torger 4, Torgeir 5	1,10 %	83,40 %
22	<i>Erik</i>	10	Eirik 2, Erik 8	0,90 %	84,30 %
23	<i>Gudbrand</i>	9		0,80 %	85,10 %

24	Jørgen	9		0,80 %	85,90 %
25	Gunder	7		0,60 %	86,50 %
26	Tolleiv	7	Tollef 3, Tollev 1, Tolleiv 3	0,60 %	87,10 %
27	Johan	6		0,60 %	87,70 %
28	Mads	6		0,60 %	88,30 %
29	Arne	5		0,50 %	88,80 %
30	Håvard	5	Haavard 1, Haaver 4	0,50 %	89,30 %
31	Olaf	5	Olav 2, Olaf 3	0,50 %	89,80 %
32	Syver	5		0,50 %	90,30 %
33	Øystein	5	Øisten 1, Øystein 1, Øistein 3	0,50 %	90,80 %
34	Annfinn	4		0,40 %	91,20 %
35	Embret	4		0,40 %	91,60 %
36	Engebret	4	Engebrekt 1, Engelbrekt 1, Engebret 2	0,40 %	92,00 %
37	Even	4		0,40 %	92,40 %
38	Jøger	4		0,40 %	92,80 %
39	Tørris	4	Tøris 2, Tørris 2	0,40 %	93,20 %
40	Vilhelm	4	Wilhelm 1, Vilhelm 3	0,40 %	93,60 %
41	Østen	4		0,40 %	94,00 %
42	Asbjørn	3		0,30 %	94,30 %
43	Aslak	3		0,30 %	94,60 %
44	Gudmund	3	Gudmund 1, Gudmon 2	0,30 %	94,90 %
45	Hans	3		0,30 %	95,20 %
46	Ingvar	3		0,30 %	95,50 %
47	Karl	3		0,30 %	95,80 %
48	Guttorm	2		0,20 %	96,00 %
49	Haldor	2		0,20 %	96,20 %
50	Halvard	2		0,20 %	96,40 %
51	Halvor	2		0,20 %	96,60 %
52	Henrik	2	Hendrik 1, Henrik 1	0,20 %	96,80 %
53	Pål	2		0,20 %	97,00 %
54	Petter	2		0,20 %	97,20 %
55	Sakarias	2		0,20 %	97,40 %
56	Svein	2		0,20 %	97,60 %
57	Agrim	1		0,10 %	97,70 %
58	Albert	1		0,10 %	97,80 %
59	Alv	1		0,10 %	97,90 %
60	Amund	1		0,10 %	98,00 %
61	Baldvin	1		0,10 %	98,10 %
62	Daniel	1		0,10 %	98,20 %
63	Elling	1		0,10 %	98,30 %
64	Erling	1		0,10 %	98,40 %
65	Finnkjell	1		0,10 %	98,50 %
66	Georg	1		0,10 %	98,60 %
67	Gunnar	1		0,10 %	98,70 %
68	Gustav	1		0,10 %	98,80 %

69	<i>Håkon</i>	1		0,10 %	98,90 %
70	<i>Jakob</i>	1		0,10 %	99,00 %
71	<i>Jens</i>	1		0,10 %	99,10 %
72	<i>Jul</i>	1		0,10 %	99,20 %
73	<i>Kristian</i>	1		0,10 %	99,30 %
74	<i>Ludvig</i>	1		0,10 %	99,40 %
75	<i>Martinus</i>	1		0,10 %	99,50 %
76	<i>Olof</i>	1		0,10 %	99,60 %
77	<i>Oskar</i>	1		0,10 %	99,70 %
78	<i>Paul</i>	1		0,10 %	99,80 %
79	<i>Reier</i>	1		0,10 %	99,90 %
80	<i>Rudolf</i>	1		0,10 %	100,00 %
81	<i>Rønjus</i>	1		0,10 %	100,10 %
82	<i>Sigurd</i>	1		0,10 %	100,20 %
83	<i>Sivert</i>	1		0,10 %	100,30 %
84	<i>Sjur</i>	1		0,10 %	100,40 %
85	<i>Sofus</i>	1		0,10 %	100,50 %
86	<i>Torleif</i>	1		0,10 %	100,60 %
87	<i>Torkel</i>	1		0,10 %	100,70 %
88	<i>Torvald</i>	1		0,10 %	100,80 %

Tabell 60: Frekvenstabell over mannsnamna i Vang, 1900